Statsforvalteren i Vestland




# Årsrapport 2022

# Innholdsliste


Innholdsliste 2
1 Statsforvalterens beretning 4
2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall 6
2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget 6
2.2 Organisasjon og ledelse 6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall 8
3 Årets aktiviteter og resultater 9
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater 9
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket 9
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger 9
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne 10
Hovedmål 4 - Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk 11
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket 12
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk 12
3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnssikkerhet og beredskap i kommunene 18
3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene 19
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven 21
3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene 22
3.1.1.6 Andre oppdrag 24
3.1.1.7 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester 24
3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres 25
3.1.1.9 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner 27
3.1.1.10 Forurensning skal ikke skade helse og miljø 27
3.1.1.11 God økonomiforvaltning i kommunene 29
3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet 31
3.1.1.13 Bærekraftig landbruk 33
3.1.1.14 Andre oppdrag 34
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger 35
3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge 35
3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv 37
3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring 37
3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer 39
3.1.2.5 Andre oppdrag 40
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne 40
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling 40
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning 42
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester 45
3.1.3.4 Andre oppdrag 48
3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning 48
3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje 50

3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket 50
3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering 66
3.1.4 Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk 67
3.1.4.1 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov 67
3.1.5 Gjennomførte evalueringer 70
3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks 70
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver 70
3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet 70
3.2.3 Barne- og familiedepartementet 70
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet 70
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet 70
3.2.6 Klima- og miljødepartementet 70
3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet 70
3.2.8 Kunnskapsdepartementet 70
3.2.9 Landbruksdepartementet 70
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet 71
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk 108
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat 109
3.6 Andre forhold 109
4 Styring og kontroll hos statsforvalteren 112
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging 112
4.1.1 Statsforvalterens risikostyring 112
4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak 112
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren 112
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier) 112
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet 112
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende 113
4.3 Andre forhold 113
5 Vurdering av framtidsutsikter 114
5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt 114
5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt 116
5.3 Andre forhold 116
6 Årsregnskap 117
7 Vedlegg 118

# 1 Statsforvalterens beretning

Også 2022 var eit annleis år enn normalen. Då vi endeleg kom oss gjennom dei mest inngripande følgjene av koronapandemien, vart heile verdsordenen sett mange tiår tilbake då Russland gjekk til åtak på Ukraina. Vi fekk først merke dette på det store informasjonsbehovet, og dernest på dei mange flyktningane som kom. Heldigvis er kommunane godt trena i krisehandtering, og tok utfordringane på strak arm. Dei fortener stor ros for at mottaks- og busetjingsarbeidet i det store og heile har fungert over all forventning. Likevel har innsatsen frå kommunane kosta, og det er hardt pressa kommunale tenester som skal handtere ein flyktningstraum som ikkje verkar å stilne. Særskilt i helse- og omsorgssektoren, som har vore hardast råka av pandemien, er det stor slitasje. Hittil har kommunane klart å skaffa hus for å busetje flyktningane, men vi nærmar oss eit punkt der det er vanskeleg å finne gode bustader til dei nye som kjem.

Vi hadde håpa at den sentrale staten etter to år med koronapandemi var førebudd på å handtere samordninga av ei ny krise. Diverre viste det seg at med nye ansvarlege departement, var det ikkje kunnskap om korleis staten hadde laga seg eit godt fungerande system for å samordne seg med kommunane gjennom statsforvaltarane. I starten opplevde vi at informasjon vart sendt frå dei ansvarlege departementa og direktorata til postmottaka i kommunane, utan at statsforvaltarane vart informerte og utan å bruka beredskapssporet. Då tok det lang tid før informasjonen kom fram til rett adressat i kommunane. Statsforvaltarane fekk mange spørsmål frå kommunane, utan at vi var i stand til å svare når vi ikkje var informerte. Ulike departement kalla kommunane inn til kvar sine digitale informasjonsmøte, utan å samordne seg imellom og utan å kalle inn statsforvaltarane.

Etter kvart vart dei ansvarlege departementa og direktorata merksame på kva rolle statsforvaltarane har overfor kommunane, og vi fekk både tilgang til informasjonen og ansvar for å formidle viktig informasjon gjennom beredskapssporet. Samstundes skjøna ansvarlege direktorat kor viktige dei fylkesvise informasjonsmøta statsforvaltarane held for sine kommunar, er, og prioriterte å ta del når det trongst.

Erfaringa har vist at den avgjerande faktoren i all krisehandtering, er deling av oppdatert, relevant og samordna informasjon med alle aktørane som må handtere krisa. Viktigast av alt er kunnskapen om og erkjenninga av at kommunane alltid er i første linje for å handtere ei krise. Dersom informasjonsflyten frå det sentrale statsapparatet er mangelfull og ikkje samordna mellom relevante departement og direktorat, fører det til stor frustrasjon og dårleg handtering i kommunane. Dette går ut over enkeltpersonar.

I denne informasjonsflyten er statsforvaltarane eit naudsynt bindeledd. Vi kan både sikre at informasjonen kjem fram til kommunane, og rettleie slik at kommunane forstår og omset informasjonen til praktisk handtering. Vi kan også melde tilbake til den sentrale staten om ulike problemstillingar som ikkje er dekte frå før.

Saman med tillit, som mange har skrive om under pandemien, er det samhald som kjenneteiknar det norske samfunnet. Tillit og samhald er avgjerande både for å sikre gode tenester og møte nye utfordringar. Og når aktørane står samla om å handtere ei krise, er vi sterke.

Også i 2022 har vi i hovudsak utført embetsoppdraga med akseptable eller gode resultat på ulike fagområde. Likevel har vi hatt lågare produksjon av vedtak enn vi ønskte. Hovudgrunnen er store problem i etterkant av at STAF la om det digitale saks- og arkivsystemet, der vi opplever at omlegginga var dårleg førebudd. Ein annan faktor har vore høgt sjukefråvær (8,2 prosent). Dette har ført til høge restansar på fleire fagområde.

Vi enda med eit økonomisk resultat på 7,93 mill. kroner i overskot i 2022. Vi hadde med oss 8,76 mill. kroner i overskot frå året før, og gjekk difor isolert sett med eit lite underskot. Dette var slik vi hadde budsjettert, og slik vi over fleire år har enda opp etter at vi i 2018 samla opp midlar for å ta høgd for å finansiere ombyggingar av kontorlokala i Bergen og på Leikanger som ikkje vart noko av. Etter 2018 har vi styrt budsjettet for å kunne finansiere forventa meirutgifter når vi i 2023 skal flytte inn i nye kontorlokale i Bergen. I 2022 brukte vi mykje krefter på denne prosessen. Ved årsskiftet signerte vi kontrakt om leige av nye lokale i Solheimsviken i Bergen frå 01.12.2023 og ti år framover, med opsjon på forlenging. Mykje arbeid vil gå med til sjølve flyttinga, som vi reknar med vil gå ut over produksjonen av vedtak i denne perioden.

Etter at vi i nokre år har fått tydelegare signal frå Kommunal- og distriktsdepartementet om å bruke tildelinga meir i tråd med kva dei ulike departementa legg inn, har vi justert bemanningsplanen vår. Først og fremst har vi styrkt landbruk- og utdanningsområda på kostnad av miljø og verjemål. Fordi tilsetjingsprosessar tek tid, viser ikkje alle slike endringar att i ressursrapporteringa med ein gong.

Vi har sidan statsforvaltarane tok over verjemålsoppgåvene frå kommunane i 2013 medvite brukt meir ressursar på verjemålsområdet enn tildelinga, fordi tildelinga ikkje har strekt til for å kunne utføre oppdraga forsvarleg. I 2022 finansierte vi tre stillingar på verjemål over embetsbudsjettet. No får vi tydelege signal frå KDD om å slutte med dette. Desse signala vil vi sjølvsagt følgje opp, men vi fryktar konsekvensane. Å redusere bemanninga vil gå ut over vår evne til å ta vare på ei sårbar gruppe.

**Viktigaste prioriteringar for året**

*Beredskapsarbeid*

Som vi har vore inne på, har både koronapandemien og følgjene av Russlands krig mot Ukraina, sett samfunnet på prøve. Vi opplever at kommunane er godt trena i å ta tak i store krisehandteringsoppgåver og utfører dei med godt resultat.

Som vi sa i innleiinga er ein viktig føresetnad at det finst eit regionalt bindeledd mellom den sentrale staten og kommunane, som både kan informere, rettleie og avklare problemstillingar for kommunane, og også kome med innspel frå kommunane til sentralstaten. Under pandemihandteringa innførte vi jamlege digitale møte mellom kommunane og oss, der vi kunne informere, rettleie og svare ut spørsmål. I tillegg fekk KS, fylkeskommunen, helseføretaka og andre regionale statsetatar ein arena der dei kunne informere og få innspel frå kommunane. Vi har med lågare frekvens halde fram desse møta etter at Russland gjekk til krig mot Ukraina, der flyktninghandteringa har vore hovudtema.

Ein annan viktig føresetnad for å lukkast med å handtere så langvarige kriser som råkar kommunane, er at staten stiller opp for å finansiere ekstrautgifter.

Vårt inntrykk er at dei økonomiske tilskota staten har ytt til kommunane under pandemien og til flyktningstraumen, har treft godt, og at dette har halde motivasjonen til kommunane oppe.

*Barn og unge*

Vi har stor merksemd på dei delane av embetsoppdraga som gjeld barn og unge.

Både på områda helse, sosial og barnevern, barnehage og skule arbeider vi for at samarbeidet med barna blir godt, at dei blir høyrde i si eiga sak og at dei får oppfylt rettane sine. Ein viktig føresetnad er at tenestene for barn er samordna og av god kvalitet. Vi har lagt vekt på å innarbeide barnekonvensjonen i alt vi gjer, og at tenestene for barn gjer det same.

Men vi ser at utviklinga på fleire område går i feil retning, utan at vi klarar å motverke det. På barnevernsområdet er det siste året avdekt for mange alvorlege saker der det ikkje tidleg nok er fanga opp barn som lir. Byrådet i Bergen måtte trekkje seg etter at tilsynsrapporten frå oss i ei sak som kom på toppen av andre saker. Vidare har vi sett for mange tilfelle der institusjonar ikkje klarar å ta seg av barn som anten rusar seg, skadar seg eller i verste fall tek livet sitt, eller går inn og ut av politiets varetekt. Dessutan ser vi at mange kommunale barnevernstenester ikkje klarar å undersøkje og følgje opp meldingar om mogleg omsorgssvikt etter lovkrava, mellom anna på grunn av vanskar med rekruttering. Vi strekar under at dei tilsette i barnevernet som regel gjer ein god jobb, men det er eit stort press som følgjer med stillingane. Vi arbeider målretta for å bidra til at barnevernstenestene lyttar og forstår barna betre. Vi trur det er mykje å vinne for barn og for barnevernstenestene ved å forstå barna betre og innrette hjelpa annleis.

På skulemiljøfeltet har vi siste året opplevd ein kraftig auke i talet på klager frå barn. Vi arbeider med å få auka kapasiteten for å kunne vurdere sakene utan at det går for lang tid.

*Berekraftsmåla og klima*

Klimaomstilling har gjennom fleire år vore ei særskilt satsing i embetet, og vil halde fram med å vere det.

Vi har sidan 2021 arbeidd systematisk med å ta i bruk alle FNs berekraftsmål, og å setje dei på dagsordenen overfor kommunane. Internt har vi i første omgang gått gjennom berekraftsmåla på alle avdelingar, for å sortere og identifisere dei måla som er mest relevante på ulike fagområde. Neste steg har vore å ta dei relevante berekraftsmåla inn i verksemdsplanane og bruke dei med tyngd i det vidare arbeidet overfor kommunane og andre målgrupper.

Kommunane har i varierande grad teke i bruk berekraftsmåla. For mange kommunar er vekst i innbyggjartal og arbeidsplassar ein grunnpilar for å kunne tilby gode tenester. Der det er konflikt mellom eit berekraftsmål og vekst, vil ofte utsiktene til vekst vinne.

Vi opplever stadig polariserte diskusjonar med kommunane om i kor stor grad nasjonale mål forankra i berekraftsmåla, som kjem til uttrykk i statlege planretningslinjer, kan og skal liggje til grunn for motsegner i konkrete plansaker, og viser til kapittel 5.1 om dette.

For å få endå betre gjennomslag for berekraftsmåla, bør staten etter vårt syn også bruke økonomiske verkemiddel, til dømes gjennom inntektssystemet, til å oppmuntre kommunane i å oppfylle berekraftsmåla.

I 2023 ønskjer vi å samarbeide med KS og fylkeskommunen for gjere tilgjengeleg verktøy som gjer det mogleg for kommunane å måle og samanlikne i kor stor grad dei oppfyller berekraftsmåla.

*Meir målretta kommunedialog*

I 2021 sette vi også i gang med meir systematisk kommunedialog på leiarnivået, der embetsleiinga møter kommunedirektøren og ordføraren. Andre avdelingsdirektørar eller kommunalsjefar deltar ut frå kva fagområde som er tema. Vi har halde fram med desse møta utover i 2022.

Etter at eg byrja som statsforvaltar, har eg lagt stor vekt på å møte kommuneleiingane på ulike arenaer, både ved einskilde møte og ved møte i regionråda. Vi har i 2022 arbeidd med å få heile embetet til å leggje inn informasjon i kommunebiletet for å få endå betre systematisert faktagrunnlag i kommunedialogen, som ligg til grunn for systematiske kommunemøte utover i 2023. Vi hadde dessutan ei stor samling for alle ordførarar og kommunedirektørar, med godt oppmøte, og ei ny tilsvarande samling i januar 2023.

*Ny statsforvaltar*

I juni 2022 takka vi av Lars Sponheim som statsforvaltar etter tolv år, dei ni første i Hordaland og dei tre og eit halvt siste åra som statsforvaltar i Vestland. Sponheim har sett sitt preg på embetet, til dømes ved å alltid framheve at statsforvaltarane berre skal involvere seg i kommunale prosessar når nasjonale interesser står på spel, og elles skal dei få styre sjølv etter beste evne.

Eg tok til som statsforvaltar frå september, og har brukt mykje av den første tida mi på å bli kjend med ordførarar og kommunedirektørar i fylket. Arealplanar, motsegner og dispensasjonssaker har vore eit tema mange har teke opp, sjå meir om dette i kapittel 5.1.

Eg har også teke initiativ til tettare samarbeid med fylkeskommunen.

Hausten 2022 innførte vi høve til ein dag heimekontor i veka, noko som er positivt motteke mellom dei tilsette. Trass i at sjukefråværet har vore høgt i 2022 opplever eg at Statsforvaltaren i Vestland er ein velfungerande organisasjon med høg kompetanse og dedikerte arbeidstakarar som legg ned eit solid arbeid.

Leikanger, 28.02.2023

Liv Signe Navarsete

# 2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall

## 2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og Regjeringa blir følgde opp.

I tillegg er Statsforvaltaren eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter, med høve til å spele inn saker frå kommunesektoren til sentrale styresmakter.

Statsforvaltaren er administrativt underlagt Kommunal- og distriktsdepartementet.

Dei viktigaste oppgåvene til Statsforvaltaren er

- å vere sektorstyresmakt på ei rekkje område, med oppdrag frå 13 departement og ti direktorat og tilsyn
- å vere regional samordningsstyresmakt for statleg verksemd i fylket, særleg for verksemd retta mot kommunane
- å vere rettstryggleikshandhevar som rettleiar, klageinstans og tilsynsstyresmakt for kommunane
- å verke til gagn og beste for fylket og å ta dei initiativa som er påkravd
- å orientere sentrale styresmakter om viktige spørsmål i fylket, og å formidle relevant informasjon til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ.

Vi samarbeider med andre statsforvaltarar og med andre etatar på ei rekkje område, både for å få likare praksis og å lære av kvarandre, og for å samordne det offentlege verkemiddelapparatet så godt vi kan.

Med andre statsforvaltarar har vi hatt mellom anna hatt desse  samarbeida:

- Nettverk for velferdsfag, med Rogaland
- Sørvestnettverket på barnehage- og utdanningsområdet, med  Rogaland, Agder og i nokre tilfelle Møre og Romsdal
- Barnevernnettverk, med Rogaland
- Nav- og sosialnettverk, med Rogaland
- Verjemål, med Rogaland og Agder
- Nettverk om pasient- og brukarrettslova kap. 4 A, med Rogaland
- Helsetilsynet i vest-nettverk, med Rogaland
- Tilsyn med spesialisthelsetenesta i helseregionen, med Rogaland
- Bustad for velferd, med Rogaland, Husbanken og andre
- Planlegging av forsøket med overflytting av oppgåver innan bustadsosialt arbeid frå Husbanken, med Rogaland og Nordland
- Akvakultur, med dei andre kystfylka
- Regionale planar for fjellområda, med Oslo og Viken og Vestfold og Telemark
- Kystsonenettverk innan plan og bygg i regi av Miljødirektoratet, med Rogaland
- Fagleg samarbeid om hagebruk med Møre og Romsdal
- Fagleg samarbeid om skogbruk med dei andre kystfylka frå Agder og nordover
- Samarbeid med Viken om midlar til CWD-tiltak på Hardangervidda og Nordfjella
- Nasjonal prosjektleiing av uttak av framande treslag i verneområde, saman med alle embete
- Koordinering av arbeidet med avfallsplanar i hamner på Vestlandet, saman med Rogaland og Møre og Romsdal

## 2.2 Organisasjon og ledelse




Statsforvaltaren i Vestland har hovudsete på Leikanger, men vi har òg kontorstader i Bergen og Førde. I tillegg har vi åtte tilsette verneforvaltarar med kontor i Gaupne, Aurland, Sandane og Rosendal.

Liv Signe Navarsete er statsforvaltar og Gunnar O. Hæreid er assisterande statsforvaltar. Lars Sponheim gav seg som statsforvaltar 1. juni 2022. Gunnar fungerte som statsforvaltar fram til Liv Signe byrja i jobben 1. september. Frå 26. september og ut året var Gunnar i foreldrepermisjon. Kjell Kvingedal, som til vanleg er miljødirektør, fungerte som assisterande statsforvaltar i Gunnar sitt fråvær.

Vi har 308 tilsette, og dette utgjer 264 årsverk.

Vi har seks avdelingar:

- helse, sosial og barnevern (B)
- utdanning og verjemål (B)
- miljø (B)
- kommunal (L)
- landbruk (F)
- organisasjon og strategi (L)

Avdelingane merkte (B) er leia frå Bergen, medan dei andre avdelingane er leia frå Leikanger (L) eller Førde (F). Alle avdelingar og nesten alle seksjonar har tilsette på minst to kontorstader. Dei fire største avdelingane er inndelte i to til fire seksjonar, der halvparten av seksjonane er leidde frå Bergen og halvparten frå Leikanger.

Vi har lagt vekt på å samle arbeidsoppgåver på ein kontorstad der lokalkunnskap eller reiseavstand til kommunane er mindre viktig. For hovuddelen av oppdraga våre er likevel lokalkunnskap og reiseavstand til kommunane så viktig at vi må ha tilsette på fagområda på fleire kontorstadar. Reiseavstandane i det nye fylket er så store at det ville medføre relativt store kostnader eller tap av arbeidstid dersom vi samla alt på ein kontorstad. Frå kontorstadane Bergen, Leikanger og Førde er det gjerne fem-seks timars reisetid med bil til kommunane som ligg lengst unna. Fly er enklaste alternativ mellom Bergen og Leikanger, med kort reisetid og relativt dyre billettar, men alle avgangstidene er ikkje like godt tilpassa kontordagen.

**Visjon og verdigrunnlag**

Visjonen vår er "Statsforvaltaren gjer staten tilgjengeleg og nær", og verdiane våre er:

- Rettferdig
- Open
- Påliteleg
- Effektiv
- Respektfull

## 2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Tabellane under viser til dei nøkkeltala som er valde av KDD, og dei er tekne ut i samsvar med brukarrettleiinga vi har fått. For nærare informasjon om nøkkeltal på personalområdet viser vi til kapittel 4.2. For nærare informasjon om nøkkeltal på økonomiområdet viser vi til kapittel 3.4 og leiingskommentaren til årsrekneskapen.

**Nøkkeltall**

| Nøkkeltall | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Antall ansatte | 307.0 | 303.0 |
| Utførte årsverk | 263.6 | 261.0 |
| Turnover (%) | 5.8 | 11.5 |
| Sykefravær (%) | 8.2 | 4.8 |
| Samlet tildeling alle poster | 736 953.6 | 883 812.9 |
| Budsjettavvik (%) | 3.7 | 4.1 |
| Driftsutgifter (brutto) | 223 662.0 | 220 564.0 |
| Lønnsandel av driftsutgifter (%) | 78.3 | 80.8 |
| Lønnsutgifter per årsverk | 843.8 | 860.4 |
| Husleie (tusen kr) | 29 952.0 | 26 898.0 |
| Journalposter (totalt) | 176 836.0 | 144 892.0 |

*Får 2021 til 2022 har samla tildeling gått ned med om lag 147 mill. kroner. I 2021 var det tildelt om lag 16 mill. kroner meir til kompetanse og innovasjon innan omsorgstenester og det var om lag 110 mill. kroner meir til ulike barnevernstiltak som ikkje er fullt vidareførte i 2022. Vi viser elles til kommentarar under den enkelte tabellen.*

# 3 Årets aktiviteter og resultater

## 3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

### Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

Vi brukar dei tradisjonelle verktøya tilsyn, klagehandsaming, rettleiing og opplæring for å gjere kjent, setje i verk og følgje opp nasjonal politikk i fylket. Verktøya heng nøye saman fordi klagesaker og tilsyn gir oss kunnskap om kva rettleiing og opplæring vi skal prioritere.
Der vi før heldt ei eller to-tre regionvise samlingar for kommunane i fylket, kombinert med strøyming av dei viktigaste konferansane, har vi under pandemien i hovudsak brukt digitale møte til å kunne formidle nasjonal politikk.

I 2022 har det vore store etterspurnad etter fysiske fagsamlingar, for å ha arenaar for kreativitet, nettverksbygging og erfaringsutveksling mellom kommunane. Digitale møte gjer det lettare å nå raskt ut til mange med same bodskap, men gir dårlegare rammer for kreativitet, erfaringsutveksling, dialog og nettverksbygging. Framover kjem vi til å variere mellom fysiske samlingar og kortare digitale møte. Samla gir dette ein effektiv formidling av statleg politikk og regelforståing. Vårt inntrykk er at nasjonale satsingar og reformer er godt kjende, og at kommunane har planar for korleis dei skal arbeide med å gjennomføre dei.

Viktigaste arenaen for å formidle nasjonal politikk under krisene som koronapandemien og Russlands krig mot Ukraina har framkalla, har vore dei digitale informasjonsmøta for alle kommunane i fylket. Under koronapandemien heldt vi møte stort sett kvar veke, og vi har halde fram med møta, noko sjeldnare, for å informere og utveksle erfaringar om følgjene av krigen i Ukraina. Andre relevante statlege eller regionale aktørar har teke del på møta ut frå tema. Tilbakemeldingane frå kommunane på denne møteforma har heile vegen vore gode.

Som nemnt i kapittel 1 meiner vi at dei ansvarlege departementa og direktorata kom skeivt ut i å handtere følgjene av Ukrainakrigen overfor kommunane, ved at statsforvaltarane i starten ikkje var ein del av formidlingslinja for nasjonal politikk. Lærdommane frå koronapandemien vart ikkje førte vidare då nye departement og direktorat tok ansvar for den nye krisa. Dette førte til at informasjon ikkje kom fram til kommunane og at vi fekk mange spørsmål frå kommunane som vi ikkje kunne svare på fordi vi ikkje var informerte. Vi tok opp dette i dei kanalane vi kunne og opplevde at samordninga frå den sentrale staten gjekk mykje betre etter kvart.

Vi har også brukt fylkesberedskapsrådet for å formidle og drøfte følgjene av Russlands krig mot Ukraina med andre viktige regionale samfunnsaktørar. Særleg har det vore nyttig å utveksle perspektiv med politiet, Forsvaret og Sivilforsvaret. Vi heldt eit fysisk møte i fylkesberedskapsrådet 08.02.2022 der ein mogleg krig i Ukraina var hovudtema, altså litt over to veker før Russland starta krigen.

I 2022 har vi hatt meir systematisk dialog med kommuneleiingane. Eit gjennomgåande tema har vore korleis kommunane arbeider med berekraftsmåla. Utover i 2022 har vi arbeidd med å lage kommunebilde, som vil liggje til grunn for kommunemøte i 2023. Då får vi eit endå meir gjennomarbeidd faktagrunnlag for kommunedialogen.

Også tilsyna våre og klagesakshandsaminga er ein viktig del av arbeidet for å setje i verk nasjonal politikk i fylket. Vi har sett på dagsordenen i eigen organisasjon at eit godt tilsyn er eit tilsyn som har verka, i den forstand at det har ført til varig forbetring dersom det er naudsynt. For å sikre at tilsyn verkar, må vi arbeide med korleis tilsynsobjektet følgjer opp tilsynet. God formidling og klart språk i tilsynsrapportar og klagesaker er viktig for private partar, men også for at kommunane og andre tilsynsobjekt skal bli kjende med den nasjonale politikken som er nedfelt i lovverket.

### Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

God samordning og samhandling i statleg verksemd på regionalt nivå er ein viktig faktor for å få til gode resultat på levekårsindikatorane i eit fylke. Særleg på større samansette område og såkalla uløyselege problem (wicked problems) som klima, barnefattigdom, integrering eller mobbing er det avgjerande med god samordning mellom ulike organ som har ein aksje i problemet.

Statsforvaltaren er, med eit breitt arbeidsfelt i embetet og med det særskilte samordningsansvaret for den regionale staten elles, i førar-setet for å samordne statleg regional verksemd overfor kommunane. Dette ansvaret vert endå viktigare når stadig fleire statlege etatar avviklar regionnivået, slik Skatteetaten, Vegvesenet, NVE og IMDi har gjort. Difor legg vi stor vekt på samordningsrolla vår, både internt og overfor andre statsetatar. Eksternt er det i tillegg til statlege etatar viktig å samordne oss med fylkeskommunen, KS og andre overordna aktørar, avhengig av livsområde.

Under kriser som koronapandemien og følgjene av Russlands krig mot Ukraina er samordningsrolla til statsforvaltarane avgjerande for handteringa i kommunane. Vi viser til hovudmål 1 for ei orientering om kva vi gjer overfor kommunane.

Vi har frå 2021 sett i verk forsøket med å leggje oppgåver frå Husbanken i avdelinga "kommune og marknad" over til Statsforvaltaren, som eit treårig prøveprosjekt. Vi har samarbeidd tett med Husbanken i fleire år om Bustad for velferd. Likevel er det fleire synergiar å hente når vi koplar rettleiingsoppgåvene i Husbanken til den breie kontaktflata vår mot kommunane, og tett saman med oppgåvene våre innanfor, plan, helse, rus, Leve heile livet, sosiale tenester og kommuneøkonomi.
Internt i embetet har vi grupper på tvers av avdelingane for klimaarbeid og Leve heile livet-reforma for å sikre betre alderdom.

Vi har også kome i gang med å ta i bruk FNs berekraftsmål som grunnlag for embetsoppdraga.

Vidare har særleg helse-, sosial- og barnevernsavdelinga tett samarbeid med utdanningsseksjonane og planseksjonen for å ta vare på interessene til barn og unge.

Det interne planarbeidet inneber ei omfattande samordning av interesser og innspel frå mellom anna desse fagområda:

- naturmangfald
- jordvern
- klimautslepp
- klimatilpassing
- samfunnstryggleik
- folkehelse
- barn og unge
- bustadsosialt arbeid
- Leve heile livet

Overfor eksterne aktørar driv vi med samordnande arbeid på mange måtar. Døme kan vere:

- På planområdet har vi eit godt og nært samarbeid med andre statlege styresmakter og med fylkeskommunen. Vi samordnar motsegner frå statsetatar til kommunale planar, der vi legg stor vekt på å kome til løysingar som både statsetaten og kommunen kan leve med utan at vi tek i bruk retten til avskjere motsegnene. Vi opplever at ordninga med utvida dialog i høyringsfasen, med tilbod om dialogmøte før vi tek endeleg stilling til om motsegn skal fremjast, svært ofte vert nytta av kommunane. Måla med ordninga, raskare planprosessar, betre planar og færre motsegner vert i stor grad nådd. Fylkeskommunen har høve til å stille i dialogmøta, dersom dei ønskjer det.
- Vi samordnar regionale tilsynsaktørar i den forstand at vi informerer og oppmodar om å ta i bruk den nasjonale tilsynskalenderen og vi drøftar tilsynsmetodar. Tilsynskalenderen gir både oss og kommunane god oversikt over når ulike tilsyn skal haldast og det er høve til å endre tidspunkt dersom vi ser at ein kommune får mange tilsyn i same tidsrom. I planlegginga av tilsyn for 2023, som vart gjort i desember 2022, har ingen kommunar meldt om for sterkt trykk med tilsyn i same tidsrom. I 2022 tok vi i nokon grad omsyn og utsette tilsyn med kommunar som melde om stor belastning på tenestene på grunn av pandemien. Vi har også hatt møte med sekretariata for kontrollutvala til kommunane i fylket, saman med dei andre statlege tilsynsetatane. Dette gav oss nyttig informasjon og høgare merksemd om korleis dei statlege tilsynsetatane kan ta omsyn til planlagde forvaltningsrevisjonar i kommunane.
- Vi samordnar arbeid med utsette barn og unge mellom utdanning og helse-, sosial og barnevernsområda hjå Statsforvaltaren og Bufetat, Nav, spesialisthelsetenesta, KS, Husbanken og fylkeskommunen. Vi gjennomfører denne utvekslinga når vi får det førebelse tildelingsbrevet slik at det får konkrete følgjer for verksemdsplanlegging hos oss og andre. I møtepunkta legg aktørane fram sine planlagde aktivitetar for å få ei så samla oversikt som råd er. I mange år har vi leia den felles satsinga Bustad for velferd, med Husbanken som sekretariat og dei viktigaste regionale velferdsetatane som deltakarar. Denne satsinga ønskjer vi i 2023 å føre vidare til eit forum med ein breiare inngang, som saman, på leiarnivået, kan definere og ta tak i ulike problem på velferdsområda.
- På samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet samordnar vi offentlege og private beredskapsaktørar, først og fremst gjennom fylkesberedskapsrådet, der samansetninga kan variere ut frå kva krise som skal handterast. Både rett i forkant og etter at Russland gjekk til krig mot Ukraina, har vi hatt hyppige møte i fylkesberedskapsrådet.
- På miljø- og landbruksområda har vi, avhengig av fagfelt, jamleg kontakt med Mattilsynet, fylkeskommunen, Fiskeridirektoratet, NVE, Kystverket, Statens naturoppsyn, Arbeidstilsynet, Innovasjon Noreg og Vegvesenet, for å samordne oss. Frå 2020 fekk fylkeskommunen ansvar for å forvalte midlane for tilrettelegging for næringsutvikling i landbruket som vi har hatt før. Vårt etablerte samarbeid med fylkeskommunen og Innovasjon Noreg gav ein god overgang.
- Vi har tilsynsansvaret for tre helseføretak og fleire private aktørar. Dei er ein viktig del av tenestene til innbyggjarane, og god samordning av tenestene mellom aktørane er ofte avgjerande. Siste åra har vi hatt ein stor auke i talet på hendingsbaserte tilsynssaker.
- På landbruks- og miljøområdet samarbeider vi godt med Mattilsynet om dyrevelferd og smittsame sjukdomar. Vi har også godt samarbeid med NVE om forvaltninga av vassdrag etter vassrammedirektivet, mellom anna om å unngå forureining frå landbruk. På landbruksområdet samarbeider vi med Mattilsynet, Innovasjon Noreg og fylkeskommunen om næringsutvikling i landbruket.

### Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne

Vi har gjennomarbeidde rutinar for saks- og klagehandsaming som skal sikre einskapleg og rett sakshandsaming. Å vareta rettstryggleik inneber òg at vi gjer risikovurderingar som grunnlag for tilsyns- og informasjonsarbeidet vårt. Dette har vi arbeidd mykje med i tida sidan samanslåinga. Vi meiner vi treffer med risikovurderingane, ettersom tilsyna i stor grad avdekkjer regelbrot, og det er stor oppslutnad om embetet sine kurstilbod om regelverk.

For dei ti statsforvaltarembeta er det problematisk at vi stundom praktiserer dei same reglane ulikt. Vi er glade for at Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang Vidsyn-programmet som vi håpar kan hjelpe embeta til å få likare praksis.

Vi vil også framheve det arbeidet Helsetilsynet gjer for å samordne praksis mellom embeta i tilsyn og saker om rettar for sårbare og utsette grupper.

Tradisjonelle tiltak for å sikre felles lovtolking på tvers av embeta har vore:

- Fagsamlingar for sakshandsamarane, med fagdirektorat som skipar.
- Fagsamlingar eller nettverk for sakshandsamarane mellom nokre få embete, skipa av embeta sjølve. På utdannings- og verjemålsområda har vi til dømes etablert samarbeidsstrukturar med sørvest-fylka for å kvalitetssikre og kalibrere rettsforståinga, både på leiarnivå og for sakshandsamarar.
- Utarbeiding av rundskriv og rettleiarar frå fagdirektoratet.
- Utsending av prinsippavgjerder eller tolkingsfråsegner frå fagdirektoratet.

Slike tiltak må halde fram. Erfaringane under korondapandemien har vist at det er lett å halde korte videomøte som når mange på ein gong. Til dømes på

barnevern og helse har fagdirektorata tatt initiativ til og halde jamlege møte om informasjon om status og ivaretaking av behov hos brukarane, og som del av dette avklaringar og informasjon om tolking av regelverk. Men slike tiltak er neppe nok. Vi saknar først og fremst oversyn over praksis mellom embeta i konkrete saker. Vi meiner det vil vere tenleg å arbeide med felles presedensarkiv mellom embeta på fagområda. I saker underlagde teieplikt kan dette vere problematisk sjølv med anonymiserte avgjerder. På andre område handlar det mest å få til ei god plattform for presedensarkivet. I alle fall er det eit utviklingsarbeid som må gjerast.

Elles tek vi opp att oppmodinga frå tidlegare år, at når eit fagdirektorat skipar fysiske fagsamlingar, ønskjer vi at samlinga også vert strøymt slik at fleire kan følgje samlingane frå kontoret. Vi må alltid sjå nøye på kor mange vi sender til fagsamlingane, men det kostar oss langt mindre å følgje strøymingar.

Internt har vi sett i verk slike tiltak for å sikre einskapleg lovtolking:

- Tilsynsgruppe med representantar frå alle avdelingar
- Forvaltningsrettsgruppe med representantar frå alle avdelingar
- Interne presedensarkiv på ulike fagområde
- Faggrupper innanfor avdelingane som går gjennom praksis i embetet og kjelder som kjem utanfrå, til dømes tolkingsfråsegner, rundskriv og fråsegner frå Sivilombodet
- Sidemannskontroll
- Låg terskel for å kontakte fagdirektorat eller andre embete
- Opplæring i statsforvaltarrolla for nytilsette

For kommunane har vi som nemnt jamleg samlingar der vi tek opp allmenne problemstillingar på område der vi gjennom klagesaker eller tilsyn avdekkjer mangelfull eller ulik lovtolking. Og etter koronapandemien har vi, som nemnt over, gjort om ein del slike samlingar til digitale korte fagmøte som har god deltaking.

Innføringskurset i forvaltningsrett for kommunale sakshandsamarar som Universitetet i Bergen har utvikla i samarbeid med oss, hevar rettsryggleiken rundt om i kommunane. Sjå meir omtale av kurset under hovudmål 4.

Vi erfarer at Nav-saka om norsk regelverk i strid med EØS-rett og EMD-dommane i barnevernssaker, har ført til mistillit mot kommunane. Utfordringar knytte til forståing og praktisering av internasjonal rett i forvaltninga strekkjer seg utover desse sakene. I vårt arbeid ser vi mellom anna at mange aktørar har ei manglande forståing av barnekonvensjonen. Ei av utfordringane er at barn framleis ikkje får oppfylt retten til å bli høyrde, og ein direkte konsekvens er at rettstryggleiken til borna blir svekt. At born blir høyrde på rett måte, er i mange saker ein føresetnad for at forvaltninga skal klare å hjelpe dei. På utdanningsområdet ser vi at "barnets beste" for sjeldan er ei eiga vurdering i kommunale vedtak. Det er ei tillitsutfordring dersom forvaltninga ikkje er i stand til å forstå og innarbeide internasjonal rett, og praktisere i samsvar med denne.

### Hovedmål 4 - Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

Formidlings- og initiativrolla til statsforvaltarane har vore særs viktig under koronapandemien og i følgjene av krigen i Ukraina. Som nemnt har vi både under pandemien og under krigen i Ukraina laga faste møtepunkt for alle kommunane der vi kunne rettleie og formidle føringar og påbod frå den sentrale staten til kommunane. Kommunane har dessutan kunna stille oppklarande spørsmål. Mellom møta har det kome inn titusenvis av spørsmål som vi svarar på både etter kvart og i møta, og som også gir oss grunnlag for å formidle stoda i fylket til sentrale styremakter.

Elles brukar vi dei vanlege kanalane, til dømes styringsdialogmøte eller fagsamlingar, til å gi tilbakemeldingar til oppdragsgjevarane våre om tilstanden i fylket og effekten av statleg politikk. Når det trengst, tek vi opp særskilte problemstillingar i brev eller i møte. Vi legg vekt på å orientere nasjonalt nivå når regelverket er uklart eller har utilsikta konsekvensar.

Som meldt tidlegare år meiner vi at oppdragsgjevarane våre i større grad burde leggje til rette for direkte dialog mellom politisk leiing i departementa og statsforvaltarane om embetsoppdraga. Vi meiner vi sit med mykje kunnskap om kva som verkar og kva som er problem for kommunane, og at det er viktig at politisk leiing i departementa har denne kunnskapen når dei utformar nasjonal politikk. I handteringa av pandemien har nettopp denne direkte kontakten vore ein viktig informasjonskanal.

Vi set pris på dreiinga i styringa til statsforvaltarane som Kommunal- og distriktsdepartementet har lagt til rette for gjennom å oppmode oppdragsdepartementa til meir målstyring av statsforvaltarane. Dette blir også forsterka av den tillitsreforma som regjeringa har starta opp. Vi blir på den måten betre rusta til å velje mellom dei verktøya som vi meiner verkar best i vårt fylke. Då blir også initiativrolla vår styrkt.

Vi ser på initiativrolla som eit viktig supplement til dei meir konkrete oppdraga statsforvaltarane har. For oss er det nyttig å kunne tenkje utanfor den vanlege verktøykassa for å få gjennomført statleg politikk i fylket.

Eit døme er at vi siste åra har vi hatt eit godt samarbeid med Universitetet i Bergen, der universitetet som nemnt har sett i gang eit etterutdanningstilbod med innføring i forvaltningsrett for kommunale sakshandsamarar. Kurset er retta inn mot dei som i ein del av stillinga si er sakshandsamar innanfor t.d. pleie- og omsorgstenseta, oppvekst og utdanningssektoren, teknisk etat eller andre delar av den kommunale forvaltninga. Sidan byrjinga i 2019 har fire kull med om lag 140 deltakarar gjennomført tilbodet, og tilbakemeldingane har vore svært positive.

I 2021 starta Universitetet i Bergen, i samarbeid med Statsforvaltaren og andre, ei masterutdanning retta mot kommunale leiarar, i eit opplegg som liknar tilbodet i forvaltningrett. Universitetet i Bergen har dessutan, i samarbeid med Statsforvaltaren og andre, starta ei vidareutdanning i samfunnsplanlegging, som dekkjer store behov i kommunane.

### 3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

#### 3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Dei fleste av dei 43 kommunane i Vestland har hatt høg planaktivitet også i 2022, og det er vanskeleg å svare eksakt på om planlegginga samla sett førte til meir berekraftig, trygg og framtidsretta samfunnsutvikling og arealbruk. Sett over tid opplever vi at plankvaliteten har vorte betre og forståinga og aksepten i samfunnet for plansystemet er vesentleg betre enn tidlegare. Vårt klare hovudinntrykk er at mange viktige samfunnsoppgåver vert samordna godt og løyste i den kommunale planlegginga, men dersom målet er ei fullt ut miljømessig, sosial og økonomisk berekraftig samfunnsutvikling, styrt gjennom gode kommunale og regionale planar, har vi framleis vesentlege utfordringar.

Det vi elles vil trekkje fram, er at mange kommunar har hatt mindre framdrift enn ønskt i rulleringa av arealdelen til kommuneplanen. Hovudinntrykket er likevel at det no skjer mykje godt arbeid på overordna planlegging og at berekraftsmåla generelt, og kanskje særleg dei nasjonale føringane for samfunnstryggleik, sosial berekraft og klima, vert trekte fram som føringar ein ønskjer å leggje vekt på i planprosessane. Slik sett vurderer vi at vi ser ei forbetring opp mot dei nasjonale måla.

Vi la også i 2022 stor vekt på å formidle nettopp innhaldet i berekraftsmåla i vår medverknad i kommunale planprosessar. Særleg i Bergen og i vekstkommunane kring Bergen har vi lagt stor vekt på at nye kommuneplanar og større reguleringsplanar må vurdere arealbruken på nye måtar, i lys av statlege forventningar på områda areal og transport, klima, jordvern og strandsone.

Elles la vi mykje ressursar i planprosessar for sjøareal. Vi opplever framleis at nasjonale miljømål og rammer er overskridne på dette området, og at det igjen gir vesentlege berekraftsutfordringar.

Talet på dispensasjonssaker har, trass i tydeleggjering av lovverk og statleg politikk og retningsliner, halde seg svært høgt gjennom året. Vi vurderer framleis at dette i sum utfordrar måla om berekraftig arealbruk og undergrev overordna, juridisk bindande planar som styringsreiskap.

Vi meiner at innsatsen vår er viktig for å rettleie om og samordne kommunale, regionale og statlege mål for samfunnsutviklinga. Sjølv om det til tider er mykje merksemd på einskildplanar og -saker, opplever vi likevel at kommunane etterspør og set stor pris på medverknad og hjelp frå oss.

Nedanfor viser vi, til orientering, hovudtala frå planmedverknaden vår i 2022. For samanlikninga si skuld er tala frå 2021 og 2020 vist i parentes (2021/2020).

**Tal saker på høyring**

5058 (5039/4170)

**Tal kommune(del)planar – oppstart**

12 (22/19)

**Tal kommune(del)planar – omfattar også samfunnsdelen og tematiske planar**

**Tal kommune(del)planar – offentleg høyring**

20 (18/15)

**Tal reguleringsplanar – oppstart**

206 (203/195)

**Tal reguleringsplanar – offentleg ettersyn**

140 (169/198)

**Tal planar med motsegnspunkt frå statlege etatar inklusive Statsforvaltaren**

47 (50/67) – av desse fire kommune(del)planar

**Tal planar med motsegnspunkt frå Statsforvaltaren (andre kan også ha motsegn)**

38 (42/55) – av desse fire kommune(del)planar

**Tal planar der berre Statsforvaltaren har hatt motsegn (utan at andre statsetatar har hatt motsegn)**

21 (27/38) – av desse ein kommune(del)plan

**Tal planar med motsegnspunkt berre frå andre statsetatar utanom Statsforvaltaren**

9 (7/12) – av desse ingen kommune(del)planar

**Tal planar med motsegn frå Statsforvaltaren**

26 (23/32)

Vi hadde 123 aktuelle motsegnspunkt oppe til drøfting. Vi enda med 85 motsegnspunkt, det vil seie ein stor reduksjon i motsegnspunkt, men framleis motsegn i 28 av 38 planar. I dei aller fleste sakene fører dialogmøta fram, slik at kommunane jobbar vidare og forbetrar planen, før vi får han til nytt gjennomsyn.

**Tal motsegnsaker til mekling**

Vi mekla i fem (11 i 2021) plansaker, i seks meklingsmøte (to gonger same sak). Fire meklingar førte fram, medan ein førte ikkje fram. Vi hadde motsegn i alle desse fem sakene. Det var mekla på to kommunedelplanar og tre reguleringsplanar.

**Tal motsegnsaker til departementet**

Tre planar (mot to i 2021) vart sende til departementet for endeleg planvedtak. Statsforvaltaren hadde motsegn til alle tre, medan Riksantikvaren hadde motsegn til den eine. Alle tre var
reguleringsplanar.

**Dispensasjonssaker på høyring**

2185 (2260/1698)

**Dispensasjonsvedtak til klagevurdering**

2319 (2158/1756)

**Tal påklaga dispensasjonsvedtak**

154 (6,6 %) (mot 120 (5,6 %) i 2021/104 (5,9
%) i 2020)

**Grunngjeving for klager**

- 112 strandsone (72/58)
- 12 jordvern
- 15 landbruk (23/28) – ikkje skilt mellom jordvern og landbruk
- tidlegare
- 6 ROS (3/1)
- 5 vassdrag (ikkje talt tidlegare)
- 8 natur, utanom paragraf 1-8 (ikkje talt tidlegare)
- 6 friluftsliv utanom paragraf 1-8 (ikkje talt tidlegare)
- 8 brot på plankrav (ikkje talt tidlegare)

I 13 saker er ingen av desse temaa kryssa av i vår planliste. Fleire tema kan gå att som klagegrunn i same sak.

Departementet avgjorde ei plansak i Vestland i 2022, reguleringsplan for Hamnneset i Alver kommune, tema fritidsbustader og naust m.m. i strandsona. Departementet gav tok til følgje hovudpunktet i motsegna, medan eit anna punkt ikkje vart teke til følgje.

**Nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunene har god kunnskap om nasjonale og viktige regionale interesser

Vi har formidla dei nasjonale og viktige regionale omsyna gjennom medverknad i planprosessar. Vi har delteke i Regionalt planforum, ulike plannettverk og på regional plankonferanse. Vi har òg hatt møte på leiarnivå med kommunar, der planlegging har vore tema, og vi har halde om lag 60 dialogmøte om konkrete planframlegg. Vi prioriterte så tidleg medverknad som råd, men denne medverknaden kan ikkje fullt ut erstatte dialogmøte, motsegn og klager på ein del dispensasjonar, dersom vi skal unngå at vesentlege statlege omsyn vert sette til side.

Vi har medverka i større eller mindre grad på alle plantema som har statlege føringar bak seg. I 2022 har vi hatt merksemd på korleis kommunane i planlegginga kan medverke til å oppfylle berekraftsmåla. Vi opplever at kommunane særleg har hatt utfordringar med å vareta måla for samordna bustad, areal og transportplanlegging, effektiv arealbruk, klima, berekraftig planlegging av sjøareal, støy, jordvern, heilskapleg vassdragsplanlegging, barn og unge sine interesser og naturmangfald.

Ikkje minst har den særskilde satsinga på å formidle statleg politikk på emnet sosial bustadbygging (jf. prøveprosjekt bustadsosialt arbeid frå 1. september 2021) halde fram, og koplinga mot planlegging er framheva i innspel til planar og i dialogen med kommunane.

Vi opplever at kommunane i varierande (middels) grad har kunnskap om dei plantemaa der vi har eit medverknadsansvar. Dialogmøta har difor vist seg som ein svært god arena for å gjere planane betre. Andre, særleg større kommunar, har god kompetanse på dei fleste plantemaa. Når kommunen og statlege styresmakter er usamde, er det ofte reine prioriteringsomsyn, altså ein reell konflikt mellom statlege og lokale interesser.

Det er vanskeleg å peike på samanhengane mellom innsatsen vår og observert aktivitet, men vi legg til grunn at innsatsen vi legg ned har gitt betre samsvar mellom kommunale og statlege og regionale mål for planlegginga. At svært mange aktuelle motsegnspunkt vert unngått eller løyste i dialog med kommunane i alle planfasar, meiner vi taler for at vår medverknad i betydeleg grad gjer planane betre og samfunnsutviklinga meir berekraftig.

Nye digitale løysingar for samhandling med kommunane har gjort oss meir effektive. Vi trur at ei vidare satsing på digitale møtepunkt vil gjere oss endå meir målretta og effektive. Vi ser at digitale møte, webinar o.l. er etterspurte av kommunane og at rettleiinga vår på slike plattformer vert sett stor pris på.

Vi ser elles at fleire kommunar framleis har ein svært uheldig dispensasjonspraksis, noko som i seg sjølv kan undergrave målet om ei berekraftig og planstyrt utvikling og svekke rettstryggleiken.

Når det gjeld andre aktørar, ser vi at staten i stor grad og med få unnatak framstår samla og samordna på regionalt nivå. Vi opplever sjeldan mål- eller interessekonfliktar i plansakene som ikkje ev. let seg løyse i den samordninga som skjer i og rundt dialogmøta, eller i andre samanhengar. Samarbeidet med Vestland fylkeskommune er også godt på planfeltet. Vi meiner likevel at fylkeskommunen, som forvaltar av næringsinteresser på ein del felt, i mindre grad legg vekt på at næringstiltak skal vere forankra i gode planar for berekraftig arealbruk, og vi ser at kommunane i slike situasjonar opplever styringssignala som uklare eller sprikande.

**Ivaretakelse og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser (fra kapittel 3.1.1.1.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Nasjonale og viktige regionale interesser er ivaretatt i kommunale og regionale planer.

Her viser vi til kap. 3.1.1.1 og til andre punkt i rapporten der dette er omtalt. I sum kan det vanskeleg seiast at statlege og viktige regionale interesser vert meir enn middels godt varetekne i kommunale og regionale planar. Uten innsatsen vi legg ned i samordning, rettleiing og dialog om planar og dispensasjonssaker, og i tillegg avgrensa bruk av motsegn og klager, ville avvika vore større.

Elles vektlegg vi òg at det lokale sjølvstyret skal ha stor vekt. Dette ser vi att ved at det sjeldan er behov for å mekle i plansaker, og vidare at det er svært få saker som blir sendt vidare til KDD (tre planar i 2022).

**Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.1.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Statlige innsigelser er samordnet

Vi følgjer framleis det tilrådde opplegget til KDD for samordninga. Vi legg stor vekt på å invitere kommunen til dialogmøte for planar der vi eller andre statsetatar vurderer at kan vere i strid med statlege omsyn. I desse møta legg vi òg stor vekt på å lytte til kommunane sitt syn, slik at det ikkje vert fremja fleire motsegner enn det som i ettertid vert vurdert som naudsynt. Heller ikkje i 2022 vart det aktuelt for oss å avskjere statlege motsegner frå andre etatar. Men svært mange motsegnspunkt vart løyste i den utvida dialogen i høyringsfasen. Vi registrerer at måla med samordninga, raskare planprosessar, betre planar og færre motsegner, framleis vert nådde.

Vi har elles gode erfaringar med å invitere fylkeskommunen med på dialogmøte i saker der også dei har vesentlege interesser.

**Oppfølging av samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Samfunnssikkerhet er ivaretatt i alle planer etter plan- og bygningsloven.

Så godt som alle kommunane har etter kvart stor forståing for behovet for ROS-analysar i arealplansamanheng, ikkje minst knytt til førebygging av naturgitte hendingar. Biletet er noko meir brokete når det gjeld verksemdsbasert risiko/sårbarheit og viljestyrte hendingar, men òg her møter vi stor grad av forståing hjå kommunane når vi gjer dei merksame på slike problemstillingar.

Det er framleis ei utfordring at dei fleste arealplanane (områderegulering og detaljregulering) vert utarbeidde av private aktørar, som ofte ikkje har nok merksemd på samfunnstryggleik. Likevel vert det nesten utan unntak laga ROS-analysar i alle arealplansaker etter plan- og bygningslova, og der heilskapleg ROS-analyse inngår som del av kunnskapsgrunnlaget. Tilsvarande blir det etter kvart i større grad òg gjort ROS-vurderingar i dispensasjonssaker.

Vi har særleg merksemd på rettleiing og oppfølging av kommunane sine overordna planar, m.a. kommunal planstrategi og kommuneplanens samfunnsdel. Dette er for å sjå til at kommunane har oversyn over utviklingstrekk og sentrale utfordringar på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Vidare skal dette oversynet nyttast som grunnlag for å utarbeide mål og strategiar, og såleis leggjast til grunn for prioriteringar og gjennomføring av tiltak.

Som følgje av denne prioriteringa er samfunnstryggleiks- og beredskapsomsyn gitt særskilt merksemd i fråsegnene våre til alle overordna planar etter plan- og bygningslova. Dette vert òg følgt opp i planforumsmøte og i direkte dialog med kommunane.

Vi har i oppfølgings- og rettleiingsarbeidet lagt vekt på at kommunane må kunne vise til heilskapleg og systematisk tenking rundt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, frå visjonsnivå, via mål og delmål, til konkrete handlingsplanar med tilhøyrande løyvingar (budsjett), og avslutningsvis tilbakemelding på måloppnåing (t.d. gjennom årsrapporten). I samband med dette har vi m.a. lagt til grunn forventingane i KDD sitt rundskriv H-5/18 "Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesak" for vår dialog med kommunane. I arealplansamanheng har vi i tillegg lagt til grunn DSB-rettleiaren "Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging". Avslutningsvis nyttar vi òg i nokon grad Meld. St. 5 (2020-2021) "Samfunnssikkerhet i en usikker verden" som grunnlag for rettleiinga.

Vår erfaring er at dei fleste kommunane tek rettleiingane og tilbakemeldingane våre på alvor og forsøker å integrere dette i planarbeidet.

**Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 3.1.1.1.3.2 i TB)**

**Rapportere på**

Hensynssoner med tilhørende bestemmelser rundt storulykkevirksomheter er ivaretatt i kommunale planer når planer revideres/rulleres.

Storulukkerisiko vert følgd opp i alle planar der vi ser at problemstillinga er relevant. Vi registrerer framleis at kommunane ofte treng ekstra rettleiing på dette området.

Vi har stor merksemd på denne problemstillinga i det generelle rettleiingsarbeidet og i planfråsegnene våre. Alle storulukkeverksemder blir no vurderte for behov for omsynssoner i plankart med tilhøyrande føringar i planføresegnene. Vår aktivitet og oppfølging har ført til at kommunane no har vesentleg meir merksemd på denne typen problemstillingar enn berre for få år sidan. Andre aktørar som t.d. Statens vegvesen og Forsvaret har også bidrege godt til denne utviklinga.

Vi forsøker også å fange opp storulukkeproblematikk i dispensasjonssaker. Såleis er det ofte vi som gjer kommunane merksame på problemstillinga når ho er aktuell.

Generelt skulle vi ønskt at samfunnstryggleiksomsyn fekk meir merksemd i handsaminga av dispensasjonssaker, og det gjeld ikkje berre oppfølging av storulukkerisiko. Ein del kommunar er ikkje merksame på at ein dispensasjon frå arealplanen ikkje gir høve til å dispensere frå sakshandsamingsreglar, som til dømes krav til ROS-analysar.

Sist, men ikkje minst, er vurdering av risiko og sårbarheit knytt til farleg stoff (som ikkje er underlagt storulykkeforskrifta) eit område der det framleis er stort rom for betring. Kommunane følgjer opp dette i for liten grad, og vi har ofte ikkje god nok lokalkunnskap til å fange opp eventuelle relevante utfordringar for denne typen problemstillingar i innkomande saker.

Vi har elles vore i tett dialog med fleire kommunar og private aktørar om denne typen problemstillingar i løpet av året som har gått.

Det hadde vore ønskeleg at DSB i samband med at dei gir løyve til oppbevaring av farleg stoff samstundes gjer merksam på at slike løyve fører til eit særleg oppfølgingsansvar for kommunen, jf. t.d. rettleiinga til paragraf 36 i eksplosivforskrifta der det står: *"DSB gir en tillatelse til oppbevaring av eksplosiver etter bestemmelser i eksplosivforskriften, men hvor kommunen forvalter arealene i sin kommune. Rundt et eksplosivlager er det imidlertid ikke mulig å etablere et tilfredsstillende sikkerhetsnivå uten at det etableres arealmessige begrensninger rundt anlegget og det er dette som medfører at LNF områder, utfra DSBs ståsted, er ansett å være velegnet til denne type lagring. I henhold til brann og eksplosjonsvernloven § 20 skal slike arealmessige begrensninger fastsettes etter bestemmelsene i plan og bygningsloven, der kommunen finner det hensiktsmessig. I praksis vil det si gjennom etablering av hensynssoner etter plan og bygningslovens § 11-8."*

Vi opplever ofte at kommunen ikkje gjer slike vurderingar med tilvising til at DSB har gitt løyve, og då oppfattar nok kommunen at alt er i orden.

Vi registrerer òg utfordringar med i kva grad kommunane ønskjer å teikne inn omsynssoner knytte til storulukkeverksemder (t.d. eksplosivlager) i plankartet. Nokre kommunar ønskjer ikkje, av tryggleiksårsaker, å offentleggjere informasjon om kvar desse anlegga er.

**Nasjonale og vesentlige regionale miljøinteresser formidlet i tråd med T-2/16 (fra kapittel 3.1.1.1.4.1 i TB)**

**Rapportere på**

God ivaretakelse av nasjonale og vesentlige regionale miljøinteresser i planleggingen.

I dialogen vi har hatt med kommunane om aktuelle motsegnspunkt, og som grunnlag for konkrete motsegner, gjeld det ofte omsyn som skal vere varetekne etter rundskriv T-2/16.

Sjølv om dei aller fleste planane ikkje utløyser behov for utvida dialog eller motsegn i samband med offentleg ettersyn, meiner vi likevel at retningslinjene i middels grad er kjende og aktivt tekne i bruk som rammer og føringar for planarbeidet i fylket. Vi legg difor stor vekt på å rettleie om retningslinene, og vi nyttar dei aktivt som forankringsgrunnlag der det er aktuelt med motsegn på miljøområdet. Innhaldet i rundskrivet ligg òg til grunn for den generelle rettleiinga vår til kommunane, og vert nytta som grunnlag for medverknaden vår i regionalt planforum.

**Boligsosiale hensyn i plan (fra kapittel 3.1.1.1.5.1 i TB)**

**Rapportere på**

Boligsosiale hensyn er ivaretatt i kommunale planer.

Vi har i 2022 arbeidd med å ajourføre ei intern sjekkliste for innspel til kommunal planlegging, der vi inkluderer bustadsosiale omsyn. Som del av førebuinga til kommunemøte med bruk av kommunebilde, har vi gjort ein gjennomgang av om kommunane har teke bustadsosiale omsyn i overordna planar.

Dei fleste kommunane har omtale av bustadsosialt arbeid og tar opp bustadsosiale utfordringar i sine gjeldande planstrategiar. Nokre få kommunar har tydelege bustadsosiale omsyn i arealplanene. Generelt er det middels til liten grad teke bustadsosiale omsyn i arealplanene.

Alle kommunene har minst ein minimumsomtale av bustadsosiale omsyn i samfunnsplanane. Mange samfunnsplanar er rimeleg nye. I desse er det i stor grad teke bustadsosiale omsyn.

Svært mange av kommunane i Vestland skal rullere eller utarbeide ny bustadsosial handlingsplan i 2023. Nokre få kommunar har no valt å utarbeide ein bustadplan, det vil seie ein plan der dei inkluderer planlegging av bustad for folk flest saman med bustader for vanskelegstilte.

Vi har prioritert å gi innspel om bustadsosiale omsyn i planar til høyring, og vi har tatt opp bustadsosiale omsyn i alle kommunemøte og elles i oppfølginga av kommunane. Hausten 2022 starta vi opp ei webinarrekkje om bustadsosiale temaplanar.

At nye planar i større grad enn eldre planar har teke bustadsosiale omsyn, er truleg påverka av merksemda vi har hatt på dette området.

**Rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.1.6.1 i TB)**

**Rapportere på**

Rekrutterings- og kompetanseplanlegging ivaretas godt i samfunnsplanarbeidet i kommunene.

I innspel til samfunnsplanar på høyring, oppmodar vi kommunane om å løfte kompetanse- og rekrutteringsplanlegging på helse- og omsorgsfeltet inn i samfunnsdelen av kommuneplanen. Basert på fråsegnene vi har gitt til samfunnsdelar til kommuneplanar i 2022, blir demografi og ei aldrande befolkning sett på dagsorden i det overordna planarbeidet. Men det er likevel berre kring halvparten av planane vi har hatt på høyring, som heilt tydeleg har løfta kompetanse- og rekrutteringsplanlegging for helse- og omsorgsfeltet inn i samfunnsplanen. Andre har forankra dette arbeidet tydeleg i ein kommunedelplan, som vi også har gitt innspel til. Kompetanse og rekruttering blir elles gjerne omtala i generelle vendingar, og konkretisert i andre typar planar eller strategiar.

Kompetanse- og rekrutteringsplanlegging er tema i både Leve heile livet-arbeidet, i dialogmøte med kommunane,og på konferansar og samlingar. Vi meiner at systematisk arbeid gjennom Leve heile livet-prosjektet har gjort at kommunane i større grad set temaet på dagsorden og at dei dermed vert meir merksame på behov og tiltak for å møte utfordringane i eigen kommune.

**Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.1 i TB)**

**Rapportere på**

Planleggingen skjer i tråd med SPR for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

Det er gledeleg at Bergen kommune har teke ei leiande rolle for å oppnå ei planlegging som er meir i samsvar med SPR-BATP, som vil sikre areal- og energieffektive løysingar. Utfordringane er større i omlandskommunane. Fleire av desse legg opp til stor vekst, også utanfor definerte senterområde og i område som, når dei vert bygde ut, vil måtte generere vesentleg auke i privatbilbruken. I desse kommunane meiner vi at dei nasjonale føringane og måla i liten til middels grad er følgde opp til no.

Vi legg difor stor vekt på å formidle dei nasjonale forventningane på dette området. Både gjennom konkret planmedverknad og i arbeidet med oppfølging av dei kommunane som inngår i byvekstavtalen. Fleire av dei aktuelle kommunane er no i gang med kommuneplanar eller kommunedelplanar, og vi trur at Statsforvaltaren, saman med fylkeskommunen og transportetatane, gje tydelege tilbakemeldingar for å oppnå ei betre måloppnåing.

**Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.2 i TB)**

**Rapportere på**

Massehåndtering avklares i regionale og kommunale planer

I 2022 har vi jobba mykje med å rettleie kommunar til å stille krav om forsvarleg massehandtering og å følgje opp at gjenvinning av reine stein- og jordmassar er vurdert i planprosessar. Arbeidet involverer fleire avdelingar og regelverk, og vi har utarbeidd ein strategi for dette arbeidet, der handtering i tråd med massepyramiden står sentralt. Vi har òg delteke med innlegg på seminar for kommunane om temaet, tillegg til det arbeidet vi elles legg ned i forvaltninga etter forureiningslova.

Vestland har svært store masseoverskot frå samferdsleprosjekt (E39, E16 Stad skipstunnel mv.) som må handterast i statleg og kommunal planlegging. Vi medverkar tett i dei aktuelle planprosessane med sikte på å formidle statleg politikk om ei forsvarleg og samfunnsgagnleg massehandtering. Vi opplever at konfliktane, særleg mellom natur- og landskapverknadene av utfylling i sjø og kommunale ønske om å få areal til ny utbygging, er krevjande å handtere.

Vi har også i 2022 sett døme på at kommunar og statlege styresmakter på kort varsel har hatt ønske om å gjennomføre ei dispensasjonshandsaming for å deponere store masseoverskot frå m.a. tunnelarbeid og på den måten droppe ordinær planavklaring. Vi har som regel rådd klart frå dette, og i dialog med kommunen og sektoretatar kome fram til betre løysingar.

**Strandsone og vassdragsforvaltning (fra kapittel 3.1.1.1.8.1 i TB)**

**Rapportere på**

Planlegging i strandsonen langs sjø og vassdrag skjer i tråd med PBL § 1-8, SPR for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, RPR for verna vassdrag og regionale planer.

Som vist ovanfor handlar framleis klager på dispensasjonsvedtak og motsegner ofte om at statlege føringar for strandsona, særleg langs sjø, vert sett til side. Sjølv om det er ulikskapar mellom kommunane, meiner vi at statlege omsyn berre i middels grad kan seiast å vere varetekne i den kommunale arealforvaltninga.

Våre tiltak på dette feltet var òg i 2022 primært rettleiing og formidling av statlege omsyn, skriftlege innspel og dialogmøte med kommunane. Vi meiner at utan denne medverknaden, ville nedbygginga av verdifull strandsone gått endå raskare og den juridiske og faglege kompetansen i kommunane om planlegging i strandsona vore svakare.

Sjølv om vi har lagt vekt på tidleg og dialogbasert medverknad, ser vi at vi truleg kunne ha oppnådd ein meireffekt av styrkt generell rådgjevingsinnsats på dette feltet. Saman med fylkeskommunen utvikla vi difor ein ny nettbasert strandsonerettleiar for fylket. Planlagt webinar om planjuss om strandsona og bruk av dispensasjonsreglane i paragraf 19 i plan- og bygningslova vart det ikkje ressursar til å gjennomføre i 2022, men ligg inne i planane for i år. Vi ønskjer å flytte endå meir av medverknaden vår i retning tidleg medverknad om rammer og føringar, og vidare ønskjer vi å bistå med juridisk hjelp til kommunane, slik at forvaltninga av strandsona i Vestland vert meir berekraftig.

**Bærekraftig forvaltning fjell og utmark (fra kapittel 3.1.1.1.8.2 i TB)**

**Rapportere på**

Planlegging i fjell og utmark skjer i tråd med Nasjonale forventninger og regionale planer

Vi registrerer stor nasjonal merksemd om arealbruken i fjell og utmarksareal. Dette meiner vi er bra og naudsynt, i lys av eigne røynsler frå tidlegare planprosessar. Vi har ikkje arbeidd særskilt med større planar etter plan- og bygningslova for fjellområde i 2022, med unnatak av at vi har formidla statlege mål og føringar i samband med oppstart av revisjon av kommunedelplan for Kvamskogen. Vidare får vi jamleg inn mindre planar som utfordrar nye snaufjellsområde og villreininteresser. Få kommunar har fastsett langsiktige utbyggingsgrenser, anna enn mot sjø. Vi meiner såleis at nasjonale retningsliner i middels til liten grad er følgde opp.

Medverknaden vår har her som elles for det meste handla om innspel til, og utvida dialog om, planforslag som kjem i strid med nasjonale forventningar og mål. Vi opplever at dette er naudsynt og at planløysingane som vert vedtatt, som regel vert forbetra. Vi ønskjer likevel å styrke rettleiinga vår på dette området. Vi har eit godt, regionalt og kommunalt plangrunnlag for villrein. Vi saknar likevel merksemd på andre viktige "berekraftstema" som myr, våtmark, klima, landskapsøkologiske funksjonar, viktige friluftslivområde og arealeffektivitet, og at desse vert følgde opp tilstrekkeleg i regionale og kommunale planar.

Vi har god oversikt over beitebruken i utmarka i form av tal dyr, men generelt har vi for dårleg kunnskap om kva verdiar dette representerer. Vi har derfor fått NIBIO til å vurdere beitebruken i ulike delar av fylket. Generelt er det liten konflikt mellom landbruk og andre interesser i utmarka, men stundom dukkar det opp små tiltak som turløyper, og større tiltak som energianlegg. Meir kunnskap kan bidra til betre planlegging og færre konfliktar.

**Ivaretakelse av landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.9.1 i TB)**

**Rapportere på**

Bidra til å nå målet i nasjonal jordvernstrategi, om at omdisponeringen av dyrka jord ikke skal overstige 3 000 daa per år innen 2025.

Fram til 2021 var det nasjonale jordvernmålet maksimalt 4000 dekar nedbygd jordbruksareal per år, tilsvarande om lag 360 dekar i Vestland. Her er alt jordbruksareal medrekna, inkludert innmarksbeite og areal ute av drift (NIBIO-arealressursstatistikk). Med ny nasjonal målsetting om maksimal omdisponering på 3000 dekar per år, vert det tilsvarande måltalet for Vestland på om lag 270 dekar per år.

Det er i perioden 2012–2021 ein klar tendens til at nedbygginga av jordbruksareal går ned. Vi ligg likevel klart over vår del av den nasjonale målsettinga.

Vi er også litt usikre på om dei innrapporterte tala i Kostra er heilt korrekte. Vi kjenner ikkje til konkrete feil, men det er 15 av 43 kommunar som har rapportert null dekar omdisponert i 2021. Etter kvart som vi bruker denne statistikken aktivt i dialogen med kommunane, reknar vi med at det også bidreg til å luke ut eventuelle feilrapporteringar.

Arbeidet med jordvern er ein kontinuerleg interessekonflikt. Det går rette vegen, men vi må arbeide endå meir i dialog med landbruksnæringa, kommunane, fylkeskommunen og sterke statlege aktørar som t.d. Statens vegvesen. Store veganlegg er svært arealkrevjande. Det bør vurderast om ikkje vegnormalar i større grad kan tilpassast lokale trafikkforhold og andre viktige samfunnsinteresser, som til dømes jordvern.

Vi registrerer også større behov for areal til energiproduksjon, sjølv om det til no ikkje har handla om dei mest verdifulle jordbruksareala.

**Reduksjon i omdisponering av dyrka jord**

| 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 720 | 643 | 588 | 502 | 346 | 459 | 418 | 530 | 311 | 345 |

*Tabellen viser årleg omdisponering i tal dekar, basert på Kostra-tal.*

**Systematisk folkehelsearbeid etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.11.1 i TB)**

**Rapportere på**

God ivaretakelse av langsiktig folkehelsearbeid i kommunenes planarbeid

I alt 36 av 43 kommunar i Vestland har utarbeidd folkehelseoversikter per januar 2023. Av dei 36 kommunane som har folkehelseoversikt, er 32 av oversiktene oppdaterte i 2019 eller seinare. Her ser vi ein liten framgang frå same tid i fjor. Som vi har rapportert tidlegare år, er det framleis eit behov for å vidareutvikle systematikken i arbeidet frå folkehelseoversikt til planstrategi, og vidare til fastsetjing av mål og tiltak i plan, iverksetjing og evaluering av tiltak. Det er likevel eit langsiktig og målretta arbeid. Vi trur at tettare samarbeid med fylkeskommunen om folkehelse, og ekstra innsats i 2023, vil auke talet på kommunar som utarbeider folkehelseoversikter og jobbar systematisk med folkehelsearbeidet

Vi formidlar forventningane frå folkehelselova og Helsedirektoratets rettleiar om eit systematisk folkehelsearbeid i fråsegner til planstrategiar, planprogram og framlegg til kommuneplanar. Vi etterspør oversikter der dei ikkje kjem tydeleg fram i planarbeid, eller der folkehelse ikkje er eit sentralt tema. Utjamning av sosiale skilnader i helse blir særleg vektlagt i fråsegnene våre. Basert på dei fråsegnene vi gav i 2022, meiner vi at kommunane forankrar folkehelse i planarbeidet sitt ved at dei koplar folkehelseoversiktene til planarbeidet. Ein kommune vi gav fråsegn til, har ikkje folkehelseoversikt.

Dei fleste kommunane har vektlagt utjamning av sosiale helseforskjellar i planane vi har hatt på høyring. Vi meiner også at kommunane legg vekt på å utvikle aktivitetsvenlege samfunn, gjennom overordna plan.

### 3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnssikkerhet og beredskap i kommunene

Vi har lagt stor vekt på å halde fram den tette dialogen og samhandlinga med kommunane som vi hadde under handteringa av pandemien. Ein viktig del av det er å sjå oppfølginga av kommunal beredskapsplikt under eitt, uavhengig av om det er regulert av sivilbeskyttelseslova eller helseberedskapslova. Godt og tett samarbeid internt mellom helse,- sosial- og barnevernsavdelinga og beredskapsseksjonen er viktig for å få det til. På felles arenaer som kommunemøte, tilsyn, rettleiingsmøte og fagsamling har vi lagt vekt på å bidra til å sikre ei heilskapleg tilnærming til samfunnstryggleik og beredskap i kommunane.

Tett og jamn dialog gjer at vi framleis har låg terskel for at kommunane kan ta kontakt med oss. Det bidrar til å løfte viktige problemstillingar på eit tidleg tidspunkt, og gjer at vi lettare kan rette oppfølginga vår inn mot dei problemstillingane der det er størst behov.

Medlemene i fylkesberedskapsrådet løfter oftare fram saker som dei ønskjer å bruke rådet til felles drøftingar og avklaringar av.

Det er generelt stor merksemd på arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, både i kommunane og hjå regionale styresmakter og andre aktørar med beredskapsansvar. Det har gjort fylket meir robust og førebudd, og med det betre i stand til å handtere utfordringar som måtte kome. Erfaringane frå handteringa av pandemien er ein viktig grunn til dette, men vi meiner òg at måten vi har utøvd rolla vår som pådrivar og samordnar har betydd mykje. Svært positive tilbakemeldingar frå kommunane og andre beredskapsaktørar som vi samarbeider med, støttar opp under dette.

**Valg av virkemidler tilpasset kommunens behov (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Den samlede virkemiddelbruken overfor kommunene innen samfunnssikkerhet og beredskap er tilpasset kommunenes behov.

Vi har hatt sju tilsyn med oppfølging av beredskapsplikta etter både sivilbeskyttelseslova og helseberedskapslova. Tilsyna er gjennomført som eit samarbeid mellom helse-, sosial- og barnevernsavdelinga og bereskapsseksjonen. Temaa for tilsyna har vore beredskapsplanverk, system for opplæring, øving og evaluering.

Sjølv om vi klarte å halde oppe nokså høg tilsynsaktivitet, har det omfattande arbeidet med handteringa av pandemien og konsekvensane av den

tryggleikspolitiske situasjonen, gjort at vi har måtta prioritere oppfølginga av kommunane strengt.

Vi har difor prioritert hovudvekta av interne ressursar på rettleiing og informasjonsdeling, og elles prøvd å tilpasse verkemiddelbruken etter tilbakemeldingar frå kommunane og situasjonen i fylket til ei kvar tid.

Rettleiinga og informasjonsdelinga har i hovudsak skjedd gjennom dei jamlege digitale møta med alle kommunane. I starten av året var covid-19-handteringa hovudsaka, men frå 24. februar har det mest handla om konsekvensane av krigen i Ukraina. Atomberedskap og mottak av flyktningar har vore tema som har gått igjen på dei aller fleste møta, men vi har òg lagt vekt på å ha med politiet, PST og Forsvaret for å dele informasjon om t.d. etterretnings- og cybertrusselen.

I tillegg til dei faste kommunemøta har vi òg hatt hatt fleire temamøte om særskilde problemstillingar, som t.d. atomberedskap, fjellskred, straumrasjonering og digital sårbarheit.

I september arrangerte vi ei fagsamling om samfunnstryggleik og beredskap, med brei deltaking frå kommunane. I tillegg har vi hatt møte med enkeltkommunar og kommunale beredskapsråd, og vi har evalueringsprosessar ute i kommunane.

Utvikling av totalforsvaret var eit av hovudtemaa på beredskapssamlinga. Etter samlinga har t.d. ein av kommunane orientert om at dei har etablert ei beredskapsgruppe internt, med deltakarar frå beredskaps- og helsemiljøet, for mellom anna å diskutere det vidare arbeidet med totalforsvaret i kommunen.

**Øvelser for kommuners kriseorganisasjon (fra kapittel 3.1.1.2.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i løpet av 2019- 2024 gjennomføre øvelse for alle kommuners kriseorganisasjon.

Vi har gjennomført fleire sambandsøvingar (nødnett og satelittelefon) for kommunane i løpet av året.

På grunn av den store arbeidsbelastinga som følgje av pandemien og følgjene av krigen i Ukraina, har vi ikkje ikkje kunna prioritere å arrangere andre øvingar med kriseorganisasjonen i kommunane i 2022. Vi ligg likevel an til få øvd alle kommunane i perioden 2019– 2024, slik det er krav om i tildelingsbrevet.

Vi arrangerte ein fagdag om CBRNE, der øving var ein viktig del. Det var ein del representantar frå kommunane i bergensområdet med på øvinga.

Vi har delteke på øving i redningsleiinga.

**Gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene**

| År | Totalt antall kommuner i embetet | Antall gjennomførte øvelser for kommunens kriseorganisasjon | Overordnet øvingsmål |
|---|---|---|---|
| 2019 | 43 | 28 | Kommunal atomberedskap / Beredskap for ekstremvêr og etablering av felles kriseorg. i samanslåingskommunar |
| 2020 | 43 | 7 | Oppfølging av TISK-strategien |
| 2021 | 43 | 0 | |
| 2022 | 43 | 0 | |

### 3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene

Det varierer korleis kommunane i Vestland følgjer opp prosessar og sakshandsaming på planområdet, men det overordna biletet er at fleire kommunar etter kvart har merksemd på overordna planlegging og mykje god planfagleg kompetanse. Det er som regel mindre kommunar som har utfordringar og størst vanskar med å halde planane oppdaterte. Vi registrerer elles at mange av dei ni samanslåingskommunane byggjer opp god kompetanse på planområdet, men at det tek tid å få på plass heilskaplege planar innanfor nye kommunegrenser. Forståeleg nok har mykje av plankapasiteten i desse kommunane til no vore retta mot oppdatering av samfunnsdelen. Samstundes er mange av desse kommunane viktige vekstkommunar, og vi ser at utdaterte arealdelar til kommuneplanen skapar særlege utfordringar, til dømes gjennom at det vert gitt svært mange dispensasjonar.

Nokre kommunar i Vestland slit med å leggje ut kommuneplanar og reguleringsplanar på høyring i kartløysingane sine, og leverer dei i staden i PDF-format. Dette aukar sakshandsamingstida vår ved høyring, og kvaliteten på svara vert dårlegare. Vi reknar med at andre regionale høyringsinstansar har tilsvarande utfordringar.

Vi er elles opptekne av å nytte skjønsmidlar for å få til gode, interkommunale planløysingar der dette er naudsynt. Dette trur vi kan hjelpe til med å nå målet om eit velfungerande plansystem. I 2022 har arbeidet med interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland vore eit godt døme på dette.

**Dialog med kommunene om (fasene i) plansystemet (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle kommuner har oppdaterte overordnede planer

Status for kommuneplanar er fast post i den overordna dialogen embetet har med kommunane. Vi er i gang med utvikling av Kommunebilde som verktøy i kommunedialogen, der kommuneplanstatus alltid inngår som ein indikator. I tillegg arrangerte vi i 2022, saman med fylkeskommunen, eit særskilt møte i regionalt planforum retta mot kommunar som ligg på etterskot i den overordna planlegginga.

Vi reknar statusen i fylket generelt som god til middels. Sjå elles kommentarar ovanfor om samanslåingskommunar, m.m.

Problema med for gamle, overordna planar vert likevel tydelegast i vår konkrete medverknad om reguleringsplanar og i dispensasjonssøknader. Vi ser for ofte at dei ikkje er tilstrekkeleg forankra i ein kommuneplan med konsekvensutgreiingar, der nye føringar er tekne med og vektlagde. Dialogmøta løyser difor mange av problema med sviktande plankvalitet. Saman med eventuelle motsegner og klager ser vi at desse tiltaka er med å rette merksemd på kor viktig det er å oppdatere overordna planar. Det gode samarbeidet vi generelt har med andre statsetatar i dialogmøta bidrar også mot målet om oppdaterte kommuneplanar. Det same gjeld samarbeidet og rettleiinga vi driv saman med fylkeskommunen.

**Klager over reguleringsplan (fra kapittel 3.1.1.3.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

God og rask klagesaksbehandling

Vi viser også til rapportering på rapporteringskrav 7.3.6.5.1 og tabell 253.

Vi har handsama 41 klager på reguleringsplan i 2022. 24 av sakene vart handsama innan 12 veker, altså 59 prosent av sakene.

Resultatet i år avvik frå tidlegare år. Dette er som følgje av ein gradvis større saksinngang, kombinert med mange arbeidstimar som gjekk tapt på grunn av omlegging av det elektroniske saks- og arkivsystemet og til dels høgt sjukefråvær i periodar grunna covid-19.

Klagesaker skal vere ferdig førebudde før vi tek dei til handsaming, og såleis påverkar ikkje kommunens arbeid vår sakshandsamingstid i særleg grad.

**Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunale planer har juridisk gyldige bestemmelser og plankart

Vi har også i 2022 lagt vekt på å betre den juridiske kvaliteten på planføresegner, særleg i overordna planar. I desse prosessane er det ofte behov for eigne arbeidsmøte, noko vi tilbyr. På lågare plannivå har vi, på grunn av manglande ressursar, hatt mindre detaljert oppfølging, så i sum vil vi karakterisere måloppnåinga her som middels til god. Vi ser likevel at kvaliteten på planføresegner ofte er eit tema i dialogmøte, òg om reguleringsplanar, og at både Statsforvaltaren og andre statlege etatar sine råd og krav vert forståtte og følgde opp av kommunane når dei vert orienterte om manglane.

**Juridisk veiledning og kvalitetsikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.2 i TB)**

**Rapportere på**

Konsekvensutredningsforskriften er fulgt opp

Vår vurdering er at utgreiingskrava i KU-forskrifta framleis i for liten grad vert følgde opp. Vi ser likevel døme på gode utgreiingar. I sum karakteriserer vi difor måloppnåinga som middels.

Etter at rapporten til Menon Economics og SWECO vart lagt fram i 2020 har vi vore opptekne av å løfte kvaliteten på konsekvensutgreiingane til kommuneplanane. Som rapporten peika på, er det til dels store manglar ute i kommunane på dette feltet, og vi meiner å ha dekning for at KU-forskrifta med rettleiar til no berre i middels grad har blitt nytta etter intensjonen på dette plannivået. Saman med fylkeskommunen har vi ved fleire høve lagt vekt på dette i rådgivinga mot kommunane.

Vi ser framleis manglar i reguleringsplanar med krav til KU. Dei aktuelle utgreiingstemaa er ofte med, jf. paragraf 10 i plan og/eller utgreiingsprogram, men kvaliteten på dei endelege utgreiingane og vurderinga av verknader er ofte mangelfulle. Vi har difor ved fleire høve invitert til dialogmøte ved formelle manglar ved utgreiingane.

Vi ser elles at kommunane i tvilstilfelle som regel konkluderer med at det ikkje er KU-krav til planar der vi kan ha eit avvikande syn. I slike saker prøver vi gjennom dialogmøte og skriftlege innspel å medverke til at planskildringane skal bli gode nok til at verknadene av planane likevel let seg vurdere og vert synlege. Vi ser òg ofte at ei reell vurdering av alternativa ikkje vert gjort.

Ein del kommunar er ikkje klare over at ein dispensasjon frå arealplanen ikkje gir høve til å dispensere frå sakshandsamingsreglar, som til dømes krav til KU.

Vi meiner at innsatsen vår bidrar til å bevisstgjere kommunane som ansvarleg planstyresmakt og til å gjere planane betre.

**Kvalitet på konsekvensutredninger (fra kapittel 3.1.1.3.3.3 i TB)**

**Rapportere på**

God kvalitet på konsekvensutredninger som følge av gode plan- og utredningsprogram

Vi har prioritert dette i aukande grad dei siste åra, og i 2022 vart det særleg arbeidd med å få betre plan og utgreiingsprogram på plass i saker der vi i tidleg fase, og ut frå kjent kunnskapsgrunnlag, såg at planinitiativet ville kreve særleg omfattande utgreiingar. Trass i dette ser vi at konsekvensutgreiingane relativt ofte har vesentlege manglar. Vi ønskjer difor å styrke innsatsen på dette området i åra som kjem. Vi starta mellom anna opp planlegginga av eit seminar om KU for arealplanar i sjø, som vert halde i første kvartal 2023 saman med m.a. Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og fylkeskommunen.

**Oppdaterte digitale planregistre (fra kapittel 3.1.1.3.4.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle kommuner holder digitalt planregister løpende oppdatert.

Kommunane i Vestland fører digitalt planregister i middels grad. Etter ei felles spørjeundersøking frå Statsforvaltaren og Kartverket ser vi at kommunane i stor grad fører vedtekne arealplanar, vedtekne endringar og planforslag, men i liten grad fører dispensasjonar, motsegner og klager på arealplan. Difor kan ein ikkje sjå den til kvar tid gjeldande arealbruken i kommunane i Vestland sine planregister i dag.

Nytten av oppdatert planinformasjon og planregister er ikkje godt nok forankra på leiarnivå i kommunane. I spørjeundersøkinga kjem det fram at kommunane har kompetanse og til ein viss grad økonomi, til å føre planregister, men dei får ikkje prioritert nok tid til å gjere dette. Dette vil bli betre dersom leiarnivået ser kor viktig arbeidet med planregisteret er og kva dei kan nytte eit oppdatert register til. Nokre døme er arealrekneskap, kortare sakshandsamingstid med høyringspartar, oppslag internt i kommunen og oppslag for innbyggjarane.

Gjennom 2022 har vi sett at det er meir merksemd på føring av digitalt planregister hos dei som jobbar med plan og kart i kommunane i Vestland. Dei melder likevel at det er utfordringar med korleis dispensasjonar og motsegner skal førast i planregisteret. Utviklinga i kommunane på dette området er eit resultat av spørjeundersøking, regionvise planpratar og presentasjonar på ulike arenaer (webinar, kurs, konferansar, råd og utval) der ein møter kommunane.

Statsforvaltaren børha meir søkjelys på kommunane sine digitale planregister og bruken av dei internt hos oss. Vi må også jobbe meir med å nå ut til kommuneleiinga. Dette er eit modningsarbeid der vi må jobbe med bodskapen og kvar vi informerer.

Kartverket har vore ein særs viktig samarbeidspart for å få til statuskartlegging og uformell prat om kva som er utfordringa med føring av planregister. Dei har også arrangert kurs som programvareleverandørane Norkart og Nois har hatt for kommunane. Kartverket og Digi Vestland har vore pådrivarar for at det skal gjennomførast ulike webinar. For Statsforvaltaren har det også vore nyttig å presentere arbeidet vårt for leiinga i Kartverket og andre statsforvaltarar. Kommunal- og distriktsdepartementet kan med fordel lage tydelegare rettleiarar for føring av dispensasjonar og motsegner. Oppheving av eldre planar er også noko departementet kan jobbe meir med.

### 3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven

Vi har hatt god måloppnåing for kompetansehevande tiltak i 2022. Vi har hatt tett samarbeid med Nav Vestland, med felles kompetanseplan og strategi for kompetansearbeidet.

Saman har vi hatt særleg merksemd på kvalifiseringsprogrammet, barneperspektivet i Nav, unge utsette og oppvekstreforma, i tillegg til endringar i velferdslovgivinga og kva det betyr for Nav.

**Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle NAV- kontor har god kunnskap om sosialtjenesteloven og forskrifter.

Alle Nav-kontora fekk tilbod om opplæring i sosialtenestelova med forskrifter, mellom anna om barneperspektivet i Nav, oppvekstreformas betyding for Nav, brukarmedverknad og individuell plan. Saman med Nav Vestland og Høgskulen på Vestlandet arrangerte vi forskingsverkstad for Nav-tilsette, brukarar og forskarar. Vi gav også opplæring på Ny i Nav saman med Nav Vestland.

Vi hadde fagdagar for alle Nav-tilsette i Vestland med tema brukarsamtalen, førebygging og utsette unge. Vi arrangerte nettverkssamlingar om økonomisk rådgjeving og kvalifiseringsprogrammet. Dette er nærare omtala under særskilte rapporteringskrav.

Det vart arrangert digitale samlingar og ein fysisk fagdag for dei Nav-kontora som fekk tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene. Vi arrangerte også

webinar for alle i Nav om nokre av prosjekta i tilskotsordninga. Temaet var "korleis forbetre dei sosiale tenestene i Nav". Vi har også hatt innlegg frå fleire av prosjekta på dei andre samlingane våre. Dette tenkjer vi å vidareføre i 2023. Vi ser at det er nyttig å bidra til at erfaringane frå prosjekta blir kjende for andre i Nav. Fleire Nav-tilsette fortel at dei ikkje har tid til å lese om prosjekta som utviklar tenestene, og at dei føretrekkjer samlingar eller webinar.

Temaa for dei kompetansehevande tiltaka i 2022 vart valde på grunnlag av behov vi har oppfatta gjennom tilsyn, klagesaker og evalueringar av tidlegare samlingar. Fleire nemner i attendemeldingar at samlingane våre hevar kompetansen på sosialt arbeid og lova om sosiale tenester. Vi ser også at erfaringsdeling på tvers av kontor i fylket er nyttig. Vidare har vi fått svært positive attendemeldingar på at Forandringsfabrikken deltok og hadde innlegg på fagdagane.

For at opplæringa skal vere relevant tek vi utgangspunkt i innmelde behov frå tenestene. I 2023 vil vi mellom anna arbeide vidare med førebygging, barneperspektivet og konkrete og individuelle vurderingar. Vi ser også at det er relevant å inkludere  brukarstemma på samlingane, t.d. ved å invitere Forandringsfabrikken.

**Opplæringstiltak for NAV**

| Resultatmål | Differanse resultatmål - resultat | Resultat | Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring | Antall NAV-kontor i fylket totalt |
|---|---|---|---|---|
| 100 % | 0 % | 100 % | 40 | 40 |

*Der er færre Nav-kontor enn kommunar i Vestland*

**NAV kontor med lav kunnskap tilbys tilpasset opplæring (fra kapittel 3.1.2.1.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Godt tilpasset opplæring til NAV- kontorene.

Alle Nav-kontora fekk tilbod om opplæring. Fagdagar, samlingar, webinar, fagsnuttar og nettsaker med generell opplæring var retta mot område der vi gjennom tilsyn eller klagebehandling har avdekt mangelfull eller feil forståing og praktisering av sosialtenestelova.

Nav-kontora har fått tilbod om særskilt opplæring etter behov og ønske.

Nav-tilsette som tek kontakt på telefon eller e-post, får rettleiing. Vi sender òg med følgjeskriv i klagesaker der vi ser at det er behov for rettleiing om regelverket.

**Oppfølging av kommuner med særskilte utfordringer (fra kapittel 3.1.2.1.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle NAV- kontor med særskilte utfordringer er fulgt opp.

Vi har følgt opp avdekte behov for endring og forbetring av praksisen. Vi systematiserer informasjon om kvart Nav-kontor og loggfører korleis vi har følgt dei opp, til dømes gjennom tilsyn eller råd og rettleiing. I dialogmøte med kommunane tek vi utgangspunkt i risikovurderinga frå gjennomgangen av dei sosiale tenestene. Vi har deltatt på regionsamlingane til Nav Vestland om ny verksemdsstrategi. Dette gav oss god informasjon om stoda i Nav-kontora. Vi fann derfor ikkje grunn til å ha eige dialogmøte med kommunane.

Alle Nav-kontora vart inviterte til å delta i eigenvurderingstilsyn og opplæringstilbod. Temaa i eigenvurderingstilsynet var opplysing, råd og rettleiing og økonomisk stønad til personar mellom 18 og 25 år. Alle planlagde tilsyn vert følgde opp til lovbrota er retta.

Dei største utfordringane er korleis Nav-kontora best kan bidra til å redusere fattigdom og fremje sosial inkludering. Det er viktig at dei sosiale tenestene er tilgjengelege for alle. Det er ikkje alltid tilfelle, særleg for dei som ikkje er digitale eller er i særleg vanskelege situasjonar.

Tilgjengelegheit gjeld alle dei fem individuelle tenestene etter lov om sosiale tenester. Det er viktig at brukarane får nok og tilpassa informasjon om kva rettigheiter dei har. Dette er noko vi følgjer opp.

Der er behov for å heve kompetansen om konkrete og individuelle vurderingar og føremålsparagrafens betyding for dette. Vidare er det risiko for at barnefamiliars situasjon ikkje blir godt nok kartlagd, og at dei dermed ikkje får heilskapleg oppfølging. Vi har hatt mykje merksemd på dette i kontakt med kommunane, gjennom  kompetansetiltak og i dei landsomfattande tilsyna. Dette arbeidet fortset vi med i 2023.

### 3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene

Kommunane i fylket er kjende med den demografiske utviklinga og framtidige utfordringar i eigen kommune. Dei har vedtekne planar eller arbeider med planar som skal bidra til å sikre nok kapasitet, trygge og gode tenester framover. Kommunane arbeider kontinuerleg med pasienttryggleik og kvalitet. Demografiutfordringar og berekraft er tema i overordna plandokument. Omstilling og bruk av velferdsteknologiske løysingar er også aktuelle tema.

Kommunane og helseføretaka er i gang med arbeidet i helsefellesskapa. Slik vi vurderer det, har dei ulike helsefellesskapa i fylket kome ulikt i planlegginga og samarbeidet om utvikling av framtidige samanhengande og bærekraftige tenester. Vi ser at tenester til barn og unge, rus og psykisk helse, skrøpelege eldre og demensomsorg, og tenester til kronisk sjuke, er satsingsområde i mange kommunar. Likevel har kommunane og

helseføretaka framleis ein veg å gå i samhandlinga og samarbeidet om samanhengande og berekraftige helse- og omsorgstenester til målgruppene.

Vi har merksemd på plikta til å yte nødvendige og forsvarlege tenester, på kvalitet og pasienttryggleik på ulike møteplassar med kommunane, når vi gjev råd og rettleiing, i sakshandsaminga og i tilsynsarbeidet vårt. Vi har hatt særskilt merksemd på kvalitet og pasienttrygglekk for utsette grupper som sårbare barn og unge, personar med utviklingshemming, eldre og demente. Vi har gitt råd og rettleiing til kommunane om å kartlegge og vurdere kapasiteten i tenestene, og planlegge for auka tilgang ut frå demografi og lokale behov, mellom anna i dialogmøte og i våre tilbakemeldingar på planarbeidet i kommunane.

Vi meiner at oppfølginga av kommuane gjennnom sakshandsaming og generell dialog, har bidratt til å styrke arbeidet med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik.

**Bistand til kommunene for å møte demografiutfordringene innen helse- og omsorgso (fra kapittel 3.1.3.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunene gjennomfører en langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tjenestene.

Dette må ses i sammenheng med planlegging og utvikling av tjenester til de fire prioriterte gruppene i helsefellesskapene:

- barn og unge
- personer med alvorlige psykiske lidelser og rusproblemer
- skrøpelige eldre
- personer med flere kroniske lidelser

Demografi og berekraft er tema i samfunnsplanarbeidet. Kommunane kan få hjelp og rettleiing frå oss, mellom anna i regionalt planforum og i eigne møte med kommunane. Få kommunar ber om råd i arbeidet med sektorplanar på helse- og omsorgsområdet. Leiarar og planleggjarar har fått informasjon, og har kunnskap om, ulike verktøy som kan vere til nytte i dette arbeidet.

**Eldreomsorg**
Alle kommunane i fylket har gjort politiske vedtak, eller vedteke planar som samfunnsdel til kommuneplan, helse- og omsorgsplan eller eigne Leve heile livet-planar for gjennomføringa av Leve heile livet-reforma. Demografisk utvikling og framtidige utfordringar med tilgang til og kapasitet i dei kommunale helse- og omsorgstenestene, er omtalt i planverket. Vi har inntrykk av at kommuneleiingane er godt kjende med stoda i eigen kommune og planlegg tiltak for å møte framtidige utfordringar. Tiltaka og satsingane handlar mellom anna om rekruttering og kompetanseplanlegging, organisering av tenestene, helsehjelp, kontinuitet og gode pasientforløp, heildøgerstilbod og fleire ulike bustadtilbod, velferdsteknologi, medverknad, samhandling med pårørande og aldersvenlege lokalsamfunn.

Dei fleste kommunane rapporterer om utfordringar med ei aldrande befolkning og fødselsunderskot. Vi vurderer at leiarar og planleggjarar er kjende med befolkningssamansetting og -framskrivingar i eigen kommune, og utfordringane dette vil få for kompetanse, kapasitet og kvalitet i tenestetilbodet.

Samstundes ser vi at mange av kommunane reduserer talet på sjukeheimsplassar utan å erstatte med andre bustadformer. Vi har også døme på kommunar der det etter omorganisering av verksemda i institusjon og heimetenester, reduksjon i bemanning og kompetanse til tilsette, har oppstått svikt. Med aukande tal eldre og fleire med demenssjukdom, er vi usikre på om desse kommunane planlegg for nok kapasitet og kvalitet i tenestetilbodet til eldre og demente.

**Barn og unge**
Barnevernsreforma (oppvekstreforma) har ført til at dei aller fleste kommunane i fylket legg større vekt på planlegging av eigne tenester, utvikling av forebyggande tiltak og kompetansebygging på barn og unge-feltet. Endringane i velferdslovene og nytt lovkrav om at kommunestyret skal vedta ein plan for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar, har også verka inn på arbeidet i kommunane. Mange kommunar har sett i gang større innsiktsarbeid som grunnlag for å revidere planverket. Vårt inntrykk er at kommunane byrjar å få ei god forståing for kva som følgjer med dei nye lovkrava. For mange kommunar vil desse prosessane krevje høg innsats over lang tid.

Det er krevjande å bygge opp både kompetanse, strukturar og kultur for samhandling på tvers av fagfelt, kommunegrenser, og å dreie innsatsen mot meir og betre førebyggande tenester.

Nokre kommunar som ønskjer støtte i førebuingane til reforma, og særleg arbeidet med den førebyggande planen heimla i barnevernlova § 15-1. Vi har kartlagt kva type støtte kommunane meiner dei treng, og kor mange det gjeld hausten 2022. Totalt sa 36 av 43 kommunar at dei ønskte støtte, erfaringsutveksling, informasjon og råd til arbeidet. Vi svarar på dette behovet ved å invitere kommunane til ein planprosess om førebyggande planar på barn og unge-feltet våren 2023, saman med KS, fylkeskommunen og kompetansemiljøa.

Fleire av dei mindre kommunane strevar med å bygge opp kompetanse som møter behova i befolkninga. Dei kommunane som har vertskommunesamarbeid på ulike felt med ulike kommunar, har ei særleg utfordring når dei skal lage strukturar for korleis samarbeid skal skje både på systemnivå og kring einskilde barn eller familiar som treng hjelp frå fleire instansar. I større og nye kommunar er det krevjande å få ei god oversikt over kva kompetanse, tiltak og behov som er i kommunen, og lage gode strukturar for samhandling og heilskaplege planar for utviklinga.

Fleire kommunar strevar med å rekruttere personell med naudsynt kompetanse og erfaring, til dømes i barneverntenestene. Nye kompetansekrav, forsterkar nok dette. Vi har det siste året sett at enkelte små kommunar har særlege utfordingar med å rekruttere og halde på personell. Dette har ført til store utfordringar med å oppretthalde forsvarleg drift i desse tenestene.

**Rus og psykisk helse**

Tenester til personar med alvorleg psykisk liding og rusproblematikk (ROP) er framleis under oppbygging i mange av kommunane. Utfordringane er mellom anna å skaffe bustad, få hjelp til å behalde bustad og tilby gode oppfølgingstenester. Fleirtalet i denne pasientgruppa har ofte tenester frå både kommune- og spesialisthelseteneste, og Helsedirektoratet er pådrivar for at spesialisthelsetenesta i samarbeid med kommunar opprettar FACT-team. FACT arbeider oppsøkande og skal tilby integrerte tenester. Det er utfordrande å få kommunar til å forplikte seg til FACT-samarbeid av ressursmessige og økonomiske årsaker.

Vi har arrangert fleire webinar om bustadsosialt arbeid for kommunane om det å skaffe og behalde bustad for denne pasientgruppa. Mange kommunar har delteke på webinara, og for kommunane er det viktig å utveksle erfaringar med andre kommunar om korleis dei jobbar på feltet. Vi har også hatt ei rekkje webinar med temaet Housing First, som er ein modell for å hjelpe ROP-gruppa med bustad. Vårt inntrykk er at tenestene til ROP-pasientar er eit prioritert fagfelt i mange kommunar, spesielt i kommunar med fleire brukarar. ROP-pasientar treng ofte tett oppfølging, og er såleis ei ressurskrevjande gruppe.

Rus- og psykisk helseteneste er framleis litt ulikt organisert i kommunane, men dei fleste har med åra valt å organisere rus- og psykisk helsefeltet som ei eiga eining innanfor helse og omsorgssektoren. Inntrykket er at samarbeidet mellom kommunane og spesialisthelsetenesta stor sett er bra, men begge nivåa har vanskar med å rekruttere fagkompetanse. For kommunane er det vanskeleg både å skaffe og å halde på psykologkompetanse, og utfordringar med å skaffe nok høgskuleutdanna personale med relevant vidareutdanning. På landsbasis har årsverka gått litt opp, jamfør SINTEF rapport IS-24/8 Kommunalt psykisk helse og rusarbeid 2022.

### 3.1.1.6 Andre oppdrag

I samarbeid med KORUS Bergen ga vi informasjon og rettleiing til kommunane om regelverk knytt til organiseringa og oppgåvene som rådgjevande eining for russaker er meint å vareta. Tilbakemeldingar frå deltakarane tilseier at rettleiinga var relevant og nyttig. Det er likevel problematisk at det framleis manglar avklaring frå nasjonale styresmakter om enkelte delar av regelverket. Samarbeidet med KORUS Bergen vert vidareført i 2023. Alle kommunane har fått informasjon og rettleiing om tilskotsordningane til å styrke tenestetilboda innan rus og psykisk helse.

Første nettverkssamling for deltakarar i FACT vaksen vart gjennomført i samarbeid med regionale kompetansesenter, NAPHA og representantar frå FACT-team. FACT ung var ikkje tema ettersom vi venta på avklaring frå Helsedirektoratet. I møte med direktoratet desember 2022 fekk vi beskjed om å vente med tiltak til NAPHA, som står for den nasjonale implementeringsstøtta, tek kontakt. Vi har gitt fagleg bistand til kommunane om styrking av tenestetilbod innan rus og psykisk helse, i samarbeid med dei regionale kompetansesentra vi har samarbeidsavtale og faste halvårlege møte med.

'Med bakgrunn i presisering av kravet om integrerte team i regelverket for tilskotsordningane til FACT-team, gjennomførte Statsforvaltarane i Vestland og Rogland, i samarbeid med nasjonale kompetansesenter, ei samling for alle kommunane i opptaksområdet til Helse Fonna, helseføretaket og politiet om FACT-tryggleik. Vi fekk gjort betre kjent kva som er forventingane til deltakarane og arbeidsforma i teamet.

Vi har i fleire år samarbeidd med RVTS Region Vest og RKBU Vest for å styrke kompetansen om førebygging og oppfølging av barn og unge i risiko for, eller som har vore utsette for, vald og overgrep og har byrja på tilsvarande arbeid for vaksne. KORUS Bergen har ei sentral rolle i arbeidet for å førebyggje overdosar, og vi deltek.

### 3.1.1.7 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester

Vestland har eit stort spenn i naturtypar, og vi er det fylket i landet som har flest landskapsregionar representerte. Like fullt ser vi diverre at fleire viktige økosystem har vore i sterk negativ endring dei seinare tiåra, og denne utviklinga har ikkje stogga. Årsakene er mange og store, men vi ser gode resultat i form av betra tilstand der vi har høve til å gå inn med konkrete og målretta tiltak.

**Sjøfugl og marine område**

Den negative utviklinga i marine økosystem kan sjå ut til å ha stogga opp, men om ein tek utgangspunkt i sjøfuglbestandane er tilstanden slett ikkje god. Vi ser ein viss framgang for sjøfuglane i nokre viktige område der vi har fjerna framande treslag og annan vegetasjon ved skjøtselstiltak, men dei store utfordringane ligg på eit anna plan, utanfor vårt funksjonsområde. Vårt så langt einaste marine reservat (Lurefjorden og Lindåsosane) fungerer etter intensjonen, men har avgrensa effekt på økosystema.

**Alpine økosystem**

Her har det over tid skjedd store endringar, ofte styrt av endra førekomst av smågnagarar i viktige område og endra insektproduksjon, truleg også som følgje av klimaendringar. Villreinen i fjellområda våre har fått raud farge i kvalitetsnormen. Effektive tiltak for å betre tilstanden vil måtte bli massive og dei hastar. Effektive tilpassingar av bruksomfanget i fjellet vil vere avgjerande for at økosystema som villreinen tilhøyrer skal oppnå tilfredsstillande tilstand i framtida.

**Våtmark og myr**

Her meiner vi økosystema no er meir intakte enn mange andre i fylket vårt, og vi opplever kunnskapen om den økologiske verdien av våtmark og myr som stigande. Rett nok skjer ikkje mange restaureringstiltak for slik natur i Vestland, men nedbygging skjer heller ikkje i same omfanget som før.

**Vassdrag**

Vi har eit godt samarbeid internt hos Statsforvaltaren, og med fylkeskommunen og vassområdekoordinatorane. Fleire kommunar har vakna og tek dette

arbeidet på alvor. Innsatsen på landbruksområdet, der vi bidreg med kunnskap og pengar, er avgjerande for resultatet.

Både landbruksorganisasjonane og bøndene har større forståing for temaet. Ei hovudårsak til dette er at forureining er eit viktig tema i Regionalt miljøprogram (RMP), og at det er knytt ekstra tilskot til driftstiltak som avgrensar avrenning til vassdrag.

Ut frå dei midlane vi er tildelt, er vi nøgde med innsatsen vår mot framande skadelege artar. Derimot er tilstanden for villaks og sjøaure negativ mange stader, somme stader kritisk, til tross for mykje merksemd og mange gjennomførte tiltak.

**Skog**

Samfunnet er i dag mykje meir medvite om særpreget ved naturskogane på Vestlandet, og gjennomførte restaureringstiltak får mykje positiv merksemd. Tilstanden er tilsynelatande grei i skogøkosystema, men mange av artane som lever her er raudlista, utan at vi har kjennskap til kva som er årsakene til dette. Restaureringstiltak i skog dreier seg ofte om fjerning av framande treslag. Dette fungerer godt og gir god effekt der vi gjennomfører tiltak. Her blir sjølvfrøing til nærområda eliminert, og naturen kan ta tilbake tidlegare tapt areal. Budsjetta vi har til rådvelde samsvarer diverre dårleg med den totale utfordringa, og så langt kan vi berre restaurere dei viktigaste biotopane.

**Kulturlandskap**

Kulturlandskapet er i kontinuerleg endring også på Vestlandet, i takt med utviklinga i samfunnet og i landbrukssektoren. Ulike tilskotsordningar og andre økonomiske verkemiddel gjer det i dag mogleg å oppretthalde ønskt drift i viktige kulturlandskap, og dermed vareta den økologiske tilstanden. Systemet er svært sårbart for eventuelle endringar i tilgangen på økonomiske ressursar, og vi opplever at eksisterande ordningar er krevjande å administrere.

**Redusert negativ effekt av fremmede skadelige organismer på naturmangfoldet (fra kapittel 3.1.4.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Redusert negativ effekt av fremmede skadelige organismer på naturmangfoldet.

Kartlegging av japansk sjøpung ("havnespy") gjer at vi har ei viss oversikt over situasjonen, og informasjonstiltak har ein viss effekt for å bremse spreiinga. Kartlegginga vert utført av Havforskningsinstituttet.

Tiltak mot framande landlevande planter, inkludert utanlandske treslag, har gitt god effekt ved at frøplanter er fjerna lokalt. På desse lokalitetane er også oppslag av ungplanter under kontroll.

God kontakt og samarbeid med kommunar, frivillige organisasjoner, grunneigarar og lokale ildsjeler har fungert godt, og er ein føresetnad for eit vellukka resultat og ein langvarig effekt.

**Tilstanden i og kunnskapen om vannforekomstene (fra kapittel 3.1.4.1.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Tilstanden i og kunnskapen om vannforekomstene er forbedret.

Vi har store overvakingsprogram i fylket som vert finansierte som spleiselag mellom oss, kommunar, verksemder og vassområde. Ved å koordinere og samordne slike store klassifiseringsprogram, saman med pålegg om miljøgransking i nærsona, får vi ein stor gevinst i ressursbruk. Vi får også ei meir heilskapleg overvaking med moglegheit for kjeldesøk i «sanntid». Med lik behandling av deltakarar blir det også større aksept for pålegg. Både vi og dei får eit betre kunnskapsgrunnlag for å vurdere kva tiltak eller vekst det er rom for, og verksemder ser effekten av å delta. Dette gir færre enkeltsaker til behandling.

Ein annan viktig effekt ligg fram i tid. Betre kunnskapsgrunnlag vil endre status på vassførekomstane vi undersøker, og gi kunnskap om vi må oppdatere påverknader og vurdere nye tiltak. Endringa skjer først når data frå overvakinga blir lasta opp til Vannmiljø-databasen og Vann-nett. Dette vil vi kunne sjå effekten av i 2023.

Store område er framleis påverka av sur nedbør. Mesteparten av kalkingstiltaka her skjer i fem anadrome vassdrag. Overvaking (sjå lenke) viser at kalkinga gir den ønskte vasskvaliteten.

Effekten på det biologiske livet er meir varierande. Årsaka til det er at andre påverknader enn forsuring har negativ innverknad på dei anadrome bestandane.

Overvaking kalka vassdrag

### 3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres

Vi har 76 naturtypar på raudlista (nær trua–kritisk trua) i fylket. Vi arbeider aktivt med å betre situasjonen for fleire av desse. Særleg gjeld dette naturtypar i kulturlandskapet, som slåttemark, slåttemyr, kystlynghei og naturbeitemark. Vår innsats (utarbeiding av skjøtselsplanar, kartlegging og tildeling av tilskot, informasjonsarbeid m.m.) gjer at at nye viktige område blir restaurerte og får skjøtsel årleg.

Vi har auka innsatsen for å ta vare på dei mest verdifulle naturbeitemarkene, og vi har fått utarbeidd skjøtselsplan for fleire naturbeitemarker med viktig artsmangfald (raudlista beitemarkssopp, inkludert tinnvokssopp). Skjøtselsplanar bidrar til god skjøtsel, meir kunnskap og større engasjement. Vi kan ikkje måle effekten av dette enno, men reknar med det vil bidra til å bevare verdifull natur.

Det er 1036 trua artar (kritisk trua–nær trua) i fylket. Av desse er det 26 som er kritisk trua og 223 som er sterkt trua. Dette er fleire enn det var i fjor, men dette kjem av at raudlista er revidert og fleire artar no står på lista.

Vi gjennomfører årleg overvaking av dvergålegras som er prioritert art, for å vere i stand til å kunne setje i gang tiltak om situasjonen skulle endre seg for dei få bestandene som er att av denne trua arten. Vi har ikkje sett endring i tilstand i 2022 som gjer at vi har vurdert tiltak for ein enkelt bestand. Vi er i gang med å vidareutvikle metodikk for bestandsovervaking, som skal vere standardisert, kunne takast i bruk av ulike fagmiljø, og gjere det enklare å sjå utvikling i areal og tilstand over tid. Effekten av tiltaket vil vi ikkje sjå før metodikken er ferdig i 2023, og vert tatt i bruk i felt i 2024.

Vi har også gjennomført tiltak for å betre situasjonen for viper på Herdla. Vipene har ei svært god utvikling på grunn av desse tiltaka. Vi har og fordelt tilskot til viktige tiltak for å ta vare på trua artar, mellom anna pollinerande insekt.

I 2022 vart det verna sju nye skogvernområde med meir enn 10 000 dekar, noko som gir meir vern av raudlisteartar og naturtypar som bekkekløfter, kalkfuruskog og ulike typar edellauvskog og regnskog. Bremsen i skogvernarbeidet medførte at vi takka nei til område vi elles håpa å gå vidare med. Vi håpar at reduksjonen i skogvernbudsjettet ikkje vil redusere framgangen i 2023, då vi er redde for at effekten av reduserte budsjett vil påverke tilbodet av nye område eller at grunneigarar trekkjer seg fordi det tek for lang tid.

For pollinerande insekt bidreg tilskot til restaurering/rekruttering av artsrike slåttemarker, som er viktige leveområde for dei ville pollinerande insekta.

**Forbedret tilstand for truet natur (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Forbedret tilstand for truet natur.

Vi har fått utarbeidd elleve nye skjøtselsplanar og kartlagt 32 nye område som no har rett på RMP-tilskot. Det har vore fagdag for lyngheidrift på Lyngheisenteret.

Ei rekkje område med verdifull natur har fått tilskot for rett skjøtsel, og verdiane der blir dermed haldne ved like. Gjennom fagdagen på Lyngheisenteret og andre møte og seminar, er det og spreidd kunnskap som er viktig for å kunne halde denne naturtypen i hevd.

Effekten av dette arbeidet er at i åtte nye område med naturbeitemark og i fire nye område med kystlynghei, har dei som driv fått oppdatert informasjon om kva verdiar dei forvaltar, og korleis dei best kan ta vare på dei. Dei har og fått høve til å få tilskot. Dette gjer at sjansen aukar for at områda blir haldne i hevd, og for at dei får rett skjøtsel.

Vi har følgt opp handlingsplan for dvergålegras med overvaking av kjende lokalitetar og kartlegging av område med potensial for å finne nye førekomstar. Oppdatert kunnskapsgrunnlag om tilstanden til lokalitetane av dvergålegras gjer at vi kan ha ein kunnskapsbasert forvaltning av arten. Vi kan lettare fange opp endringar som krev at vi set inn tiltak for å sikre livskraftige bestandar, og hindre at lokalitetar går tilbake eller forsvinn.

Med utgangspunkt i at vipa no har status som «kritisk trua» i raudlista, har arbeidet med å vareta viktige hekkebiotopar vorte intensivert i 2022. Arbeidet involverer også flere frivillige organisasjoner og motiverte grunneigarar. Summen av gjennomførte restaureringstiltak i Herdla naturreservat viser ein klar effekt og gjer at talet på vipereir her har auka frå 0 i 2007 til 32 i 2022, med tilhøyrande god ungeproduksjon. Herdla naturreservat er no eit viktig rekrutteringsområde for ein art som elles er i sterk negativ utvikling, også i regionen. Oppunder to prosent av den norske hekkebestanden av denne arten er no å finne i dette verneområdet aleine.

Tinnvokssopp er i gruppe 1 i oppfølgingsplanen for trua natur. Vi har gått gjennom alle lokalitetar i fylket som er registrerte med soppen (ti lokalitetar) og vi har sett i gang arbeidet med å få utarbeidd skjøtselsplan for alle område der dette er aktuelt (der det er drift og der drivar er interessert i ein plan). Dette gjeld sju område. For to område er arbeidet utsett til 2023. Effekten av dette er at dei som driv og eig områda no er informerte om verdiane dei har i markene sine. Dei har fått klare råd om korleis dei skal ta vare på verdiane, og korleis dei skal kunne få tilskot til dette. Vi reknar med at dette aukar denne skjøtselskrevjande arten sin sjanse for å overleve.

**Bestandsmålene for rovvilt er nådd og tapene av beitedyr til rovvilt er redusert (fra kapittel 3.1.4.2.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Bestandsmålene for rovvilt er nådd og tapene av beitedyr til rovvilt er redusert.

Den todelte målsetjinga for rovviltpolitikken er oppnådd. Både tapet av sau og tal søknader er gått ned, og utbetalt erstatning er meir enn halvert frå 2021. Vi hadde ingen fellingsaksjonar i 2022, kvotejakt er lite aktuelt og lisensfelling resulterte i ein felt hannjerv i Luster kommune. Denne utviklinga er nok ein effekt av det arbeidet som blir utført av Statens naturoppsyn, som i ekstraordinære uttak tok ut eit jervehi (tispe med tre ungar) og ein hannjerv, alle i Luster kommune. Vestland har i mange år vore avhengig av ekstraordinære uttak av jerv, og lisensfelling har ikkje vore tilstrekkeleg til å unngå dette. Vi ser det som ei stor utfordring dersom skadeomfanget frå jerv i til dømes Luster skal haldast nede berre ved lisensfelling.

Nokre saueeigarar med utegangarsau på kysten har utfordringar med dokumentert skade av kongeørn. Her er det ikkje praksis for skadefelling, og vi arbeider med korleis vi kan få til gode effektar av førebyggjande tiltak.

#### 3.1.1.9 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner

Vår auka innsats for å verne meir natur har gjennom ein effektiv dialog med kommunane, ført til at fire av seks kommunar har gitt grønt lys for vidare arbeid. Dei to siste vil handsame saka tidleg i 2023. Det pågår også arbeid med å utvide eksisterande nasjonalparkar.

Det er meldt oppstart av marint vern av Sognefjorden. Stad marine verneområde er sendt til direktoratet, og Dalsfjorden marine verneområde er snart klar for oversending.

Hardangervidda nasjonalpark er den einaste nasjonalparken i landet som ikkje er forvalta av eit interkommunalt nasjonalparkområdestyre. Vi tok i 2015 initiativ til å endre forvaltingsmodellen også her. Dette har møtt motstand i fleire av vertskommunane. I mai 2022 fekk vi endeleg samla alle ordførarane til eit møte i Eidfjord, med representasjon også frå politisk leiing i KLD og frå Miljødirektoratet. Eit fleirtal av kommunane har i ettertid skrive til KLD at dei ikkje ønskjer endringar i forvaltingsmodellen, men at dei like fullt vil ha meir ressursar til forvaltinga av verneområda på Hardangervidda.

Arbeidet vert no vridd over på arbeidet med handlingsplan inn mot den varsla stortingsmeldinga om villrein. Forvaltingsstrukturen blir som før, inntil det kjem nye initiativ. Vi er samde med kommunane om at forvaltinga må styrkast, men ikkje om korleis.

Totalt sett går utviklinga innan vern i rett retning, men det tar tid og er ressurskrevjande.

**Myrer og andre våtmarker er restaurert (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Myrer og andre våtmarker er restaurert til en tilstand som gir gevinster for karbonlagring, klimatilpasning og naturmangfold.

Vi har ikkje gjennomført tiltak i denne sektoren i 2022. Vi måtte utsetje tre planlagde prosjekt som alle hadde fått finansiering, på grunn av tilhøve som er utanfor vår kontroll. Vi har få slike utfordringar i etablerte verneområde, men mange utanfor, og det er vanskeleg å få aksept for restaurering der, utan at vi kan tilby anna enn restaurert myr.

#### 3.1.1.10 Forurensning skal ikke skade helse og miljø

I hovudsak har vassmiljøet god tilstand, og utviklinga går i riktig retning. Vi har likevel problem i nokre område. Mange av sjøresipientane er registrerte med redusert miljøtilstand, ofte grunna miljøgifter i sedimenta etter utslepp frå tungindustri.

Bransjar vi har følgt tett over mange år, har over tid fått mindre miljøavtrykk. Akvakultur er ei stor næring i Vestland, som bidreg med både eutrofi og miljøgifter. Oppfølginga av denne næringa har gitt mindre koparbruk på oppdrettsnøter, og teknologiutvikling med mindre organisk belastning. Skjerpa krav til kommunale avløp gir stadig mindre eutrofibelastning.

Arbeidet som er gjort inn mot skipsverfta i fylket viser stort sett akseptabel risiko for miljøskade, og område som framleis har risiko blir følgde opp.

For forureina grunn har vi utfordringar med oversikt over lokalitetar, kartlegging av risiko, oppfølging og opprydding. I dei komande åra vil det også vere behov for meir oppfølging av bransjar som næringsmiddel og avfallsanlegg.

Vestland har den lågaste utsorteringa per innbyggjar i landet i dag. Krav om utsortering av matavfall og auka tilgang på marine avfallsfraksjonar, gjer at det vil bli samla inn mykje meir organisk avfall i åra framover. Større satsing på biogass nasjonalt og større etterspurnad etter biogass, gjer at det vil kome mange søknader om etableringar av biogassanlegg. Anlegga ønskjer å bruke bioresten i nabolaget til biogassanlegget for å redusere transportavstanden. Høgt innhald av fosfor i landbruksjord gjer at slik bruk av biorest vil vere i konflikt med omsynet til miljøtilstanden i vassdrag og sjø.

Vi ser også at disponering av sprengstein er dårleg regulert, og i nokre tilfelle vil det kunne gi store utslepp av nitrogen. Vi jobbar med ein strategi for massehandtering for å regulere dette betre, og forventar effekt av det i framtida.

**Forurensningskilder fra overgjødsling (fra kapittel 3.1.4.4.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Forurensningskilder som skaper eutrofiering, er godt regulert.

Vi har regulert utsleppa frå kommunale avløp effektivt. Samstundes har vi eit forbetringspotensiale i reguleringa av næringsmiddel, akvakultur og biologisk behandling av avfall.

Vi er nesten heilt i mål med oppdatering av avløpsløyva. Det gjenstår å revidere løyva til éin kommune og private anlegg i fire kommunar. Vi ventar at dei nye løyva mellom anna vil gi reduserte utslepp av ureinsa avløpsvatn frå leidningsnettet. Effekten vil først bli synleg gjennom tilsyn med dei nye løyva i 2023 og utover. Dei fire kommunane som ikkje overheld reinsekrav i dag, jobbar aktivt med bygging av nye avløpsanlegg, og vi følgjer desse tett opp for å sikre framdrifta vidare. Når dei nye anlegga er i drift vil dette innebere reduserte utslepp og dermed god miljøeffekt.

Vi har sett strenge krav til anlegg som behandlar biologisk avfall, til dømes nytt komposteringsanlegg i Vik, om å ikkje ha utslepp til elv, men heller unngå avrenning gjennom å ha aktiviteten under tak. Dette førebyggjer auka eutrofi i eit allereie belasta vassdrag.

Avfallsanlegg med IED-krav er ikkje godt nok regulerte. Det står att ein del arbeid for å få oppdatert løyva i samsvar med nye BAT-krav. Dette betyr at bransjen ikkje har like vilkår, og at nokre utslepp enno ikkje er regulerte i samsvar med BAT AEL. Det er også ein del etterslep på saksbehandling av næringsmiddelverksemder og akvakultur.

Vi er opptatt av å ha god dialog med oppdrettar når lokalitetane vert "for små" eller overbelasta av nedslamming. Vi ønskjer ikkje at ein berre kan gi opp gamle lokalitetar og stadig finne nye. For akvakulturanlegg med redusert miljøtilstand har vi vore opne for utprøving av nye tekniske løysingar, som slamoppsamling. Vi har allereie nokre anlegg med slamoppsamling, og det er fleire på veg. Vi har dermed oppnådd ei teknologiutvikling med lågare miljøavtrykk og ei meir effektiv utnytting av sjøareala.

I hovudsak har sjøresipientane god tilstand med omsyn til eutrofi. I vår regulering av utsleppa blir oppgåva derfor å oppretthalde god miljøtilstand, framfor å måtte reparere. Vi har dei siste åra hatt meir merksemd på vilkår om miljøovervaking i alle typar løyve, med mål om å få betre oversikt over samla belastning og dei enkelte verksemdene sin del i dette. For store landbaserte akvakulturanlegg krev vi også modellering av verknader av næringssalt og ei trinnvis oppskalering av produksjonen. Vi vil som resultat kunne unngå eutrofieringseffekter av utsleppa gjennom ei meir presis regulering. Vi vil også kunne oppdage uføresette verknader av utsleppa som vi gir løyve til, tidsnok til å unngå miljøskade. Eit døme på at langvarig miljøovervaking har gitt resultat og nytte, er at oppblomstring av blågrønalgar er oppdaga i Skogseidvatnet dei siste åra, og følgt opp med tilsyn og varsel om tiltak i samarbeid med Fiskeridirektoratet. Effekten på miljøet vil venteleg bli synleg dei komande åra.

I oppfølginga av verksemdene har vi også hatt meir merksemd på at alle miljødata blir rapporterte inn til aktuelle nasjonale databasar. Dette bidrar til at meir miljødata er gjort tilgjengeleg som grunnlag for vår eiga saksbehandling og ei meir open deling av miljøinformasjon til ålmenta.

Samordninga internt mellom ulike bransjar på forureiningsområdet og mellom forureining og landbruk kan bli betre. Vi ser behov for å jobbe meir systematisk og risikobasert både i kvar enkelt vassførekomst og med kravstilling til ulike bransjar.

**Vannforvaltningsplaner**

| Tema | Hvor mange vannforekomster vil nå miljømålene, innen gitte frister | Hvor mange vannforekomster vil ikke nå miljømålene, innen gitte frister | I hvor mange vannforekomster er det fastsatt regionale forskrifter for å nå målene | I hvor mange vannforekomster har SF vurdert å innføre regionale forskrifter |
|---|---|---|---|---|
| Antall | 0 | 0 | 0 | 0 |

*Vestland har svært lite open åker og erosjon frå jordbruksareala er difor eit lite problem. Hos oss er diffus avrenning frå jordbruksareal, spreidd avløp og spreiing av husdyrgjødsel utfordringane vi må arbeide vidare med. Før det vert innført regionale forskrifter vil vi arbeide vidare med motiverande tiltak gjennom tilskot i RMP.*

**Kommuners registrering i Grunnforurensning (fra kapittel 3.1.4.4.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunene har oversikt over egne lokaliteter med grunnforurensning.

Vi har spurt alle kommunane om status. 35 prosent (15 av 43) visste at dei hadde innlogga brukar hausten 2022. Fem kommunar hadde aktivitet i GF i 2022 (gjaldt ti lokalitetar). I tillegg har ekstern konsulent rapportert på 18 lokalitetar. Ti av 22 innkomne saker er sett på av kommunane i 2022.

Kommunane har dårleg oversikt og mange følgjer ikkje pliktene dei har etter lovverket. Få eller ingen saker etter kapittel 2 i forureiningsforskrifta er rett eller ferdig handterte.

Kommunane vart inviterte til fagsamling (nettseminar) i desember. 82 deltakarar frå 32 kommunar deltok.

Vi har følgt opp meir enn ti kommunar med individuell rettleiing, møte og opplæring, i tillegg til fagsamling.

Vi har fått fleire spørsmål enn vanleg om rett handtering av grunnforureiningssaker. Mot slutten av 2022 er fleire saker handterte i samsvar med saksbehandlingskrava. Fleire private rådgjevingsfirma er minte om og rettleidde om regelverket.

Det er fleire hinder for å nå målet, mellom anna manglande ansvarsplassering av fagfeltet i kommunane og manglande forståing for samordning mellom forureiningsforskrifta og plan- og bygningslova. Kommunane har få saker i året og dermed manglande erfaring. Vi ser mange feil og manglande registrering i GF, og manglande overføring til matrikkel.

Det finst ikkje system for overføring av ansvar og retting av tilgang ved skifte av ansvarleg saksbehandlar. Vi har framleis noko låg kapasitet til å følgje opp kommunane og enkeltsaker, men vi har planlagt å auke denne kapasiteten i 2023. Miljødirektoratet har også låg kapasitet til oppfølging av GF. Lang svartid på registrering av brukar, manglande oversikt over brukarar og manglande respons på opning av saker gjer at godkjenningssaker hopar seg opp.

**Forurensning fra nedlagte skytebaner (fra kapittel 3.1.4.4.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Forurensningen fra nedlagte sivile skytebaner skal ikke føre til skade på helse og miljø.

Målet er ikkje nådd.

Nedlagde skytebaner er registrerte i fagsystemet Grunnforurensning. Det manglar eit tal skytebaner der vi ikkje kjenner plasseringa, eller som ikkje vart fanga opp i den nasjonale kartlegginga. Nokre baner er klassifiserte med påverknadsgrad 3 (behov for tiltak i fagsystemet), men dei fleste som X (ukjend påverknad, behov for gransking).

Det vert vurdert at (nær) alle anlegg, og spesielt skytebanevollane, har farleg avfall i grunnen. Vi har ikkje konkrete planar om å krevje gransking eller opprydding.

Vi har gått gjennom sluttrapporten om nedlagde sivile skytebaner og retta nokre feil.

Største enkeltoppgåva i 2022 var opprydding i ei nedlagd skytebane i Kinn, som er ei av dei eldste i landet.

Vi har starta å klassifisere baner vi har ansvar for, anten i påverknadsgrad 3 eller X.

For eit fåtal baner som det offentlege har ansvar for, eller der det er interesse for bustad/industri, kan det vere mogleg å finansiere ei opprydding. For å kunne nå resultatmålet for det store talet andre baner, må det kome betre finansiering.

Det er manglande forståing for miljø og helsefare ved bruk av og opphald på og ved skytebaner der det er store konsentrasjonar av miljøgifter.

**Opprydding på land og i sjø ved prioriterte skipsverft (fra kapittel 3.1.4.4.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

God framdrift i arbeidet med opprydding på land og i sjø ved prioriterte skipsverft.

Av dei opphavlege 19 skipsverfta som vart plukka ut i 2004, har vi att to å følgje opp. Westcon Yards AS i Florø skal gjennomføre resipientovervaking i sjø i 2023 i tråd med pålegg frå Statsforvaltaren. Stadyard i Måløy har nyleg fått varsel om deltaking i felles overvaking i resipienten (Ulvesund–Raudeberg), som også skal gjennomførast i 2023.

Bergen Group Skjøndal, no Endur Maritime avd. Skjøndal, gjennomførte tildekking av sjøbotn i 2018 som eit ledd i Reinare hamn Puddefjord. Førebels resultat av sjøbotnen i fireårs-kontrollen viser høge konsentrasjonar av miljøgifter utanfor verftet. Statsforvaltaren vil følgje opp verftet med tilsyn og eventuelt pålegg om utbetringar i 2023. Gjennomføring av tiltak er ein direkte effekt av oppfølginga vår.

### 3.1.1.11 God økonomiforvaltning i kommunene

For å bidra til god økonomiforvaltning i kommunane har vi gjennomgått alle dei 43 kommunane i Vestland sine budsjett for 2022 og økonomiplanar for perioden 2022 til 2025. I tillegg til kontroll av balanse i budsjetteringa, har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal og korleis kommunane har følgt opp økonomiplanlegginga etter kommunelova med forskrifter.

Alle kommunane fekk brev med våre kommentarar til budsjett og økonomiplan. Gjennomgangen viste at mange av kommunane i Vestland planla perioden 2022–2025 med svake netto driftsresultat og sterk auke i lånegjelda. Den faktiske utviklinga i 2022 i driftsresultat er venta å bli vesentleg betre enn budsjettert, for ein stor del som følgje av høg skattevekst m.a. frå utbyteskatt.

Vi har i budsjettbreva formidla våre økonomiske vurderingar ut frå status og slik økonomien er planlagt for dei næraste åra. For enkelte kommunar har det også vore nødvendig å presisere kommunestyret sitt ansvar for realisme i budsjetteringa, og at det ikkje er tillate med uspesifiserte innsparingar.

Tilbakemeldingar frå kommunane er at budsjettbreva er til hjelp i planlegging og styring av kommuneøkonomien. I tillegg gir breva god samla informasjon, som vi brukar i kommunedialogen.

Koronapandemien førte også i 2022 til uvisse i økonomien til kommunane. Statlege støtteordningar har bidrege til å kompensere større meirutgifter for covid-19 i første halvår 2022, som tilskot fordelt gjennom innbyggjartilskotet og skjønstilskotet. Statsforvaltaren tilrådde fordeling av skjønsmidlar med opphavleg fylkesramme på 260 mill. kroner, for meirutgifter til korona i første halvår 2022. KDD auka denne fordelinga for fylket til samla 312,5 mill. kroner. Vi har oppfatta at støtteordningane har treft godt.

Vi har innhenta informasjon frå kommunane i samband med flyktningsituasjonen og fordeling av skjønsmidlar til vertskommunar. På bakgrunn av innstillinga vår til departementet, er det fordelt midlar til vertskommunane Bergen, Kinn, Øygarden og Alver i vårt fylke.

Utfordringane til fleire av kommunane i fylket er negativ folketalsutvikling, og ein demografi med fleire eldre samanlikna med talet på yrkesaktive. Denne utviklinga vil vere svært krevjande for kommuneøkonomien framover.

Vi informerte kommunane i mai med brev om revidert nasjonalbudsjett og kommuneproposisjonen, og om statsbudsjettet i oktober. Informasjonen og breva vart også lagt ut som sak på nettsidene våre.

I oktober heldt KS og Statsforvaltaren konferanse for kommunane. Vi hadde innlegg om verknader av framlegget til statsbudsjettet og eit framtidsbilde om økonomien for kommunane i Vestland.

I november gjennomførte vi samling i økonominettverket for økonomisjefar og rekneskapsmedarbeidarar i kommunane. Tilbakemeldingane fortel at dette nettverket er nyttig og viktig for økonomisjefane i kommunane i Vestland.

Gjennom året har vi hatt møte med enkeltkommunar etter behov, anten etter ønske frå kommunane eller fordi vi sjølve ber om møte med kommunen. Generelt får vi mange positive tilbakemeldingar frå kommunane på samhandling og aktivitetar.

**Antallet kommuner i ROBEK (fra kapittel 3.1.5.1.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Antallet kommuner i ROBEK skal reduseres i 2022.

I Vestland er målet om reduksjon i tal Robek-kommunar innfridd. Ved utgangen av 2022 er det ingen kommunar i registeret, etter at det var to kommunar i registeret ved utgangen av 2021.

Gloppen kommune vart innmeldt i Robek-registeret etter kommunelova paragraf 28 - 1, bokstav c, i april 2021, etter at økonomiplanen viste at meirforbruket måtte dekkast inn over meir enn to år. Bremanger kommune vart innmeldt i Robek heilt tilbake i 2008, som følgje av betydeleg meirforbruk etter Terra-saka.

Både Gloppen kommune og Bremanger kommune vart melde ut av registeret i 2022, etter at det attståande meirforbruket vart dekt inn i årsrekneskapen for 2021.

Vi har tett dialog og oppfølging med kommunane. Vi gir konkrete tilbakemeldingar kvart år til alle kommunane etter vår gjennomgang av budsjett og økonomiplanar. I tillegg har vi dialog gjennom året.

Vår erfaring er at kommunane meiner det er viktig med konkrete tilbakemeldingar. Dessutan gir dette også oss sjølve betre grunnlag for vidare dialog og møte med enkeltkommunar. I tillegg til samlingane med økonomisjefar og kommunedirektørar, blir dette oppfatta som nyttige styringsverktøy for økonomiforvaltninga.

Vi har gruppert kommunane etter ei risikovurdering som vil danne grunnlaget for analyse og korleis vi vektlegg og gir tilbakemeldingar til kommunane. I denne samanhengen er vi særleg tydelege til kommunar som kan vere i faresonen for å bli registrerte i Robek.

**Antall kommuner i ROBEK (2)**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Resultat | Antall kommuner i ROBEK ved utgangen av 2021 | Antall kommuner i ROBEK ved utgangen av 2022 |
|---|---|---|---|
| Antallet kommuner i ROBEK skal reduseres i 2022 | - 2 | 2 | 0 |

**Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene.

Generelt har Kostra-rapporteringa og kvaliteten på rapporteringa vorte betre dei siste åra. Vi held fram vår oppfølging ved at vi legg ut all informasjon om Kostra-rapportering kvart år på våre heimesider, med lenkjer til aktuelle andre sider. Vi informerer kommunane om feil i Kostra-rapporteringa undervegs i rapporteringsperioden. Kostra er eit tilbakevendande tema på samlingane våre for alle økonomisjefar i kommunane i Vestland.

Vi legg vekt på å bruke dei nasjonale måltala i vår dialog med kommunane, og samanliknar kommunane med fylkets- og landssnittet. Kommunane brukar òg desse måltala i sine budsjett- og økonomiplan-dokument. Vi gir tilbakemeldingar i møte med kommunane, på nettsidene våre, og elles i brev og annan kommunikasjon. Det er særleg netto driftsresultat, gjeld og disposisjonsfond i prosent av bruttoinntekter vi har hatt merksemd på.

Etter 2020 og ny kommunelov med lovfesta bruk av finansielle måltal i styringa av kommunane, vart dette forsterka. Administrasjonane og dei folkevalde vil få eit meir aktivt forhold til korleis måltala bør vere for den komande økonomiplanperioden, ut frå den økonomiske situasjonen.

I våre tilbakemeldingar til kommunane for budsjett 2022 og økonomiplan 2022–2025 gjekk vi igjennom dokumenta til alle dei 43 kommunane i Vestland. I tillegg til kontroll av balanse i budsjetteringa, har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal og korleis kommunane har følgt opp økonomiplanlegginga etter ny kommunelov. Kvar kommune fekk tilbakemelding basert på vår vurdering og bruken av nøkkeltal. Kommunane er ulike, og det er også ulik grad av realisme og styring ved hjelp av dei vedtekne måltala. Nokre kommunar får dette til og brukar måltala aktivt, medan andre ikkje gjer dette på same måte. Økonomiske handlingsreglar og bruken av finansielle måltal som styringsverktøy er tema i møte med kommunane.

Alle budsjettbreva og ei oppsummering for fylket ligg på våre nettsider. Vi legg òg ut nøkkeltala for kvar enkelt kommune for kvart enkelt år i økonomiplanperioden. Desse er: Netto driftsresultat, brutto driftsinntekter, bruk av/avsetning til disposisjonsfond, bruk av lån (alle i kr og prosent) og avdrag.

Dette tek litt tid å registrere kvart år, men vi trur at det er verdt arbeidet. Vi ser at jo meir konkrete vi greier å vere i våre tilbakemeldingar, dess betre blir

det oppfatta. Vi håpar at dette, i tillegg til anna Kostra-oppfølging, gjer sitt til at bruk av nøkkeltal og Kostra-data etter kvart blir innarbeidd som kommunane sin måte å gjennomføre økonomiplanlegging og -styring på.

### 3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet

Talet på gardsbruk i aktiv drift er nokolunde stabilt i Vestland, og kring 5800 føretak søkjer produksjonstilskot. Slik sett har vi eit levande landbruk over mesteparten av fylket. Vi ser likevel tendensar til at meir areal går ut av drift. Dette gjeld både i bynære område der eigarane kanskje har andre planar for arealbruken, og i utkantbygder med folkenedgang. Det er ei gamal sanning at levande bygder og levande landbruk er gjensidig avhengige av kvarandre.

Den siste verdiskapingsanalysen av landbruket i Vestland viser ei samla verdiskaping frå primærproduksjonen og industrien på kring 4,6 mrd. kroner i 2020. Jordbruket utgjer 75 prosent av dette, og her er mjølkeproduksjonen desidert viktigast, saman med sauehald og frukt og bær.

Vi er på veg til å nå målet om lausdrift i mjølkeproduksjonen innan 2034, men dette er utfordrande for Vestland, også økonomisk. Kravet fører til store strukturendringar på mjølkeproduksjonen i fylket, noko som er eit dilemma med tanke på målsetjinga om levande landbruk og variert bruksstruktur. Deltaking og innsats frå oss er viktig for framdrifta i dette arbeidet.

Det skjer mykje positivt innan frukt og bær, både i volummarknaden og i produktutviklinga. At epleprodusentane no diskuterer fordelinga av epla mellom konsum og sider, vitnar om både marknadsmoglegheiter og offensive aktørar. Vi deltek i desse diskusjonane som ein tilretteleggjar.

Elektronisk sporing av dyr på utmarksbeite har gitt ein ny giv i beitenæringa. Her er store unytta beiteressursar, og vi har vore ein medspelar i etableringa av Vestland radiobjøllelag.

**Verdiskaping (fra kapittel 3.1.6.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

God ivaretakelse av nasjonale mål og regionale strategiske føringer.

Frå 2020 fekk som kjent fylkeskommunen ansvaret for utviklingsoppgåvene innan landbruk. Vi skal bidra med vår kunnskap om landbruket, i samarbeid med Innovasjon Noreg og næringa. Det formelle samarbeidet går godt, men vi har meir å hente på arbeidsdelinga for det praktiske innan mobilisering, ulike prosjekt og kor aktive vi skal vere i pådrivarrolla. Etter vår vurdering er det behov for eit slikt kontinuerleg arbeid for å oppnå ønskt endring og utvikling, i samsvar med nasjonal landbrukspolitikk.

I samarbeid med oss, Innovasjon Norge og næringa har fylkeskommunen vedteke ein ny temaplan for landbruk, som skal vere styrande for innsats og bruken av utviklingsmidlane.

I partnarskapen har vi i større eller mindre grad vore involverte i følgjande prosjekt eller tiltak i 2022:

- Mjølkeproduksjon: Omlegging frå bås til lausdrift
- Kjøtproduksjon i utmark
- Inn på tunet-løftet 2
- Meir eple for vidare utvikling og vekst i sidernæringa
- Arbeidsgjevarrolla ved hausting i bærproduksjonane
- Marknadshage – auka lokal dyrking og omsetting
- Urbant landbruk – samarbeid med bybonden i Bergen
- Forum landbruksplast – nasjonalt forum for betre plasthandtering og innsamling. Erfaringsutveksling, kunnskapsbygging og mobilisering.
- Mjølkeforedling – kurs og digital studietur
- Lokal energiproduksjon – solceller og biogass
- Planlegging og koordinering til IGW 2023
- LivOGLyst – prosjekt på bulyst i bygdene i samarbeid med fylkeskommunen
- Kunnskapsformidling gjennom møte, artiklar og webinar

Med få unntak skjer deltakinga ved at fagfolk med bakgrunn i andre forvaltningsoppgåver hjå oss, bidreg med kunnskap inn i desse prosjekta. Dette utgjer eit effektivt samarbeid mellom oss og fylkeskommunen, som kan bli endå betre.

**Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst. (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunenes arbeid med tilfredsstillende foryngelse innen tre år etter hogst er fulgt opp.

I Vestland har vi i mange år hatt for dårleg forynging etter hogst. Det vert planta på under halvparten av hogstarealet. Vi har også hatt problem med kvaliteten på forynginga, då mange planter forsvinn første året. I samarbeid med NIBIO og ein masterstudent ved NMBU, har vi eit prosjekt med bruk av større planter. Målet er å få betre kunnskap om årsakene, og dermed kunne setje i verk tiltak.

Kommunane skal kontrollere forynging etter hogst, mellom anna gjennom pålagde foryngingskontrollar og resultatkontrollar.

I fleire år har ikkje kommunane i Vestland gjennomført desse kontrollane som forventa. Dette har delvis samanheng med manglande kapasitet og kompetanse på skogbruk i mange kommunar, noko som vert synleg når det kjem ny skogansvarleg i ein kommune. Kommunen manglar i mange tilfelle også tilbakemelding frå skogeigarane på kva som er gjort og/eller planlagt.

Vi har laga ei grundig oversikt over korleis kommunane har gjennomført desse kontrollane i perioden 2010–2022. Det er stor variasjon, også i det vi elles reknar som gode skogbrukskommunar. Denne dokumentasjonen vil vi bruke i den vidare oppfølginga av kommunane. Våre tiltak har vore

- hjelp og støtte til dei skogansvarlege per telefon og e-post (vi har dagleg kontakt med tilsette i kommunane om dette)
- digitale opplæringsmøte for nye tilsette
- informasjonssider på nett
- artiklar i fagblad
- forvaltningskontroll av NMSK-ordninga
- samling for tilsette i kommunane for å auke det faglege nivået.

Vi ser god effekt av tiltaka, men det er ein kontinuerleg jobb.

Vi vil til slutt også peike på at nokre av desse kontrollane ville ha vore lettare å gjennomføre med betre digitale løysingar, både ved at vi hadde fått innrapportert hogstflatene på digitale kart, og enklare rapporteringsskjema for kommunane.

**Foryngelse etter hogst (opplæring)**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Uttrekt antall felt/kontrollfelt | Antall sluttført pr. 30.6 | Antall sluttført pr. 30.11 | Antall ikke påbegynt 30.11 | Antall med tilfredsstillende foryngelse pr. 30.11 |
|---|---:|---:|---:|---:|---:|
| Resultatkartlegging | 74 | 10 | 53 | 20 | 13 |
| Foryngelseskontroll | 163 | 41 | 82 | 11 | 29 |

**Foryngelse etter hogst (gjennomføring)**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Antall fellesmøter med kommunene | Antall møter/befaring med enkeltkommuner |
|---|---|---|
| Gjennomførte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2022 | 5 | 17 |
| Effekt av gjennomførte tiltak (høy/middels/lav) | Høg | Høg |
| Planlagte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2023 | 7 | 20 |

**Tilskuddsordningene i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunene forvalter de økonomiske virkemidlene i skogbruket effektivt og i samsvar med regelverket.

Midlane til skogbrukstiltak blir fordelte i ein prosess saman med kommunane, først ved at kommunane rapporterer inn forventa behov om hausten, i eit felles rekneark. Dette gir grunnlag for vårt innrapporterte behov til Landbruksdirektoratet for året som kjem, og delvis også grunnlag for fordeling av midlane til kommunane på nyåret. Det siste må vi også justere ut frå aktivitet og forvaltningskapasitet i kommunane. Fordelinga mellom kommunane vert justert gjennomåret, etter aktivitet og behov. I denne prosessen med kommunane vert det også sett av nokre midlar til fellestiltak mellom kommunar.

Det er ei utfordring at mange kommunar ikkje har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet på skogområdet. Vi tek dette opp med dei aktuelle kommunane. Den beste løysinga ser ut til å vere interkommunalt samarbeid. Skog i Sogn er eit døme på det, der dei ved å bli fleire som arbeidar saman også kan handtere personalskifte.

Vi vil også komande år prioritere informasjon og mobiliserande tiltak for auka forynging etter hogst.

**Økonomiske virkemidler i skogbruket (forvaltning)**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Antall kommuner i fylket | Tilfredsstillende (antall kommuner) | Med mulighet for forbedringer (antall kommuner) |
|---|---:|---:|---:|
| Infrastruktur (skogsveier mm) | 43 | 10 | 33 |
| Skogkultur | 43 | 33 | 10 |
| Miljøtiltak | 43 | 0 | 0 |

*I kommunekontrollane finn vi nesten ingen feil ved utbetaling av tilskot. Sjølve saksbehandlinga verkar å vere tilfredsstillande i dei fleste kommunane. Statsforvaltaren dobbeltsjekkar alle søknader i ØKS før utbetaling og finn ofte små feil, som feil beløp til utbetaling, feil tilskotsordning (tettare planting) og liknande. Den faglege vurderinga av kostnadsnivå og kvalitet på tiltak varierer mykje frå kommune til kommune. Det var så få saker med miljøtiltak at vi ikkje har grunnlag for å vurdere sakshandsaminga i kommunane.*

**Økonomiske virkemidler i skogbruket (resultatoppnåelse)**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Antall kommuner i fylket | Tilfredsstillende (antall kommuner) | Med mulighet for forbedringer (antall kommuner) |
|---|---:|---:|---:|
| Infrastruktur (skogsveier mm) | 43 | 28 | 7 |
| Skogkultur | 43 | 35 | 8 |
| Miljøtiltak | 43 | 43 | 43 |

*Det er ikkje alle kommunar i Vestland som har skogbruk med nok omfang til at vi kan forvente innsats. Ordninga med Miljøtiltak er særs lite brukt trass i at det mange stader kunne ha vore aktuelt. Det er lite kunnskap om ordninga både i kommunane og hjå næringa. Stor auke i skogkultur i 2022. Stort behov for høgare vegkompetanse i kommunane.*

**Økonomiske virkemidler i skogbruket (gjennomføring)**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Beskrivelse |
|---|---|
| Tiltak økonomiske virkemidler skogkultur | Vi har digital informasjon til kommunane via nettmøte, nettsider og e-post. Vi deltek også på ein del mobiliseirngsmøte saman med kommunane og skogeigarar. |
| Tiltak økonomiske virkemidler infrastruktur | Vi har digital informasjon om vegbygging, rapportering av behov via felles base og nettside om krav til skogsvegar. Vi har også prioritert midlar til god fagleg vegplanlegging. |
| Tiltak økonomiske virkemidler miljøtiltak | Vi har hatt nokre saker der vi saman med miljøforvaltninga har sett på kombinert drift av skog i artsrike område, men det har til no ikkje gitt stort utslag på bruken av midlane. |

### 3.1.1.13 Bærekraftig landbruk

Tilskot til ulike miljøtiltak har ein klar positiv verknad. Dette gjeld både haldningar til miljøspørsmåla, og til gjennomføring av tiltak på kvart enkelt føretak. Fagmiljø hos Statsforvaltaren, fylkeskommunen og kommunane har god dialog om dei ulike ordningane.

I Vestland har forureining og biologisk mangfald fått større merksemd både i *Regionalt miljøprogram* (RMP) og *Spesielle miljøtiltak i landbruket* (SMIL). Det tar tid for den enkelte bonden å gjere seg kjend med nye ordningar, og det har difor vore viktig å halde fast på dagens ordningar ved rullering av RMP. Det er særleg ordningane innan forureining som vert styrkte ved rulleringa.

Vi har gjennom arbeidet med vassrammedirektivet kartlagt tilstanden i mange av vassdraga, ikkje berre på grunn av landbruksdrift. Vi har brukt denne kunnskapen til å målrette tiltak i RMP.

**Regionale miljøutfordringer (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Virkemidler på miljøområdet er tilpasset til regionale miljøutfordringer

**Regionalt miljøprogram (RMP)**
RMP er dei viktigaste og mest omfattande miljømidlane. Fordeling på ulike tiltak viser i tabellen under. Vi har i mange år prioritert kulturlandskap som desidert største miljøområdet, men dei siste åra har vi, som forventa frå sentrale avtalepartar, prioritert tiltak mot utslepp til vatn og luft. Det er auke i tal søkjarar som m.a. kjem på ordningane *Slått av bratt areal*, *Stripespreiing av husdyrgjødsel, Ugjødsla kantsone i eng* og *Spreiing av husdyrgjødsel i vekstsesongen.*

Samstundes er det ein nedgang på tal søkjarar på mellom anna *Skjøtel av automatisk freda kulturminne* og *Slått av slåttemark.*

**Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)**
Kommunane prioriterer SMIL-tilskota etter overordna kommunale retningslinjer. I vårt tildelingsbrev oppmoda vi kommunane om å prioritere tiltak som bidrar til å hindre eller redusere forureining eller risiko for forureining, og minte om at tilskot til tak over eksisterande gjødsellager er gode miljøtiltak. Vi bad kommunane om å gjere søkjarane særskilt merksame på at dei kan søkje om tilskot til slike tiltak, og å leggje vekt på tiltak for ville pollinerande insekt og trua natur. Fleire kommunar ønskjer større satsing på forureiningstiltak, men ser at dei rammene dei får i dag ikkje strekk til.

Fordelinga av tildelingar på miljøtema såg slik ut:

- Kulturlandskap: om lag 45 prosent
- Kulturminne: om lag 39 prosent
- Avrenning: om lag 7 prosent
- Biomangfald: om lag 5 prosent
- Resten fordeler seg på friluftsliv, utslepp til luft og plantevern.

Kulturlandskap og kulturminne har lenge hatt første prioritet i bruken av desse miljømidlane i Vestland. Etter kvart ser vi at ureining til vatn og luft, i tillegg til biomangfald, vert prioritert. Dette er i samsvar med det regionale miljøprogrammet.

**Klima- og miljøprogrammet**
Den økonomiske ramma for desse tilskota er så knapp at det er vanskeleg å snakke om generelle utviklingstrekk. To av søknadene ligg innanfor fagtemaet klimagassutslepp, i tråd med utlysinga. Vi la vekt på at det er behov for å styrke kunnskapen om potensialet for reduserte klimagassutslepp innan ulike produksjonssystem. To søknader ligg innanfor fagtemaet jord, og ein søknad gjeld naturmangfald og kulturminne.

**Drenering**
Alle søknader som fyller krava i regelverket, får tilskot. Det er rikeleg med midlar og ikkje behov for å prioritere. Meir nedbør gjer at trongen for drenering er stor. I Vestland er kostnadene med grøfting ofte over 10 000 kr/dekar og eigenandelen vert då 75 prosent. Sjølv etter auken i satsane er desse for låge samanlikna med kostnadene. Mange tek seg difor ikkje bryet med å søke. Ordninga er eit omfattande og detaljert regelverk med mange krav til søkjaren, og krava samsvarar ikkje med storleiken på tilskotet.

**Tilskot til tiltak i beiteområde**
I vår kommunikasjon med kommunane har vi lagt vekt på tilskot til utstyr for digital sporing og utarbeiding av kommunal beitebruksplan. Kommunane forvaltar midlane på ein god måte med utgangspunkt i kommunal tiltaksstrategi.

**Virkemidler på miljøområdet (vurdering)**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Beskrivelse |
|---|---|
| Beskriv kort hvordan de ulike økonomiske miljøvirkemidlene (RMP, SMIL, tilskudd til tiltak i beiteområder, klima- og miljøprogrammet, drenering, etc.) er blitt innrettet og prioritert mot regionale og lokale behov. | Vi har saman med faglaga i jordbruket definert hovudmål med tilhøyrande delmål for RMP med omsyn til kva verdiar og utfordringar innan kulturlandskap og forureining som er viktige å følgje opp for Vestland. Alle RMP-tilskota er verkemiddel som skal bidra til å nå hovudmålet og delmåla. Kommunale tiltaksplanar er viktig for prioriteringar i kommunen. Vi gir fråsegn når planane er på høyring. Tabellen nedanfor viser fordelinga av RMP-midlane. |
| Vurder kort om prioriteringene har gitt ønsket effekt og resultat (bidratt til å ivareta kulturlandskapet og naturmangfoldet, og redusert forurensingen). | Berre dei to siste åra har tal RMP-/OBB-søknader auka med 181, og på mange av tiltaka har auke i søknadsomfang på over 10 prosent berre sidan i fjor. Særskilt innan gjødsel-tiltaka er det stor auke, med auke på over 20 prosent frå i fjor. Dette syner at tiltaka gir effekt og at dei treff søkjarane. |
| Beskriv kort de største utfordringene i fylket på miljøområdet de kommende år. | Klimaendringane: meir nedbør og kortare periodar der jorda er eigna for køyring krev høg arbeidskapasitet til rett tid, og større behov for drenering. Klimaendringane gir også større variasjonar i nedbør/tørke med trong for vatning. Gjennomføring av tiltaka i den nye vassforvaltningsplanen for Vestland krev meir kapital både til bygging av gjødsellager og investering i utstyr som gir meir presis spreiing av gjødsel. For mykje av landbruksplasten er på avvege, og det må leggjast betre til rette for innsamling. |
| Hva kan eventuelt kommunal og regional forvaltning gjøre annerledes for å bedre måloppnåelsen/miljøeffekten. | Dersom det regionale handlingsrommet innan RMP vart større, kunne fylka skreddarsy tiltaka til sine verdiar og utfordringar ytterlegare, noko som ville auke måloppnåinga og miljøeffekten. |

**Virkemidler på miljøområdet (andel)**

| Kulturlandskap | Biologisk mangfold | Kulturminner og kulturmiljøer | Avrenning til vann | Utslipp til luft | Plantevern | Miljøavtale og klimarådgiving | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 65 % | 6 % | 9 % | 2 % | 18 % | 0 % | 0 % | 100 % |

*Dette gjeld bruken av midlane i det regionale miljøprogrammet (RMP).*

**Miljøvirkemidlene (fra kapittel 3.1.6.2.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Innholdet i miljøvirkemidlene er godt kjent for aktuelle søkere, landbrukets organisasjoner og kommuner.

Som tabellen nedanfor viser har 41–45 prosent av bøndene som søkjer om produksjonstilskot også søkt om tilskot til regionale miljøtiltak. Dei siste åra har vi laga fleire ordningar som skal stimulere til meir miljøvenleg gjødselhandtering, og vi har marknadsført desse i ulike kanalar.

**Innholdet i miljøvirkemidlene (andel)**

| Betegnelse på rapporteringskrav | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|---|---|
| Hvor stor en andel (%) av PT søkere søkte RMP | 45,9 | 43,9 | 41,3 | 43,2 | 44,4 |

**Innholdet i miljøvirkemidlene (vurdering)**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Beskrivelse |
|---|---|
| Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak (RMP, SMIL, tilskudd til tiltak i beiteområder, klima- og miljøprogrammet, drenering, etc.) har vært stabilt, stigende eller synkende de siste fem år. | Tal miljøtiltak har auka i den siste femårsperioden, og særskilt dei to siste åra. Auken er særskilt stor innan gjødseltiltaka, men mange av tiltaka syner god auke dei to siste åra. |
| Gi en kort omtale av hvordan og i hvilken grad statsforvalteren har bidratt til å gjøre ordningene kjent. | RMP-tiltaka blir kunngjorde på nettsida vår før vekstsesongen. Det blir sendt ut SMS vår og haust til alle som søkjer PT med lenke til RMP-sida. Klima- og miljøprogrammet blir gjort kjent gjennom nettsida vår. Dei ordningane som kommunane forvaltar blir lyst ut litt ulikt, på kommunen sine nettsider, i lokalaviser og nyheitsbrev og på e-post til dei som søkjer PT. |
| Hvilke tiltak vil statsforvalteren gjennomføre kommende år for å øke oppslutningen om miljøtiltak i jordbruket? | Det blir innført nye tiltak innan RMP i 2023, noko som truleg vil generere nye søkarar. I og med at 2023 er første året med nytt program vil Statsforvaltaren ha ekstra merksemd på å formidle informasjon om RMP gjennom nettartiklar, media, via faglaga i jordbruket osb. Direkte dialog med kommunar med liten andel RMP-søkjarar samanlikna med PT-søkarar kan også vere aktuelt. |

### 3.1.1.14 Andre oppdrag

**Kompetansestrategien**

Vi har i 2022 hatt tett kontakt med dei fleste barneverntenestene i Vestland, gjennom dei ulike tiltaka i kompetansestrategien og barneverns- og oppvekstreforma. Dei fleste barneverntenestene har deltatt på fleire arrangement der vi har retta merksemda mot ny barnevernlov, auka kvalitet i oppfølging av fosterheimar og rekruttering i slekt og nettverk. EMD-domane og samvær og tilbakeføring har også vore sentrale tema både på samlingar og i nokre av utviklingsprosjekta. Læringsnettverket er godt etablert, og det har utvikla seg ein god kultur for deling av kunnskap på tvers av dei ulike prosjekta. Totalt har vi delt ut tilskot til 17 utviklingsprosjekt. Alle prosjekta har samarbeidd med eit eller fleire kompetansemiljø eller Bufetat. Gjennom 2022 har vi hatt 11 pågåande utviklingsprosjekt, der totalt 36 kommunar har delteke i utviklingsarbeidet. Vi har også starta eit samarbeid for å gi ekstra støtte til dei kommunane som ikkje så langt har klart å nyttegjere seg av tilskotsordninga i samarbeid med RKBU Vest. Vi har fått god respons på dette frå kommunane. Kommunane melder tilbake til oss at både dialogmøte, rettleiingsteam og tenestestøtte er nyttige tiltak, som gir god støtte i det krevjande utviklings- og omstillingsarbeidet som dei fleste tenestene står i, særleg no i samband med oppvekstreform og ny barnevernlov.

**Forebyggande planar og tiltaksutvikling**

Dei fleste kommunane i Vestland har starta på arbeidet med å få oversikt over kva tiltak og kompetanse dei har i dei ulike tenestene som møter barn og unge. Nokre er også godt i gang med å lage planar for korleis dei skal utvikle og etablere strukturar for samhandling og heilskap i tiltaksapparatet. For å støtte kommunane i dette arbeidet har vi, saman med KS, fylkeskommunen, KORUS, RVTS, NAPHA og RKBU invitert alle kommunane i Vestland til å delta i ein planprosess om førebyggande planar på barn og unge-feltet gjennom våren 2023. 35 kommunar som har meldt seg på dette. Vi vil

gjennomføre fire samlingar fra januar til mai 2023, to fysiske og to digitale. Målet er å bidra til erfaringsutveksling og meir heilskap i arbeidet med dei førebyggande planane.

**Førebygging av vald og overgrep**

Vi har også i 2022 arbeidd for å gjere verktøya "Jeg vet" og "Snakke" kjende og tekne i bruk, til dømes gjennom kurs, innlegg på samlingar og i ulike nettverk. I tillegg har vi bidratt til å vidareutvikle og relansere den digitale plattforma "Trygg til handling". Vi tilbyr saman med RVTS og Statsforvaltaren i Rogaland fleire introduksjonskurs per år i dei digitale verktøya. Vi har også delt erfaringar frå eit tverrfagleg og -kommunalt utviklingsprosjekt om valdsførebygging og opplæring til barn og tilsette som møter barn og unge. Målgruppa er framleis stor, og mange kommunar har ikkje eit godt nok system for å sikre at den einskilde tilsette har kunnskap, tryggleik og kompetans til å fange opp signal, og til å ta den vanskelege samtalen når dei mistenker at barn ikkje har det bra. Gjennom 2022 har vi drøfta med RVTS korleis vi kan støtte kommunane meir i dette arbeidet. Vi vil mellom anna kople arbeidet til dei førebyggande planane, og etablere eit nettverk for nøkkelpersonar i kommunane som treng særleg kompetanse på å samtalar med barn, og støtte til å lage gode system for opplæring, implementering og vedlikehaldsaktivitetar.

**Deltaking i Arbeids- og velferdsdirektoratets satsing på å styrke kompetansen i de sosiale tenestene i NAV-kontoret**

Vi bidrar til satsinga ved at ein tilsett er tilknytt prosjektet, i tråd med forventningar frå direktoratet. Vi ser arbeidet i samanheng med anna kompetansearbeid i fylket.

### 3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

#### 3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge

Barn og unge i Vestland med behov for hjelp frå fleire instansar, får ikkje alltid heilskapleg og godt koordinert hjelp. Det er stor variasjon i tenestetilbodet til denne gruppa i ulike kommunar, men også internt i den einskilde kommunen. Vi har i året som har gått sett fleire urovekkande døme på dette.

Gjennom tilsyn og utviklingsarbeid har vi gjennom fleire år lagt vekt på å understøtte arbeid som skal bidra til ei meir heilskapleg tilnærming til born, unge og familiar med samansette behov for hjelp og støtte. Saman med KORUS, RVTS, RKBU, KS, Bufetat og fylkeskommunen har vi vore pådrivarar for felles innsats på dette feltet.

Vi trur at innsatsen vår, saman med verkemidla i barnevernsreforma og harmonisering av lovverk kring samhandling, samla har bidratt til at nesten alle kommunane i Vestland har sett i gang store utviklingsarbeid på barn- og ungefeltet. Mange er i gang med oversiktsarbeid som førebuing til å revidere førebyggjande planar på området. Andre har sett i gang utviklingsarbeid for å utvikle eller implementere tverrfaglege tiltak for å møte behova dei finn. Nokre har starta eller intensivert arbeidet med å lage meir funksjonelle og heilskaplege strukturar for samhandling på tvers av tenestegrenser eller kommunegrenser.

Vi trur at nytt lovkrav om at kommunane skal utarbeide ein plan for å forebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar har stimulert kommunane til å sjå meir heilskapleg på tenestene og tiltaka til barn, unge og foreldre. Vi får tilbakemeldingar frå kommunane om at dei opplever denne prosessen som nyttig, men krevjande. Fleire har spurt om bistand og råd i arbeidet, både frå oss og dei andre aktørane som har rådgjevingsoppgåver på feltet. Spørsmåla handlar både om innhald, form, prosess og kor i planhierarkiet det er tilrådeleg å lage og forankre planen. Med mål om å betre møte behovet for rådgjeving, har vi saman med RVTS, RKBU, KORUS, NAPHA, KS og fylkeskommunen invitert kommunane til å delta i ein planprosess for å sjå heilskapleg på dei førebyggjande planane på barn- og ungefeltet våren 2023.

Skal vi lukkast med intensjonen om gode og heilskaplege tenester til alle sårbare barn og unge, må alle med ansvar for tenester til barn, unge og foreldre, og alle dei som møter denne gruppa gjennom sitt arbeid, bidra. Det er framleis eit stort behov for informasjon om involverings- og utviklingsaktivitetar i kommunane. Vi, saman med dei andre aktørane på feltet, må nok førebu oss på å bidra til dette i mange år framover, då dette er arbeid som krev innsats over tid. Særlege utfordringar i arbeidet er høg gjennomtrekk, lite ressursar til utviklings- og leiaroppgåver og ustabilitet på leiarnivå.

**Godt samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge (fra kapittel 3.2.1.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Godt samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge

Barn og unge i Vestland med behov for hjelp frå fleire instansar, får ikkje alltid heilskapleg og godt koordinert hjelp. Det er stor variasjon i tenestetilbodet til denne gruppa i ulike kommunar, men også internt i den einskilde kommunen. Vi har i året som har gått sett fleire urovekkande døme på dette.

Særleg gjeld dette ungdom med så sterke smerteuttrykk at dei treng samstundes hjelp frå fleire kommunale og statlege tenester. I nokre tilfelle bur også desse ungdommane på institusjon, i fosterheim eller har kortvarige opphald på sjukehus. Desse ungdommane får liten grad av normalitet i kvardagen. Sjølvskading, ukritisk bruk av rusmiddel og eteforstyrringar kan være døme på slike smerteuttrykk. Fleire psykoseutbrot, overdosar og sjølvmord medfører også at tenestene vert utfordra på korleis dei skal vareta tryggleiken samstundes som dei samla sett skal gi forsvarleg hjelp, behandling og omsorg i tråd med dei behova ungdommen har, og sitt eige mandat. Vi har sett fleire døme på at ungdomane vert dårlegare medan dei ventar på at tenestene skal finne ut av ansvar, kva dei skal gi av tilbod og kven som skal sjå heilskapen og koordinere arbeidet. Vi har døme på ungdom som lever i uvisse i veker og månader om kva som skal skje med dei, kor dei skal bu og kva hjelpetilbod dei kan forvente etter opphald barnevernsinstitusjon, fengsel eller andre mellombelse busituasjonar. Vi ser òg døme på at kommunane saman med spesialisthelsetenesta, Nav og Bufetat ofte brukar altfor lang tid på å gi godt koordinert hjelp. I mellomtida forverrar ofte situasjonen til ungdommen seg, og motivasjonen for å ta imot hjelp forsvinn.

Vi ser også gode døme på at kommunar lukkast med å gi heilskapleg og godt koordinert hjelp til enkelte barn, ungdommar og familiar.

Vi veit ikkje sikkert kvifor dei same kommunane lukkast i nokre tilfelle, og ikkje i andre. Vi trur at nokre viktige faktorar er trygge tilsette med tverrfagleg kompetanse og leiarar som legg til rette for ein kultur der ein er medviten om i kva samanheng ein yter hjelp. Det er viktig å ha merksemd på kva behov for hjelp barnet og familien opplever, og om dei får eller treng hjelp frå andre. Dette krev også kunnskap om korleis ein kan hjelpe dei i kontakt med andre tenester, og at ein er trygg på reglar for samtykke, teieplikt, meldeplikt og merksemdsplikt.

Vi har også i år prioritert å nytte ressursar frå fleire felt på å invitere kommunane til tverrfaglege samlingar, deltaking i ulike nettverk og tverrfaglege arrangement som kommunane har invitert oss til for å rette merksemda på oppvekstreform, nye lovkrav, førebyggjande arbeid og tiltaksutvikling på barn- og ungefeltet. Dette meiner vi har vore viktige aktivitetar for å bidra til deling av gode døme frå kommunane, stimulere til utviklingsarbeid og rette merksemd på intensjonane med reforma og lovendringane. Det har vore stor oppslutnad både på dei fysiske og dei digitale arrangementa, og evalueringane frå deltakarane har vore gode.

Vi ser at kompetansestrategien og barnevernsreforma har ført til mykje merksemd på tenester og tiltak til barn, unge og foreldre, ikkje berre i barnevernstenestene, men også i politisk og kommunal toppleiing og hos andre leiarar for tenester som møter barn, ungdom og foreldre. Vår oppfatning er at dei aller fleste kommunar og leiarar i Vestland har eit ønske om kompetanseheving og utviklingsarbeid, men at det ofte er utfordrande å ha tilstrekkeleg med leiings- og personalressursar til å følgje opp, og sette av nødvendig tid til utviklingsarbeidet slik at det fører til varige endringar. Dette krev langsiktig planlegging og prioritering, ikkje berre i den einskilde barnevernstenesta, men på eit overordna leiarnivå. Vi ser at dette er utfordrande både i nokre av dei store, og i fleire av dei mindre tenestene. For dei minste er det ei særleg utfordring at dei ikkje kan ha for mange parallelle utviklingsarbeid samstundes.

**God kompetanse om utsatte barn og unge i kommunene (fra kapittel 3.2.1.1.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

God kompetanse om utsatte barn og unge i kommunene

For å lukkast med samhandling og samarbeid både på system- og individnivå treng leiarar og tilsette kompetanse om kvarandre sine fagfelt, lovverk og ansvarsområde. Dette er eit kontinuerleg arbeid, som krev systematisk opplæring, samhandlingskompetanse, kultur for samarbeid og gode strukturar og rutinar for samarbeid på tvers av tenestene. Vår vurdering er at dei fleste kommunane legg stor vekt på dette, og mange er godt i gang med å lage eller setje i verk strukturar, opplæring og rutinar som skal bidra. Dei fleste kommunane har likevel langt att før målet om at alle utsette barn og unge vert fanga opp, snakka med, får tilbod om god hjelp til rett tid, og at hjelpa ved behov vert godt koordinert.

Fleire kommunar i Vestland vurderer at dei treng å etablere samarbeid på tvers av tenesteområda. Eit døme er samarbeid mellom barnevern, helsestasjon og PPT om å gi rettleiing til familiar. Andre kommunar vurderer å etablere tenestefellesskap med nabokommunar om kompetanseheving, opplæring og drift av ulike hjelpetiltak og rettleiingsgrupper. Slike samarbeid og felles utviklingsprosjekt er ressurskrevjande å få i stand, og involverer mange aktørar og leiarnivå i kommunane. Ein viktig nøkkel til å lukkast med dette er godt forarbeid, behovsanalysar og at arbeidet er forankra i toppleiinga og planverket til kommunane. Det krev høg kompetanse og god forståing for prosjekt- og prosessleiing for å få gode resultat av utviklingsarbeidet på sikt. Denne kompetansen er svært varierande i kommunene.

**Behov for kompetanseutvikling på området**

Vi vil særleg trekke fram behovet for meir kompetanse om korleis ein bør møte og hjelpe ungdom med alvorlege smerteuttrykk, som sjølvskading, eteforstyrringar og rusbruk. Vi har over fleire år sett at dei det gjeld ofte vert sendt frå den eine tenesta til den neste, utan at hjelpa blir godt nok koordinert. For å lukkast med å hjelpe denne målgruppa må fagfolk og leiarar ha nok kunnskap om lovverk og rammer for dei tenestene dei samarbeider med, til å sjå korleis dei kan sy saman eit forsvarleg hjelpetilbod. Vi trur at harmoniseringa av lovverk for velferdstenestene og rettleiaren kan bidra, men det må nok setjast av ressursar til å gjere desse tiltaka betre kjent i tenestene.

Tverrfagleg samarbeid krev tverrfagleg kompetanse om og tryggleik i korleis ein forstår og handterer reglar om teieplikt, meldeplikt og samtykke. Vi ser stadig at mangelfull forståing for regelverket utfordrar godt samarbeid om ungdom som treng hjelp frå fleire tenester samstundes. Konsekvensane for ungdommane dette gjeld er svært lite normalitet i kvardagen, mange møte, avtalar og flyttingar mellom ulike omsorgs- og behandlingsbasar, og ofte endå større psykiske og fysiske vanskar.

Ein barnekoordinator krev høg og samansett kompetanse på fleire fagfelt. Dette er nok også eit område som vil trenge merksemd etter kvart som kommunane har tilsett personar som skal fylle rolla.

Samarbeid mellom kommunane, oss, KS, Bufetat, og kompetansemiljøa på barn- og ungefeltet har i år hatt mange formål og former. Vi har mellom anna gjennom felles arrangement, kurs, opplæring, drift av ulike nettverk og webinar gitt tilbod om støtte til

- oppstart av prosjekt – prosjektleiarkompetanse
- implementeringskunnskap
- prosessleiing
- kunnskapsoppsummeringer
- evaluering av det som vert utvikla i prosjekta
- rådgjeving og rettleiing om fag og prosess

- førelesingar og anna deling av fagkunnskap
- erfaringsdeling på tvers av kommunegrenser og -tenester.

### 3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv

Etter vår meining må ein heilskapleg sosial bustadpolitikk bety heilskap internt i statlege organisasjonar, mellom statlege organisasjonar, mellom stat og kommunar og internt i kommunane.

Internt hos Statsforvaltaren har vi etablert eit godt samarbeid, som vi ønskjer å utvikle vidare. Samarbeid og samordning mellom regionale, statlege aktørar må vi prioritere høgare framover.

Samarbeidet om den sosiale bustadpolitikken mellom Statsforvaltaren og kommunane har vorte betre, som følgje av forsøket med overføring av oppgåver frå Husbanken.

Det er likevel svært varierande i kva grad kommunane arbeider heilskapleg med sosial bustadpolitikk og bustadsosialt arbeid. Det er grunn til å tru at det pågåande arbeidet med kommuneplanar og bustadsosiale handlingsplanar vil bidra til betre samarbeid på tvers i kommunane.

**Alle trenger et trygt hjem (2021 - 2024) (fra kapittel 3.2.1.2.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Helhetlig samarbeid mellom stat og kommune om de tre prioriterte innsatsområdene.

Dei tre innsatsområda er sentrale i dialogen mellom Statsforvaltaren og kommunane. Kommunemøta om den sosiale bustadpolitikken er frå vår side tverrfagleg førebudde. Kommunane stiller på kommunemøta med m.a. ordførar, kommunedirektør, ansvarlege kommunalsjefar og fagansvarlege. I tillegg til ordinære bustadsosiale problemstillingar er Leve heile livet teke opp på alle møta med kommunane.

Vi brukar informasjon frå Husbanken aktivt i møta.

Det tverrfaglege arbeidet er ulikt organisert og prioritert i kommunane. Vi har difor gjennomført fleire webinarseriar om rus, psykisk helse, bustad og tenester, Housing first og bustadsosiale handlingsplanar, der viktige tema m.a. er bustadsosiale suksessfaktorer og samarbeid mellom fag- og ansvarsområde.

Vi har eit tett og godt samarbeid internt hos oss og omfattande samarbeid med kommunane om temaet barn og unge. Mellom anna har vi hatt ei rekkje samlingar og webinar.

Vi har eit klart utviklingspotensial når det gjeld innsatsområda nullvisjon bustadløyse og funksjonshemma sine val av bustader.

Vi kan framleis bli betre på å samordne kommunedialogen på tvers av fag- og ansvarsområda våre.

Vi synest at dialogen med kommunane har ført til meir tverrfagleg arbeid ved utarbeiding av bustadsosiale handlingsplanar og bruk av bustadsosiale verkemiddel.

Vi har arbeidd mykje med Leve heile livet i 2022. Det har vore møte med støtteapparat og utvida støtteapparat, og vidare har vi gjennomført konferansar i fylket.

På oppmoding frå kommunane har vi starta opp eit regionalt nettverk for aldersvenlege samfunn. Det regionale støtteapparatet, i samarbeid med aldersvenleg Norge, arrangerte ein bustadkonferanse i fylket.

Innsatsen vår har mellom anna ført til alle kommunane har politiske vedtak om å arbeide med Leve heile livet.

### 3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Vi har i 2022 etter vårt syn levert ut frå oppdraget, og vi har jobba systematisk for at tilsyna våre skal vere samordna, målretta og bidra til læring og forbetring.  Vi har brukt tid på kompetanseheving i embetet for å gjere tilsyna på ein måte som bidreg til læring og forbetring.

Vi meiner at vårt systematiske arbeid over fleire år gjer at utviklinga går i rett retning i fylket. Det er likevel avgrensa kva direkte påverknad Statsforvaltaren kan ha for tenestene vi fører tilsyn med, og vi ser at påverknaden varierer mellom fagområda, i konkurranse med andre faktorar som kompetanse og arbeidspress. Vi gjer det vi kan ut frå vår rolle, og arbeider for å nytte ressursane slik at tilsynsarbeidet vårt er effektivt og har høg kvalitet.

**Den samlete tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor. (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Den samlete tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor.

Vi nyttar tilsynskalenderen for å gje kommunane informasjon og oversikt over planlagde tilsyn. Ut frå tilbakemeldingar meiner vi effekten av

tilsynskalenderen har vore god, og kommunane gjev uttrykk for at dei får betre oversyn enn tidlegare.

Vi har etablert rutinar for korleis tilsyn skal leggjast inn i kalenderen, sett fristar for når tilsyn skal leggjast inn og når kommunane kan gje tilbakemelding.

Arbeidstilsynet skal kunne legge inn sine tilsyn i eige fagsystem, og gjennom TILDA skal tilsyna importerast til tilsynskalenderen. Det er likevel problem at dei aktuelle tilsyna ikkje kjem inn i kalenderen. STAF og Arbeidstilsynet arbeider med dette, men i skrivande stund er det ikkje i orden.

I 2022 har vi hatt eitt møte med andre aktuelle statlege tilsynsetatar og sekretariata for kontrollutvala, der vi har informert om og diskutert samordning av tilsyn, i tillegg til at vi har utveksla erfaringar om tilsyn. Vi har ikkje sett det som nødvendig å diskutere situasjonen i enkeltkommunar særskilt med andre tilsynsetatar, men Arkivverket orienterer oss jamleg om deira vurdering av oppfølginga frå enkeltkommunar etter deira tilsyn.

Vi har delteke i dei jamlege møta i samordnarnettverka saman med dei andre embeta. Vi gir forbetringsinnspel til tilsynskalenderen der vi ser det er naudsynt.

Vi har jamlege møte i tverrfagleg tilsynsgruppe i embetet, som mellom anna diskuterer samordning av tilsyn.

For oss ser det ut som at tilsynsbelastninga på kommunane er akseptabel, og særs sjeldan så stor at det utgjer eit problem for planlegging av tilsyna. Vi finn praktiske løysingar i dei sjeldne tilfella der ein kommune tek kontakt om tidspunkt for tilsyn.

**Tilsyn mot kommunen innrettes slik at statsforvalterens ressurser benyttes effektivt (fra kapittel 3.2.1.3.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at statsforvalterens ressurser benyttes effektivt.

Tilsynskalenderen gir høve til å leggje inn forvaltningsrevisjonar i kommunane, og vil gi god oversikt over forvaltningsrevisjonane om dette vert gjort. Vi har oppmoda kontrollutvalssekretariata om å leggje inn forvaltningsrevisjonane, og vi opplever at dei er positive til kalenderen og ønskjer å bruke denne.

Vi veit også at det pågår arbeid med at forvaltningsrevisjonsregistret, drifta av NKRF, skal kommunisere med tilsynskalenderen, noko som også kan bidra til at informasjon om gjennomførte forvaltningsrevisjonar vert tilgjengeleg.

Vi har også i 2022 brukt vår interne tilsynsgruppe til å auke merksemda på korleis vi betre kan fange opp planlagde forvaltningsrevisjonar og ta omsyn til desse.

Kontrollutvallsekretariata i fylket deltek på møte saman med oss og andre relevante statlege tilsynsetatar. Dette har vi fått god respons på frå sekretariata. Her får sekretariata høve til å presentere komande forvaltningsrevisjonar og planar for tilsynsetatane.

I 2022 har vi avlyst eller utsett eit par tilsyn som følgje av forvaltningsrevisjon i kommunen på same område. Generelt er det nok likevel sjeldan at det oppstår reelle kollisjonar eller ei slik overlapping av tema som fører til at vi meiner det er rett å nedprioritere vårt tilsyn.

Dersom det av ulike grunnar er behov for å endre tidspunkt for tilsyn, anten frå Statsforvaltaren eller frå kommunen si side, vert dette løyst ved direkte dialog mellom kommunen og dei som skal gjennomføre tilsynet, for effektivt å finne den mest tenlege løysinga.

**Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen. (fra kapittel 3.2.1.3.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen.

At tilsyna våre skal bidra til læring og forbetring, er vårt klare mål, og dette er eit tilbakevendande tema på samlingar. Vi har ei tilsynsgruppe med representantar på tvers av avdelingane som mellom jobbar for å vidareutvikle tilsynet gjennom kompetansetiltak slik at det er verknadsfullt og bidreg til varig endring og forbetring i kommunane og andre verksemder. Assisterande statsforvaltar leiar gruppa.

Mange av sakshandsamarane som driv med tilsyn har, uavhengig av fagområde, i 2022 gjennomført eit kursopplegg i embetet med Einar Hovlid frå Helsetilsynet, som har forska på verknaden av tilsyn. Opplegget har fått særs gode tilbakemeldingar, og vi legg opp til at fleire skal få same tilbod i 2023. Eit viktig tema i kurset er kva faktorar som gjer at eit tilsyn skal føre til læring og forbetring. Vi ser ein stor verdi av å gjennomføre eit slikt kurs på tvers av fagområde og er takksame for at Helsetilsynet legg til rette så godt for oss.

Embetet legg vekt på god og konstruktiv dialog med kommunar og verksemder ved førebuing, gjennomføring og etterarbeid i tilsynet. Ved planlagde tilsyn brukar vi risikovurderingar for å velje tilsynsobjekt, innanfor rammene for det aktuelle tilsynet. Ved hendingsbaserte tilsyn brukar vi heile verktøykassa for å tilpasse tilsynet til alvoret av saka. I dei mest alvorlege sakene reiser vi på kort varsel ut til verksemda og gjennomfører intervju. I dei minst alvorlege sakene hentar vi som regel inn dokumenta og vurderer saka på bakgrunn av desse.

Vi har i aukande grad teke i bruk eigenvurdering i hendingsbaserte tilsynssaker. Ikkje noko er betre enn at verksemda der ei hending har skjedd, sjølv går gjennom om det har skjedd noko som ikkje er i tråd med lovkrava, og gjer tiltak dersom det trengst. Vi opplever at det varierer i kor stor grad verksemda sjølv nyttar dette høvet til sjølv å ta tak. Nokre gonger gjer verksemda eit framifrå arbeid, og vi kan avslutte saka. Der verksemda ikkje har gjort ei god nok eigenvurdering, har våre tilsyn som kjem etterpå, endå meir legitimitet.

Vår erfaring er at det er særskilt viktig å ansvarleggjere leiinga i verksemda vi har ført tilsyn med, for å følgje opp funn frå tilsyn.

Vi får stort sett gode tilbakemeldingar etter tilsyn. Dersom verksemdene kjem med tilbakemelding om at dei ikkje er nøgde med tilsynet, vurderer vi tilbakemeldinga og brukar henne til intern læring.

### 3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Etter vårt syn går utviklinga i riktig retning, men for seint. Vi oppfattar at kommunane i Vestland er opptatt av klima. Kommunane har i varierande grad kome i gang; nokon er i startfasen, medan andre er langt framme og har utarbeidd gode klima- og energiplanar. Planane gir på kort sikt effekt i form av at kommunane får eit verktøy til å arbeide systematisk med klima, både for kommunen som organisasjon og for kommunesamfunnet. Planar med gode tiltak og medverknad, der ansvar er fordelt på ulike fagområde, kan bidra til auka bevisstgjering. Ein ønskt effekt er at både tilsette i kommunen, næringsliv og innbyggjarar kjenner eit ansvar for å bidra til å nå mål og strategiar i planen. På lengre sikt kan dette igjen føre til utsleppsreduksjon, og betre klimatilpassing. I fråsegner er vi tydelege på at naturbaserte løysingar må vurderast, og økosystem med betydning for klimatilpassing og karbonrike areal må kartleggast og varetakast. Lokalsamfunn må klare å tilpasse seg klimaendringane utan at det forringar naturverdiar.

I arbeidet med klima i fylket vil vi trekke fram Vestland fylkeskommune sin klimaplan frå 2022, med ambisiøst mål om netto nullutslepp innan 2030. Måla og strategiane i planen krev klimainnsats på tvers av sektorar. Planen har allereie no effekt som styringsverktøy for kommunane i deira klimaarbeid.

Det er breidde i temaa for prosjekta som har fått innvilga tilskot frå klimasatsordninga i 2022. Det viser at det er ønske om ta klimaomsyn i fleire sektorar i kommunane. Temaa strekk seg frå klimanettverk, klimavenlege bygg og anlegg, utsleppsfrie maskiner og borerigg, energi og innkjøp, til kartlegging av karbonrike areal. Det er nokre kommunar som går att, og vi må mobilisere for å få med fleire kommunar.

Kommunane er ivrige etter å få kunnskapspåfyll, nettverk og verktøy til å arbeide med klima. Vi samarbeidde med Miljødirektoratet, KS, Cicero, DFØ og fylkeskommunen om to regionale klimasamlingar for kommunane. Nesten alle kommunar var påmelde med deltakarar, og det var også med fleire frå politisk leiing. I evalueringa melde over 80 prosent at samlinga var nyttig.

Mykje av klimainnsatsen til kommunane er styrt etter føringar i SPR, men vi registrerer at vi bidrar med vårt arbeid med medverknad, fråsegner til planar, rettleiing og kunnskapsdeling.

**Klimaplanlegging og tiltak i landbruket**
Også her går det rette vegen, men litt sakte når det gjeld praktiske tiltak på gardsbruka. Både vi, kommunane og næringsaktørane er i ein fase med informasjon og mobilisering. Det går fint, men til no er det relativt få bønder som har laga eigen klimaplan.
I skogbruket er den største utfordringa framleis å forynge skogen etter hogst. Plantetalet auka kraftig i 2022, så også her er vi på rett veg, men som elles er det eit stykke att før vi forynger like mykje areal som det vert hogd – og med tilsvarande kvalitetsskog.

**Kommunale klima- og energiplaner har ambisiøse mål (fra kapittel 3.2.1.4.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle kommuner gjennomfører tiltak som bidrar til å redusere klimagassutslipp

Vi formidlar forventningane i dei statlege planretningslinjene til kommunane gjennom fråsegn til planprogram og kommunale planar på høyring som gjeld klima, energi og klimatilpassing. Vi formidlar dette i hovudsak til arbeidet med kommuneplan (samfunnsdel og arealdel), kommunedelplan og temaplanar, men også aktuelle reguleringsplanar der arealbruk, karbonrike areal og klimatilpassing er tema.

Kommunane følgjer vanlegvis mål og tiltak opp med handlingsprogram der dei fordeler ansvar for gjennomføring av tiltaka. Stadig fleire følgjer også opp med årleg klimabudsjett eller konkrete tiltak i økonomiplanen. Vi registrerer at kommunane har lite reduksjon i klimagassutslepp, men at arbeidet har ein viss effekt, slik at klimagassreduksjon vert vurdert.

**Kommunene har integrert klimatilpasning i planer (fra kapittel 3.2.1.4.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunene har integrert klimatilpasning i sine planer i tråd med Statlig planretningslinje (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning.

Vi har formidla forventningane i SPR til kommunane gjennom fråsegn til planprogram og kommunale planar på høyring som gjeld klima, energi og klimatilpassing. Vi formidlar dette i hovudsak til arbeidet med kommuneplanar (samfunnsdel og arealdel), kommunedelplanar og temaplanar, men også til aktuelle reguleringsplanar der arealbruk, karbonrike areal og klimatilpassing er tema.

Episodar i Vestland knytt til flaum, skred og styrtnedbør set effektivt søkjelys på arbeidet med klimatilpassing.

Kommunane innarbeider føringane frå SPR i planarbeidet på ulike måtar. Fleire kommunar tek omsyn til klima i samfunnsdelen av kommuneplanen, framfor å lage ei eigen klimaplan. I dei overordna planane erfarer vi at kommunar nyttar klimaprofil for fylket, med høge klimaframskrivingar. Det varierer i kva grad kommunane skil på korleis endringane kan påverke arealdelen av kommuneplanen, kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon. Kommunane innarbeider tiltak for klimatilpassing. Vi ser at fleire kommunar tek opp behovet for å ivareta natur i klimatilpassingsarbeidet, og har tiltak for å kartlegge økosystem med funksjon for klimatilpassing, og vurdering av naturbaserte løysingar.

#### 3.1.2.5 Andre oppdrag

**Oppfølging av læringspunkt frå covid-19**
Embetet har gjennomført fleire evalueringar i samband med pandemien. Vi skreiv eit notat der vi identifiserte nokre hovudlæringspunkt frå evalueringane, og som vi ønskjer å ha særleg merksemd på vidare. Læringspunkta var m.a. endå betre samhandling/samvirke og krisekommunikasjon. Dette er allereie tatt vidare i planar og rutinar, og lagt til grunn for handteringa av seinare hendingar, t.d. ved flaumen i Voss i november og ved gjennomføringa av Forsvarets støtte til politiet til sikring av kritiske objekt i petroleumsnæringa.

**Støtte i arbeidet med drivstoffprioritering**
Vi hjelpte Nærings- og fiskeridepartementet i arbeidet med å identifisere kritiske brukarar i fylket, og kartlegge kvar dei er lokaliserte, jf. førespurnad våren 2022.

**Planverk for anløpshamner**
I samarbeid med aktuelle aktørar har vi revidert plan for anløp av reaktordrive fartøy til Haakonsvern orlogsstasjon.

**Arbeid med samfunns- og statstryggleik**
Vi har eit tett samarbeid med Heimevernet og politiet, for å sikre eit mest mogleg felles situasjonsbilde og samordna tilnærming til risiko og sårbarheit i fylket. Det har i løpet av året vore fleire møte (graderte og ugraderte) med dei og andre sentrale aktørar, for å diskutere felles problemstillingar og sikre samordning av planverk.

For å sikre at kommunane er oppdaterte om den tryggleikspolitiske situasjonen og si rolle i totalforsvaret, var dette tema på kommunesamlinga og har også vore tema det på dei jamlege kommunemøta. Dette har bidratt til å setje nye beredskapstema på sakskartet i kommunane, og til å auke medvit og kunnskapsnivå om samansette truslar.

### 3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne

#### 3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling

**Landbruk**
Rettleiinga vår er primært retta mot kommunane sitt arbeid med landbrukssaker, men delvis også direkte til landbruksnæringa på nokre prioriterte område, som bruken av miljøverkemidla i jordbruket og i arbeidet med foryngingetter hogst. På begge desse saksfelta synest vi at utviklinga går betre, og vi ser at kunnskapen og interessa aukar. Dette viste godt att i auka planting etter hogst.

Rettleiing og kontroll er eit kontinuerleg arbeid, og vi høyrer og ser at kommunane har mindre tid og ressursar til denne typen informasjon og førebyggjande arbeid. Dei er pressa på kapasitet i det daglege arbeidet. Det er derfor også behov for å kontinuerleg vurdere om saksbehandling, rapporteringskrav og arbeidsdeling mellom kommune- og fylkesnivå på enkelte område kan gjerast betre.

**Miljø**
I desember arrangerte vi ein større webinarserie på forureiningsområdet, med fagtema avfall, avløp, grunnforureining, vassforvalting, plastforureining og støy. Målgruppa for webinara var administrasjonen og politikarar i kommunane. Totalt hadde vi 180 deltakarar, og vi fekk gode tilbakemeldingar på programmet og innlegga. Det er tydeleg at kommunane treng eit organ som Statsforvaltaren, som kan gi den nødvendige rettleiinga, og gjere kommunane i betre stand til å gjere god og rett saksbehandling. Seminara er viktige for å hjelpe kommunane å følgje opp ansvaret dei har som forureiningsmyndigheit.

Forureiningstilsyn er ei høgt prioritert oppgåve i avdelinga, og er eit kontinuerleg arbeid. Når vi gjennomfører tilsyn hjå verksemdene, gir vi dei den nødvendige rettleiinga innan det aktuelle fagområdet.

**Samlinger (fra kapittel 3.3.1.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Minimum 2 tilsyn per år.

Vi har gjennomført eitt tilsyn i 2022. Temaet var differensiering av introduksjonsprogrammet og opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter integreringslova § 13 og 31. Bergen kommune var tilsynsobjekt. Vi viser til endringa i det andre supplerande tildelingsbrevet, der det kjem fram at Arbeids- og inkluderingsdepartementet endra kravet til talet på tilsyn frå to til eitt.

Vi har gjennomført to rettleiingssamlingar for alle kommunane i Vestland om kapittel 6A i integreringslova. På den første samlinga orienterte vi om det nye tilsynsopplegget og erfaringane frå gjennomførte pilottilsyn. På den andre samlinga var temaet kapittel 6A i integreringslova. Vi har i tillegg hatt ein eigen rettleiingsdag med Bergen kommune.

**Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Vi har handsama 714 byggesaksklager i 2022. 414 av desse vart handsama innan 12 veker, altså 58 prosent av sakene.

Resultatet er ikkje på høgde med tidlegare årsresultat for klagesakshandsaming. Hovudgrunnen er store problem i etterkant av at STAF la om det digitale saks- og arkivsystemet. Vi har også hatt ein gradvis større saksinngang, kombinert med særs høgt sjukefråvær og sjukdom hjå barna til tilsette gjennom heile året. Ein stor del av sjukefråværet var på grunn av virussjukdomar, inkludert covid-19.

Vi er derfor særs nøgde med at vi har ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 90 dagar, som følgje av tett fagleg styring og oppfølging og omfordeling av saker.

**Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven**

| Resultatmål | Differanse | Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker | Totalt antall behandlede saker | Antall behandlede saker innen 12 uker |
|---|---|---|---|---|
| 100 % | - 42 % | 58 % | 714 | 414 |

**Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Resultatet her er markert dårlegare enn i 2021, då hadde vi 67 prosent oppnådd del av totalt handsama saker, mot 25 prosent i 2022. Vi har gode rutinar for mottak av saker og saksfordeling. I 2022 har vi likevel hatt ein gradvis større saksinngang, kombinert med særs høgt sjukefråvær gjennom heile året. Innføring av saks- og arkivsystemet Elements og feil i dette systemet har òg medført lengre sakshandsamingstid. Dette har fått konsekvensar for saker der det er gitt utsett iverksetjing.

**Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42**

| Resultatmål | Differanse | Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker | Totalt antall behandlede saker | Antall behandlede saker innen 6 uker |
|---|---|---|---|---|
| 100 % | - 75 % | 25 % | 12 | 3 |

**Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har handsama 13 oreigningssaker i 2022. Ti av desse er handsama innan 12-vekersfristen, altså 77 prosent. Sidan det totalt sett er få saker, utgjer dei tre sakene over fristen ein relativt stor prosentdel av sakene.

**Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område**

| Resultatmål | Differanse | Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker | Totalt antall behandlede saker | Antall behandlede saker innen 12 uker |
|---|---|---|---|---|
| 100 % | - 23 % | 77 % | 13 | 10 |

**Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.3.2 i TB)**

**Rapportere på**

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har handsama fire oreigningssaker som andreinstans i 2022. Vi har dessverre ikkje klart å halde 12-vekersfristen for desse sakene. Sidan det totalt sett er få saker, er det vanskeleg å rette opp i dette.

**Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område**

| Resultatmål | Differanse | Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker | Totalt antall behandlede saker | Antall behandlede saker innen 12 uker |
|---|---|---|---|---|
| 100 % | - 100 % | 0 % | 4 | 0 |

**Forurensningstilsyn: Brudd på miljøregelverket er forebygget og avdekket (fra kapittel 3.3.1.1.4.1 i TB)**

**Rapportere på**

Brudd på miljøregelverket er forebygget og avdekket

Det er ei utfordring at vi ikkje har eit felles system for risikobasert utval av tilsynsobjekt, ut over frekvens. Det som er mogleg å registrere i Forurensning, gir eit for grovt risikobilde, som ikkje er tilpassa våre bransjar og verksemder. Det er difor ein viss fare for at vi ikkje ser det store bildet. Det er lettare å prioritere ut frå den nasjonale tilsynsplanen og -frekvensen, heller enn reell miljørisiko i den enkelte verksemda. Eigne IED-krav om tilsynsfrekvens kan gå ut over tilsyn med verksemder som treng det meir og utgjer ein større miljørisiko.

Tilsynsaktiviteten er “mindre fullfinansiert” over gebyra enn arbeidet med løyvebehandling. Dette gjer at vi har færre ressursar enn vi meiner at vi treng for å få opp tilsynsaktiviteten til det nivået vi ønskjer å ligge på. Det gjer også at vi har nedprioritert større systemrevisjonar dei siste åra, for å rekke over fleire verksemder.

Vi har i 2022 hatt nye tilsyn med deponia som hadde tilsyn i 2021. Fleire av anlegga har sett at det er nødvendig å auke både bemanninga og kompetansen for å kunne sikre god drift av deponiet. Nokre deponi har no fått på plass ein god mottakskontroll. Vidare er det også etablert nedbørsstasjonar og kontinuerleg logging av sigevassavrenning, som gjer at det vil vere mogleg å styre reinseprosessen av sigevatnet. Desse tiltaka gjer at deponieigarane kan starte på sjølve optimaliseringsprosessen av sigevassreinsinga. Desse endringane ser vi på som ein direkte konsekvens av dei oppfølgjande tilsyna vi har gjort.

På avløpssida ser vi ein god effekt av tilsyn med kapittel 14-anlegga over tid, der Askøy er i gang med bygging av nytt hovedreinseanlegg. I 2022 har vi arbeidd meir med tilsyn og rettleiing av kommunane som forureiningsmyndigheit (kap. 12-anlegg). Vi håpar å sjå ei redusert miljøbelastning frå dei mindre avløpsanlegga dei komande åra.

Vi har ikkje rekna på statistikk for alvorlege avvik, men har eit inntrykk av at det er færre alvorlege avvik over tid. Innhaldet i eit "standardtilsyn" vil ikkje vere statisk over tid. Det er stadig nye prioriterte tema og nytt regelverk, som gjer at det er vanskeleg å måle endringar. Eit døme kan likevel vere at arbeidet med internkontroll har betra seg over tid. Vi finn sjeldan verksemder heilt utan internkontroll, og manglane er mindre enn tidlegare. Dersom vi hadde hatt eit godt felles verktøy for å risikovurdere og prioritere tilsynsobjekta, ville vi også kunne sjå endring over tid på ein meir objektiv måte.

Vi melde Kinn kommune for ulovleg utfylling etter at kommunen hadde meldt seg sjøl for det same. Dei vedtok bota på 500 000 kroner frå politiet. Vi ba og politiet vurdere om det var grunnlag for personleg straffeansvar. noko dei meinte. Rettsak om dette kjem opp på nyåret i 2023. Vi har varsla tvangsmulkt i ein del tilfelle, til dømes på deponi og avløpsanlegg.

Dei meir omfattande avvika på deponi og avløpsanlegg vart følgde opp med møte med styret eller kommuneleiinga for å få ei felles forståing av korleis avvika kan rettast.

### 3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

Det generelle inntrykket frå forvaltningskontrollar, rådgjeving og innsyn i enkeltsaker, er at kommunane stort sett har korrekt tilskotsforvaltning på landbruksområdet. Vi har ikkje funne store feilutbetalingar.

Det er likevel tydeleg at mange kommunar formelt sett ikkje har eit godt nok internt kontrollsystem for denne forvaltninga. Dette arbeider vi saman med kommunane for å få på plass, gjennom informasjon og erfaringsutveksling. Arbeidet går i rett retning.

I 2022 bad vi om å få tilsendt alle vedtak frå fire kommunar om omdisponering og deling etter paragraf 9 og 12 i jordlova. Praksisen mellom kommunane er noko varierande, slik vi kan vente, men vi fann ikkje saker som vi meiner er ugyldige eller som vi ville overprøve på eige initiativ. Praksisen var betre enn frykta.

**Effektiv internkontroll knyttet til tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Effektiv internkontroll med tilskuddsforvaltningen på landbruks- og reindriftsområdet

Vi har eit generelt opplegg for styring og internkontroll av oppgåvene i landbruksavdelinga. Dette skildrar mellom anna dei overordna krava, intern styring og fullmakter, risikovurderingar, kontrollplan, rutinar og oppfølging av eventuelle feil og manglar. Vi har skriftlege rutinar for dei fleste forvaltningsordningane, både der vi er førsteinstans og i saker der vi fordeler midlar til kommunane. Dette vert oppdatert kvart år, som ein del av planlegginga i første kvartal.

Dei fleste ordningane vi forvaltar fungerer greitt, utan spesielle utfordringar. Vi har mest merksemd på ordningar med mange saker og mykje pengar, til dømes avlingsskade. Her har vi sett saman ei gruppe med erfarne folk for å ha nok kapasitet og kunnskap.

Pelsdyrkompensasjonen er til dels krevjande, både på grunn av stadige endringar i regelverket, at ordninga skjer i fleire steg, og at det har teke lang tid med sjølve hovudkompensasjonen for å slutte med pelsdyr. Vi har per i dag 21 saker som skal vurderast, og det er vanskeleg å rapportere på kor mange av desse som er ferdige, fordi dei er i ulike stadier i denne prosessen.

#### Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon

| Betegnelse på rapporteringskrav | Svar |
|---|---|
| Er kontroll av foretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldirs rundskriv? | Ja |
| Antall foretak der det er innhentet opplysninger utover det som er tilgjengelig i egne systemer | 2 |
| Antall foretak som er fulgt opp etter kontroller i tidligere år | 0 |
| Antall foretak hvor det er gjennomført stedlig kontroll | 0 |
| Antall foretak som er kontrollert pga. mistanke om driftsfelleskap | 0 |
| Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning på grunn av overproduksjon | 2 |
| Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning pga. driftsfellesskap | 0 |
| Antall foretak som er kontrollert, og hvor vedtak om standardisert erstatning er under arbeid | 1 |
| Beløp standardisert erstatning sendt til Ldir for innkreving | 15000 |

*Vi har ganske få gardsbruk som ligg over eller nær opp til konsesjonsgrensa for husdyr. Ei av desse to sakene vi har følgt opp vart ikkje ferdig før nyttår, så varselet om vedtak og om innkrevinga av om lag 20 000 kroner er ikkje endeleg.*

#### Kontroll av foretak - tidligpensjonsordningen

| Betegnelse på rapporteringskrav | Svar |
|---|---|
| Kontrollert som følge av mistanke om avvik | 8 |
| Saker funnet i orden | 16 |
| Saker med feil | 0 |
| Beskrivelse av feilene | Vi har kontrollert alle 24 sakene frå 2019 og 2020, og ber om meir dokumentasjon i 8 av sakene. Ikkje funne feil enno. |

*Vi fekk ikkje liste frå Landbruksdirektoratet over føretak som skulle kontrollerast i 2022. Siste sjekklista vi fekk var i desember 2021, med liste over føretak for åra 2019 og 2020. Vi kontrollerer alle føretaka, men er ikkje ferdige enno.*

#### Internkontroll for tilskuddsforvaltningen

| Ordning | Etablert internkontroll | Risikobasert kontroll | Merknad |
|---|---|---|---|
| Tilskudd til tidligpensjon | Ja | Ja | Kontrollerer alle sakene vi får på sjekklilste frå Ldir. |
| Tilskudd til landbruksvikarvirksomhet | Ja | Ja | Har skriftleg rutine. |
| Tilskudd til veterinærreiser | Ja | Ja | Sjekkar alle, særleg med omsyn til båt og ferje. |
| Stimuleringstilskudd til veterinærdekning | Ja | Ja | Har skriftleg rutine. |
| Tilskudd til regionale prosjekter innen klima og miljøprogrammet | Ja | Ja | Har skriftleg rutine. |
| Erstatning etter offentlige pålegg | Delvis | Nei | Dette oppstår svært sjeldan (enkeltsaker). |
| Tilskudd ved produksjonssvikt | Ja | Ja | Har skriftleg rutine. |
| Kompensasjon ved avvikling av hold av pelsdyr mv | Delvis | Nei | Få og spesielle saker. Synfaring og sjekk på alle. |
| Fylkesvise rentemidler fra skogfond | Delvis | Nei | Har skriftleg rutine som del av skogfondsrekneskapen. |
| NMSK, kommuneskog | Ikke aktuell | Nei | Vi har ikkje kommuneskogar som vi forvaltar. |
| Tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer | Delvis | Nei | Få og spesielle saker, sjekkar alle. |
| Tilskudd til siidaandeler og tamreinlag | Ikke aktuell | Nei | |
| Tilskudd til reinbeitedistrikter og tamreinlag | Ikke aktuell | Nei | |
| Andre ordninger | | | |

#### Internkontroll som ivaretar kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)

**Rapportere på**

Effektiv internkontroll som ivaretar kontroll med at kommunenes tilskuddsforvaltning på landbruksområdet utføres på en forsvarlig måte og i henhold til etablert internkontroll. Forvaltningskontroll skal gjennomføres i minst 20 % av kommunene.

Vi laga ein kontrollplan og har gjennomført kontroll på godt over 20 prosent av kommunane.

**Internkontroll i landbruksforvaltninga i kommunane**
Vi kartla arbeidet med internkontroll hos kommunane hausten 2021, og skal gjere det same i 2023 for å sjå utviklinga. Over 60 prosent kjenner til omgrepet internkontroll, men berre ein tredjedel har skriftlege rutinar for saksbehandlinga på sitt område, ut over det som står i rundskriva.

Internkontroll og rutineskildringar er derfor eit viktig tema på forvaltningskontrollane, særleg for produksjonstilskot. Vi har også hatt webinar for kommunane om internkontroll dei siste åra, med føredragshaldarar frå riksrevisjonen og kommunar i andre fylke for å dele erfaringar.

Hovudinntrykket frå kontrollane er at mange kommunar ikkje har rutinar som stettar krava til internkontroll i forvaltninga av produksjons- og avløysartilskot i jordbruket, men at det er aukande merksemd på dette. Landbruksforvaltninga er ofte heller ikkje integrert i kommunen sitt internkontrollsystem, og fell derfor litt utanfor.

Kommunane ønskjer malar og klarare retningsliner for kva internkontroll i landbruksforvaltninga skal innehalde. Vårt svar på dette har vore å leggje til rette for erfaringsutveksling mellom kommunar.

Mange har også ei oppfatning av at når dei nyttar fagsystem (eStil), og følgjer dei rutinane som er skildra i rundskriv, rettleiarar og forskrifter, så vil det sikre at sakshandsaminga er i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, og at dette dermed også er eit godt nok system. Dette er for så vidt rett, men det er for personavhengig og sårbart.

Kontrollane tyder på at forvaltninga av dei store støtteordningane likevel går bra. Vi har nemleg ikkje funne feil som har medført store feilutbetalingar.

Vi har kontrollert skogforvaltninga i kommunane i Sogn. Dei har ulike interkommunale samarbeid, samstundes som dei er med i Skog i Sogn. Slikt samarbeid er etter vår erfaring ei god løysing for kommunar som ikkje har grunnlag for ei heil stilling innan skogbruk. Det gir også eit fagleg fellesskap og

større fleksibilitet ved fråvær og vakanse. Vi legg merke til at også i skogforvaltninga må vi arbeide meir for at kommunane skal ha fleire skriftlege rutinar og meir intern kontroll på arbeidet.

**Kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning**

| Kommune | Omfang | Resultat | Oppfølging kontrollene |
|---|---|---|---|
| Gulen | Produksjonstilskot og avløysartilskot | God oversikt og kjennskap til næringa, men ikkje godt nok system for internkontroll i forvaltninga. Har også forbetringspunkt innan habilitet, risikobasert kontrollplan, avkorting, og vurdering av vanleg jordbruksproduksjon. | Gjennomgåande manglar vert tema på kurs i 2023. Vi følgjer med på praksisen ved neste søknadsomgang. |
| Solund | Produksjonstilskot og avløysartilskot | Liten og oversiktleg kommune med få søkjarar. Dei må likevel ha eit system for internkontroll i forvaltninga. Har også konkrete forbetringspunkt innan habilitet, risikobasert kontroll, praktisering av avkorting, og vurdering av vanleg jordbruksproduksjon. | Gjennomgåande manglar vert tema på kurs i 2023. Vi følgjer med på praksisen ved neste søknadsomgang. |
| Ullensvang | Produksjonstilskot og avløysartilskot | Relativt stor jordbrukskommune med over 360 søkjarar. Dei har system for internkontroll, og rutinar. Likevel nokre forbetringspunkt innan risikobasert kontroll, praktisering av avkorting og vurdering av vanleg jordbruksproduksjon. | Gjennomgåande manglar vert tema på kurs i 2023. Vi følgjer med på praksisen ved neste søknadsomgang. |
| Øygarden | Produksjonstilskot og avløysartilskot | Kommune med kring 100 søkjarar. Dei hadde ikkje system for internkontroll i denne forvaltninga. Forbetringsområde innan risikobasert kontrollplan, praktisering av avkorting, og vanleg jordbruksproduksjon. Kommunen har ikkje hatt kapasitet og rutinar til å handsame søknadene innan vanlege fristar. | Gjennomgåande manglar vert tema på kurs i 2023. Vi følgjer med på praksisen ved neste søknadsomgang. Kommunen har no betre kapasitet. |
| Luster (+ Lærdal, Årdal og Aurland) | Skogbruksmidlane kommunen forvaltar | Luster er ein middels stor skogkommune i Vestland. Dei har god oversikt og kompetanse, og lang erfaring, men dei manglar skriftlege rutinar i forvaltninga, og har heller ikkje skriftleg kontrollplan på skogområdet. Dei har også ansvar for skogsaker i ÅLA-kommunane, Årdal, Lærdal og Aurland, og deltek også i det interkommunale samarbeidet Skog i Sogn. Dette har betre skogforvaltninga i heile området. | Gjennomgåande manglar vert tema på kurs i 2023. Oppfølging av manglar vert etterspurt i 2023. |
| Sogndal | Skogbruksmidlane kommunen forvaltar | Relativt stor skogkommune i Vestland. Dei har god oversikt og kompetanse, og lang erfaring, men dei manglar skriftlege rutinar i forvaltninga, og har heller ikkje skriftleg kontrollplan på skogområdet. Dei er med i det interkommunale samarbeidet Skog i Sogn, noko som har betre skogforvaltninga i heile området. | Gjennomgåande manglar vert tema på kurs i 2023. Oppfølging av manglar vert etterspurt i 2023. |
| Vik og Høyanger | Skogbruksmidlane kommunen forvaltar | Begge desse kommunane er relativt små skogbrukskommunar. Dei har ei interkommunal skogforvaltning og er med i Skog i Sogn. Dette fungerer etter vår vurdering godt både med tanke på kapasitet og kompetanse. Dei har likevel nokre manglar på skriftlege rutinar for forvaltnings- og kontrollarbeidet. Dette gjer dei sårbare ved personskifte. | Gjennomgåande manglar vert tema på kurs i 2023. Oppfølging av manglar vert etterspurt i 2023. |

**Forvaltningskontroller av kommunene, 20%**

| Resultatmål | Differanse (resultatmål - resultat) | Resultat | Antall gjennomførte forvaltningskontroller | Antall kommuner i fylket |
|---|---|---|---|---|
| 20 % | 6 | 26 % | 11 | 43 |

**Internkontroll; informasjonssikkerheten i fagsystemene (fra kapittel 3.3.1.2.1.3 i TB)**

**Rapportere på**

Effektiv internkontroll som sikrer at kun brukere med tjenstlige behov hos kommunene og statsforvalteren har nødvendige tilganger til fagsystemene som Landbruksdirektoratet stiller til rådighet.

Kontroll med brukartilgang til fagsystema er eit kontinuerleg arbeid gjennom året. Vi har derfor gjennom heile året gjort mange endringar, oppretting og sletting av brukarar, og endringar av rolletilgangar. Vi kontaktar kommunen der vi er i tvil om tilgangane er korrekte, til dømes viss ein ny person startar utan at vi har fått melding om at nokon har slutta.

Vi hadde ein grundig kontroll i mai/juni der vi sende oversikt over personar og rolletilgangar til 18 av 31 landbrukskontor som grunnlag i ei risikovurdering.

Vi har skriftleg rutine for brukaradministrator. Alle endringar frå kommunane blir sendt skriftleg og loggført i arkivsystemet vårt, og utgjer 102 postar. Dette er eit Excel-dokument med oversikt over tilsette i kommunane med rolle og tilgang m.m. Vi hentar epostadressene frå denne lista når vi sender ut informasjon til kommunane og kan også slik fange opp personar som sluttar eller er i permisjon.

**Kontroll tilgangen til Ldirs fagsystemer**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Beskrivelse |
|---|---|
| Når er kontroll av brukertilganger gjennomført? | Kontinuerleg gjennom året + ein større kontroll i mai–juni av 18 av 31 landbrukskontor. |
| Hvordan er kontroll gjennomført? | Kontinuerleg når vi høyrer om personalendringar. Direkte skriftleg kontroll av 18 kontor, risikobasert. |
| Ble det funnet avvik ved kontrollen? | Vi oppdagar av og til at kommunen ikkje har meldt inn når folk har slutta. |
| Er årsak til avvik(ene) undersøkt og fulgt opp? | Vi følgjer opp med dei aktuelle kommunane. |

**Kontroll av "vanlig jordbruksproduksjon" (fra kapittel 3.3.1.2.1.4 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunene kontrollerer grunnvilkåret om «vanlig jordbruksproduksjon» i behandlingen av produksjons- og avløsertilskudd.

Det er som kjent eit krav for å få produksjonstilskot at drifta gir ein "vanleg produksjon", både i kvantitet og kvalitet. Dette er eit tema vi saman med kommunane arbeider med kvart år, hovudsakleg retta mot dei som har svært marginal produksjon, og i nokre få tilfelle også dei som bryt grunnleggjande krav til dyrevelferd.

Etter å ha behandla søknadene, har vi inntrykk av at kommunane arbeider betre med dette. Det er likevel utfordrande for enkelte produksjonar der aukande støtte er knytt opp til tal dyr eller areal, men utan tilsvarande tydelege kvalitetskrav. Det same gjeld for enkelte økologiske produksjonar. Vi må i fellesskap arbeide meir med å få klarare kriterium for krava til "vanleg produksjon".

Som døme på det siste vil vi nemne tilskot til sau, som i stor grad er lagt som støtte per dyr og i mindre grad som støtte til levert produkt. Dette kan stimulere til altfor ekstensiv drift, der ein legg meir vekt på tal dyr enn kvalitet og dyrevelferd.

**Vanlig jordbruksproduksjon**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Beskrivelse |
|---|---|
| Hvilke tiltak har statsforvalteren iverksatt for å sikre at grunnvilkåret kontrolleres og at rapporter for å risikovurdere grunnvilkåret brukes i kommunene? | Det er utarbeidd eigne notat til til hjelp i sakshandsaminga for produksjonane sau og geit og for frukt og bær. Vi har arrangert webinar for nye sakshandsamarar med tema "vanleg jordbruksproduksjon" og bruk av rapportane. Vi kartlegg kommunane sitt arbeid med vurdering av "vanleg produksjon" gjennom tal frå eStil-PT og rapportar, og brukar dette som grunnlag for å risikovurdere og plukke ut til kontroll. Vi sender også informasjon i e-postar til kommunane gjennom året. |
| Hvilken effekt har tiltakene overfor kommunene hatt? | Vi har inntrykk av at kunnskapen har auka og at fleire kommunar har vurdert avslag i tilskotet for føretak med for låg produksjon. Vi har ikkje fått sett på tala for 2022 endå, men vi håpar og trur at vi ser fleire gode vurderingar. Vi må også nemne at det var uheldig at rapporten "Vanleg produksjon frukt, bær og potet" ikkje verka før lang ut i desember. |

### 3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Vi har prioritert saker om tvang og makt, klager om nødvendig helsehjelp og lovpålagde oppgåver som kontrollinstans. Vi har òg prioritert barn og sårbare grupper. På tilsynsfeltet har vi prioritert saker med ein truleg pågåande risiko.

Vi meiner at denne prioriteringa er rett. Nedbygging av restansar vil på sikt sikre tilliten til Statsforvaltaren som tilsyns- og klageinstans. Dette vil òg auke tilliten til tenestene.

Tilliten heng først og fremst saman med at kommunale og statlege instansar faktisk leverer lov- eller forskriftsfesta tenester på ein forsvarleg måte (t.d. rett til fastlege). Ved reell ressursmangel, som den aktuelle instansen ikkje kan løyse fordi problemet er nasjonalt, har vi få verkemiddel til rådvelde. Her viser vi òg til det som er meldt inn andre stader i rapporten om stoda i tenestene.

**Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn (fra kapittel 3.3.1.3.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn med tilbud om tilsynssamtale og skal gjennomføre samtale med alle barn som ønsker det.

Alle barn som bur på barnevernsinstitusjon får tilbod om samtale med oss i samband med tilsynsbesøk. Vi legg til rette for å gjennomføre samtalar med barn på ettermiddag og kveld, og tek kontakt med barna i etterkant av tilsyna om dei ikkje kan snakke med oss under tilsynet. I 2021 laga vi eit nytt informasjonsskriv og la til rette for at barn kan ta kontakt med oss direkte på sms og mobiltelefon. Vi tilpassar korleis vi kontaktar barna ut ifrå informasjonen vi har i kvart enkelt tilfelle, men sender alltid ut brev til barna i forkant av tilsynet. Om barna ønskjer å snakke med oss utanom tilsynsbesøka, legg vi til rette for dette. Vi får ofte tilbakemeldingar frå barn om at dei er leie av å møte nye vaksne som vil vite korleis dei har det. Fleire har snakka med oss tidlegare, og seier dei tek kontakt med oss om dei ønskjer å snakke.

I tillegg til samtalar med barn på institusjon, har vi gjennomført samtalar med barn i hendingsbaserte tilsynssaker og klagesaker. Barn får òg tilbod om samtale med oss når dei tek kontakt via nettstaden vår, når dei klagar på tvang og om dei tek kontakt på anna måte. Vi har samtalar med barn både på institusjonane, digitalt, på telefon og ved oppmøte i våre lokale.

Vi erfarer at fleire barn og unge tek kontakt med oss utanom tilsyna, ofte på sms eller ved å ringe. Barna gjev tilbakemeldingar om at dei veit korleis dei skal få tak i oss, og at dei opplever at vi følgjer opp om dei tek kontakt. Når barn kontaktar oss, har vi som mål at vi skal følgje opp så snart som mogeleg og seinast neste arbeidsdag.

**Forbetringsområde**
Trass i at vi over fleire år har hatt samtalar med barn som satsingsområde, har vi ikkje lukkast med å få fleire samtalar med barn under tilsyn på institusjon i 2022. I 2021 hadde vi kontakt med Forandringsfabrikken for å få innspel til korleis vi kan leggje til rette for trygge samtalar, og i 2022 har vi hatt konferanse for alle institusjonsleiarar og -eigarar, med trygge institusjonsopphald for barn som tema. Vi hadde med oss både Forandringsfabrikken, Statens Helsetilsyn, Bufdir og Bufetat. Etablering av kontakt og samtalar med barn var nokre av tema for konferansen. Tilsette hos oss deltek òg på kurs i tilsynssamtalar med barn i regi av Statens Helsetilsyn.

Vi jobbar kontinuerleg for å få til gode rammer for samtalar med barn. Meiningane til barna er avgjerande for å vurdere tilboda dei får frå tenestene.

**Saksbehandlingstid for tilsynssaker HOD (fra kapittel 3.3.1.3.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Saksbehandling av tilsynssaker:

- behandlingsmåte 1 og 2: 80 % av sakene skal behandles innen 4 uker
- behandlingsmåte 3 og 4: 80 % av sakene skal behandles innen 3 måneder
- behandlingsmåte 5: 80 % av sakene skal behandles innen 6 måneder

Vi har endra behandlinga og registreringa av tilsynssaker i samsvar med lovendring og nye retningslinjer frå Helsetilsynet. I byrjinga av 2022 hadde vi stor saksmengd på tilsynsfeltet, mellom anna på grunn av pandemien, restanseprosjektet og mange klagesaker. Vi har i 2022 redusert restansane og gjort

ferdig mange gamle saker. Vi har òg prioritert saker om tvang og krav om naudsynt helsehjelp. Dette gjer at median saksbehandlingstid for behandlingsmåte 5, som er mest ressurskrevjande, framleis er høg. Talet på saker i kategorien behandlingsmåte 4, er førebels lågt. Med dei tiltaka som er sette i verk, ventar vi ei betring i 2023.

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 1**

| Behandlingsmåte | Resultatmål | Prosentpoeng | Resultat |
|---|---|---|---|
| Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 1: Minst 80 prosent innen 4 uker. | 80 % | - 2 % | 78 % |

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 2**

| Behandlingsmåte | Resultatmål | Prosentpoeng | Resultat |
|---|---|---|---|
| Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 2: Minst 80 prosent innen 4 uker. | 80 % | 7 % | 87 % |

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 3**

| Behandlingsmåte | Resultatmål | Prosentpoeng | Resultat |
|---|---|---|---|
| Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 3: Minst 80 prosent innen 3 måneder. | 80 % | 10 % | 90 % |

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 4**

| Behandlingsmåte | Resultatmål | Prosentpoeng | Resultat |
|---|---|---|---|
| Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 4: Minst 80 prosent innen 3 måneder. | 80 % | - 60 % | 20 % |

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 5**

| Behandlingsmåte | Resultatmål | Prosentpoeng | Resultat |
|---|---|---|---|
| Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 5: Minst 80 prosent innen 6 måneder. | 80 % | - 43 % | 37 % |

**Saksbehandlingstid for tilsynssaker ASD (fra kapittel 3.3.1.3.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre

Vi gjennomførte 14 tilsyn på sosialområdet.

**Saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre (Sosial)**

| Saksområde | Resultatmål | Prosentpoeng | Resultat |
|---|---|---|---|
| Sosial | 50 % | 42 % | 92 % |

**Avsluttede klagesaker (fra kapittel 3.3.1.3.2.3 i TB)**

**Rapportere på**

Avsluttede klagesaker: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

**Sosiale tenester**

Vi behandla 255 klagesaker på sosialområdet. Dette er 40 færre enn i 2021 og 89 færre enn i 2020. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 0,6 månad. Vi stadfesta 86 prosent, oppheva 11 prosent og omgjorde 3 prosent av dei vedtaka som var klaga på.

**Saksbehandlingstid - Avslutning av klagesaker: minst 90% innen 3 måneder**

| Saksområde | Resultatmål | Prosentpoeng | Realitetsbehandlet innen 3 md. |
|---|---|---|---|
| Sosial | 90 % | 10 % | 100 % |
| Helse/omsorg | 90 % | - 8 % | 82 % |

**Overprøvde vedtak om bruk av tvang og makt (fra kapittel 3.3.1.3.2.4 i TB)**

**Rapportere på**

Overprøvde vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

I 2022 behandla vi 330 vedtak om bruk av tvang og makt mot 156 personar. 69 prosent av vedtaka vart overprøvde innan tre månader etter at vi fekk saka frå kommunen. Første kontroll av innsende vedtak startar med det same vi får vedtaket, og ev. etterspør manglande opplysningar frå kommune eller spesialisthelseteneste. Vår overprøving tek til når saka er vi har fått dei opplysningane vi treng, som kan vere fleire veker eller månader etter at vi fekk saka frå kommunen. Vi ser at fleire faktorar medverkar til at saker tek over tre månader å overprøve. Mellom anna må vi i fleire saker innhente

nødvendige opplysningar for å kunne overprøve vedtaka, til dømes konkrete skildringar av tvangsbruk, utvida verjefullmakt og ytterlegare opplysningar til søknad om dispensasjon frå utdanningskrav. I tillegg tek det i nokre saker lang tid før vi får informasjon frå spesialisthelsetenesta. Vi legg vekt på å gjere synfaring der dette er nødvendig (37 stadlege tilsyn i 2022). I verksemdsplanen for 2022 har vi sett ein intern frist på at 90 prosent av sakene skal vere behandla innan tre månader etter at saka er klar til behandling. Denne fristen har vi halde, og vi tek sikte på like mange eller fleire synfaringar i 2023.

**Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt: minst 90% innen 3 måneder**

| Resultatmål | Prosentpoeng | Resultat |
|---|---|---|
| 90 % | - 21 % | 69 % |

**Behandlede søknader om dispensasjon fra utdanningskrav (fra kapittel 3.3.1.3.2.5 i TB)**

**Rapportere på**

Behandlede søknader om dispensasjon fra utdanningskrav: Minst 90  prosent innen 3 måneder.

Vi fekk 22 søknader om dispensasjon frå utdanningskrav i vedtaksperioden i 2022. Fire vart returnerte til kommunen. Tolv vart handsama innan tre månader etter at vi fekk saka frå kommunen.

**Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barneverninstitusjoner (fra kapittel 3.3.1.3.2.6 i TB)**

**Rapportere på**

Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: Minst 90 prosent innen 1 måned.

I 2022 har vi avgjort 26 klager som gjeld 29 vedtak om tvang etter rettigheitsforskrifta, og fire klager frå barn om andre forhold på institusjonen etter rettigheitsforskrifta, jamfør tilsynsforskrifta. Alle klager frå barn om tvang på institusjon er avgjort innan fristen på ein månad.

Barn har fått medhald i 30 prosent av klagene på tvang. Barn klagar mest på inndraging av elektroniske kommunikasjonsmiddel, jamfør rettigheitsforskrifta § 24. Barna har ikkje fått medhald i desse klagene.

Når det gjeld klager på tvang i akutte faresituasjonar, jamfør rettigheitsforskrifta § 14, har barn fått medhald i tre av fire klager i 2022.

I klagene til oss og i samtalar med barn om klagene, går det fram at barn ofte meiner institusjonen skildrar tvangsbruken uriktig, til dømes ved å utelate viktig informasjon. I vår behandling av klagene erfarer vi ofte at bruk av tvang mot barn ikkje er dokumentert godt nok, og at tilsette ikkje har fått god nok opplæring i førebygging, gjennomføring og dokumentasjon av tvang. Tilsvarande svikt i oppplæring av tilsette i bruk av tvang og krav til dokumentasjon, finn vi òg når vi gjennomfører tilsyn på institusjonane.

Vi har hatt søkjelys på førebygging og dokumentasjon av tvang over fleire år, og har dei to siste åra sett ein nedgang i talet på klager på tvang frå barn på institusjon.

I 2020 fekk vi 69 klager om tvang etter rettigheitsforskrifta, og klagar fekk medhald i om lag 20 prosent av klagene. I 2021 gjekk talet på klager ned, og vi avgjorde 15 klager om tvang. Barn fekk medhald i klager i om lag 40 prosent av sakene i 2021. I 2022  har vi avgjort klager på 26 vedtak om tvang etter rettigheitsforskrifta, og fire klager frå barn om andre forhold på institusjonen etter rettigheitsforskrifta, jamfør tilsynsforskrifta. Barn har fått medhald i 30 prosent av klagene i 2022.

**Saksbehandlingstid - klager på tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: minst 90% innen 1 måned**

| Resultatmål | Differanse | Avsluttet innen 1 måned |
|---|---|---|
| 90 % | 10 % | 100 % |

**Resultatmål SFVL (fra kapittel 3.3.1.3.3.6 i TB)**

**Rapportere på**

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 340 poeng

Det har ikkje vore mogeleg å gjennomføre så mange planlagde tilsyn i kommunehelsetenesta som ønskt. Dette har med vakanse i stillingar å gjere, men òg med naudsynte prioriteringar innanfor oppdraget. Vi har prioritert saker om tvang og makt, landsomfattande tilsyn, alvorleg risiko knytt til helsepersonell eller enkelthendingar, saker om naudsynt helsehjelp, nedbygging av restansar på tilsynsfeltet og lovfesta oppgåver. Dette er ei prioritering med grunnlag i oppdragsdokumenta, og risikoen for at vi ikkje oppfylte krava vart varsla i løpet av året. Vonaleg vil vi være i betre posisjon til å oppfylle kravet til slike tilsyn i 2023, men også i år er det risiko for at dette må prioriterast ned.

**Aktivitetsvolum av tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester**

| Resultatmål | Differanse | Resultat |
|---:|---:|---:|
| 340 | - 245 | 95 |

**Resultatmål SFVL (fra kapittel 3.3.1.3.4.6 i TB)**

**Rapportere på**

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 80 poeng

Vi har hatt fleire store tilsyn etter alvorlege hendlingar, der det er gjort intervju og synfaring. Når systematisk tilsynsmetodikk er brukt i omfattande hendingsbaserte tilsyn, er det òg rekna poeng i dette resultatmålet. I 2023 er det venta eit høgare volum enn i 2022.

**Aktivitetsvolum av tilsyn med spesialisthelsetjenesten**

| Resultatmål | Differanse | Resultat |
|---:|---:|---:|
| 80 | - 2 | 78 |

**Resultatmål SFVL (fra kapittel 3.3.1.3.5.6 i TB)**

**Rapportere på**

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 115 poeng

Våren 2022 gjennomførte vi fire eigeninitierte tilsyn med temaet sosiale tenester til ungdom 17–25 år, og avdekte lovbrot i tre av dei. Lovbrota handlar til dels om at det ikkje vert avklara om det er behov for opplysning, råd og rettleiing, jf. sosialtenestelova paragraf 17, kva innhaldet i tenesta skal vere, og/eller at det ikkje vert dokumentert at tenesta er ytt. Den andre delen handlar om mangelfull kartlegging og manglande individuelle vurderingar ved vedtak om økonomisk stønad, jf. sosialtenestelova paragrafar 18 og 19. Dette følgjer vi opp.

19 Nav-kontor gjennomførte eigenvurdering med same tilsynstema og målepunkt. Ni av desse avdekte lovbrot eller forbetringsområde, og to av dei er framleis under oppfølging.

Hausten 2022 gjennomførte vi fire landsomfattande tilsyn med temaet varetaking av barns behov ved tildeling av sosiale tenester (LOT 2022-23). Berre eitt av desse fire tilsyna er avslutta, og det vart avslutta utan lovbrot. Vi arbeider framleis med rapportane etter dei tre andre tilsyna.

**Aktivitetsvolum av tilsyn med sosiale tjenester**

| Resultatmål | Differanse | Resultat |
|---:|---:|---:|
| 115 | 46 | 161 |

### 3.1.3.4 Andre oppdrag

Vi er kjende med rettleiaren frå KDD, og har i 2022 diskutert internkontrollregelen i kommunelova paragraf 25-1 i vår interne tilsynsgruppe. Vi har sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe som arbeider med å vurdere korleis vi i embetet kan få ein forsvarleg og mest mogleg lik praksis for tilsyn med internkontrollen kommunane har. Arbeidet kom ikkje heilt i mål i 2022, og held fram i 2023.

### 3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning

Vi har gjennom heile 2022 jobba målretta med alle oppgåvene på verjemålsfeltet. Når det gjeld den ordinære sakshandsaminga, har vi hatt merksemd på å vidareutvikle rutinane våre for å sikre ei endå meir effektiv sakshandsaming og ressursutnytting. Vi har også hatt særleg merksemd på kommunikasjon dette året. Vi har jobba mykje med klarspråk og forbetring av malar, og også hatt seminar for dei tilsette i presentasjonsteknikk, som har vore nyttig for informasjonsarbeidet vårt.

Det er vidare særleg tre tema som har sett preg på arbeidet ved verjemålsseksjonen i Vestland i 2022: FUFINN-prosjektet, krigen i Ukraina og rekruttering og opplæring av nye faste verjer.

**FUFINN-prosjektet**

Arbeidet med FUFINN-prosjektet har vore både spennande og krevjande, og noko det har gått mykje tid og ressursar til. Det har vore nødvendig å styrke området utover den tildelinga vi fekk i prosjektmidlar, som igjen har verka inn på måloppnåinga på andre område ved at vi har måtte nedprioritere oppgåver. Ved årsslutt hadde vi utferda nye, digitale verjefullmakter i alle ordinære saker med vaksne verjehavarar, totalt over 4800 saker.

Ved utferdinga av nye digitale verjefullmakter, har vi samstundes rydda opp i registreringane i Vera, slik at alle vaksne med verje skal vere registrerte med rett diagnose og verjetype.

**Krigen i Ukraina**

Krigen i Ukraina førte til eit akutt behov for å styrke representantkorpset vårt og sikre gode rutinar for å handtere desse sakene raskt og effektivt. Ettersom det ikkje har vore registrering av asylsøkjarar eller asylmottak i Vestland på mange år, gjekk det særleg på våren med mykje tid til å få på plass ei ordning med registrering av einslege mindreårige asylsøkjarar, og til rekruttering og opplæring av nye representantar. Denne innsatsen har sikra høg prioritering og god flyt i arbeidet med desse sakene.

**Rekruttering av nye faste verjer**

Hausten 2022 byrja vi ein ny rekrutteringsrunde av faste verjer. Vi har i denne omgangen godkjent 25 nye personar som faste verjer. Verjene har gjennomført opplæring og er i gang med å ta oppdrag. Ved denne styrkinga av verjekorpset, ser vi at handsaminga av sakene der vi oppnemner fast verje, går noko raskare.

**Ressurssituasjonen og Vera**

Vi har i 2022 opplevd ressurssituasjonen som utfordrande, som følgje av høgt sjukefråvær i periodar, i tillegg til utskiftingar og nytilsetjingar. Sjølv med tre medarbeiderar som har vorte finansierte over embetsbudsjettet, fem sommarvikarar og fire mellombelse stillingar knytt til FUFINN-prosjektet, har dette likevel ikkje vore tilstrekkeleg for å nå alle målkrava.

Elles er nedetid og ustabilitet i sakshandsamingssystemet Vera stadig noko som pregar arbeidskvardagen, og har gått ut over produktiviteten.

**Opprett vergemål (fra kapittel 3.3.2.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

*Opprett vergemål* – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 70 dager.

Saksfeltet «oppretting av verjemål» er eit område som har stor merksemd hos oss, og vi har heile året forsøkt å ha nok ressursar på området for å nå målkravet. Som nemnt over har vi i periodar hatt utfordringar med ressursane, som har vore vanskeleg å løyse på ein effektiv måte. I tillegg har FUFINN-prosjektet tatt mykje tid og ressursar i 2022, og vi har i periodar måtte omdisponere ressursar frå dette feltet til FUFINN for å klare å bli ferdig med prosjektet innan utgangen av året.

Vi arbeider kontinuerleg for å få ned sakshandsamingstida, samstundes er vi er opptekne av at sakene er så godt opplyste som mogleg før vi ferdigbehandlar dei. Sakene som gjeld vaksne personar
er mest krevjande med tanke på å nå målkravet, som følgje av større saksmengd og meir omfattande saksbehandlingsprosess. I samband med dette har vi utarbeidd ein rutine som medfører at vi no i mindre grad purrar på dokumentasjon, og avsluttar sakene tidlegare. Dersom vi får dokumentasjonen raskt etter at saka er avslutta, har vi som mål å handsama saka til same tid som vi ville ha gjort dersom vi hadde hatt dokumentasjonen i utgangspunktet. Vi ser allereie at dette har hatt ein effekt på restansane, ettersom talet for siste kvartal 2022 viser at vi har behandla ein god del fleire saker enn vi har fått inn.

**Saksbehandlingstid - Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 70 dager**

| Resultat | Resultatmål | Differanse |
|---|---|---|
| 58 % | 80 % | - 22 % |

**Klagesaksbehandling (fra kapittel 3.3.2.1.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

*Klagesaksbehandling* – 80 % av klagene statsforvalteren mottar på vergemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager.

Vi har arbeidd kontinuerleg for å behandle sakene innan fristane, og har gode rutinar for å sikre dette. I første tertial hadde vi ei måloppnåing på 87 prosent.

Som følgje av ressurssituasjonen har det i periodar, særleg i haust, vore naudsynt å omdisponere ressursar frå klagesaksområdet. Dette har ført til at måloppnåinga har gått noko ned, og vi har enda på ei måloppnåing litt under kravet.

Sidan talet på klagesaker er relativt lågt, vil også kvar enkelt sak som går over fristen gi stort utslag på måloppnåinga. I tal er det ikkje mange saker som har gått over fristen, og ved utgangen av 2022 hadde vi berre ei klagesak som hadde gått over fristen.

**Klagesaksbehandling – 80 % av klagene Statsforvalteren mottar på vergemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager**

| Resultat | Resultatmål | Differanse |
|---|---|---|
| 74 % | 80 % | - 6 % |

**Stadfestelse av fremtidsfullmakter (fra kapittel 3.3.2.1.1.3 i TB)**

**Rapportere på**

*Stadfestelse av fremtidsfullmakter* - 80 % av fremtidsfullmaktene som stadfestes, skal være behandlet innen 30 dager.

Vi har fokus på å gå gjennom søknadane om stadfesting av framtidsfullmakter med ein gong dei kjem inn, og vi tek raskt kontakt med innsendaren dersom noko manglar. Vi ser at dette har hatt ein positiv effekt på måloppnåinga.

**Stadfestelse av fremtidsfullmakter - 80 % av fremtidsfullmaktene som stadfestes, skal være behandlet innen 30 dager**

| Resultat | Resultatmål | Differanse |
|---|---|---|
| 89 % | 80 % | 9 % |

**Vergeregnskapskontroll (fra kapittel 3.3.2.1.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen.

Vi har i 2022 hatt tre sommarvikarar som har bistått med kontroll av verjerekneskapen. Dette har vore ein viktig faktor for at vi har klart å kontrollere alle verjerekneskapa i både sentralt uttrekk og tilleggsutrekk innan fristen.

**Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen**

| Resultat | Resultatmål | Differanse |
|---|---|---|
| 100 % | 100 % | 0 % |

### 3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje

Vi har i 2022 halde fram med å ha merksemd på sjølvråderett. Vi har hatt dette oppe som tematikk jamleg, både på interne samlingar og i føredrag for eksterne. Dette var også eit sentralt tema i opplæringa av dei nye faste verjene. Vi brukar i tillegg dei høva vi har når vi er i kontakt med publikum, både munnleg og skriftleg, til å understreke dette.

Vi har også rutinar for å sikre at verjehavaren si vilje står sentralt i den daglege saksbehandlinga vår. Vi strekkjer oss mellom anna langt for å gjennomføre samtale med personar det skal opprettast verjemål for, og stiller klare krav til verjene om å høyre verjehavar i til dømes samtykkesaker.

I løpet av 2022 har vi utferda nye verjefullmakter i over 4800 saker. Dei nye verjefullmaktene vil i større grad sikre at verjemåla er tilpassa dei faktiske behova og ønska til verjehavaren, og at verjene ikkje gjer disposisjonar og handlingar som fell utanfor omfanget av verjemålet.

Vi rettleiar der vi kan om denne tematikken, men vi ser likevel behovet for større informasjonskampanjar på området. Vi avdekker stadig misforståingar om verjemål og frivilligheit, både frå store offentlege institusjonar, lokale tenesteytarar og privatpersonar. Det er krevjande for oss som enkeltembete å nå ut med denne informasjonen på ein effektiv måte, sett i lys av oppgåvemengda og ressursane vi har tilgjengeleg.

**Opplæring av verger (fra kapittel 3.3.2.2.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Vergene har god rolleforståelse og utøver rollen med respekt for vergehavers selvbestemmelsesrett.

Nye verger har gjennomført e-læringskurs.

Sjølvråderetten til verjehavaren er eit gjennomgåande tema i all kommunikasjon med verjene, både i vedtak, generell rettleiing skriftleg og munnleg, ved kurs og opplæring, og artiklar på nettsidene våre.

Vi gjennomfører til dømes samtale med nye verjer før oppnemninga, der vi informerer om kva verjeoppdraget inneber, i tillegg til at verjene får god informasjon i oppnemningsvedtaket. Vi legg også vekt på å informere og rettleie verjene om dette temaet når dei er i kontakt med oss.

Ved oppnemning av nye verjer, får verjene eit eige skriv der vi informerer om e-læringskursa og oppmodar dei til å gjennomføre kursa. Vi brukte også FUFINN-prosjektet som eit høve til å nå ut til tilnærma alle verjer som allereie er oppnemnde med informasjon om e-læringskurs, ved at vi la til nokre setningar om dette i informasjonsskrivet vi sende ut om ny verjefullmakt.

### 3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket

Kommunane er opptatt av å levere lovlege tenester. I 2022 har vi likevel funne regelverksbrot i alle tilsyna vi har ført, og kommunane må framleis arbeide med forståing og etterleving av regelverket. I nokre tilfelle er det regelverksforståinga som gjer at kommunane ikkje følgjer regelverket, medan det i andre tilfelle er ressursar eller andre tilhøve som gjer at regelverket ikkje blir følgt.

Kommunane gir tydeleg uttrykk for at rettleiing gjennom foredrag, samlingar og seminar er den metoden dei har størst utbytte av. Tilsyn og saks- og klagesakshandsaming viser kor det er manglar og svikt, men blir i mindre grad vurdert som den beste inngangen for læring og forståing.

I 2022 har vi prioritert samlingar om regelverk. Deltakinga frå sektoren er stor, både når det gjeld barnehagelova og opplæringslova.

**Vurdering av resultatmål**

På barnehageområdet meiner vi at regelverksforståinga er blitt betre. Det er færre feil i vedtak om spesialpedagogisk hjelp og individuell tilrettelegging enn tidlegare år. Vi meiner det er grunn til å tru at vår rettleiing har gitt eit viktig bidrag, både den som blir gitt i form av samlingar, webinar og gjennom

grunngjeving i vedtak.

På skuleområdet ser vi ikkje tydelege mønster til betring, og behovet for rettleiing er stort. Kommunane får nye medarbeidarar på alle nivå, med avgrensa tid til å halde seg oppdatert på krav til sakshandsaming og regelverk. Dette får også følgje for sakshandsamingstida. Vår vurdering er at vårt rettleiingsarbeid gir naudsynt støtte, og at behovet i mange kommunar er kontinuerleg. Fordi mange små kommunar relativt sjeldan handsamar ein del sakstypar, prioriterer vi individuell rettleiing på førespurnad.

Vi veit at vurdering av rett til spesialundervisning er ein lang prosess. PP-tenestene har i mange tilfelle for lite kapasitet, og for mange barn og elevar ventar lenge på vedtak. Dette er ei problemstilling vi tar med i kommunedialog der vi møter både den politiske og den administrative leiinga. Så langt kan vi ikkje sjå at det har gitt konkrete resultat, men det gir uansett ei breiare forståing for moglege konsekvensar av kommunen sin kapasitet.

**Sektorkunnskap ligger til grunn for vurdering av oppfølging og virkemiddel (fra kapittel 3.3.3.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

All vurdering av oppfølging og valg av virkemiddel skal være basert på kunnskap om tilstanden på rettsikkerhetsområdet

For å kunne velje rett verkemiddel må vi ha god kjennskap til sektoren. Vi ønskjer difor å ha eit breitt spekter av kjelder i dette arbeidet. Dei mest brukte kjeldene er Basil, GSI, elevundersøkinga, grunnskulepoeng, skulebidragsindikatorar, kommunale brukarundersøkingar, meldingar frå allmenta, medieoppslag, klagesaker og møtepunkt mellom avdelingane i embetet. I 2022 har vi har lagt vekt på å ha oversikt over kommunale forvaltingsrevisjonar på barnehage- og opplæringsområdet. Vi følgjer òg med på kommunane sine nettstader, for å sjå korleis dei informerer om rettane til innbyggjarane på barne- og opplæringsområdet. Vi har som tidlegare år jamleg kontakt med kommunalsjefane, og har stor nytte av den informasjonen vi får av dei.

Tilsyn blir vurdert som verkemiddel i to ulike prosessar. Vi legg ein konkret tilsynsplan for eitt år om gongen ved inngangen til eit nytt kalenderår. I tillegg vurderer vi fortløpande om det er behov for å opne andre tilsyn enn dei vi allereie har planlagt.

Når vi lagar den årlege tilsynsplanen, vel vi først ut kva for tema vi skal føre tilsyn med det komande året. Vi legg stor vekt på konsekvensane brot på reglane vil ha for barn og elevar, og kor sannsynleg vi meiner det er at kommunane i Vestland ikkje har ein praksis som er i tråd med regelverket. Etter at vi har valt tema, vel vi tilsynsobjekt. Då nyttar vi dei kjeldene vi har som er relevante for dei temaa vi har valt ut. Til dømes brukar vi resultat frå elevundersøkinga og saker i handhevingsordninga for å velje tilsynsobjekt for skulemiljø, medan vi brukar skulebidragsindiktatortala og andre tal frå elevundersøkinga for å velje tilsynsobjekt for eleven sitt utbytte av opplæringa. Av og til gjer vi også eigne kartleggingar. Det gjorde vi til dømes før vi skulle velje objekt knytt til tilsyn med krava i § 11 i barnehagelova.

Rettleiing er etter vår vurdering alltid eit nyttig verkemiddel. Vi brukar mykje ressursar på rettleiing, både i form av samlingar for alle kommunane i Vestland og opp mot enkeltkommunar. På dei store rettleiingssamlingane brukar vi same metode for å velje ut tema som for tilsyn, nemleg ei vurdering av sannsyn for dårleg praksis og konsekvensar av ulovleg praksis. Rettleiing opp mot enkeltkommunar skjer ofte på bakgrunn av ein konkret risiko vi er gjort kjent med. Vi vurderer då kva som er det mest eigna verkemiddelet, tilsyn eller rettleiing. Det som er avgjerande for val av verkemiddel i desse tilfella, er vår forståing av kompetansenivået til kommune, eksisterande tilsynsbelastning hjå kommunen og kva for ressursar vi har tilgjengeleg i embetet.

**Vår vurdering**

Det er gjennomgåande at kommunane melder at dei har større utbytte av rettleiing, enn av tilsyn. Samstundes melder kommunane som hovudregel at tilsyn har nytteverdi. Når vi vurderer rettleiing og tilsynsarbeidet vårt i 2022 er det vår vurdering at det har hatt positiv betydning for rettstryggleiken til innbyggjarane, både der praksis ikkje fullt ut har vore i tråd med dei krava regelverket stiller, men og fordi det har bidrege til å sette delar av regleverket på dagsordenen.

**Tilsyn skal avdekke brudd med store konsekvenser (fra kapittel 3.3.3.1.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Når statsforvalteren vurderer at det er risiko på skolemiljøområdet, skal tilsynsopplegget for FNT 2022 benyttes

Skulemiljø er eit område med stor risiko. Dette kjem tydeleg fram av sakshandsaminga vår i handhevingsordninga, og i tidlegerare tilsyn på området. Vi har difor gjennomført fem tilsyn med skulemiljø og internkontroll som tema. Funna syner svak etterleving av regelverket, både for praksis på skulane og internkontroll i kommunen. Vi vil difor fortsette å bruke tilsynsopplegget for FNT også i 2023.

**Vurdering av resultat**

Vår vurdering er at tilsyn med skulemiljø og internkontroll er eit eigna verkemiddel for at dei kommunane vi fører tilsyn med får ei betre forståing for kva internkontrollen er meint å sikre og korleis han kan innrettast.

### Rapportering av tilsyn - barnehage og opplæringsområdet

| Område | Kommune | Navn på barnehage (kun særlige tilfeller)/skole | Nasjonalt initiert tema eller egeninitiert | Tema nasjonalt initiert tilsyn | Tema egeninitierte tilsyn | Stedlig/skriftlig | Antall kontrollspørsmål per tilsyn | Status tilsyn per 31.12. | Antall korreksjonspunkter i foreløpig rapport pr tilsyn (= brudd på regelverket per tilsyn) | Dato foreløp tilsyns |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug skole | Egenintiert | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena | Skriftlig | 17 | Endelig rapport | 15 | 12.10.2 |
| Opplæring | Tysnes kommune | Tysnes skole | Egenintiert | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena | Skriftlig | 17 | Endelig rapport | 11 | 27.09.2 |
| Opplæring | Austrheim | Kaland skule | Nasjonalt initiert | Spesialundervisning | | Skriftlig | 10 | Endelig rapport | 7 | 24.06.2 |
| Opplæring | Bergen kommune | Breimyra skule | Nasjonalt initiert | Spesialundervisning | | Skriftlig | 8 | Endelig rapport | 4 | 29.8.20 |
| Opplæring | Voss kommune | Palmafossen skule | Nasjonalt initiert | Elevenes utbytte | | Tilsynsbesøk | 6 | Endelig rapport | 6 | 10.6.20 |
| Opplæring | Bømlo kommune | Meling skule | Nasjonalt initiert | Elevenes utbytte | | Tilsynsbesøk | 6 | Endelig rapport | 5 | 18.11.2 |
| Opplæring | Askøy kommune | Kleppestø barneskule | Nasjonalt initiert | Skolemiljø og internkontroll | | Digitale intervju | 19 | Foreløpig rapport | 7 | 15.12.2 |
| Opplæring | Øygarden kommune | Ågotnes skule | Nasjonalt initiert | Skolemiljø og internkontroll | | Skriftlig | 19 | Endelig rapport | 7 | 15.06.2 |
| Opplæring | Vestland fylkeskommune | Åsane videregåande skule | Nasjonalt initiert | Skolemiljø og internkontroll | | Digitale intervju | 12 | Foreløpig rapport | 8 | 12.12.2 |
| Opplæring | Voss herad | Skulestad skule | Nasjonalt initiert | Skolemiljø og internkontroll | | Digitale intervju | 19 | Endelig rapport | 7 | 11.10.2 |
| Opplæring | Askvoll kommune | Askvoll vaksenopplæring | Nasjonalt initiert | Grunnskole voksne | | Skriftlig | 19 | Endelig rapport | 13 | 03.06.2 |
| Opplæring | Stryn kommune | Stryn vaksenopplæring | Nasjonalt initiert | Grunnskole voksne | | Skriftlig | 17 | Endelig rapport | 10 | 07.07.2 |
| Opplæring | Gloppen | Gloppen opplæringssenter | Nasjonalt initiert | Grunnskole voksne | | Skriftlig | 18 | Foreløpig rapport | 3 | 25.10.2 |
| Barnehage | Alver kommune | | Egenintiert | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | Skriftlig | 31 | Endelig rapport | 14 | 1. april |
| Barnehage | Stord kommune | | Egenintiert | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | Skriftlig | 31 | Endelig rapport | 7 | 08.07.2 |
| Barnehage | Eidfjord kommune | | Egenintiert | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) | Skriftlig | 18 | Endelig rapport | 13 | 30.11.2 |
| Barnehage | Luster kommune | | Egenintiert | Egeninitiert tilsyn | Skilje mellom barnehageeigar og barnehagemyndigheit | Skriftlig | 1 | Foreløpig rapport | 1 | 22.12.2 |
| Opplæring | Fedje kommune | Fedje skule | Nasjonalt initiert | Skolebasert vurdering | | Digitale intervju | 6 | Endelig rapport | 6 | 05.10.2 |
| Opplæring | Stord kommune | Nysæter ungdomsskule | Nasjonalt initiert | Skolebasert vurdering | | Skriftlig | 6 | Endelig rapport | 3 | 29.09.2 |
| Opplæring | Masfjorden kommune | Nordbygda skule | Nasjonalt initiert | Skolebasert vurdering | | Skriftlig | 6 | Endelig rapport | 6 | 19.04.2 |
| Opplæring | Austevoll | Selbjørn skule, Storebø skule og Austevoll ungdomsskule | Egenintiert | Egeninitiert tilsyn | Internkontroll og meldeplikt til barnevernet | Skriftlig | 0 | Varslet | 0 | |
| Opplæring | Stord kommune | Langeland skule, Sagvåg skule og Rommetveit skule | Egenintiert | Egeninitiert tilsyn | Gratisprinsippet | Skriftlig | 1 | Endelig rapport | 1 | 09.11.2 |
| Opplæring | Alver kommune | Lindås ungdomsskule | Egenintiert | Egeninitiert tilsyn | Gratisprinsippet | Skriftlig | 1 | Endelig rapport | 1 | 07.11.2 |
| Opplæring | Vestland fylkeskommune | Sogndal VGS og Voss gymnas | Egenintiert | Godkjenning av barnehager | Gratisprinsippet | Skriftlig | 1 | Foreløpig rapport | 1 | 22.12.2 |
| Opplæring | Sogndal kommune | Leikanger ungdomsskule og Sagatun skule | Egenintiert | Egeninitiert tilsyn | Gratisprinsippet | Skriftlig | 1 | Foreløpig rapport | 1 | 23.12.2 |
| Opplæring | Bergen kommune | | Egenintiert | Egeninitiert tilsyn | Internkontroll og meldeplikt til barnevernet | Skriftlig | 3 | Endelig rapport | 3 | 22.06.2 |
| Barnehage | Solund kommune | | Egenintiert | Egeninitiert tilsyn | Skilje mellom barnehageeigar og barnehagemyndigheit | Skriftlig | 1 | Foreløpig rapport | 1 | 22.12.2 |

### Rapportering av funn fra tilsyn - barnehage og opplæringsområdet

| Område | Kommune | Navn på barnehage/skole | Tema/deltema nasjonalt initierte tilsyn | Tema/deltema egeninitierte tilsyn | Kontrollspørsmål som er avdekket brudd på (nasjonalt initierte tilsyn) | Kontrollspørsmål som er avdekket brudd på (egeninitierte tilsyn) | Kommentarer |
|---|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Opplæring | Austrheim kommune | Kaland skole | Spesialundervisning - Sakkyndig vurdering | | Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger snarest mulig i de tilfellene opplæringsloven krever det? | | |
| Opplæring | Austrheim kommune | Kaland skole | Spesialundervisning - Sakkyndig vurdering | | Får elevene gi uttrykk for sin mening når PPT utreder og vurderer behovet for spesialundervisning? | | |
| Opplæring | Austrheim kommune | Kaland skole | Spesialundervisning - Sakkyndig vurdering | | Legger PPT vekt på synspunktene til elever under 15 år i samsvar med elevens alder og modenhet og stor vekt på synspunktene til elever over 15 år og foreldre til elever under 18 år, når de vurderer og anbefaler tilbud om spesialundervisning? | | |
| Opplæring | Austrheim kommune | Kaland skole | Spesialundervisning - Sakkyndig vurdering | | Opplyser PPT sakene så godt som mulig før de utarbeider sakkyndige vurderinger? | | |
| Opplæring | Austrheim kommune | Kaland skole | Spesialundervisning - Sakkyndig vurdering | | Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for hvilket utbytte elevene har av den ordinære opplæringen, elevenes lærevansker og andre særlige forhold av betydning for opplæringen og hvilke muligheter elevene har innenfor ordinær opplæring, og gir de en anbefaling om elevenes muligheter i ordinær opplæring? | | |
| Opplæring | Austrheim kommune | Kaland skole | Spesialundervisning - Sakkyndig vurdering | | Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilke opplæringsmål som er realistiske for elevene? | | |
| Opplæring | Austrheim kommune | Kaland skole | Spesialundervisning - Sakkyndig vurdering | | Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilken opplæring som gir et forsvarlig opplæringstilbud | | |
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - Sakkunnig vurdering | | inneheld dei sakkunnige vurderingane ei utgreiing av kva utbytte elevane har av den ordinære opplæringa, elevane sine lærevanskar og andre særlege forhold av betydning for opplæringa, og kva moglegheiter elevane har innanfor ordinær opplæring, og gir ei tilråding om elevane sine moglegheiter i ordinær opplæring? | |
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - Sakkunnig vurdering | | Inneheld dei sakkunnige vurderingane ei ei utgreiing for og tilråding om kva opplæringsmål som er realistiske for eleven? | |
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - Sakkunnig vurdering | | Inneheld dei sakkunnige vurderingane ei utgreiing for og ei tilråding om kva opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod? | |
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - Sakkunnig vurdering | | Er det teke stilling til barnets beste i dei sakkunnige vurderingane? | |
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - Sakkunnig vurdering | | Innhentar kommunen meir opplysningar frå PPT dersom den sakkunnige vurderinga er mangelfull? | |
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa | | Inneheld vedtaka opplysningar om omfanget av spesialundervisninga, det vil seie tal timar spesialundervisning samla og i kvart av faga? | |
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa | | Inneheld vedtaka opplysningar om kva innhald spesialundervisninga skal ha? | |
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa | | Inneheld vedtaka opplysningar om korleis skulen skal organisere spesialundervisninga? | |
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa | | Inneheld vedtaka opplysningar om det er behov for personar med særskilt kompetanse til å gjennomføre spesialundervisninga? | |
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa | | Grunngir kommunen vedtak som ikkje samsvarer med den sakkunnige vurderinga, ved å vise kvifor elevane likevel kan få eit forsvarleg utbytte av opplæringa? | |
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa | | Har elevane/føresette fått uttalt seg i samband med vedtaket, og er det tatt stilling til barnets beste? | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa | | Inneheld IOP-ane ei skildring av kva innhald spesialundervisninga skal ha, av korleis skulen skal organisere spesialundervisninga, og som er i samsvar med vedtaka? | |
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa | | Inneheld IOP-ane skildringar av avvik frå dei ordinære læreplanane, av kva mål elevane skal nå, som er i samsvar med vedtaka? | |
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - avtalar om alternativ opplæringsarena og oppfølging av tilbodet | | Har kommunen inngått avtale med tilbydar om å bidra til å gjennomføre spesialundervisning? | |
| Opplæring | Bergen kommune | Lynghaug ungsomsskule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - avtalar om alternativ opplæringsarena og oppfølging av tilbodet | | Utarbeider skulen årsrapportar? | |
| Opplæring | Tysnes kommune | Tysnes skule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - Sakkunnig vurdering | | Inneheld dei sakkunnige vurderingane ei utgreiing av kva utbyte elevane har av den ordinære opplæringa, elevane sine lærevanskar og andre særlege forhold av betydning for opplæringa og kva moglegheiter elevane har innanfor ordinær opplæring, og gir dei ei tilråding om elevane sine moglegheiter i ordinær opplæring? | |
| Opplæring | Tysnes kommune | Tysnes skule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - Sakkunnig vurdering | | Inneheld dei sakkunnige vurderingane ei utgreiing for og ei tilråding om kva opplæringsmål som er realistiske for elevane? | |
| Opplæring | Tysnes kommune | Tysnes skule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - Sakkunnig vurdering | | Inneheld dei sakkunnige vurderingane ei utgreiing for og ei tilråding om kva opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod? | |
| Opplæring | Tysnes kommune | Tysnes skule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - Sakkunnig vurdering | | Har elevane/føresette fått uttalt seg i samband med sakkunnig vurdering, og er det tatt stilling til barnets beste? | |
| Opplæring | Tysnes kommune | Tysnes skule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - Sakkunnig vurdering | | Innhentar kommunen meir opplysningar frå PPT dersom den sakkunnige vurderinga er mangelfull? | |
| Opplæring | Tysnes kommune | Tysnes skule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa | | Gjer kommunen vedtak om spesialundervisning for elevar med alternativ opplæringsarena? | |
| Opplæring | Tysnes kommune | Tysnes skule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa | | Inneheld vedtaka opplysningar om omfanget av spesialundervisninga, det vil seie tal timar spesialundervisning samla og i kvart av faga? | |
| Opplæring | Tysnes kommune | Tysnes skule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa | | Inneheld vedtaka opplysningar om kva innhald spesialundervisninga skal ha? | |
| Opplæring | Tysnes kommune | Tysnes skule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa | | Inneheld vedtaka opplysningar om korleis skulen skal organisere spesialundervisninga? | |
| Opplæring | Tysnes kommune | Tysnes skule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa | | Grunngir skulen vedtak som ikkje samsvarer med den sakkunnige vurderinga, ved å vise kvifor elevane likevel kan få eit forsvarleg utbyte av opplæringa? | |
| Opplæring | Tysnes kommune | Tysnes skule | Egeninitiert tilsyn | Alternativ opplæringsarena - vedtak og innhald i opplæringa | | Har elevane/føresette fått uttalt seg i samband med vedtaket, og er det tatt stilling til barnets beste? | |
| Opplæring | Bergen kommune | Breimyra skole | Spesialundervisning - Sakkyndig vurdering | | Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger snarest mulig i de tilfellene opplæringsloven krever det? | | |
| Opplæring | Bergen kommune | Breimyra skole | Spesialundervisning - Sakkyndig vurdering | | Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for hvilket utbytte elevene har av den ordinære opplæringen, elevenes lærevansker og andre særlige forhold av betydning for opplæringen og hvilke muligheter elevene har innenfor ordinær opplæring, og gir de en anbefaling om elevenes muligheter i ordinær opplæring? | | |
| Opplæring | Bergen kommune | Breimyra skole | Spesialundervisning - Sakkyndig vurdering | | Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilke opplæringsmål som er realistiske for elevene? | | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Opplæring | Bergen kommune | Breimyra skole | Spesialundervisning - Sakkyndig vurdering | | Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilken opplæring som gir et forsvarlig opplæringstilbud | | |
| Opplæring | Voss herad | Palmafossen skule | Elevenes utbytte - Underveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning | | Sørger rektor for at lærerne, som en integrert del av opplæringen, vurderer behovet for tilpasset opplæring? | | |
| Opplæring | Voss herad | Palmafossen skule | Elevenes utbytte - Underveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning | | Sørger rektor for at lærerne hører eleven og vektlegger elevens synspunkter ut fra elevens beste? | | |
| Opplæring | Voss herad | Palmafossen skule | Elevenes utbytte - Underveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning | | Sørger rektor for at lærerne gjennomfører tiltak som er tilpasset elevenes evner og forutsetninger? | | |
| Opplæring | Voss herad | Palmafossen skule | Elevenes utbytte - Underveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning | | Sørger rektor for at lærerne, som en integrert del av opplæringen, vurderer om det er elever på 1. til 4. trinn som står i fare for å bli hengende etter i lesing, skriving eller regning? | | |
| Opplæring | Voss herad | Palmafossen skule | Elevenes utbytte - Underveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning | | Sikrer rektor at elever på 1. til 4. trinn som står i fare for å bli hengende etter i lesing, skriving eller regning, raskt får egnet intensiv opplæring slik at forventet progresjon blir nådd? | | |
| Opplæring | Voss herad | Palmafossen skule | Elevenes utbytte - Underveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning | | Følger rektor opp at elevene på 1. til 4. trinn får den intensive opplæringen som eneundervisning i en kort periode kun hvis det er til elevens beste? | | |
| Opplæring | Bømlo kommune | Meling skule | Elevenes utbytte - Underveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning | | Sørger rektor for at lærerne, som en integrert del av opplæringen, vurderer behovet for tilpasset opplæring? | | |
| Opplæring | Bømlo kommune | Meling skule | Elevenes utbytte - Underveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning | | Sørger rektor for at lærerne hører eleven og vektlegger elevens synspunkter ut fra elevens beste? | | |
| Opplæring | Bømlo kommune | Meling skule | Elevenes utbytte - Underveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning | | Sørger rektor for at lærerne gjennomfører tiltak som er tilpasset elevenes evner og forutsetninger? | | |
| Opplæring | Bømlo kommune | Meling skule | Elevenes utbytte - Underveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning | | Sørger rektor for at lærerne, som en integrert del av opplæringen, vurderer om det er elever på 1. til 4. trinn som står i fare for å bli hengende etter i lesing, skriving eller regning? | | |
| Opplæring | Bømlo kommune | Meling skule | Elevenes utbytte - Underveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning | | Sikrer rektor at elever på 1. til 4. trinn som står i fare for å bli hengende etter i lesing, skriving eller regning, raskt får egnet intensiv opplæring slik at forventet progresjon blir nådd? | | |
| Opplæring | Askøy kommune | Kleppestø barneskule | Skolemiljø og internkontroll | | Varsler alle som arbeider på skolen, i tide avhengig av situasjonens alvorlighetsgrad? | | |
| Opplæring | Askøy kommune | Kleppestø barneskule | Skolemiljø og internkontroll | | Dokumenterer skolen hva som blir gjort for å oppfylle varslingsplikten? | | |
| Opplæring | Askøy kommune | Kleppestø barneskule | Skolemiljø og internkontroll | | Undersøker skolen saken så raskt som saken tilsier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø? | | |
| Opplæring | Askøy kommune | Kleppestø barneskule | Skolemiljø og internkontroll | | Gjennomfører skolen/skoleeier de undersøkelser som ut fra en faglig standard med rimelighet kan forventes? | | |
| Opplæring | Askøy kommune | Kleppestø barneskule | Skolemiljø og internkontroll | | Setter skolen inn tiltak så raskt som saken tilsier, når en elev sier at skolemiljøet ikke er trygt og godt, eller undersøkelsen viser det? | | |
| Opplæring | Askøy kommune | Kleppestø barneskule | Skolemiljø og internkontroll | | Vurderer skolen/skoleeier konkret hvilke tiltak som er egnede? | | |
| Opplæring | Askøy kommune | Kleppestø barneskule | Skolemiljø og internkontroll | | Evaluerer skolen/skoleeier tiltakene jevnlig, og blir tiltakene endret ved behov? | | |
| Opplæring | Øygarden kommune | Ågotnes skule | Skolemiljø og internkontroll | | Varsler alle som arbeider på skolen, i tide avhengig av situasjonens alvorlighetsgrad? | | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Opplæring | Øygarden kommune | Ågotnes skule | Skolemiljø og internkontroll | | Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på varslingsplikten og dokumentasjonsplikten? | | |
| Opplæring | Øygarden kommune | Ågotnes skule | Skolemiljø og internkontroll | | Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at varslingsplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt? | | |
| Opplæring | Øygarden kommune | Ågotnes skule | Skolemiljø og internkontroll | | Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten? | | |
| Opplæring | Øygarden kommune | Ågotnes skule | Skolemiljø og internkontroll | | Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt? | | |
| Opplæring | Øygarden kommune | Ågotnes skule | Skolemiljø og internkontroll | | Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på tiltaksplikten og kravet om å lage en skriftlig plan? | | |
| Opplæring | Øygarden kommune | Ågotnes skule | Skolemiljø og internkontroll | | Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at tiltaksplikten og kravet om å lage en skriftlig plan ikke blir oppfylt? | | |
| Opplæring | Vestland fylkeskommune | Åsane videregåande skule | Skolemiljø og internkontroll | | Varsler alle som arbeider på skolen, ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø, eller blir krenket av en som arbeider på skolen? | | |
| Opplæring | Vestland fylkeskommune | Åsane videregåande skule | Skolemiljø og internkontroll | | Varsler rektor til skoleeier i alvorlige tilfeller og ved mistanke om eller kjennskap til at en som arbeider på skolen, har krenket en elev? | | |
| Opplæring | Vestland fylkeskommune | Åsane videregåande skule | Skolemiljø og internkontroll | | Varsler alle som arbeider på skolen, i tide avhengig av situasjonens alvorlighetsgrad? | | |
| Opplæring | Vestland fylkeskommune | Åsane videregåande skule | Skolemiljø og internkontroll | | Dokumenterer skolen hva som blir gjort for å oppfylle varslingsplikten? | | |
| Opplæring | Vestland fylkeskommune | Åsane videregåande skule | Skolemiljø og internkontroll | | Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at varslingsplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt? | | |
| Opplæring | Vestland fylkeskommune | Åsane videregåande skule | Skolemiljø og internkontroll | | Gjennomfører skolen/skoleeier de undersøkelser som ut fra en faglig standard med rimelighet kan forventes? | | |
| Opplæring | Vestland fylkeskommune | Åsane videregåande skule | Skolemiljø og internkontroll | | Dokumenterer skolen/skoleeier hva som blir gjort for å oppfylle undersøkelsesplikten? | | |
| Opplæring | Vestland fylkeskommune | Åsane videregåande skule | Skolemiljø og internkontroll | | Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt? | | |
| Opplæring | Voss herad | Skulestad skule | Skolemiljø og internkontroll | | Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på varslingsplikten og dokumentasjonsplikten? | | |
| Opplæring | Voss herad | Skulestad skule | Skolemiljø og internkontroll | | Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at varslingsplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt? | | |
| Opplæring | Voss herad | Skulestad skule | Skolemiljø og internkontroll | | Dokumenterer skolen/skoleeier hva som blir gjort for å oppfylle undersøkelsesplikten? | | |
| Opplæring | Voss herad | Skulestad skule | Skolemiljø og internkontroll | | Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten? | | |
| Opplæring | Voss herad | Skulestad skule | Skolemiljø og internkontroll | | Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt? | | |
| Opplæring | Voss herad | Skulestad skule | Skolemiljø og internkontroll | | Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på tiltaksplikten og kravet om å lage en skriftlig plan? | | |
| Opplæring | Voss herad | Skulestad skule | Skolemiljø og internkontroll | | Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at tiltaksplikten og kravet om å lage en skriftlig plan ikke blir oppfylt? | | |
| Opplæring | Askvoll kommune | Askvoll vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Får alle som henvender seg, nødvendig veiledning om retten til grunnskoleopplæring og realkompetansevurdering? | | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Opplæring | Askvoll kommune | Askvoll vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Kontrollerer kommunen før vedtak om søkerne a. er over opplæringspliktig alder? b. ikke har rett til videregående opplæring etter opplæringsloven § 3-1? c. har lovlig opphold i Norge? | | |
| Opplæring | Askvoll kommune | Askvoll vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Kontrollerer kommunen før vedtak om søkerne trenger grunnskoleopplæring ved å legge vekt på a. søkerens opplevde behov? b. en kartlegging av om tidligere opplæring var likeverdig og er tilfredsstillende ut fra dagens krav? c. sakkyndig vurdering av behov for spesialundervisning når dette foreligger? | | |
| Opplæring | Askvoll kommune | Askvoll vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Får alle søkere som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt i hvilke fag eller ferdigheter de har behov for opplæring? | | |
| Opplæring | Askvoll kommune | Askvoll vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Får alle søkere som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt om søkeren har behov for a. særskilt språkopplæring? b. spesialundervisning? | | |
| Opplæring | Askvoll kommune | Askvoll vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Får alle søkere med rett til grunnskoleopplæring nødvendig rådgivning for å se hvilket tilbud som passer for søkerens situasjon? | | |
| Opplæring | Askvoll kommune | Askvoll vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Fatter kommunen vedtak om grunnskoleopplæring uten ugrunnet opphold etter at søknad er mottatt? | | |
| Opplæring | Askvoll kommune | Askvoll vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Fatter kommunen for alle søkere som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. om den voksne eventuelt skal ha særskilt språkopplæring? c. hva innholdet i opplæringen skal være? d. hvilken organisering opplæringen skal ha? e. hvilket omfang opplæringen skal ha? f. eventuelt hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha ved spesialundervisning? | | |
| Opplæring | Askvoll kommune | Askvoll vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Fatter kommunen for alle søkere som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak om spesialundervisning som inneholder: a. konklusjon om at søker har rett? b. hva innholdet i opplæringen skal være? c. hvilken organisering opplæringen skal ha? d. hvilket omfang opplæringen skal ha? e. hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha? | | |
| Opplæring | Askvoll kommune | Askvoll vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Inneholder vedtaket et opplæringstilbud tilpasset den voksnes behov slik at den voksne kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen? | | |
| Opplæring | Askvoll kommune | Askvoll vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Går det fram av disse enkeltvedtakene hvilke faktiske forhold det har blitt lagt vekt på? | | |
| Opplæring | Askvoll kommune | Askvoll vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Inneholder disse enkeltvedtakene informasjon om retten til å se sakens dokumenter? | | |
| Opplæring | Askvoll kommune | Askvoll vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Setter kommunen i gang grunnskoleopplæringen innen rimelig tid etter vedtak om rett til grunnskoleopplæring? | | |
| Opplæring | Stryn kommune | Stryn vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Får alle som henvender seg, nødvendig veiledning om retten til grunnskoleopplæring og realkompetansevurdering? | | |
| Opplæring | Stryn kommune | Stryn vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Kontrollerer kommunen før vedtak om søkerne a. er over opplæringspliktig alder? b. ikke har rett til videregående opplæring etter opplæringsloven § 3-1? c. har lovlig opphold i Norge? | | |
| Opplæring | Stryn kommune | Stryn vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Kontrollerer kommunen før vedtak om søkerne trenger grunnskoleopplæring ved å legge vekt på a. søkerens opplevde behov? b. en kartlegging av om tidligere opplæring var likeverdig og er tilfredsstillende ut fra dagens krav? c. sakkyndig vurdering av behov for spesialundervisning når dette foreligger? | | |
| Opplæring | Stryn kommune | Stryn vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Får alle søkere som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt i hvilke fag eller ferdigheter de har behov for opplæring? | | |
| Opplæring | Stryn kommune | Stryn vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Får alle søkere som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt om søkeren har behov for a. særskilt språkopplæring? b. spesialundervisning? | | |
| Opplæring | Stryn kommune | Stryn vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Får alle søkere med rett til grunnskoleopplæring nødvendig rådgivning for å se hvilket tilbud som passer for søkerens situasjon? | | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Opplæring | Stryn kommune | Stryn vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Fatter kommunen for alle søkere som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. om den voksne eventuelt skal ha særskilt språkopplæring? c. hva innholdet i opplæringen skal være? d. hvilken organisering opplæringen skal ha? e. hvilket omfang opplæringen skal ha? f. eventuelt hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha ved spesialundervisning? | | |
| Opplæring | Stryn kommune | Stryn vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Inneholder vedtaket et opplæringstilbud tilpasset den voksnes behov slik at den voksne kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen? | | |
| Opplæring | Stryn kommune | Stryn vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Går det fram av disse enkeltvedtakene hvilke faktiske forhold det har blitt lagt vekt på? | | |
| Barnehage | Stryn kommune | Stryn vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Inneholder disse enkeltvedtakene informasjon om retten til å se sakens dokumenter? | | |
| Opplæring | Stryn kommune | Stryn vaksenopplæring | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Setter kommunen i gang grunnskoleopplæringen innen rimelig tid etter vedtak om rett til grunnskoleopplæring? | | |
| Opplæring | Gloppen | Gloppen opplæringssenter | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Får alle søkere som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt om søkeren har behov for a. særskilt språkopplæring? b. spesialundervisning? | | |
| Opplæring | Gloppen | Gloppen opplæringssenter | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Fatter kommunen for alle søkere som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. om den voksne eventuelt skal ha særskilt språkopplæring? c. hva innholdet i opplæringen skal være? d. hvilken organisering opplæringen skal ha? e. hvilket omfang opplæringen skal ha? f. eventuelt hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha ved spesialundervisning? | | |
| Opplæring | Gloppen | Gloppen opplæringssenter | Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader | | Går det fram av disse enkeltvedtakene hvilke faktiske forhold det har blitt lagt vekt på? | | |
| Barnehage | Alver kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Syter kommunen for at saka er tilstrekkeleg opplyst før kommunen gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp? | |
| Barnehage | Alver kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva hjelpa skal gå ut på? | |
| Barnehage | Alver kommune | | Godkjenning av barnehager - Før søknad | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om korleis hjelpa skal organiserast? | |
| Barnehage | Alver kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha? | |
| Barnehage | Alver kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp tilbod om foreldrerådgjeving? | |
| Barnehage | Alver kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Grunngjev kommunen vedtak som ikkje samsvarar med den sakkunnige vurderinga? | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnehage | Alver kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Tek kommunen stilling til kva som er til det beste for barnets når de gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp? | |
| Barnehage | Alver kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Gir kommunen føresette høve til å uttale seg? | |
| Barnehage | Alver kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Opplyser kommunen saka tilstrekkeleg for å kunne ta stilling til om eit barn har nedsett funksjonsevne, og om barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn? | |
| Barnehage | Alver kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Har kommunen i vedtaket teke stilling til om barnet har nedsett funksjonsevn, og om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn? | |
| Barnehage | Alver kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Tek kommunen stilling til kva tilrettelegging som er egna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg barnehagetilbodet på lik linje med andre barn? | |
| Barnehage | Alver kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Inneheld vedtak om avslag ei grunngjeving om kvifor barnet ikkje har rett til individuell tilrettelegging? | |
| Barnehage | Alver kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Tek kommunen stilling til kva som er til det beste for barnet når den gjer vedtak om individuell tilrettelegging? | |
| Barnehage | Alver kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Gjer kommunen vedtak om individuell tilrettelegging så snart som mogleg? | |
| Barnehage | Stord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva hjelpa skal gå ut på? | |
| Barnehage | Stord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om korleis hjelpa skal organiserast? | |
| Barnehage | Stord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Tek kommunen stilling til kva som er til det beste for barnets når de gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp? | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnehage | Stord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Har kommunen i vedtaket teke stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne, og om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn? | |
| Barnehage | Stord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Tek kommunen stilling til kva tilrettelegging som er egna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg barnehagetilbodet på lik linje med andre barn? | |
| Barnehage | Stord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Inneheld vedtak om avslag ei grunngjeving om kvifor barnet ikkje har rett til individuell tilrettelegging? | |
| Barnehage | Stord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Tek kommunen stilling til kva som er til det beste for barnet når den gjer vedtak om individuell tilrettelegging? | |
| Barnehage | Eidfjord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Tilvisar kommunen barnet til PPT så snart føresette har bedt om ei sakkunnig vurdering? | |
| Barnehage | Eidfjord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Får foreldra høve til å uttale seg om innhaldet i sakkunnig vurdering før kommunen gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp? | |
| Barnehage | Eidfjord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Innhentar kommunen samtykke frå føresette før kommunen gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp? | |
| Barnehage | Eidfjord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Syter kommunen for at saka er tilstrekkeleg opplyst før de gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp? | |
| Barnehage | Eidfjord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Gjer kommunen vedtak i alle saker der PPT har gjennomført ei sakkunnig vurdering? | |
| Barnehage | Eidfjord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva hjelpa skal gå ut på? | |
| Barnehage | Eidfjord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva timeomfang hjelpa skal ha? | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnehage | Eidfjord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om korleis hjelpa skal organiserast? | |
| Barnehage | Eidfjord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha? | |
| Barnehage | Eidfjord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp tilbod om foredrerådgjeving? | |
| Barnehage | Eidfjord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Grunngjev kommunen vedtak som ikkje samsvarar med den sakkunnige vurderinga? | |
| Barnehage | Eidfjord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Tek kommunen stilling til kva som er til det beste for barnets når den gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp? | |
| Barnehage | Eidfjord kommune | | Egeninitiert tilsyn | Rett til spesialpedagogisk hjelp (gjere vedtak) og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne | | Inneheld enkeltvedtaket informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka? | |
| Barnehage | Luster kommune | | Egeninitiert tilsyn | Skilje mellom barnehageeigar og barnehagemyndigheit | | Organiserer kommunen oppgåvene den har som barnehagemyndigheit skilt frå oppgåvene den har som barnehageeigar, der det er behov for det? | |
| Barnehage | Solund kommune | | Egeninitiert tilsyn | Skilje mellom barnehageeigar og barnehagemyndigheit | | Organiserer kommunen oppgåvene den har som barnehagemyndigheit skilt frå oppgåvene den har som barnehageeigar, der det er behov for det? | |
| Opplæring | Stord kommune | Nysæter ungdomsskule | Skolebasert vurdering | | Er det bred og representativ medvirkning i den skolebaserte vurderingen? | | |
| Opplæring | Stord kommune | Nysæter ungdomsskule | Skolebasert vurdering | | Involverer skolen elevene i den skolebaserte vurderingen? | | |
| Opplæring | Stord kommune | Nysæter ungdomsskule | Skolebasert vurdering | | Gjennomfører skolen skolebasert vurdering jevnlig? | | |
| Opplæring | Fedje kommune | Fedje skule | Skolebasert vurdering | | Bruker skolen et bredt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevene når målene i læreplanverket? | | |
| Opplæring | Fedje kommune | Fedje skule | Skolebasert vurdering | | Vurderer skolen om endringer i organiseringen, tilretteleggingen og gjennomføringen av opplæringen kan bidra til økt måloppnåelse hos elevene? | | |
| Opplæring | Fedje kommune | Fedje skule | Skolebasert vurdering | | Evaluerer skolen de iverksatte endringene og gjør nødvendige tilpasninger? | | |
| Opplæring | Fedje kommune | Fedje skule | Skolebasert vurdering | | Er det bred og representativ medvirkning i den skolebaserte vurderingen? | | |
| Opplæring | Fedje kommune | Fedje skule | Elevenes utbytte - Forsvarlig system | | Involverer skolen elevene i den skolebaserte vurderingen? | | |
| Opplæring | Fedje kommune | Fedje skule | Skolebasert vurdering | | Gjennomfører skolen skolebasert vurdering jevnlig? | | |
| Opplæring | Masfjorden kommune | Nordbygda skule | Skolebasert vurdering | | Bruker skolen et bredt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevene når målene i læreplanverket? | | |
| Opplæring | Masfjorden kommune | Nordbygda skule | Skolebasert vurdering | | Vurderer skolen om endringer i organiseringen, tilretteleggingen og gjennomføringen av opplæringen kan bidra til økt måloppnåelse hos elevene? | | |
| Opplæring | Masfjorden kommune | Nordbygda skule | Skolebasert vurdering | | Evaluerer skolen de iverksatte endringene og gjør nødvendige tilpasninger? | | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Opplæring | Masfjorden kommune | Nordbygda skule | Skolebasert vurdering | | Er det bred og representativ medvirkning i den skolebaserte vurderingen? | | |
| Opplæring | Masfjorden kommune | Nordbygda skule | Skolebasert vurdering | | Involverer skolen elevene i den skolebaserte vurderingen? | | |
| Opplæring | Masfjorden kommune | Nordbygda skule | Skolebasert vurdering | | Gjennomfører skolen skolebasert vurdering jevnlig? | | |
| Opplæring | Stord kommune | Langeland skule, Sagvåg skule og Rommetveit skule | Egeninitiert tilsyn | Gratisprinsippet | | Er turar som er ein del av opplæringa gratis for elevar og foreldre? | |
| Opplæring | Alver kommune | Lindås ungdomsskule | Egeninitiert tilsyn | Gratisprinsippet | | Er turar som er ein del av opplæringa gratis for elevar og foreldre? | |
| Opplæring | Vestland fylkeskommune | Sogndal VGS og Voss gymnas | Egeninitiert tilsyn | Gratisprinsippet | | Er turar som er ein del av opplæringa gratis for elevar og foreldre? | |
| Opplæring | Sogndal kommune | Kaupanger skule, Kvåle skule, Leikanger ungdomsskule og Sagatun skule | Egeninitiert tilsyn | Gratisprinsippet | | Er turar som er ein del av opplæringa gratis for elevar og foreldre? | |
| Opplæring | Bergen kommune | | Egeninitiert tilsyn | Meldeplikt til barnevernet og internkontroll | | Vurderer tilsette på skulane meldeplikta opp mot vilkåra i lova? | |
| Opplæring | Bergen kommune | | Egeninitiert tilsyn | Meldeplikt til barnevernet og internkontroll | | Er kommunen sin internkontroll tilpassa for å forebygge risikoen for at tilsette ikkje oppfyller meldeplikta til barnevernet? | |
| Opplæring | Bergen kommune | | Egeninitiert tilsyn | Meldeplikt til barnevernet og internkontroll | | Avdekker og følger kommunen opp med korrigerande tiltak, for å hindre eller førebygge avvik når det gjeld skulane si meldeplikt til barnevernstenesta? | |

**Tilsyn er innrettet etter avdekket risiko (fra kapittel 3.3.3.1.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Tilsyn skal i økt grad innrettes med de temaer og i det omfang som er nødvendig basert på den risikoen som er avdekket

Vi har i 2022 gjennomført fleire egeninitierte tilsyn, mellom anna med alternativ opplæringsarena, meldeplikt til barnevernet, gratisprinsippet og kravet til likebehandling og uavhengigheit i barnehagelova. Både tilsynstema og -omfang er valt ut ifrå ei risikovurdering. Vi nyttar blant anna offentleg statistikk, klager, førespurnader, og media i vurderinga, og legg opp tilsyna på bakgrunn av informasjonen vi har. I tilsynet med gratisprinsippet og kravet til likebehandling og uavhengigheit, har vi til dømes berre undersøkt eitt kontrollspørsmål, medan tilsyna med alternativ opplæringsarena har vore omfattande. Dette syner etter vår vurdering at omfanget av tilsyna er tilpassa kva som er nødvendig for å etablere lovleg praksis.

**Kompetanse på trygt og godt skolemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle skoleeiere og skoleledere har kompetanse på hva som gir et trygt og godt skolemiljø

Handhevingsordninga gir oss god innsikt i korleis regelverket om trygt og godt skulemiljø er oppfatta og praktisert av skuleeigar og på skulane. Denne innsikta får vi først og fremst gjennom kontakt med meldar og skule, men også gjennom ulike rettleiingsmøte der skuleeigar er representert.

I 2022 har vi sett ein auke i tida frå vedtak til vi vurderer at pålegga våre er oppfylte. Sjølv om vi trur at det er fleire grunnar til dette, har det fått oss til å stille spørsmål om eiga sakshandsaming, og korleis vi kan bidra til at vedtaka våre blir forstått av skulane. Vi har mellom anna diskutert om pålegga våre er klart nok formulerte, og om dei fungerer som gode verktøy for mottakarane. Etter desse vurderingane har vi endra ordlyd og formuleringar ved behov. I tillegg går vi jamleg gjennom malane på området, for å sikre at innhaldet bidrar til kompetanseheving i sektoren.

Gjennom handhevingsordninga ser vi at skuleeigaren er fråverande i mange saker, ofte gjennom heile prosessen. I tillegg har vi erfart at forståinga av regelverket og kompetansen på kva som gir eit trygt og godt skulemiljø, kan vere mangelfull hos skuleeigarane, særleg hos nokre av dei private. Vi arrangerte difor eit webinar om regelverket, retta mot dei private skuleeigarane. I tillegg har vi gjennomført eit webinar for både offentlege og private eigarar, med eigaren sitt ansvar for eit trygt og godt skulemiljø som tema.

Dei fleste pålegga våre i skulemiljøsaker gjeld manglar knytt til undersøkingar og tiltak. Vi ser at skulane ofte har manglande forståing av når, korleis og kvifor dei skal undersøke eleven sin skulekvardag, og korleis funn frå desse undersøkingane skal føre til konkrete tiltak. For å auke kompetansen i skulane på korleis dei skal arbeide for eit trygt og godt skulemiljø, arrangerte vi i 2022 eit webinar om undersøkingar og tiltak. Både private og kommunale skular og skuleeigarar deltok.

I saker der skulen ikkje har klart å oppfylle våre pålegg, vurderer vi ofte at det er tenleg å møtast for å gå gjennom og forklare våre vedtak. Vi har difor hatt svært mange rettleiingsmøte med skular og skuleeigarar i enkeltsaker i 2022.

**Vår vurdering**

Samla meiner vi det ikkje er grunnlag for å konkludere med at alle skuleeigarar og skuleleiarar, slik vi ser det gjennom tilsyn og i handhevingssaker, har tilstrekkeleg kompetanse.

**Psykososialt barnehagemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.2 i TB)**

**Rapportere på**

Kapittel VIII i barnehageloven om psykososialt barnehagemiljø er kjent og forstått av barnehageeier og de som arbeider i barnehager.

I 2021 rapporterte vi at vi var usikre på korleis regelverket om trygt og godt barnehagemiljø i barnehagelova var forstått og implementert i barnehagane. Vi vurderte at det var ein risiko for at barnehagar ikkje var gjort kjende med regelverket, og var uroa for at vi mangla kunnskap om barnehagebarn i fylket opplevde eit trygt og godt barnehagemiljø. Dette var difor eit prioritert område for oss i 2022, og vi valde rettleiing som vårt viktigaste verkemiddel.

**Vår vurdering**

I 2022 starta vi ein rettleiingsrunde med barnehageeigarar og -styrarar som målgruppe. I samarbeid med regionane arrangerte vi til saman ti regionale dagsamlingar, der alle styrarar og barnehageeigarar i fylket får eit tilbod om kompetanseheving på innhaldet i kap. VIII i barnehagelova. Rettleiingsrunden starta i 2022, og held fram i 2023. Vi vurderer at dette vil bidra til å gjere regelverket kjent i sektoren, og konkretisere kva som er forventa av barnehageeigarar og tilsette på dette området.

**Rask behandling i saker etter § 9 A-6 (fra kapittel 3.3.3.1.3.3 i TB)**

**Rapportere på**

Alle saker er ferdigbehandlet så raskt som mulig

Vi har hatt stor auke i melde saker i 2022, i alt 58 prosent fleire enn i 2021. Den største veksten kom om hausten. Då fekk vi meldt 83 prosent fleire saker, samanlikna med hausten 2021. Vi har gjennom mesteparten av året klart å ha om lag same sakshandsamingstid som i 2021, når det gjeld tida fram til vedtak. Det skuldast først og fremst at den største auken i saker kom hausten 2022, og at vi overførte 72 saker til januar 2023 (mot 30 overførte saker i 2022). Difor vil vi truleg få lengre sakshandsamingstid i 2023.

Gjennom året har vi sett ein auke i tida frå vårt vedtak blir sendt ut, til pålegga våre er oppfylte. I 2022 tok dette i snitt 95 dagar, medan tilsvarande tal i 2021 var 74 dagar. Ei forklaring på sakshandsamingstida har blitt lengre, er at vi har prioritert å gjere vedtak i nye saker, framfor å følgje opp saker der skulen har fått pålegg frå oss. Vi forventar at skulen arbeider med saka når dei mottar vedtaket. Vår vurdering er at det viktigaste er å få ut vedtak og eventuelle pålegg til skulen så raskt som råd.

Det er svært positivt at vi har klart kravet om fem yrkedagar for tilbakemelding til meldar i alle saker. Det har vore høgt prioritert av leiarar og medarbeidarar å nå dette kravet.

Den store saksmengda i 2022 har ført til stor arbeidsbelastning på ein del medarbeidarar. Vi tilsette to personar på området i seks månadar. Dette hadde mindre effekt enn vi hadde håpa på. Handhevingsordninga krev mykje opplæring og kompetanse hos medarbeidarane. Eit halvårsperspektiv er for kort når dei nye medarbeidarane ikkje er kjende med regelverket og sakstypen frå før.

På slutten av året innførte vi faste telefonvakter. Det betyr at det meste av kontakta med meldarar, og dei som har sak hos oss, går gjennom telefonvakta, og ikkje med den konkrete sakshandsamaren. I praksis kan dette bety at vi kan bli opplevd som mindre tilgjengelege for publikum. Vi vel likevel å gjere dette for sikre at vi kan prioritere sakshandsaminga. Om denne endringa vil få effekt på sakshandsamingstida, vil vi først sjå i 2023.

Vi gjorde to vedtak om tvangsmulkt i 2022, og førehandsvarsla i ei sak, der pålegga vart oppfylte kort tid etter varselet.

Den fyrste saka om tvangsmulkt gjekk i 12 veker. Mulkta var sett til 25 000 kroner per veke. I den andre saka gjorde vi vedtak 14. november, og i januar 2023 er saka framleis ikkje avslutta. Her er det vedteke mulkt på 15 000 kroner, med 20 prosent auke frå den 14. kvar månad, til pålegga er oppfylte.

Det er viktig å understreke at vi ikkje gjer vedtak om tvangsmulkt før skulen og skuleeigaren har fått god rettleiing i sakene. I dei nemnde sakene har vi gitt rettleiing både i vedtaka, i alle orienteringsbrev, og gjennom fysiske eller digitale rettleiingsmøte med skule og skuleeigar. Begge sakene er alvorlege saker som har gått over lang tid. Skulen og skuleeigaren har ikkje vist tilstrekkeleg forståing for regelverket, eller evne til å oppfylle våre pålegg, sjølv etter mykje rettleiing.

Vi har erfart at prosessen med tvangsmulkt har vore krevjande, då det på vedtakstidspunktet ikkje var gitt mykje rettleiing på området. Vi sakna mellom anna informasjon om korleis vi skal rekne ut storleiken på tvangsmulkta på vårt område. I vårt første vedtak fekk vi hjelp av etablert praksis frå barnevernsområdet og forskrift om mulkt etter barnevernloven.

**Vår vurdering**

Vi meiner vi behandlar sakene så raskt råd. Her er det òg rett å vise til dei samla tiltaka og prioriteringane vi har gjort for å sikre ei best mogleg sakshandsaming. Det er og vår vurdering at desse sakene er tidskritiske, og at vi uroar oss for kva auka saksmengde kan bety for oppfølginga av den einskilde elev.

**Høy kvalitet i vedtakene (fra kapittel 3.3.3.1.4.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle vedtak etter § 9 A-6 har høy kvalitet i saksbehandlingen

Vi har organisert oppgåvene på skulemiljøområdet i ei fast 9 A-gruppe, sett saman av 8-10 personar. Dette er medarbeidarar med ulik kompetanse og erfaringsbakgrunn, som samarbeider tett, og har fast møte kvar veke. På desse møta går gruppa gjennom og drøftar eigen praksis, konkrete problemstillingar og vedtak, og forståing av lover og regelverk. Eventuelle avklaringar eller vedtak i klagesaker frå Utdanningsdirektoratet, vert delte og drøfta i denne gruppa.

**Vår vurdering**

Vår vurdering er at våre vedtak har gode og tilstrekkelege kvalitetar for den oppfølginga elevane har rett på og treng. Dette sikrar vi gjennom fagleg samansetting av eige fagmiljø, samhandlinga i faggruppa og konkret samarbeid som del av alle avgjerder i desse sakene.

**Vedtak i klarspråk og tilpasset mottakeren (fra kapittel 3.3.3.1.5.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle vedtak er skrevet i et klart språk og er tilpasset mottakeren

Statsforvaltaren i Vestland utarbeidde ein ny språkplan i 2022. Planen gir føringar for korleis vi skal skrive rett, klart og godt. Alle tilsette i organisasjonen er gjort kjende med planen. Dei tilsette får elles språktips og -opplæring med jamne mellomrom på intranettet vårt, og gjennom kommunikasjonsrådgjevarane.

I 2022 har vi vurdert eigne malar og gjort endringar der vi fann grunnlag for betring. Alle vedtaka vi sender ut blir kvalitetssikra av andre enn sakshandsamaren.

Arbeidet med å nytte eit klart språk som tar utgangspunkt i mottakaren, er lett å grunngje. Overordna har vi kopla det til arbeidet for berekraftsmåla og omgrep som inkludering og ein offentleg sektor som er tilgjengeleg for alle. Vi har prioritert kompetanseheving internt i avdelinga til dette området, og lagt vekt på øving og god kultur for tilbakemelding.

Det er vanskeleg å måle i kva grad vedtaka våre blir betre forstått, men vi får sjeldan meldingar som tyder på at dei ikkje er forståelege. I møte med kommunar oppmodar vi dei om å gi oss beskjed og døme på tilfelle der språket ikkje er klart og eintydig.

Samstundes må vi ta høgde for at innbyggjarane har ulike føresetnadar for å fullt ut forstå dei vedtaka vi gjer, og dei reglane og grunngjevingane vedtaka byggjer på. Dette diskuterer vi med utgangspunkt i dei ofte svært ulike målgruppene våre, t.d. barn, minoritetsspråklege og offentleg tilsette.

**Vår vurdering**

Det er sjeldan vi får meldingar om at våre vedtak ikkje er forstått. Det er ein indikasjon på at vedtaka er formulert i klart språk. Samstundes må vi vere opne for at mottakarar kan misforstå innhaldet i våre vedtak. Dette kan vere vanskelegare å fange opp og er i seg sjølv ein grunn til å arbeide med klart språk på ein integrert måte i all sakshandsaming, noko vi meiner vi følgjer opp.

**Vedtak fra skoleeier med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.6.1 i TB)**

**Rapportere på**

Antall vedtak fra skoleeier med rettsanvendelsesfeil og/eller saksbehandlingsfeil er redusert

Fleire kommunar og skular manglar framleis kunnskap om skulen si opplysningsplikt til barnevernet. Dette kjem mellom anna til uttrykk i saker som vart melde til oss frå foreldre, der vi spurde kommunen om deira vurdering av om skulen sin praksis var i samsvar med lova. Vi så at vilkåra for å melde ikkje var oppfylte i mange av desse sakene, og at skuleeigarane i fleire kommunar forsto regelverket feil. Vi har mellom anna sett at fleire kommunar har rutinemessig melding til barnevernet ved langvarig skulefråvær i sine rutineskriv, utan at dette blir knytt til lova sine vilkår for når opplysningsplikta trer i kraft. I 2021arrangerte vi to samlingar for skular, barnehagar, skuleeigarar og barnehagemyndigheit, der opplysningsplikta var tema. Vi har fått melding om færre saker på dette området i 2022, men vi ser at fleire kommunar framleis har feil forståing av dette regelverket. Vi har hatt møte med nokre av dei, der vi har rettleia om lovverket.

I klagesaksbehandlinga om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning, ser vi relativt ofte at dei sakkunnige vurderingane er mangelfulle. Det utløyser i mange tilfelle ein følgjefeil i vedtaket. Dette gjeld òg for vidaregåande skule. Med bakgrunn i dette, arrangerte vi i 2022 samlingar med PPT, vidaregåande skular og skuleeigarar som målgruppe. Krav til sakkunnig vurdering og vedtak om spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp, var hovudtemaet på samlingane.

I 2021 såg vi ein markant auke i talet på klagesaker om skuleplassering i grunnskulen (nærskule og skulebyte). I 2022 hadde vi 47 klager, mot 16 i 2021. Vi har ikkje ei klar forklaring på kvifor talet på klagesaker går opp, men vi erfarte i 2022 at saksbehandlings- og rettsbruksfeil frå skuleeigarar, er redusert

på dette området. Dette er kanskje eit resultat av den rettleiinga vi hadde for alle kommunane på dette området i 2021, sjølv om vi ikkje har sikker kunnskap om denne samanhengen.

Vi har dei siste åra hatt omfattande rettleiing om vurdering og fastsetting av standpunktkaraktar, også i 2022. Vi meiner å sjå ei klar betring hjå skulane. Tal frå klagebehandlinga viser at vi opphevar betydeleg færre vedtak enn tidlegare år.

**Vår vurdering**

Vår samla vurdering, slik det går fram av døma over, er at rettleiingsinnsats frå vår side på område der vi ser feil i bruken av rettsreglar betrar seg når vi prioriterer opplæring og rettleiing.

**Vedtak fra barnehagemyndighet med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.6.2 i TB)**

**Rapportere på**

Antall vedtak fra barnehagemyndigheten med rettsanvendelsesfeil og/eller saksbehandlingsfeil er redusert

På barnehageområdet får vi i hovudsak klager på vedtak om tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne og vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Dei siste åra har vi brukt mykje tid på å rettleie sektoren om regelverket på dette området, både gjennom samlingar for alle og møte med einskilde kommunar og regionar. Samla sett fann vi i 2022 færre vedtak frå barnehagemyndigheita med saksbehandling- og rettsbruksfeil. Vi hadde difor ikkje rettleiing retta mot alle kommunane, men prioriterte møte og rettleiing i kommunar med eit spesielt behov for det.

**Vår vurdering**

Talet på vedtak med rettsbruks- og sakshandsamingsfeil er redusert.

**Særskilt oppmerksomhet på barn og elever med behov for spesialped. tilrettelegging (fra kapittel 3.3.3.1.7.1 i TB)**

**Rapportere på**

Barn og elever, som ikke har fått det tilbudet de har behov under pandemien, er fulgt opp.

Vi har ikkje hatt konkrete spørjingar i kommunane om korleis behova som har vorte synlege under og etter pandemien er følgde opp, men har valt ei meir generell tilnærming.

I 2022 hadde vi fleire møte med skuleeigarane og barnehagemyndigheita om oppfølging etter pandemien og konsekvensar av streiken. Her la vi vekt på at skuleeigarane og barnehagemyndigheita må ha systematisk og god nok informasjon om rettane til barn og elevar. Dei må i tillegg vurdere kva verkemiddel som skal bli tatt i bruk når nokon ikkje får det tilbodet dei har krav på.

Vi har hatt eit eige møte med Bergen kommune, om oppgåvene til pp-tenesta, rolla i det samla oppfølgingsarbeidet, også etter år med pandemi.

**Vår vurdering**

Vi har ikkje grunnlag for å konkludere meir spesifikt enn at kommunane gir uttrykk for at dei arbeider for å bøte på konsekvensar av pandemien med innsats på gruppenivå og for einskilde barn. Samstundes er nok oversynet over i kva grad dette gjeld for einskilde grupper, og for einskilde barn, framleis noko uoversiktleg. Det same gjeld kva som er rett og godt tilpassa oppfølging. Denne vurderinga er i det hovudsaklege gjort på grunnlag av vår kontakt med eigarar, pp-teneste og representantar frå andre kommunale tenesteområde.

**Gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp (fra kapittel 3.3.3.1.7.2 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunen gjennomfører vedtak om spesialpedagogisk hjelp i tråd med regelverket.

**Vår vurdering**

I 2022 fekk vi ingen saker som handla om gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp. Dette kan vere ein indikasjon på at vedtak om spesialpedagogisk hjelp blir gjennomført i tråd med vedtaket.

Samstundes har vi fanga opp at retten til å klage på gjennomføring av vedtak om spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp ikkje har vore kjent i alle kommunar. Vi har difor brukt møtepunkt til å orientere om denne klageretten.

**Fritak for fag (fra kapittel 3.3.3.1.7.3 i TB)**

**Rapportere på**

Alle skoleeiere følger regelverket for fritak for fag

I 2022 har vi gitt individuell rettleiing til fleire kommunar om regelverket for fritak i fag. I den vidaregåande opplæringa har vi døme på at det berre blir gitt opplæring i enkelte kompetansemål, utan at det går fram av enkeltvedtak om spesialundervisning.

Vi meiner risikoen for brot på regelverket er størst når opplæringa blir gitt på ein alternativ opplæringsarena. Vi har difor hatt dette som tema for tilsyn både i 2021 og 2022. Funna viser fleire døme på at elevar får opplæringa si på alternativ arena, men utan at det er tilrådd og grunngitt i sakkunnig vurdering og vedtak. Vi har òg døme på at opplæringa på alternativ arena ikkje blir godt nok følgt opp av nærskulen.

Tilsynsarbeidet i 2021 og 2022 blir brukt som grunnlag for vidare informasjons- og rettleiingsarbeid i 2023.

**Vår vurdering**

Det er ikkje alle skuleeigarar som følgjer regelverket for fritaking i fag fullt ut. Vår oppfølging av dette skjer gjennom rettleiing og tilsyn, og blir ført vidare med same innsats frå vår side i 2023.

**Spesialundervisning i videregående opplæring (fra kapittel 3.3.3.1.7.4 i TB)**

**Rapportere på**

Elever i videregående opplæring får spesialundervisning i tråd med regelverket

Vi fekk også i 2022 få klagesaker om spesialundervisning i vidaregåande opplæring. Vi får difor avgrensa informasjon om praktiseringa og forståinga av regelverket gjennom klagehandsaming, og må hente informasjon frå anna hald, til dømes i møte med fylkeskommunen. Sjølv om det kjem få klagesaker til oss, er det grunn til å tru at mange elevar har behov for, og får, spesialundervisning i vidaregåande skule, ikkje minst etter fleire år med pandemi og streik i skulen hausten 2022. Behovet for spesialundervisning blir òg stadfesta i møte og ulike rapporteringar frå Vestland fylkeskommune. I fleire møte med fylkeskommunen har vi drøfta status på området, regelverksforståing og rettleia om regelverket i enkeltsaker. Vi ser at det er fleire problemstillingar på området spesialundervisning som særskilt vil gjelde for vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen melde sjølv om behov for rettleiing på området. Vi valde difor å gjennomføre tre samlingar spesielt retta mot denne målgruppa i 2022. Tema for samlingane blei delt inn etter fasane i spesialundervisninga: tilvising til PPT og sakkunnig vurdering, vedtak om spesialundervisning og gjennomføring og evaluering av spesialundervisninga.

**Vår vurdering**

Det er vår vurdering at vårt rettleiingsarbeid og samhandling med fylkeskommunen bidreg til at elevar i vidaregåande opplæring får spesialundervisning i tråd med regelverket. Konklusjonen kviler på at rettleiinga har hatt eit omfang og innhald som svarar på det behovet fylkeskommunen sjølv har sett at dei har.

**Innføring av nye læreplaner (fra kapittel 3.3.3.1.8.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle skoleeiere, skoler og lærebedrifter følger Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20)

Vi gjennomførte to rettleiingssamlingar for kommunalsjefar og rektorar om vurdering i 2022. Vi hadde og ei eiga samling for leiarar og lærarar i Bergen kommune. Tema på alle samlingane var kapittel 3 og 5 i forskrift til opplæringslova.

I desember 2021 gjennomførte vi fagdagar i norsk, engelsk og matematikk for sensorar i grunnskulen. Vi leigde inn Matematikksenteret, Nasjonalt senter for skriveopplæring og Universitetet i Bergen for å ha desse fagdagane for oss. Tema på samlingane var læreplanforståing og nye eksamenar. I 2022 gjennomførte vi ei digital samling om ny eksamen for grunnskulen, i samarbeid med Utdanningsdirektoratet. Tema var mellom anna læreplanforståing, kompetanseomgrepet og regelendringar.

I desentralisert ordning for kompetanseutvikling i grunnskulen, kan vi sjå at det i 2021 og 2022 er brukt monaleg med midlar til arbeidet med innføring av fagfornyinga i kommunane.

Vi har i tillegg behandla over 100 klager på vedtak om standpunktkarakter. I saksbehandlinga kan vi sjå at skulane følgjer det nye læreplanverket, sjølv om ein stor del av vedtaka blir oppheva.

**Vår vurdering**

Pandemien har gjort innføringa av LK20 meir utfordrande enn venta. Vi vurderer likevel at innføringa stort sett har gått greitt, og at alle skuleeigarar, skular og lærebedrifter følger det nye læreplanverket.

### 3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering

Viktigaste følgja i Noreg av Russlands åtak på Ukraina er den store flyktningstraumen frå Ukraina. Heldigvis er kommunane etter pandemien godt trena i krisehandtering, og dei tok utfordringane på strak arm. Dei fortener stor ros for at mottaks- og busetjingsarbeidet i det store og heile har fungert over all

forventning, slik at vi har oppnådd eit busetjingstal langt over tidlegare tal.

Likevel har innsatsen frå kommunane kosta, og det er hardt pressa kommunale tenester som skal handtere ein flyktningstraum som ikkje verkar å stilne. Særskilt i helse- og omsorgssektoren, som har vore hardast råka av pandemien, er det stor slitasje. Hittil har kommunane klart å skaffe hus for å busetje flyktningane, men vi nærmar oss eit punkt der det er vanskeleg å finne gode bustader til dei nye som kjem.

Vår rolle i denne krisa har vore oppmuntre kommunane til å ta imot flyktningar og å syte for oppdatert, relevant og samordna informasjon til kommunane. Etter mønster frå pandemihandteringa byrja vi tidleg etter at krigen starta med digitale møte med kommunane for å formidle informasjon. Busetjing av flyktningar vart raskt den viktigaste problemstillinga. Og vi har halde fram med jamlege digitale møte med kommunane heile tida sidan.

Vi hadde håpa at den sentrale staten etter to år med koronapandemi var førebudd på å handtere samordninga av ei ny krise. Diverre viste det seg at med nye ansvarlege departement, var det ikkje kunnskap om korleis staten hadde laga seg eit godt fungerande system for å samordne seg med kommunane gjennom statsforvaltarane. I starten opplevde vi at informasjon vart sendt frå dei ansvarlege departementa og direktorata til postmottaka i kommunane, utan at statsforvaltarane vart informerte og utan å bruka beredskapssporet. Då tok det lang tid før informasjonen kom fram til rett adressat i kommunane. Statsforvaltarane fekk mange spørsmål frå kommunane, utan at vi var i stand til å svare når vi ikkje var informerte. Ulike departement kalla kommunane inn til kvar sine digitale informasjonsmøte, utan å samordne seg imellom og utan å kalle inn statsforvaltarane. Vi fekk også tilbakemeldingar frå kommunane om at dei møta som arbeids- og inkluderingsministeren heldt, der IMDi også informerte, ikkje gav god nok informasjon og at det i praksis ikkje var råd å få stille spørsmål og ta opp ulike problemstilingar.

Etter kvart vart dei ansvarlege departementa og direktorata merksame på kva rolle statsforvaltarane har overfor kommunane, og vi fekk både tilgang til informasjonen og ansvar for å formidle viktig informasjon gjennom beredskapssporet. Samstundes skjønte IMDi kor viktige dei fylkesvise informasjonsmøta som statsforvaltarane held for sine kommunar, er, og prioriterte å ta del når det trongst. Slik vart samordninga mellom staten og kommunane etter kvart betre.

Erfaringa har vist at den avgjerande faktoren i all krisehandtering, er deling av oppdatert, relevant og samordna informasjon med alle aktørane som må handtere krisa. Viktigast av alt er kunnskapen om og erkjenninga av at kommunane alltid er i første linje for å handtere ei krise. Dersom informasjonsflyten frå det sentrale statsapparatet er mangelfull og ikkje samordna mellom relevante departement og direktorat, fører det til stor frustrasjon og dårleg handtering i kommunane, som går ut over enkeltpersonar.

I denne informasjonsflyten er statsforvaltarane eit naudsynt bindeledd, både for å sikre at informasjonen kjem fram til kommunane, for at kommunane skal forstå og omsetje informasjonen til praktisk handtering, og også for å melde tilbake til den sentrale staten om ulike problemstillingar som ikkje er dekte frå før.

Vi har ikkje oppfatta at IMDi har gjeve fylkeskommunane noko nemneverdig rolle i handteringa av flyktningane frå Ukraina.

Elles har vi gjennomført to rettleiingssamlingar for alle kommunane i Vestland om integreringslova. På den første samlinga orienterte vi om det nye tilsynsopplegget og erfaringane frå gjennomførte pilottilsyn. På den andre samlinga var temaet kapittel 6A i integreringslova. Vi har i tillegg hatt ein eigen rettleiingsdag med Bergen kommune.

Samla har vi i 2022 brukt mykje tid og krefter på å understøtte busetjing og integrering og opplever å få gode tilbakemeldingar frå kommunane på korleis vi gjer dette arbeidet. Likevel er det nok store utfordringar att for å få til god integrering, til dømes for å få fleire av flyktningane i arbeid. Og vi nærmar oss eit punkt der det er vanskeleg å finne gode bustader til dei nye som kjem. Statsforvaltarane må dessutan medverke til at kommunane gjev flyktningane velferdstenester som dekkjer behova deira.

**Fylkesmannen bidrag til samarbeid mellom stat- og kommunesektor om bosetting (fra kapittel 3.3.3.2.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Samarbeid mellom stat, fylkeskommuner og kommuner om rask og treffsikker bosetting.

Då Russland gjekk til åtak på Ukraina og utløyste store flyktningstraumar, vart det mykje viktigare å få til rask busetjing enn før. Vår rolle har vore å oppmuntre og å syte for oppdatert, relevant og samordna informasjon til kommunane. Kommunane har teke utfordringa på strak arm, og har busett flyktningar i eit tempo som vi aldri har sett maken til. Viktigaste utfordringar framover er integrering og få flyktningane i arbeid, og å skaffe gode nok bustader til dei nye som kjem. I tillegg må statsforvaltarane medverke til at velferdstenestene i kommunane er gode nok til å dekkje behova til flyktningane. Sjå elles rapporteringa under kapittel 3.1.3.8.

### 3.1.4 Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

#### 3.1.4.1 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov

I den regionale kompetanseordninga, har ein tredjedel av barnehagane fått midlar til utviklingsarbeid retta mot eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning. I desentralisert ordning er om lag halvparten av tiltaka knytta til inkluderande praksis, mens den andre halvparten fordeler seg mellom fagfornyinga og andre meir fagspesifikke tiltak. I kompetanseløftet har det blitt delt ut midlar til tiltak som inkluderande praksis, kompetanseheving

på psykisk helse, kompetanseheving kring særleg utsette elevar, tverrfagleg samarbeid og samarbeid mellom dei ulike tenestetilboda i kommunen. Dette peikar i retning av at sektoren sjølv vurderer at det er behov for kompetanseheving, for å i større grad kunne tilpasse tenestetilboda til individa, og til behova og føresetnadene til kvart enkelt barn.

Vi har i 2022 bedt om innsikt i bruken av kompetansepakkane som Udir har utvikla, både på fylkes- og kommunenivå. Vi informerer aktivt om kompetansepakkane, men veit lite om i kva grad sektor nyttar seg av desse.

Vi ser stor nedgang i søknader knytt til kompetanse for kvalitet. I 2021 var det registeret 1411 søknadar, mens det i 2022 var registrert 1265 søknadar. Dette er ein nedgang på om lag 10,5 prosent. Om det er mindre behov for etter- og vidareutdanning, eller om dette har mindre prioritet i hjå skuleeigarane, har vi ikkje kunnskapsgrunnlag til å vurdere.

**Vår vurdering**

Barnehage- og skuleeigarar har ei bemanning som hovudsakeleg stettar dei kompetansekrava som gjeld, jf. data frå BASIL og GSI. Det er likevel meir utfordrande å rekruttere no enn tidlegare år, særleg i mindre kommunar med stor avstand frå regionale sentra. Rektorstillinga er særleg vanskeleg å rekruttere til. Eigarane, særleg gjeld det mindre og perifere kommunar, informerer oss og om at rekruttering til "hovudutlysinga" oftast går greit, men at rekruttering i løpet av eit oppstarta skule- og barnehageår ofte er nær sagt umogleg.

**Kompetansebehov i lys av Kompetanseløftet (fra kapittel 3.4.1.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Kommuner og fylkeskommuner vurderer sine kompetansebehov i lys av målsettingene i Kompetanseløftet

Vestland kom med i ordninga Kompetanseløftet i 2021. Vi starta likevel med informasjonsarbeid og førebuing allereie i 2020. Vi har brukt mykje tid på å drøfte formålet med ordninga, korleis ordninga skil seg frå dei andre tilskotsordningane, og korleis vi må sjå dei ulike ordningane i samanheng.

I 2022 reviderte vi grunnlagsdokumentet som operasjonaliserer kompetansetilskota i Vestland. I revideringa tok vi mellom anna inn at tiltaka skal vere tverrfaglege og retta mot ei brei målgruppe, at dei kommunale støttetenestene må inngå i kartlegginga og behovsvurderinga, at innstillinga må gjere greie for korleis PPT og resten av laget rundt barnet er involvert, og på kva måte Statped er involvert i partnarskapet.

Hausten 2022 arrangerte vi ei samling for barnehage- og skuleeigarar med mål om å styrke analysekompetansen til kommunane. Vi brukte mykje tid på å klargjere omgrepa kvantitativ og kvalitativ analyse, og verdien av å danne seg eit heilskapleg bilete av systemet rundt barna, som informasjonsgrunnlag for tiltak og utviking. I møte og kommunikasjon med samarbeidsforum og sektoren generelt, har vi informert om Udir sine kompetansepakkar om inkluderande praksis, ståstadsanalysen for PP-tenestene, og Bufdir/Udir si samling om heilskap og samanheng i kompetansetiltak den 21. april 2022.

**Vår vurdering**

I 2021 var hovudmålet for kompetanseregionane i Vestland analysearbeid og vurdering av kompetansehevingsbehov. I 2022 har arbeidet munna ut i konkrete tiltak som har fått støtte gjennom tilskotsordninga. Av behovsmeldingane ser vi fleire tematiske gjengangarar. Døme på dette er inkluderande praksis, kompetanseheving på psykisk helse, kompetanseheving kring særleg utsette elevar og tverrfagleg samarbeid og samarbeid mellom dei ulike tenestetilboda i kommunen. Vi vurderer at desse tema er godt forankra i målsettinga for kompetanseløftet. Dette viser at kompetanseregionane og kommunane som inngår, har forståing for målsetninga med kompetanseløftet, og at dei vurderer sine kompetansebehov i lys av målsetninga.

**Tiltak i tverrsektorielt perspektiv (fra kapittel 3.4.1.1.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Tiltakene i Kompetanseløftet sees i et tverrsektorielt perspektiv hvor PP-tjenesten er inkludert

Vi tok initativ til å etablere eitt felles Samarbeidsforum for kompetanseordningane i 2022. Bakgrunnen for den nye organiseringa var å få eit meir tverrsektorielt perspektiv i kompetanseløftet, og å sjå ordningane betre i samanheng. Med eitt samarbeidsforum kan vi i større grad nytte forumet som kommunikasjonskanal for kompetanseløftet.

I 2022 oppmoda vi sektoren til deltaking på Bufdir/Udir si samling om heilskap og samanheng i kompetansetiltak. Det tverrsektorielle perspektivet vart også drøfta i møte i Samarbeidsforum same vår. Mellom anna var Statped bedt om å halde eit innlegg om deira rolle i kompetanseløftet, medan KS blei invitert til å snakke om barnevernsreforma og samordning mellom ulike tenestetilbod for å styrke det førebyggjande arbeidet og tidleg innsats.

I 2022 reviderte Samarbeidsforum og Statsforvaltaren grunnlagsdokumentet for kompetanseordningane i Vestland. I revideringa la Samarbeidsforum vekt på at tiltak skal vere tverrfaglege og retta mot ei brei målgruppe, at dei kommunale støttetenestene må inngå i kartlegginga, og at innstillinga frå kompetanseregionane må gjere greie for korleis PPT og resten av laget rundt barnet/eleven er inkludert i målgruppa for tiltaket.

**Vår vurdering**

Som sekretariat for samarbeidsforum mottek vi innstillingar frå kompetanseregionane. Vår erfaring er at den samla innstillinga frå Samarbeidsforum i all hovudsak gir midlar til tiltak der PP-tenestene er involverte i tiltaka.

**System for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov (fra kapittel 3.4.1.1.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle kommuner i oppfølgingsordningen har bedret sine systemer og økt sin kompetanse til å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine virksomheter

I Vestland er til saman sju kommunar med i oppfølgingsordninga. Av desse sju er to frå 2020-uttrekket og fem frå 2022-uttrekket.

For utrekket i 2022 har vi vore ansvarlege for å skaffe rettleiarar som skal gi støtte til kommunen i forfasen. I kommunikasjonen med rettleiarane og kommunen har vi vore tydelege på at rettleiarane skal gi prosesstøtte til kommunen i deira arbeid med å utvikle eit utfordringsbilete. Målet er at kommunane gjennom forfasen får erfaring med å kartleggje, analysere og vurdere kompetansebehovet i sine verksemder, og at dei seinare kan nytte denne erfaringa til å modellere eigne system og rutinar for dette. Det har derfor vore fokus på at det er kommunen sjølv som skal stå for analysearbeidet, mens rettleiarane skal gi dei støtte, inspirasjon og innspel i denne prosessen.

2020-uttrekket består av to kommunar som er ulike i storleik. Kvinnherad har 14 skular, 15 barnehagar og eig sine eigne støttetenester, mens Ulvik har ein skule, ein barnehage og kjøper PP-tenester frå Voss herad. Kommunane har derfor ulik tilnærming til det å kartleggje, analysere og vurdere kompetansebehov i sine verksemder.

I Kvinnherad har skuleeigar saman med einingane laga eit system med føringar for korleis skulane skal drive utviklingsvingsarbeid. Gjennom etablering av arbeidsgrupper samansett av rektor, avdelingsleiarar, pedagogisk koordinator (PPT-kontakt) og e-pedagog ved skulane, har det blitt lagt til rette for å drive målretta kvalitetsutvikling i fagfellesskapet. Arbeidsgruppa utarbeider framdriftsplan/milepålar og evalueringspunkt for utviklingsarbeidet. I tillegg til arbeidsgruppa er det lagt til rette for at tilsette og elevar medverkar i arbeidet og prosessen, med mål om å etablere ei felles forståing for utfordrings- og framtidsbilete, val av satsingsområde og tiltaka i utviklingsplanen. Skuleeigar har vidare etablert eit utviklingsteam som skal gi støtte og felles retning i utviklingsarbeidet for PP-tenesta, barnehage og skule. Einingsleiarane for skulane, barnehagane, PP-tenestene, utviklingsteamet og administrasjonen sentralt, møtest ein gang i månaden, for å sjå heilskapleg på utviklinga av utdanningssektoren i kommunen.

Ulvik har lagt større vekt på metode enn system, då utvikling av støttetenestene skjer gjennom tiltak i kompetanseløftet og det interkommunale samarbeidet, og det berre er éin skule i kommunen. I arbeidet med organisasjonskulturen har skulen gjennom diskurs-metoden avdekt at dei har utfordringar innan lesing, foreldresamarbeid og skulekultur. Ulvik har hatt mykje sjukefråvær gjennom både forfasen og gjennomføringsfasen. Fråværet har ramma sentralt personale, som kommunalsjef/rektor, assisterande rektor, og personale i ressursteamet som har hatt særlege oppgåver knytt til oppfølgingsordninga. Det er derfor ikkje heilt klart korleis dei skal implementere diskurs som ein integrert del av de kontinuerlege arbeidet med å kartleggje, analysere og vurdere kompetansebehovet på skulen. Dette er noko vi vil legge vekt på i den siste delen av gjennomføringsfasen.

**Målretta tiltak basert på analyser av utfordringer og behov (fra kapittel 3.4.1.1.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Alle kommuner i oppfølgingsordningen jobber med målrettete tiltak basert på analyser av utfordringer og behov for å bedre læringsmiljøet og læringsutbyttet for barn og unge

For uttrekket i 2022 har vi vore tydelege med kommunane og rettleiarane om at oppfølgingsordninga skal bidra til kvalitetsutvikling i kommunen og skulane, slik at dei har gode føresetnader for å nå sektormåla. Kommunane er framleis i prosessen med å utvikle eit utfordringsbilete, og er ikkje i gang med konkrete tiltak enno.
Kommunane er identifiserte på indikatorarar for blant anna læringsmiljø og læringsutbytte, og sektormåla er utgangspunktet for analysearbeidet. Dette vil legge føringar for tiltaka. Vi har vidare bedt kommunane om å nytte ei skriveramme som skildrar tiltaka, når dei skal søkje midlar våren 2023.

I 2022 har Kvinnherad og Ulvik gjennomført tiltak i oppfølgingsordninga.

**Vår vurdering**

Kvinnherad har god framdrift og eit konkret tiltak rundt inkluderande praksis. Inkluderande praksis er slik vi ser det sentralt for læringsmiljøet og læringsutbyttet til elevane. Tiltaket byggjer på analysen som er gjennomført i forfasen, og omfattar PP-tenestene og alle skulane i kommunen. PP-tenestene har fått ein tydelegare rådgjevande funksjon, og pedagogisk koordinator (PPT-kontakt) på skulen følgjer opp samarbeidet. Nokre skular har også innført ressurslærarar, som skal vera pådrivarar for endring/betring av praksis og følgje opp tiltaka i klasserommet. Gjennom dei stopp-punkta vi har delteke på, der skulane rapporterer på resultatmål for prosjekta, ser skulane sjølve progresjon på områda læringsmiljø og læringsutbytte. Dette kjem også delvis fram av talmaterialet frå elevundersøkinga for 2022.

Ulvik har hatt mykje sjukefråvær gjennom heile året, men har framdrift. Kartlegginga i forfasen viste at skulen hadde utfordringar med organisasjonskulturen, og at dette påverka læringsmiljøet og læringsutbytte. Skulen hadde i liten grad felles praksis på fleire område, og det var ikkje etablert gode arenaer for å diskutere og utvikle undervisningspraksisen. I arbeidet med organisasjonskulturen har diskurs vore ein sentral metode. Han er nytta til å ta tak i moment som er sentrale for læringsmiljøet og læringsutbytte til elevane, og for å utvikle ei felles forståing og praksis på desse områda. Døme på dette er foreldresamarbeid, lesing og felles kultur. I møte med kommunen svara dei at dei ser betring i læringsmiljøet, spesielt på trinna dei har hatt særlege utfordringar. Sjølv om talmaterialet er lite, og vil ha store variasjonar frå år til år, viser resultata på 10. trinn at det er ei betring samanlikna med fjoråret. Resultata frå 7. trinn viser likevel at det er rom for vidare betring.

### 3.1.5 Gjennomførte evalueringer

**Landbruk**
I landbruksoppdraget skal vi ifølgje hovudinstruksen gjennomføre kartlegging og utgreiing på to område, annakvart år:

Innan eigedomslovgjevinga ( 5.3.10.1)
Vi bad om å få kopi av alle delingsvedtaka etter paragraf 12 i jordlova frå fire kommunar: Stryn, Gloppen, Gulen og Bømlo. Kommunane vart plukka ut etter ei risikovurdering basert på tal klagesaker samanlikna med tal saker totalt. Vi fekk tilsendt 27 delingssaker frå desse kommunane, og nesten alle var innvilga. Dei fleste sakene handla om landbruksareal med låg verdi. Vi har ikkje funne så alvorlege feil og manglar i dei innsende sakene at vi har vurdert å overprøve kommunale vedtak. Praksisen var betre enn frykta.

Innan produksjonstilskot (5.3.10.3)
Her har vi av kapasitetsomsyn ikkje gjennomført eiga evaluering i 2022.

**Beredskap**
Beredskap har gjennomført følgjande evalueringar i 2022:

- Bistand frå Forsvaret til vaksinering i Vestland (10.03.22)
- Evaluering av pandemien og vegen vidare i Vestland (26.09.22)
- Evaluering av samordning av vakthald ved petroleumsanlegg hausten 2022 (12.12.22)

Vi har også bistått Askøy kommune i deira evaluering etter pandemien.

## 3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks

### 3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver

Ingen avvik.

### 3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Ingen avvik.

### 3.2.3 Barne- og familiedepartementet

Ingen avvik.

### 3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

Vi har ikkje oppnådd volumkravet for planlagte tilsyn med kommunehelsetenesta. Sakshandsamingstida i hendingsbaserte tilsynssaker, "behandlingsmåte 5" har vore for lang.

### 3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

Ingen avvik.

### 3.2.6 Klima- og miljødepartementet

Ingen avvik.

### 3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet

Ingen avvik.

### 3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik

### 3.2.9 Landbruksdepartementet

Vi har utført oppdraget med innsats på alle område og oppgåver, og kan slik sett melde om *ingen avvik.*
På nokre viktige mål for landbrukspolitikken har vi likevel dessverre ikkje nådd målsetjinga:

- Vi har framleis for dårleg forynging etter hogst, under halvparten av hogstarealet vert tilplanta med same kvalitet.
- Jordvern: Vi ligg framleis over det nasjonale målet for årleg omdisponering av dyrka jord.

### 3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

**Kvalifiseringsprogrammet (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for:

- Hvilke tiltak statsforvalteren har iverksatt for å styrke forankringen av kvalifiseringsprogrammet på ledernivå i NAV- kontoret og i kommunen.
- Hvilke tiltak statsforvalteren har iverksatt for å øke kompetansen på kvalifiseringsprogrammet i NAV-kontorene, herunder hvordan det sikres kompetanse om at kvalifiseringsprogrammet er en lovbestemt rettighet for de brukerne som fyller vilkårene.
- Hvordan statsforvalteren har fulgt opp NAV-kontor med særskilte utfordringer i gjennomføringen av kvalifiseringsprogrammet.
- Hva som er de største utfordringene i kommunenes arbeid med kvalifiseringsprogrammet.

Den 30. november 2022 var det 131 fleire deltakarar i kvalifiseringsprogrammet (KVP) i Vestland, samanlikna med same tid året før. Vi er kjende med at nokre Nav-kontor har jobba så godt med KVP at dei har fått oppretta nye stillingar på området. Vi har framleis tolv kommunar som ikkje har deltakarar i programmet.

**Tiltak for å styrke forankringa av kvalifiseringsprogrammet på leiarnivå i Nav-kontoret og i kommunen**

Vi har hatt kvalifiseringsprogrammet som tema i vår kontakt med leiarnivået i Nav-kontora og i kommunen ved fleire høve.

Bergen er den nest største byen i Noreg, og om lag halvparten av innbyggjarane i Vestland bur i Bergen kommune. Byrådet leier administrasjonen, og den kommunale delen i dei fem Nav-kontora i byen er organiserte under byrådets Etat for sosiale tjenester. Kvart år har vi møte med leiarane i etaten, der vi informerer kvarandre og går gjennom aktuelle tema. Kvalifiseringsprogrammet er alltid tema på desse møta, og i år la vi mellom anna vekt på rapporten frå Oxford Research om Nav-kontora sin bruk av kvalifiseringsprogrammet, og på betydinga av å finne aktuelle kandidatar blant ungdom.

På Nav-leiarsamling i desember var KVP eit av houvdtemaa, og vi inviterte direktoratet og prosjektgruppa som har utarbeidd kompetansekassen for kvalifiseringsprogrammet. Direktoratet presenterte mellom anna forsking frå Fafo «Velferdsordningar til unge» og forsking frå Oxford research, «Kartlegging av arbeidet med KVP». Dei snakka om styrken til kvalifiseringsprogrammet, og gjekk gjennom deltakartala for fylket. Prosjektgruppa som har utarbeidd kompetansekassen, presenterte verktøya for leiar- og rådgjevarnivået.

I 2023 skal vi, i samarbeid med Statsforvaltaren i Trøndelag, gjennomføre eigenvurdering av KVP, og alle kommunane har fått invitasjon til å vere med. Vi byrja førebuingane i 2022. I arbeidet med å utvikle relevant materiale som sjekklister og rapporteringsskjema, sende vi e-post til alle Nav-leiarar med spørsmål om nokon frå deira kontor ville delta i ei referansegruppe. Til e-post la vi ved det førebelse materialet vårt. Med dette ville vi både informere om planlagd eigenvurdering, gi høve til medverknad og kanskje skape interesse og auke kunnskapen om KVP. Vi fekk gode tilbakemeldingar frå fleire kontor, og eitt kontor sa dei straks ville ta i bruk materialet som utgangspunkt for internopplæring. Vi fekk representantar til ei god referansegruppe. I tillegg har vi hatt eit eige møte med representant frå Etat for sosiale tjenester i Bergen kommune. Ho viser stor interesse for KVP, deltar på dei fleste nettverkssamlingane vi arrangerer, og tok sjølv initiativ til å bidra med tilbakemeldingar på materialet ho visste vi jobba med til eigenvurderinga. Vi opplevde møtet som nyttig, og i løpet av gjennomgangen av målkrava for eigenvurderinga, fekk vi snakka om ei rekkje relevante tema og rettleia på område der vi frå før var kjende med behov.

Vi får tilbakemeldingar om at Statsforvaltaren blir opplevd som relevant og tilgjengeleg for råd og rettleiing om KVP, også via telefon og e-post.

Etter spørsmål frå ein Nav-leiar i region Sogn, deltok vi på regionsamling for sosiale tenester og bidrog med informasjon og undervisning om kvalifiseringsprogrammet.

**Tiltak for å heve kompetansen på kvalifiseringsprogrammet i Nav-kontora**

I 2022 hadde vi fire grunnopplæringar i KVP digitalt. Målgruppa for kurset er Nav-tilsette som er nye i arbeidet med KVP, men også andre Nav-tilsette som er interesserte i å lære meir om tenesta. Vi har hatt mellom 30 og 50 deltakarar kvar gong, og vi ser at det er både statlege og kommunale rådgjevarar blant deltakarane. Vi har også hatt med oss leiarar, fagleiarar, studentar og representantar frå ulike prosjekt i Nav. På den eine grunnopplæringa deltok også rådgjevarar frå Rogaland, etter avtale med Statsforvaltaren i Rogaland. Vi har over 80 påmelde til første grunnopplæring i 2023. Her har vi opna for deltaking frå Trøndelag.

Vi har hatt fire fysiske nettverkssamlingar for dei som jobbar med KVP, og vi har valt å tilby samlingar både i Bergen og på Skei i Sunnfjord for å nå ut til flest mogleg. Nettverkssamlingane er arena både for opplæring og erfaringsutveksling. Vi opplever aukande interesse for nettverkssamlingane. På den siste samlinga i Bergen deltok 70 rådgjevarar, og vi hadde venteliste. Vi får gode tilbakemeldingar på innhaldet i samlingane, mellom anna gjennom evalueringsskjema i etterkant, og både rådgjevarar og leiarar ønskjer at vi held fram med dette tilbodet.

I september hadde vi også ei digital nettverkssamling, der forskar Anne Wullum Aasback delte sitt arbeid med digital teknologi i sosialt arbeid. Ho har tidlegare erfaring som fagleiar i Nav og ansvarleg for kvalifiseringsprogrammet i Trondheim.

Vi opplever at enkelte tema eignar seg for digitale samlingar, medan andre krev at ein møter kvarandre fysisk. Vi vil halde fram med å tilby begge deler, både for å utnytte ressursane best mogleg og for at alle skal oppleve å få eit tilbod.

**Oppfølging av Nav-kontor med særskilde utfordringar i gjennomføringa av kvalifiseringsprogram**

Ein del kommunar har ingen eller få deltakarar i kvalifiseringsprogrammet. Dei rapporterer ulike årsaker til dette, som at det kan vere vanskeleg å identifisere kandidatar, eller at dei har få sosialhjelpsmottakarar generelt. I juni sende vi e-post til 17 Nav-kontor som hadde 0-2 KVP-deltakarar, med tilbod om samtale dersom dei tenkte det var noko vi kunne bidra med for auke talet. Vi informerte også om grunnopplæringa og nettverkssamlingane våre, og minna om direktoratet sin gjennomgang av ny forsking på kvalifiseringsprogrammet den 28. juni. Vi fekk tilbakemelding om at dei sette pris på at vi var på tilbodssida. Ein leiar ringde for ein samtale om tema, og ein annan melde seg på grunnopplæringa. Ein leiar svara at dei ville sjå på rutinane sine for å auke talet, og ein annan leiar stadfesta at dei var i gang med sine første deltakarar på lenge.

**Dei største utfordringane til kommunane i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet**

I desember sende vi ut rapporteringsskjema til alle Nav-leiarar i Vestland, og vi har fått 35 svar. På spørsmålet om kva dei opplever som dei største utfordringane i arbeidet med KVP, har fleire svara:

- KVP er for lite kjent, både internt i Nav og blant folk flest.
- Inngangsvilkåra kan bli tolka for strengt.
- Kravet om at det må vere fleire samarbeidspartar rundt brukaren kan føre til avslag.
- Stønaden til deltakarar under 25 år er for låg.
- Personar som ønskjer å søkje permanent opphald i Norge unngår KVP fordi dei ikkje kan søkje om det så lenge dei får stønad etter sosialtenestelova.
- Grensesnittet mellom KVP og AAP.
- Ressurskrevjande oppfølgingsarbeid.
- Omfattande regelverk.
- Omfattande administrering rundt kvalifiseringsstønaden.
- Ønskjer eige søknadsskjema og informasjonsmateriell.
- Ønskjer også hjelp til å utarbeide malar og rutinar for arbeidet.

Dei fleste nemner ressursar som eit problem. Dei som jobbar med KVP har ofte anna oppfølgingsarbeid i tillegg, og det er vanskeleg å avgrense porteføljen og legge til rette for at rådgjevarar kan spesialisere seg på KVP.

Det kan vere utfordrande å fylle programmet med føremålstenlege aktivitetar og følgje tett nok opp. Dette ser vi hos Nav-kontor som ikkje er store nok til å ha eigne KVP-rettleiarar. I tillegg rapporterer små kontor om få lokale tiltaksplassar, avgrensa tenestetilbod, store geografiske avstandar og dårleg kollektivtilbod.

**Aktivitetsplikt (fra kapittel 7.3.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal beskrive utøvelsen av aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år i fylket; herunder hva slags aktivitet det stilles vilkår om, og vurdere hvorvidt aktivitetene er hensiktsmessige for å øke overgang til arbeid og utdanning.

Nav-kontora har i rapportskjema informert oss om ulike aktivitetar dei brukar i samband med aktivitetsplikta:

- Møte til samtalar med rådgjevar
- Følgje opp avtalar som blir gjort med Nav
- Følgje aktivitetsplanen, til dømes når dei har AAP
- Følgje behandlingsplan, eventuelt oppsøke lege (ved helseproblem)
- Dersom brukaren er i jobb eller skule, kan det stillast vilkår om at dei fortset med dette
- Vere registrert som arbeidssøkjar og sende meldekort
- Dokumentere jobbsøknader
- Utføre tenester for frivilligsentralen
- Deltaking i kommunale arbeidsretta tiltak
- Deltaking i statlege arbeidsmarknadstiltak
- Deltaking i arbeidsretta tiltak i regi av frivillige organisasjonar

Arbeidsretta tiltak som Nav-kontoret tilviser eller søkjer brukaren inn til, kan vere gruppebasert eller individuelt tilpassa. Tiltaka kan innehalde kartlegging, motivasjon, rettleiing og oppfølging, arbeidstrening, jobbsøking, jobbformidling, språkopplæring og anna opplæring.

I rapportane frå Nav-kontora ser vi at mange understrekar at dei gjer individuelle vurderingar, og at vilkår om aktivitet vert sett i samråd med brukaren. Vi vurderer at aktivitetane i slike tilfelle er føremålstenlege for å få fleire ut i arbeid og utdanning. Vi har informasjon som tilseier at Nav-kontora ikkje alltid følgjer vilkåra godt nok opp, og at dei kan forveksle aktivitetsplikt med plikt til å opplyse saka si, ved til dømes å levere dokumentasjon på økonomi. Dette er tema vi vil ta med i opplæringstilbodet vårt i år, og vi vil republisere ei nettsak vi tidlegare har hatt om temaet. Vidare ser vi behov for å minne om at retten til KVP alltid skal vurderast før det blir stilt aktivitetskrav etter 20a, så det vil vi fortsetje å undervise om i grunnopplæringa for KVP og i andre samanhengar.

**Økonomisk rådgivning (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for kompetansehevende tiltak innenfor økonomisk rådgiving som er gjennomført overfor kommunene og sitt øvrige arbeid med økonomisk rådgivning.

Vi har halde eitt digitalt basiskurs i samarbeid med Statsforvaltaren i Rogaland.

Vi har hatt to digitale og to fysiske nettverksamlingar. Tema har mellom anna vore barneperspektiv og tilgjengelege tenester. Vi har skrive ei nettsak om korleis Nav skal sørgje for at alle som kan ha behov for det, får informasjon og tilbod om økonomisk rettleiing til rett tid. Vi har hatt søkjelys på korleis Nav kan identifisere at nokon treng økonomisk rettleiing eller anna hjelp. Vi har fått tilbakemeldingar på at samlingane har vore nyttige og at det har ført til at dei økonomiske rådgjevarane har endra måten dei jobbar på.

Med regionkontaktrolla har vi halde to grunnkurs og to vidaregåande kurs digitalt for region nord og vest. Vi har i samarbeid med direktoratet arrangert tre nasjonale digitale ekspertkurs, og laga og sendt ut ei undersøking i samband med endring i gjeldsordningslova.

Vi har i møte med Nav-leiarar informert om Dyrtid-rapporten og at mange truleg vil trenge økonomisk rettleiing. Vi har også mint dei på at alle i Nav, uavhengig av kva dei jobbar med, skal kjenne til tenesta, klare å fange opp behovet og vite korleis dei kan sende brukaren vidare til dei som kan gje økonomisk rettleiing.

I samband med SIFO-rapporten «Dyrtid under oppseiling» trur vi mange vil trenge rettleiing om korleis dei kan endre forbruksmønsteret sitt. Då vil det vere ekstra viktig at tenesta er tilgjengeleg, altså at alle tilsette i Nav og kommunale samarbeidspartar kjenner til tenesta og kan gje informasjon om korleis ein kan få tenesta. Viss behovet for råd og rettleiing aukar, så treng kanskje fleire i Nav kunnskap til å kunne gje denne rettleiinga.

**Kompetansehevende tiltak utsatt ungdom (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalterne skal beskrive hvilke kompetansehevende tiltak de har iverksatt for oppfølging av utsatt ungdom i NAV-kontoret, og redegjøre for hvordan statsforvalteren har tilrettelagt for erfaringsutveksling om oppfølging av utsatt ungdom i NAV.

Vi gjennomførte ei eigenvurdering i 2022 med tema tildeling av stønad til unge personar. Nav-kontora har fått tilbod om særskilt opplæring og vert følgde opp på område der dei avdekte lovbrot eller rom for forbetring.

Utsette unge vert tema i møte med prosjekta som utviklar dei sosiale tenestene. Det var også tema på fagdagane for dei sosiale tenestene. På desse samlingane la vi til rette for erfaringsutveksling på tvers av kontora.

Fleire av prosjekta våre har gode resultat i arbeidet med utsette unge. Vi har lagt vekt på å dele desse erfaringane med andre i Nav.

Vi har også arrangert samlingar på tvers av tenester, både for leiarar og for alle som møter barn og unge i sitt arbeid. For leiarane har tema vore førebyggjande plan og barnevernsreforma. For dei som møter barn og unge har tema vore relevant lovverk for samhandling, kompetansebygging, bustadsosialt arbeid, ettervern, samarbeid og samhandling om psykisk helse, minoritetsperspektivet og førebyggjande plan. Sjå elles 3.1.2.1

Det er risiko for at kvalifiseringsprogrammet ikkje alltid vert brukt nok hos unge. Vi trur at fleire unge kan ha rett til tenesta. Dette temaet har vi drøfta i ulike samanhengar i 2022, og vi ønskjer å ha meir merksemd på det i 2023.

**Digitalisering av sosiale tjenester (Digisos) (fra kapittel 7.3.1.5 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for sin oppfatning av hvordan digitalisering gjennom DIGISOS påvirker tilgjengelighet til de sosiale tjenestene, og hvordan det jobbes med å sikre tilgang til sosiale tjenester for brukere som har vansker med å benytte digitale løsninger.

Nav-kontora får dei fleste søknadene i DIGISOS. DIGISOS gjer kontakten med Nav enklare for brukarar som har digital kompetanse. Det er likevel brukargrupper som av ulike årsaker ikkje kan bruke digitale kanalar. Det er òg brukarar som ikkje har nødvendig digitalt utstyr eller digital kompetanse. Dei sosiale tenestene må vere tilgjengelege også for desse brukarane.

DIGISOS kan berre påverke tilgjengeleget til økonomisk stønad, som det er mogleg å søkje om digitalt.

Dei som ønskjer råd og rettleiing bør enkelt, til dømes ved å trykkje på ein knapp, kunne be om ein samtale. Viss dei skal nytte skjemaet som er meint for økonomisk stønad, vil dei måtte gi frå seg informasjon som ikkje er naudsynt for at dei skal få tenesta. Mange av dei som ønskjer økonomisk rettleiing, har lite oversikt over den økonomiske situasjonen sin og synest det er vanskeleg å ta kontakt på grunn av skam.

Det same gjeld individuell plan og kvalifiseringsprogrammet. Viss det finst skjema for å søkje, vil brukarane enklare kunne søkje på det dei kan ha rett på. Samla gjer dette at tenestene er meir utilgjengelege for dei som allereie har vanskar med å ta kontakt å be om hjelp. Det manglar også klageskjema, som kan gjere terskelen kan bli høgare for dei som vil klage.

**I forbindelse med introduksjonsordning... (fra kapittel 7.3.1.7.1 i TB)**

> **Rapportere på**
>
> I forbindelse med introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

I 2022 har vi avgjort tolv klagesaker som gjeld introduksjonsordninga for nykomne innvandrarar.

Seks av klagesakene gjaldt utvida tid i introduksjonsprogrammet. Vi gav avslag/ikkje medhald i to av sakene, og oppheva tre av sakene. Vi avviste ei sak fordi klagefristen var ute.

Fire av klagesakene gjaldt rett til deltaking i introduksjonsprogrammet. Vi stadfesta vedtaka frå kommunen i alle desse sakene.

Ei klagesak gjaldt lengda av introduksjonsprogrammet, og ei gjaldt krav om introduksjonsstønad.

**På området opplæring i norsk... (fra kapittel 7.3.1.7.2 i TB)**

> **Rapportere på**
>
> På området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren oppgi antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

I 2022 har vi avgjort tre klagesaker som gjeld opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar.

To av klagesakene gjaldt fritak frå avsluttande prøver i norsk og samfunnskunnskap. Vi stadfesta eitt av vedtaka, og oppheva det andre vedtaket.

Ei klagesak gjaldt fritak frå plikta til opplæring i norsk. Vi oppheva kommunen sitt vedtak i denne saka.

**Statsforvalteren skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.1.7.3 i TB)**

> **Rapportere på**
>
> Statsforvalteren skal gjennomføre statsborgerseremonier for alle nye statsborgere i fylket som har fylt 12 år, samt medvirke til at andelen av nye statsborgere som deltar på seremoniene øker.
>
> Statsforvalternen skal i årsrapporten rapportere på antall statsborgerseremonier som er avholdt, totalt antall utsendte invitasjoner til nye norske statsborgere og totalt antall nye statsborgere som har deltatt i statsborgerseremoniene i fylket.

Året starta med restriksjonar som følgje av covid-19, og vi måtte ta att eit visst etterslep, sjølv om dei som fekk statsborgarskap under den verste delen av pandemien fekk tilbod om gåveboka "velkomen som ny statsborgar" i staden for seremoni.

Talet på nye statsborgarar har vore ekstra høgt grunna nye reglar for dobbelt statsborgarskap, men det kan sjå ut som om mange av desse ikkje nødvendigvis svarar ja på invitasjonen.

Til saman arrangerte vi seks seremoniar i 2022. Ettersom Vestland er eit stort fylke, inviterer vi etter gamle fylkesgrenser. Det var derfor to seremoniar i Sogn og Fjordane og fire i Hordaland.

Til saman vart 2195 nye statsborgarar inviterte til dei seks seremoniane i 2022, kor av 506 svarte ja. Samla er det eit oppmøte på 23,1 prosent. Her må det seiast at det er stor variasjon frå seremoni til seremoni, frå 27,2 prosent på ein dobbel seremoni, til under 20 på andre. Vi trur forklaringa ligg i at vi fekk ein del invitasjonar i retur av dei som følgde eit visst etterslep, i tillegg til at det for nokre var geografiske årsaker.

Det kan og vere verd å nemne dei to seremoniane som vart arrangerte 29. januar 2023 ettersom dei normalt ville blitt haldne i 2022. Vi vil likevel vente med å rapportere på desse til neste årsrapport.

**Statsforvalteren skal også rapportere på.... (fra kapittel 7.3.1.7.4 i TB)**

> **Rapportere på**
>
> Statsforvalteren skal også rapportere på antall deltakere i opplæring norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (også personer som ikke er omfattet av integreringsloven/introduksjonsloven). I tillegg skal statsforvalteren rapportere på antall årsverk i kommunene som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap iht. integreringsloven/introduksjonsloven.

I 2022 var det totalt 6499 deltakarar i Vestland. Kommunane har rapportert at dei har nytta om lag 470 årsverk til denne opplæringa.

**Bosetting av nyankomne flyktninger (fra kapittel 7.3.1.7.5 i TB)**

**Rapportere på**

Det vises til styringsparameter 3.3.3.2.1. Statsforvalteren skal kort redegjøre for samarbeid mellom stat, kommune og fylkeskommune om rask og treffsikker bosetting samt gi en vurdering av samarbeidet.

Vi viser til rapporteringa under punkt 3.1.3.8 og 3.3.3.2.1.1.

**Kommunenes oppfølging av krisesenterloven (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven og gi en kort vurdering av tilgjengelighet og kvalitet på tilbudet i fylket.

Tre krisesenter i Vestland fylke utgjer krisesentertilbodet for alle kommunane. Alle sentera har tilbod til barn, kvinner og menn, og tilbodet er tilgjengeleg heile døgnet. I tillegg er det etablert krisesentertilbod for kvinner i aktiv rus i Bergen kommune.

Vi erfarer at tenestene i kommunane har for lite informasjon om innhaldet i kommunens krisesentertilbod. Det er tidvis lite samhandling mellom tenestene når familiar bur på krisesenter, og tilsette i tenestene har lite informasjon om kven som nyttar tilbodet. På bakgrunn av informasjon frå vår kontakt med kommunane, og tilsyn og klagesaker på barnevernsområdet, er vi uroa over at mange barn blir buande i ein familiesituasjon med vald og trugsmål over lang tid før dei får hjelp og vern.

I 2021 gjennomførte vi tilsyn med krisesentertilbodet i fire kommunar, og hadde oppfølging av lovbrot i to av kommunane. I 2022 har vi ikkje gjennomført tilsyn med krisesentera på grunn av kapasitet, men tilbodet har vore tema i vår kontakt og dialog med kommunane saman med andre tema om vald og overgrep, samhandling mellom tenester og tidleg innsats.

**Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven**

| | |
|---|---|
| **Totalt antall kommuner i fylket** | 43 |
| **Antall krisesentertilbud i fylket** | 3 |
| **Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2020** | 0 |
| **Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2020** | 0 |
| **Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2021** | 0 |
| **Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2021** | 4 |
| **Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2022** | 0 |
| **Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2022** | 0 |

**Ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på saker statsforvalteren håndterer etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova. Rapporteringen skal for hver sakstype omfatte antall fattede vedtak fordelt på henholdsvis innvilgelser, avslag og avvisninger. Når det gjelder ekteskapsloven § 18a andre ledd, bes statsforvalteren rapportere på om sakene gjelder bokstav a), b) eller c). Når det gjelder separasjons- og skilsmissesøknader, skal statsforvalteren rapportere på andelen søknader som er mottatt digitalt.

Sjå tabell og kommentar

**Ekteskapssaker**

| Lov | Sakstype | Sum | Innvilgelser | Avslag | Avvisninger | Andel mottatt digitalt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Ektskapsloven | Separasjon, jf. § 20 | 942 | 904 | 3 | 35 | 90 % |
| Ektskapsloven | Skilsmisse, jf. § 21 | 875 | 816 | 32 | 27 | 85 % |
| Ektskapsloven | Skilsmisse, jf. § 22 | 55 | 41 | 2 | 12 | 54 % |
| Ektskapsloven | Tillatelse til å inngå ekteskap selv om vergen har nektet, jf. § 2 | 0 | | | | |
| Ektskapsloven | Samtykke til ekteskap mellom adoptivbarn og tidligere adoptivfamiliemedlem, jf. § 3 andre ledd | 0 | | | | |
| Ektskapsloven | Fritak fra krav om forlovere, jf. § 7j | 0 | | | | |
| Ektskapsloven | Fritak for dokumentasjon av skifte, jf. § 8 siste ledd | 21 | 16 | 5 | 0 | 0 % |
| Ektskapsloven | Klage på at prøvingsattest ikke er utstedt, jf. § 10 andre ledd | 0 | | | | |
| Ektskapsloven | Klage på at vigsel er nektet, jf. § 14 tredje ledd | 0 | | | | |
| Ektskapsloven | Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 16 andre ledd | 0 | | | | |
| Ektskapsloven | Reise sak om et ekteskap består eller ikke, jf. § 16a | 0 | | | | |
| Ektskapsloven | Anerkjennelse av utenlanske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav a | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 % |
| Ektskapsloven | Anerkjennelse av utenlanske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav b | 0 | | | | |
| Ektskapsloven | Anerkjennelse av utenlanske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav c | 0 | | | | |
| Ektskapsloven | Reise sak for å oppløse ekteskap som er inngått i strid med § 3 eller § 4, jf. § 24 andre ledd | 0 | | | | |
| Anerkjennelsesloven | Anerkjennelse av utenlandske skilsmisser eller separasjoner, jf. § 4 første ledd | 75 | 73 | 2 | 0 | 0 % |
| Brudvigjingslova | Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 11 tredje ledd | 0 | | | | |

*I alle sakstypane er det berre ført opp søknadane som er formelt avviste. Vi har òg søknader som er lagde vekk til vi får inn manglande dokumentasjon. Vi har òg motteke søknader i 2022 som framleis er under handsaming. Vi har i dag omtrent 260 saker under handsaming. Talet på søknader som er godkjende/avslåtte/avviste er difor ikkje likt med talet saker som er motteke og handsama i 2022. Søk i Ephorte er heller ikkje ei sikker kjelde for statistikk, då det er vanskeleg med presise søk.*

**Vedtak etter barneloven (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten. Statsforvalteren bes om å spesifisere sakstype etter hjemlene i barneloven.

Vi har i 2022 ikkje gjort vedtak etter barnelova.

**Saker etter barneloven**

| Lov | Sakstype | Antall vedtak |
|---|---|---|
| Barneloven | Klage på avslag på krav om opplysninger, jf. § 47 andre ledd | |
| Barneloven | Tap av opplysningsrett, jf. § 47 tredje ledd | |
| Barneloven | Vedtak om tvangskraft for avtaler, jf. § 55 | |

**Veiledning og informasjon på familierettens område (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en kort omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område. Dette kan for eksempel være hvilke sakstyper som henvendelsene gjelder, hvilke problemstillinger og utfordringer som ofte tas opp og går igjen, samt utviklingstrekk. Det er også av interesse å få opplyst hvem som kontakter statsforvalteren og bakgrunnen for at det tas kontakt.

Embetet har fått inn varierte spørsmål knytt til barnelova i 2022. I hovudsak er det privatpersonar som kontaktar Statsforvaltaren, enkelte er representerte ved advokat. I nokre tilfelle er det barneverntenester eller andre offentlege kontor. Vi gir rettleiing både skriftleg og per telefon. Når foreldre tek kontakt handlar det ofte om samvær og fordeling av reisekostnader og eventuelt tvangskraft for vedtak/avtale om dette, jf. barnelova § 44 eller § 55. Vi får òg spørsmål om rett til opplysningar om barnet, jf. barnelova § 47. Vi opplever at barnevernstenestene tek kontakt om forholdet mellom barnelova og barnevernlova, og får rettleiing om det. Vi får òg spørsmål om kven av foreldra som har rett til informasjon i samband med ei barnevernssak, til dømes der foreldra ikkje bur saman og barnevernstenesta har opna undersøking. Vi får òg spørsmål om kva som ligg i rest-foreldreansvaret etter omsorgsovertaking, til dømes om det er foreldra eller barnevernstenesta som kan bestemme i spørsmål om BankID, minibankkort/konto, konfirmasjon og økonomi. Vi opplever ganske ofte at ein av foreldra tek kontakt om at barnet ikkje får BankID, minibankkort/konto eller pass fordi det krev underskrift av begge foreldra, og den andre forelderen vil ikkje samtykkje til dette eller er ikkje er mogleg å få tak i. Av andre døme kan nemnast spørsmål om i kva grad foreldre med foreldreansvar, men ikkje dagleg omsorg for barnet, har rett til å bli involvert i samarbeidet mellom skule og heim i saker som gjeld eleven.

**Informasjon om biologisk opphav**

Vi finn ikkje eit eige avsnitt for rapportering av saker om biologisk opphav. Rapporteringa vert derfor lagt inn her.

Vi har i 2022 handsama 50 saker om opplysningar om den adopterte sitt biologiske opphav. Ved utgangen av 2021 hadde vi tre saker under handsaming.I 44 av sakene var det den adopterte sjølv som tok kontakt for å få opplysningar om sitt biologiske opphav. Dei resterande 6 sakene gjaldt tilfelle der den bortadopterte var død og der etterkommarane spurte om opplysningar om sitt biologiske opphav, jf. ny adopsjonslov sett i kraft 01.07.2018. Vi gjev òg mykje informasjon og rettleiing over telefon på dette saksfeltet.

**Tilsyn med familievernkontorene (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall tilsyn med familievernkontorene.

Det er seks familievernkontor i Vestland fylket. Det er ikkje gjennomført tilsyn med familievernkontora i 2022.

I 2020 gjennomførte vi tilsyn med alle dei seks familievernkontora i Vestland. Tema for tilsynet var tilgjenge og tenestetilbod under pandemien. Det blei ikkje funne lovbrot, og tilsynet blei avslutta 17. desember 2020.

**Tilsyn med familievernkontorene**

| Totalt antall familievernkontor i fylket | Antall gjennomførte tilsyn i 2022 | Antall gjennomførte tilsyn i 2021 | Antall gjennomførte tilsyn i 2020 |
|---:|---:|---:|---:|
| 6 | 0 | 0 | 6 |

**Akuttberedskap i kommunene (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for statsforvalternes vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket.

Bufdir vil oversende utfylte skjemaer med data på utvalgte indikatorer fra kommunenes halvårsrapportering og SSB. Disse skjemaene skal benyttes som underlag i statsforvalterens vurdering av risikobildet i kommunal barnevernstjeneste.

**Vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket**

Vi gjer jamlege vurderingar av kvalitet og risiko i dei 33 barnevernstenestene i dei 43 kommunane i fylket. Det ligg omfattande informasjon til grunn for vurderingane, men det er likevel berre eit bilete av den samla informasjonen vi har på ulike tidspunkt. Grunnlag for vurderingane er indikatorar frå rapportering, innhald i tilsynssaker, klagesaker, kunnskap om sjukefråvær, gjennomtrekk, kompetanse, arbeid med utviklingsoppgåver, og annan kunnskap vi får i kontakt med kommunane. Vi nyttar kunnskapen som utgangspunkt for vår oppfølging av tenestene.

***Akuttberedskap***

Ved årsskiftet 2022/2023 har fem av 43 kommunar ikkje godkjent akuttberedskap for barnevernet. Dei fem kommunane har avtale om at ein annan kommune skal ha akuttberedskapen. Akuttberedskapen for desse kommunane er organisert ved at politi, legevakt, helseteneste og barnevernsvakta i Bergen kan ringe barnefagleg vakttelefon ved behov. Private har ikkje høve til å ringe direkte til vakttelefonen. Ordninga stettar ikkje kravet til forsvarleg akuttberedskap, då det ikkje er mogeleg for barn eller vaksne å få direkte kontakt med barnevernvakta. Vi har sendt brev til kommunane og orientert om at akuttberedskapen ikkje er i tråd med lovkrava, og bedt om tilbakemelding på dette. Vi følgjer opp dette våren 2023, for å sikre at alle kommunane i fylket har forsvarleg akuttberedskap.

***Lovbrot ved tilsyn og vår oppfølging***

Både systemrevisjonar og hendingsbaserte tilsynssaker, har avdekt svikt i barnevernets oppgåver, mellom anna i undersøkingar, barns rett til medverknad, dokumentasjon, barnevernets plikt til å følgje opp barn med tiltak i og utanfor heimen, og plikt til å samarbeide med andre tenester og tiltak om ettervern. I nokre saker gjennomfører vi tilsyn med fleire tenesteområde samstundes, og i 2022 har fleire tilsynssaker fått stor mediemerksemd. Dette er saker som har fått store konsekvensar for barna, familiane, kommunane og tenestene.

For at tilsyna skal ha effekt, har det vore nødvendig å tilpasse oppfølgingsarbeidet, og det blir lagt stor vekt på å tilpasse oppfølging av lovbrot til den einskilde tenesta/kommunen. Oppfølgingsarbeidet blir gjort både gjennom møte, stikkprøver og skriftlege tilbakemeldingar frå leiinga. Vi erfarer at endring tek tid, og at oppfølging av lovbrot kan ta månadar og, i nokre få tilfelle, år.

***Vår vurdering av utviklinga***

Vi er uroa over utviklinga både i det kommunale og statlege barnevernet. Vi ser at det er store forskjellar i kvaliteten på dei kommunale tenestene, og ulikskapar i tilgjengelege tiltak for barn og familiar. Kommunane tek til dømes oftare enn før kontakt med oss fordi Bufetat ikkje har ledige institusjonsplassar, og barn blir verande i ein uavklart livssituasjon over tid.

Fleire tenester har utfordringar med å rekruttere og halde på nødvendig fagkompetanse. I mange tenester er det stor utskifting av tilsette, og tidvis høgt sjukefråvær. Dette gjeld også leiarar. Vi meiner dette er ei vesentleg forklaring på at tenestene slit med å sikre god og trygg hjelp til barn og familiar. Vi ser òg aukt bruk av private konsulentar i barneversntenestene. Fleire tenester opplyser at dette er nødvendig for å løyse oppgåvene. Vi er uroa for at tenestene i aukande grad bruker private aktørar for å løyse kjerneoppgåver på barnevernsfeltet.

Det som skil dei gode tenestene frå dei mindre gode, er at barnevernsleiaren har god leiarstøtte frå kommuneleiinga. Det betyr at den øvste leiinga i kommunen har gjort seg kjend med barnevernets oppgåver, og etterspør relevant informasjon om situasjonen i tenesta og det faglege arbeidet. Vi meiner den nye kommunelova og ny barnevernlov med krav om årleg rapportering til kommunestyret, kan vere med på å sikre eigarskap og ansvar for tenesta. God oppfølging frå kommuneleiinga kan førebyggje sjukefråvær og gjennomtrekk, og slik gi betre stabilitet i personalgruppa. Vi ser at mange tenester har god kompetanse som ikkje blir nytta godt nok, fordi erfarne tilsette må drive brannsløkking og prioritere dei mest akutte sakene.

Barnevernsarbeid er komplekst, og samarbeid med familiane og andre tenester er nødvendig for at vi som samfunn skal gi barn trygge oppvekstvilkår. Det er framleis stor variasjon i korleis det blir lagt til rette for samarbeid og samhandling mellom tenester, og vår erfaring er at det i for stor grad er personavhengig om det blir etablert samarbeid i enkeltsaker. Både organisering av tenester, profesjonsgrenser, tillit og kunnskap om regelverk, er faktorar som påverkar samarbeidet.

***Oppsummert***

Samfunnet forventar at barnevernet sikrar barn som er utsett for omsorgssvikt. Samstundes er det ei klar forventning om at barnevernet ikkje må gripe unødig inn i "privatlivets fred", eller "gå for langt". Vi meiner at kompleksiteten i arbeidet inneber risiko for svikt. Vi som samfunn kan derfor ikkje forvente at svikt ikkje skjer, men vi kan forvente at det er kvalitet på arbeidet som blir gjort i saker.

Barnevernstilsette må ha høg fagleg kompetanse og god relasjonskompetanse. Utrygge tilsette klarar ikkje å nytte sin relasjonskompetanse av frykt for å vere uprofesjonelle. Profesjonalitet i barnevernsarbeid er knytt til "nærleik" til familiar. Avstand fungerer ikkje i profesjonelt barnevernsarbeid. Høg fagkompetanse, grunnleggande haldningar, og å bygge relasjon til foreldre og barn, er heilt avgjerande for arbeidet med å avklare barns omsorgssituasjon, slik at barn og familiar får rett hjelp til rett tid.

Vi legg vi stor vekt på å vere opne om arbeidet vi gjer på barnevernsfeltet, og å understøtte arbeidet i tenestene. Det er viktig at media har søkjelys på barnevernet, men vi er likevel uroa over konsekvensane av at den offentlege omtalen av barnevernet over tid har vore negativ. Gjentakande negativ omtalekan føre til mindre openheit og manglande tillit til tenestene. Vi ser konkrete døme på at stor arbeidsbelastning og negativ merksemd frå samfunnet aukar belastninga på dei tilsette, og at fleire tilsette sluttar som resultat av dette.

**Separasjon og skilsmisse (fra kapittel 7.3.2.7 i TB)**

**Rapportere på**

Separasjon og skilsmisse

Statsforvalteren skal redegjøre kort for status på arbeidet med å sentralisere saksbehandlingen av søknader om separasjon og skilsmisse etter ekteskapsloven innenfor de nye sammenslåtte statsforvalterne. Statsforvalterne skal gjennomføre en kartlegging av ressursbruk og kvalitet i siste kvartal 2022 og dette skal rapporteres i årsrapporten for 2022.

Samanslåinga av embeta har gjeve eit sterkt felles fagmiljø på saksfeltet. Vi har blitt gode på å samarbeide frå ulike kontorstader, og det spelar ingen rolle kvar sakshandsamarane sit, då dei samhandlar godt og uproblematisk gjennom digitale verktøy.

Sakshandsamarane i Vestland arbeider gjennom ei felles tilgangsgruppe i Ephorte. Dette gir godt oversyn over saksmengde og gjer at vi kan handsame saker i kø etter dato. Vi nyttar DISAM i sakshandsaminga. Eit anna arbeidsverktøy vi bruker aktivt er One Note. Dette gir alle sakshandsamarane tilgang på lik informasjon og sikrar effektiv og lik handsaming av saker.

Vi gjennomfører òg digitale arbeidsmøte kvar tredje veke. Møta gir oss eit felles treffpunkt for å diskutere aktuelle problemstillingar. På møta går vi gjennom restansesituasjonen og gjer opp status. Vi diskuterer òg aktuelle problemstillinger, konkrete saker, utarbeider rutinar og liknande.

Vi estimerer ressursbruken på feltet til om lag tre årsverk. Alle som er inne på feltet med unnatak av ein person sit og med andre oppgåver. Dette er nødvendig av trivselsomsyn og arbeidsmiljøet.

Saksbehandlinga og oppfølginga av feltet er etter vår vurdering effektiv og av høg kvalitet.

Men vi har stadige og aukande utfordringar når det gjeld saksbehandlinga av separasjon og skilsmisse i ephorte

- Programmet jobbar tidvis svært sakte
- Det må ofte «restartast» dvs. at vi ofte må slå av pc og starte alle programma på nytt, noko som er særs tidkrevjande
- Vi har ofte problematikk rundt konverteringen av oppslag i folkeregisteret

Dette tar mykje unødvendig tid og skaper stor frustrasjon. Vi opplever at ephorte ikke er så høgt prioritert i STAF no lenger, fordi fleste andre arbeidsoperasjonar ligg i Elements.

Vi har heller ikkje motteke informasjon om det nye saksbehandlingssystemet, og når dette kan ventast å vere utarbeidd, testa og implementert. Dette skapar lite tryggleik og er ei stor negativ arbeidsmiljøpåkjenning. Det er òg vanskeleg å planlegge framover når situasjonen er så uavklart.

Vi vil melde at vi fryktar at ephorte vil kollapse på grunn av manglande vedlikehald eller generell utdatering, og at dette skjer før vi har fått opp ny løysing.

**Gravplassloven (fra kapittel 7.3.2.9 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall saker om askespredning og utfallet i disse sakene. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark skal gi en oversikt over antall saker av hver sakstype nevnt i oppdraget og utfallet i disse sakene.

Vi fekk 365 søknader og spørsmål om oskespreiing i 2022. Av desse vart 333 søknader innvilga, medan 12 søknader vart avslegne. Ingen av avslaga frå

2022 er klaga på til Barne- og familiedepartementet. Vi har ikkje fått søknader om privat gravstad. Det er oversendt ei klage på kommunalt enkeltvedtak etter gravplasslova til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Elles meiner vi i år som i fjor at det bør vurderast om det i det heile er naudsynt med ein søknadsprosess på dette feltet.

**Lov om helligdager og helligdagsfred (fra kapittel 7.3.2.10 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere antall saker i hver kategori og utfallet av dem.

Vi har handsama åtte søknader om dispensasjon frå lov om helgedagar og helgedagsfred paragraf 5 første ledd, om at faste utsalsstader skal halde stengt på helgedagar. Sju av søknadene er innvilga, medan éin er avslegen. Etter klage vart avslagsvedtaket gjort om av Barne- og familiedepartementet.

Det er to kommunar som har søkt om godkjenning som typisk turiststad i 2022, og ein kommune har søkt om å få utvida tidlegare godkjent periode. To av søknadene er avslegne, medan ein søknad framleis er under handsaming.

**Implementering av barnevernsreformen (fra kapittel 7.3.2.11 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalter skal rapportere på om det er kommuner i fylket som ikke ivaretar ansvaret med å beslutte hvilken instans i kommunen som skal ha koordineringsansvaret.

På bakgrunn av vår kontakt med kommunane har vi ikkje grunnlag for å seie at det gjeld generelt i ein eller fleire kommunar.

Vi har gjennom tilsyn sett enkeltståande tilfelle av at det har tatt for lang tid å avklare kven som skal koordinere arbeidet kring ungdom med behov for hjelp frå fleire tenester både frå ulike kommunale tenester og frå spesialisthelsetenesta.

**Rapportering på Demensplan 2025 (fra kapittel 7.3.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en vurdering av i hvilken grad kommunene i fylket planlegger og utvikler sine helse- og omsorgstjenester til personer med demens og deres pårørende i tråd med mål, strategier og tiltak i Demensplan 2025, samt den demografiske utviklingen og utfordringsbildet for øvrig, jf. demenskartet.no

Hjelpetekst:

Statsforvalterens vurdering bør om mulig være kvantitativ. Bekrivelsen kan med fordel omfatte hvilke tiltak Statsforvalteren har satt i verk for å skaffe seg oversikt på området, samt hva som er gjort for å bistå kommuner som særlig har behov for oppfølging.

Vår vurdering er at kommunane arbeider godt på området, men at dei likevel har mykje å gå på når det gjeld planlegging av både kapasitet og kompetanse for å imøtekomme ein auke av personar som vil ha ei demensdiagnose i eigen kommune. Alle kommunar har merksemd på omsorgstrappa, og legg opp til at alle skal bu heime lengst mogleg. Vi ser at individuelle tilretteleggingar til personar med demenssjukdom kan mangle, og like eins tilpassa avlastingstilbod til pårørande. Individuell plan og koordinator er heller ikkje mykje nytta for denne brukargruppa.

Dagtilbod er eit viktig tenestetilbod til personar med demens og deira pårørande, og her ser vi at kommunane organiserer dette ulikt. I Vestland har 37,4 prosent av heimebuande med demensdiagnose vedtak om dagaktivitetstilbod, som er høgare enn landssnittet på 31 prosent.

Vår vurdering av status på demensområdet i Vestland viser at det framleis er behov for styrkt innsats for å få etablert fleire dagtilbod, både i omfang og innhald, særskilt til yngre personar med demens. Det trengst òg at fleire kommunar utarbeider modeller for systematisk oppfølging etter diagnose. Det er òg for få institusjonsplassar til personar med demens og særskilt tilrettelagte plassar til personar med utfordrande åtferd.

I Vestland hadde berre sju prosent av heimebuande personar med demens vedtak om støttekontakt i 2021, som er høgare enn gjennomsnittet for landet (seks prosent).

Bruk av velferdsteknologiske løysingar er viktig for denne brukargruppa og deira pårørande som eit supplement i tenestene for å skape tryggleik, meistring og fridom i eige liv. I Vestland hadde åtte prosent lokaliseringsteknologi i 2021, som er høgare enn landssnittet på 4,7 prosent. E-helse Vestland representerer per i dag 34 av 43 kommunar. E-helse Vestland skal bidra til å vere ein kraftregion for bruk av teknologi i helse- og omsorgstenestene i fylke. Gjennom Leve heile livet-arbeidet arrangerte vi webinar om velferdsteknologi i 2022.

Befolkninga i Vestland er eldre enn gjennomsnittet i Noreg og har også ein høgare prosent med demens. I 2020 hadde 2 prosent av befolkninga i Vestland demens, gjennomsnittet i Noreg er 1,9 prosent, ifølgje demenskartet.no. I 2030 er det estimert at delen blir 2,5 prosent. Delen med demens i Vestland aukar då med 29,4 prosent.

Den høgast prosentvise del av befolkninga som har demens i Vestland i 2020 finn vi i kommunane Bremanger (3,5 prosent), Vik (3,3 prosent), Askvoll

(3,2 prosent) og Masfjorden (3,2 prosent). Kommunane er kjent med demografiutviklinga og framskriving av auka behov for helse- og omsorgstenester, mellom anna gjennom arbeidet med Leve heile livet-reforma.

Risikoen for å utvikle ein demenssjukdom stig med aukande alder. Difor er det interessant å blant anna å sjå på alderssamansetninga i samfunnet. Delen eldre er litt høgare i Vestland (4,7 prosent) enn i landet samla (4,5 prosent). Alderssamansetninga varierer mykje frå kommune til kommune i Vestland. Den lågaste delen av personar over 80 år finn vi i, Askøy, Øygarden, Bjørnafjorden og Sveio som alle har under 4,2 prosent. Høgast del finn vi i Vik, Bremanger, Fedje, Hyllestad og Masfjorden med over 8 prosent. Det er vekstkommunane Øygarden, Askøy, Bjørnafjorden, Alver og Sogndal som er pårekneleg til størst vekst i tal på eldre over 80 år fram mot 2040. Det blir altså betydeleg høgare tal på eldre i mange kommunar, men samtidig blir også forskjellane mellom kommunane større.

Behandling av pasientar med demens vil krevje enorme ressursar i åra som kjem. Kunnskapen om at vi allereie har- og vil få fleire med demens i Vestland enn resten av landet, gjer denne situasjonen særleg utfordrande for vårt fylke. Denne kunnskapen er eit viktig grunnlag til Statsforvaltaren og kommunane i Vestland, når kommunane skal planlegge og dimensjonere «riktige helsetenester» for personar med demens, men også som grunnlag for å kunne gjere berekningar av kva tenestebehov kommunane treng i tida framover.

Alle nasjonale føringar må sjåast i samanheng. Vi har informert om Demenskartet.no, Nasjonal fagleg retningslinje for demens, Veiviser demens, og nasjonale føringar i fleire møtepunkt med kommunane, i dialogmøte med kommunane på Leve heile livet, og på konferansar. I møte med den einskilde kommune, om investeringstilskot til sjukeheimar og omsorgsbustadar, er tilbodet og institusjonsplassar til personar med demens eit tema. Vi gjer dei særleg merksame på at det er eit behov for forsterka skjerma einingar. Vi følgjer også opp kommunane i samband med rettigheitssaker og tilsynssaker. Vi gjev mykje rettleiing og opplæring om Lov om pasient- og brukarrettslova kapittel 4A, mellom anna om regelverket for av velferdsteknologiske løysingar. Dialogen vår med kommunane og oppfølginga av kommunane i sakshandsaminga vår, meiner vi mellom anna har bidrege til å styrke kommunane sitt arbeid innanfor Demensplan 2025.

Gjennom året har vi arrangert fleire møtepunkt for kommunane, mellom anna webinar om velferdsteknologi, ein bustadkonferanse, to Leve heile livet-konferansar. I tillegg har vi hatt møte med helseføretaka i vårt nedslagsfelt. Helse Bergen og alle dei 18 kommunane i deira opptaksområde deltek i læringsnettverk for gode pasientforløp. Bergen kommune, USHT Vestland (Hordaland) har fått økonomisk støtte til læringsnettverk Demensforløp og fagdagar om personsentrert omsorg og veiviser demens.

Helse Førde og kommunane i deira opptaksområde har gjennomført læringsnettverk i 2022. 13 av dei 17 kommunane i opptaksområdet har deltatt, saman med ei gruppe frå helseføretaket. Sunnfjord kommune, USHT Vestland (Sogn og Fjordane) har fått økonomisk støtte til læringsnettverket «Gode forlaup for personar med demens og deira pårørande».

Utviklingsentera for sjukeheim og heimeteneste støttar kommunane i dette arbeidet og dei legg til rette for KS sitt nettverk i gode pasientforløp. Nettverk som gode pasientforløp er særs viktig for kommunane, og det er stor oppslutnad om dei tilboda som USHT-ane kan gje i form av nettverk og deira generelle arbeid elles. Vi har eit svært godt samarbeid med USHT-ane på fleire område, mellom anna på Demensplan 2025.

Planlegging, kompetanse og kunnskapsutvikling er område som alltid vil ha høg merksemd i vår samhandling med kommunane og i akademia. Det er vår vurdering at kompetanse om, og tilbod knytt til utfordrande åtferd er område som må ha større merksemd, og som bør styrkast.

**Rapportering på kompetanse- og rekrutteringssituasjonen (fra kapittel 7.3.3.2 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen innen helse- og omsorgstjenestene i kommunene, inklusive allmennlegetjenestene, svangerskapsomsorgen og helsestasjon- og skolehelsetjenesten, samt den fylkeskommunale tannhelsetjenesten, herunder gi en vurdering av tilgangen på utdanningstilbud i fylket, tilgangen på desentraliserte deltidsutdanninger i helse- og sosialfagutdanninger.

**Kompetanse- og rekrutteringssituasjonen**

Situasjonen har ikkje endra seg vesentleg frå førre året. Dei fleste av kommunane i fylket rapporterer om utfordringar med rekruttering av kompetent personell, spesielt legar, sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. Kommunane har også vanskar med å rekruttere psykologar, jordmødrer og helsesjukepleiarar. Rekrutterings- utfordringar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene er ikkje
lenger eit problem berre for små utkantkommunar. Også dei store kommunane i fylket rapporterer om vanskar med å rekruttere utdanna helsepersonell.

Kompetansen til utdanna helsepersonell som er tilsett i dei kommunale helse- og omsorgstenestene i fylket, har vorte stadig betre. Mellom anna kommunalt kompetanse- og
innovasjonstilskot har gjort det mogleg for kommunane å legge til rette for at mange tilsette har teke vidareutdanning. Framleis er delen brukarretta årsverk i omsorgstenestene utan helse- og sosialfagleg utdanning større i kommunane i Vestland enn delen i landet utan Oslo. Men SSB-tala tyder på at kommunane er på rett veg. Delen har gått ned frå 22,8 prosent i 2020 til 22,5 prosent i 2021.

**Fastlegesituasjonen**

Fleire kommunar gjev tilbakemelding om store utfordringar med å rekruttere fastlegar. 7,1 prosent av fastlegelistene var utan fast lege i november 2022. I 28 av dei 43 kommunane i Vestland var det fastlegelister utan fast lege. 14 av kommunane stod utan ledig listekapasitet. Kommunane gjev tilbakemelding om at det også er vanskeleg å få tak i vikarar. Vi vurderer at kvaliteten i allmennlegetenestene i kommunane vert påverka ved vikarbruk, både med omsyn til kompetanse hjå vikarane og dårleg kontinuitet i lege-pasient-forholdet ved hyppig utskifting av fastlegevikarar. Kommunane brukar meir ressursar enn

tidlegare på rettleiing av LIS1 og ALIS-legar, og fastlegevikarar treng også meir rettleiing og oppfølging enn andre legar. Dette er med på å gjere det utfordrande å behalde erfarne allmennlegar i kommunane. Legar utan gjennomført LIS1-teneste vert også nytta som vikarar. Då dei har avgrensa rett til å få HELFO-refusjonar, vert desse også nytta som sjukeheimsvikarar og vikarar på helsestasjon. Vi meiner at det kan påverke pasienttryggleiken at uerfarne legar i større grad vert nytta som vikarar til behandling av samansette og komplekse sjukdomsbilete hjå eldre pasientar. Dette krev også ressursar til rettleiing og oppfølging av andre legar i kommunen.

**Tannhelsetenesta**

Fylkestannhelsetenesta rapporterer om utfordringar med å rekruttere tannlegar til den offentlege tannhelsetenesta i fylket. Det er ikkje mangel på tannlegar, men tannlegane føretrekkjer arbeid i privat verksemd. Det vert utdanna for få tannhelsesekretærar, og det er mangel på denne yrkesgruppa i fylket. For å rekruttere fleire til denne utdanninga har Fylkestannhelsetenesta i samarbeid med Nav sett i verke eige utdanningstilbod ved Firda vidaregåande skule etter inspirasjon frå "Gloppenmodellen".

**Utvikling sysselsette og årsverk**

Auken i talet på sysselsette og talet på årsverk i helse- og omsorgstenestene i kommunane i Vestland held fram, ifølgje tal frå Statistikkbanken for 2021. Samla for fylket er det auke både i årsverk for, og sysselsette med vidaregåande opplæring, høgskule- og universitetsutdanna. Dette gjeld dei fleste utdanningsgruppene med
unntak av omsorgsarbeidarar og psykologar. For desse gruppene tyder tala på ein nedgang samanlikna med 2020.

Alle kommunane i fylket rapporterer at dei har tilsett jordmor, samarbeider om- eller kjøper slik teneste frå andre. Ifølgje SSB-tala har 32 av våre 43 kommunar psykologkompetanse via tilsetting, samarbeid eller kjøp. Med unntak av helsesjukepleiarar er det auke i talet på årsverk for dei ulike utdanningsgruppene i helsestasjons- og skulehelsetenesta.

I omsorgstenestene samla for Vestland har talet på årsverk i brukarretta tenester med helseutdanning frå vidaregåande skule og med høgskule- og universitetsutdanning auka frå 2020 til 2021. Talet på årsverk som ikkje har helseutdanning, har også auka i perioden.

Sjølv om bildet for fylket kan tyde på kapasitetsvekst, tilpassing til auka behov for- og etterspørsel etter tenester, er det kommunar som har nedgang i talet på både årsverk og sysselsette i helse- og omsorgstenestene. I omsorgstenestene har 18 kommunar rapportert om nedgang i talet på årsverk frå 2020 til 2021.

Kommunar med auke i talet på årsverk vil få større utfordringar med å rekruttere personell dersom tilgangen på kvalifisert personell ikkje vert betre. Helsepersonell rapporterer om høgt arbeidspress. I tillegg til vanskar med rekruttering, rapporterer kommunane om høgt sjukefråvær, høg gjennomtrekk og mange deltidstilsette som ein del av utfordringsbildet i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Vi meiner dette er faktorar som kan ha negative konsekvensar både for pasienttryggleik, tenestekvalitet, effektivitet og arbeidsmiljø. Slik vi vurderer det, er delen årsverk og sysselsette utan helse- og sosialfagleg utdanning i helse- og omsorgstenestene framleis for stor. Vi er uroa for kva manglande kompetanse til personell som arbeider i brukarretta arbeid, har å seie for kvalitet og tryggleik i tenestene. Vi bør alle prioritere tiltak for å heve formalkompetansen til denne gruppa.

**Tilgang på utdanningstilbod i fylket**

Både Høgskulen på Vestlandet og Vestland fylkeskommune har gode og ulike utdanningstilbod. Høgskulen har utdanningstilbod innan sjukepleie, vernepleie og sosialfaga. Det er tilbod om heiltids- og deltidsutdanning innan sjukepleie og vernepleie på dei ulike studiestadene. Fylkeskommunen har ulike utdanningstilbod innan helse- og omsorgsfaga, både for ungdom og vaksne.

I våre møte med høgskulen, fylkeskommunen og kommunane om rekruttering og utdanning av helse- og omsorgspersonell, har det mellom anna kome fram at utdanningstilboda ikkje er tilpassa kommunane sine behov. Kommunane ønskjer meir tilrettelagde
utdanningar ut frå lokale behov og meir desentralisert undervisning for tilsette som alt er i arbeid.

Inntrykket vårt er at både høgskulen og fylkeskommunen ønskjer å samarbeide med kommunane om tilrettelegging av utdanningstilbod. Samstundes vurderer vi at dei tradisjonelle tilboda ikkje er nok for å dekke etterspurnaden, og endra behov for kompetanse i dei kommunale tenestene. Utdanningsinstitusjonane er ikkje fleksible nok i tilrettelegging av utdanningstilboda. Omstilling og tilpassing tek tid. Mange av kommunane kan verte betre til å samarbeide både med andre kommunar og utdanningsinstitusjonane om opplæring- og utdanningstiltak.

Høgskulen meiner dei har eit desentralisert undervisningstilbod på fleire campus. Dei viser til økonomi som årsak til at dei mellom anna ikkje kan legge til rette for meir desentralisert undervisning innan sjukepleie, slik ein del kommunar ønskjer. Ifølgje fylkeskommunen må dei også prioritere andre utdanningar enn helse- og omsorg innanfor økonomiske rammer. Vi meiner økonomi ikkje må vere eit hinder for å få til fleire gode og alternative løysingar og tiltak for å sikre kompetansebehovet i dei kommunale tenestene.

Nok praksis- og læreplassar er ei utfordring som vert trekt fram. Mangel på læreplassar fører til lang ventetid for å få utdanne seg som helsefagarbeidar. At ansvaret for å skaffe seg læreplass er lagt til elevane sjølve, kan også vere eit hinder for mange. For å redusere fråfall har lærlingar i helsearbeidarfaget behov for betre rettleiing og støtte i praksisperioden.

Kommunane tek opp krav om fleire timar i norsk, matematikk og auka lengd av praksis før inntak som hindringar for å utdanne eige personell som alt er tilsett i tenestene. Endringar i opptakskrava til desentralisert utdanning gjer det no meir utfordrande både økonomisk og i tid for kommunen og dei tilsette å gjennomføre
utdanninga. Kommunane meiner det er behov for å revurdere inntakskrava, og leggje til rette slik at omfattande praksiskrav ikkje vert til hinder for at tilsette får utdanne seg. Vi meiner samstundes at kvaliteten på utdanningane må verte vareteken.

Universitetet i Bergen har gått vidare med satsinga «Vestlandslegen» frå hausten 2023, sjølv om finansiering av dette ikkje er endeleg avklara. Dette medfører ein auke med 20 nye studieplassar i profesjonsstudiet i medisin. Dei tre siste åra av studiet skal gjennomførast i Stavanger-regionen. Det vil bli bygd ut tilsvarande tilbod i Haugesund og Førde. Dette vil vere eit viktig tiltak for å rekruttere legar til Vestland.

**Rekruttering og kompetanseplanlegging**

Kommunane er opptekne av og mange arbeider systematisk med å rekruttere fleire og heve kompetansen hjå tilsette. Vi har i fleire år teke opp tema rekruttering og systematisk kompetanseplanlegging
på ulike møteplassar, og i dialogmøte med kommunane. Inntrykket er at stadig fleire kommunar utarbeider kompetanseplan, og får synleggjort kompetanse- og rekrutteringsutfordringar innan helse- og omsorg i overordna planar.

Likevel er det mange kommunar som må løyse fortløpande utfordringar med kortsiktige tiltak. Vi høyrer om kommunar som brukar store summar på rekruttering frå vikarbyrå. Kommunane rekrutterer frå same marknad og må konkurrere på pris. Nabokommunar overgår kvarande når det gjeld løn og gode vilkår for å sikre seg kompetent personell. Vi meiner dette er tiltak som ikkje er berekraftige på sikt, og som tyngjer kommuneøkonomien.

Alle kommunane søkjer om tilskotsmidlar til kompetanseheving og utdanning av eigne tilsette frå kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot. Vi får tilbakemelding frå kommuneleiingane om at tilskotsordninga er eit svært viktig bidrag for å heve kompetansen i tenestene. Diverre er det mange kommunar som ikkje klarar å
gjennomføre alle opplæringstiltak slik som planlagt, og som søkjer om overføring av tilskot.

Det er behov for fleire legar, sjukepleiarar, vernepleiarar og helsefagarbeidarar. Dei utgjer grunnkompetansen i helse- og omsorgstenestene. Samstundes er det behov for personell med annan kompetanse, som mellom anna kan arbeide meir tverrfagleg og bidra
til gode pasientforløp. Dette kan styrke samhandlinga og samarbeidet mellom sektorar og tenestenivå.

Vi meiner at kommunane i tida framover i større grad bør ta ansvar for eigne tilrettelagde opplæringstilbod og kompetanseheving tilpassa lokale behov. Innhaldet i utdanningane bør også utformast i tråd med og tilpassast endringar i tenestetilbod og hjelpebehov. Det er behov for nye måtar og modellar for å organisere praksis. Godt samarbeid med utdanningsinstitusjonane og interkommunalt samarbeid, i tillegg til økonomisk stønad og tilrettelegging frå staten, er nok avgjerande for at kommunane skal lukkast med dette.

Dei fleste kommunane oppfyller dei formelle krava til fagkompetanse i helsestasjon og skulehelsetenesta. Alle har tilsett eller avtale om lege, helsesjukepleiar og fysioterapeut, men fleire har ikkje tilsett eiga jordmor. Kommunar utan eiga jordmor har avtale med nabokommunar eller spesialisthelsetenesta om jordmorteneste. Fleire av kommunane har tilsett psykolog og psykiatrisk sjukepleiar i desse tenestene. Samstundes rapporterer kommunane om vanskar med å rekruttere både jordmødrer, helsesjukepleiarar og psykologar. SSB-tala tyder på ein nedgang i talet på årsverk for psykologar.

Tenester til barn og unge skal vere eit prioritert område. Etter pandemien vert det rapportert om fleire barn og unge som slit med stress, angst, søvnproblem, depresjon, tvangstankar, skulevegring og problemstillingar kring mat, både overvekt, spisevegring og sjølvskading. Mangel på personell med relevant fagleg kompetanse til hjelpe barn og unge som slit, er etter vårt syn ei av dei største utfordringane kommunane har. Dei fleste kommunane har små stillingsbrøkar for jordmødrer og fysioterapeutar på helsestasjon og i skulehelsetenesta. Vi meiner dette gjer det endå meir utfordrande å rekruttere til desse stillingane. Små stillingsbrøkar for jordmødrer fører også til liten kapasitet i svangerskapsomsorga. Dei fleste av kommunane i fylket har for lite kapasitet til at jordmor kan utføre heimebesøk til alle nyfødde og deira foreldre. Vi er uroa for tenestetilbodet til sårbare barn og unge i kommunar som reduserer på årsverka for helsesjukepleiarar og andre faggrupper i helsestasjon og skulehelseteneste.

**Rapportering på habilitering og rehabilitering (fra kapittel 7.3.3.3 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av hvorvidt tilbudet innen habilitering og rehabilitering i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptrappingsplanen, herunder antall/andel kommuner med planer for sin habilitering og rehabiliteringsvirksomhet, samt hvordan kommuner informerer om habilitering og rehabiliteringstilbud til innbyggerne.

Det kommunale tilbodet innan habilitering og rehabilitering er framleis underdimensjonert. Lite ressursar, mangel på personell med nødvendig kompetanse og rekrutteringsvanskar, gjer det krevjande for mange små kommunar å gi gode tilbod. Vi meiner fagområdet ikkje vert prioritert i stor nok grad. Barn og unge med nedsett funksjonsevne og behov for langvarige og koordinerte tenester, er ei brukargruppe som ofte ikkje får det tilbodet dei har behov for. Det er stor variasjon i tilgangen på kompetanse og kapasitet i habiliteringstenestene i spesialisthelsetenesta, og i dei kommunale tenestene. Det verkar inn på tilboda til unge under 18 år med utviklingshemming, også til dei som har vedtak om bruk av tvang.

Tenestene er fragmenterte og sårbare med omsyn til tverrfagleg og tverretatleg samarbeid. Vi ser døme på svikt i samhandlinga og samarbeidet om habiliteringa mellom dei kommunale tenestene og spesialisthelsetenesta. Usemje om ansvar- og oppgåvedeling kan føre til at unge tenestemottakarar med omfattande hjelpebehov ikkje får forsvarleg hjelp. Det er framleis kommunar i fylket som opplever at dei ikkje får nødvendig støtte frå spesialisthelsetenesta. Det er òg stor variasjon i tilboda til eldre og personar med rus eller psykiske vanskar. Dei fleste kommunane i fylket har små stillingsbrøkar for fysioterapi i institusjon. Pasientar som vert overførte frå sjukehusopphald til rehabiliteringsopphald i sjukeheim, til dømes slagpasientar og kreftpasientar, får ikkje alltid den rehabiliteringa dei treng.

Tal frå SSB tyder på at sjølv om det er ein reduksjon i talet på sjukeheimsplassar til saman i kommunane i Vestland, har talet på rehabiliteringsplassar og korttidsplassar i institusjonane auka frå 2020 til 2021. Mange kommunar arbeider med å etablere eller har starta opp nye tiltak, mellom anna tilbod om

kvardagsrehabilitering. Vi har inntrykk av at kommunane har koordinerande eining, og at retten til IP og koordinator er ivaretatt i dei fleste kommunar. Kommunane viste også stor interesse for vårt opplegg for opplæring om endringar i regelverket for velferdstenestene, og rettleiar om samarbeid og barnekoordinator hausten 2022.

Kommunane informerer om rehabilitering på sine nettstadar, og vi vurderer at mange har god informasjon om tenestetilboda sine på dette fagfeltet. Ein del kommunar har utarbeidd plan for habilitering og rehabilitering, enten som del av sektorplan eller eigen plan. Nokre kommunar treng å fornye planane sine på tenesteområdet. Kommunane og helseføretaka har møteplassar på habiliteringsfagområdet. Mellom anna vert det arbeidd med felles verktøy for IP. Vi ventar at arbeidet i helsefellesskapa vil styrke samhandlinga og samarbeidet også innan fagområda habilitering og rehabilitering. Vi meiner likevel at det er behov for ei ny målretta nasjonal satsing for å styrke arbeidet med habilitering og rehabilitering.

**Tilsyn og vergeregnskapskontroll (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på:

- Totalt antall kontrollerte vergeregnskap
- Totalt antall gjennomførte tilsyn med verger
- Totalt antall verger som er fratatt vergeoppdrag

Statsforvalteren skal gi en beskrivelse av hva tilsyn har avdekket og redegjøre for hovedårsakene til at verger fratas vergeoppdrag

Tilsyna som er gjennomført i 2022 har avdekt følgjande:

- Manglande innsending av dokumentasjon, særleg ved innsending av verjerekneskap.
- Manglar og feil i verjerekneskapet, til dømes manglande forklaring på transaksjonar i kontoutskrifter, og i nokre tilfelle samanblanding av økonomien til verja og verjehavaren.
- Det er gjennomført disposisjonar utan Statsforvaltaren sitt samtykke, til dømes lån av verjehavaren sine midlar og bruk av kapital.
- Trekk av verjegodtgjering utan Statsforvaltaren si godkjenning.
- Verja kjenner ikkje til kva disposisjonar som krev Statsforvaltaren sitt samtykke.
- Sjølvråderetten til verjehavaren vert ikkje alltid vareteken.
- Verjene følgjer ikkje alltid godt nok opp overfor institusjon/bufellesskap.
- I saker der det er konflikt i familien, er det avdekt at verja ikkje alltid varetek verjehavaren sine interesser på ein tilfredsstillande måte.

På tilsynsområdet er verjerekneskapen hovudårsaka til at verjer vart fråtekne oppdraget. Det kan handle om at det manglar dokumentasjon i rekneskapen eller at det er gjort funn i rekneskapskontrollen, som til dømes samanblanding av økonomi eller at det er gjennomført disposisjonar utan Statsforvaltaren sitt samtykke. Vidare har vi fråteke verjer oppdraget i tilfelle der verja trass i fleire purringar ikkje har gitt oss opplysningane vi har bedd om, og der vi etter ei totalvurdering har kome til at verja ikkje har vareteke interessene til verjehavaren i samsvar med mandatet.

Vi har gjort vedtak om å ta frå verja oppdraget i 13 tilsynssaker. Vi gjer merksam på at i mange av tilsynssakene har verja bedd seg friteken frå verjeoppdraget undervegs i tilsynet, slik at det har blitt bytt verje i fleire enn 13 tilsynssaker.

**Tilsyn av verger**

| Totalt antall kontrollerte vergeregnskap | Totalt antall gjennomførte tilsyn med verger | Totalt antall verger som er fratatt vergeoppdrag |
|---:|---:|---:|
| 927 | 161 | 13 |

*Av det totale talet kontrollerte verjerekneskap gjeld 855 saker sentralt uttrekk, 71 saker gjeld tilleggsuttrekk og 1 sak er lokalt oppretta kontroll.*

**Årsrapportering rettshjelp (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i årsrapportløsningen rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader for perioden, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførsel. Statsforvalteren skal også rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid og på antall restanser. Hva gjelder de innvilgede sakene, skal rapporteringen gi en oversikt over forekomsten av økonomisk dispensasjon, samt totale advokatutgifter og evt. andre utgifter som er innvilget i aktuelle periode, fordelt på saksområde. Av rapporteringen skal det videre fremgå hvorvidt det er gitt avslag som følge av økonomisk overskridelse eller av andre grunner i henhold til skjema over rettshjelpsstatistikk fra Statens sivilrettsforvaltning.

Vi har i 2022 utbetalt kr. 12 928 688 etter lov om fri rettshjelp. Av dette utgjer kr. 8 982 756 fritt rettsråd og kr. 3 945 904 er utbetaling i saker som er handsama av Kontrollkommisjonen for psykisk helsevern. Det er tilbakebetalt kr. 173 714. Totalforbruket på kapittel 470, post 01 er såleis kr. 12 754 974 for 2022.

Det er utbetalt advokatsalær i 1182 saker. Dette er saker som anten er godkjende av advokaten sjølv, eller av oss. Vi har i tillegg utbetalt salær i 393 saker for Kontrollkommisjonen.

I 2022 har vi innvilga økonomisk dispensasjon i seks saker om fritt rettsråd. Dette gjaldt to saker om skifte av felleseige, ei barnefordelingssak, ei sak om både skifte og barnefordeling og to uprioriterte saker.

Vi har avslått fritt rettsråd i 85 saker. 26 søknader er avslått på grunn av at søkjaren ikkje oppfylte dei økonomiske vilkåra, 51 er avslått av andre grunnar og åtte søknader er avslått etter ein kombinasjon av økonomi og andre grunnar.

Fordelinga mellom sakstypar og kostnader er slik:

1. Utlendingssaker, jf. § 11 (1) nr. 1, jf. spf. § 5 (2) nr. 1 a: 54 saker, kr. 361 428

2. Utlendingssaker, jf. § 11 (1) nr. 1, jf. spf § 5 (2) nr. 1 b: 9 saker, kr. 37 834

3. Klager i asylsaker, jf. § 11 (1) nr. 1, jf. spf § 5 (2) nr. 1 c: 37 saker, kr. 179 071

4. Andre utlendingssaker, jf. § 11 (3): 2 saker, kr. 50 641

5. Barnevernssaker, jf. § 11 (1) nr. 2: 32 saker, kr. 341 709

6. Andre barnevernssaker, jf. § 11 (3): 6 saker, kr. 65 599

7. Erstatning for straffeforfølging, jf. § 11 (1) nr. 3: 141 saker, kr. 1 052 866

8. Valdsoffer, jf. § 11 (1) nr. 4: 23 saker, kr. 219 366

9. Vurdering av politimelding, jf. § 11 (1) nr. 6: 226 saker, kr. 957 248

10. Undersøking og behandling utan samtykke, jf. § 11 (1) nr. 8: 215 saker, kr. 1 493 610

11. Skiftesaker, jf. § 11 (2) nr. 1 og 2: 61 saker, kr. 725 504

12. Barnefordeling, jf. § 11 (2) nr. 1: 145 saker, kr. 1 464 238

13. Familie, jf. § 11 (2) nr. 1 og 2: 20 saker, kr. 319 493

14. Andre familiesaker, jf. § 11 (3): 1 sak, kr. 4204

15. Personskadeerstatning, jf. § 11 (2) nr. 3: 5 saker, kr. 79 032

16. Oppseiing / utkasting frå bustad, jf. § 11 (2) nr. 4: 7 saker, kr. 55 256

17. Oppseiing / avskil i arbeidstilhøve, jf. § 11 (2) nr. 5: 34 saker, kr. 261 275

18. Valdsoffererstatning, jf. § 11 (2) nr. 6: 19 saker, kr. 125 132

19. Klagesaker for Nav, jf. § 11 (2) nr. 7: 143 saker, kr. 943 562

20. Vurdering av klage til Nav, jf. rundskriv G-05/2019 pkt. 1 a: 1 sak, kr. 9809

21. Klage til NAV, jf. rundskriv G-05/2019 pkt. 1 b: 1 sak, kr. 7006

24. Vurdering av erstatningskrav, jf. rundskriv G-05/2019 pkt. 2 a: 1 sak, kr. 4204

25. Krav om erstatning overfor NAV, jf. rundskriv G/05/2019 pkt. 2 b: 1 sak, kr. 7006

26. Andre saker: 4 saker, kr. 136 482

27. Eigne utgifter, inkl. tolk, jf. § 14 (2) 1.pkt: 50 saker, kr. 94 120

28. Utgifter til sakkyndig § 14 (2) 1. og 2. pkt: 3 saker, kr. 52 660

Tal restansar per 31.12.2022 var 92 saker (52 søknader og 40 stykkprissaker). Gjennomsnittleg sakshandsamingstid i 2022 har vore tre til fire veker for søknader om fritt rettsråd og fri sakførsel. For utbetaling av eigeninnvilga stykkprissaker og saker frå kontrollkommisjonen har gjennomsnittleg handsamingstid vore på ei til to veker gjennom året.

I 2022 har vi innvilga fri sakførsel i tre saker og har avslått 18 søknader. To av søknadene vart avslått på grunn av økonomi, 15 av andre grunnar og ei sak vart avslått etter ein kombinasjon av økonomi og andre grunnar. I tillegg har vi avvist tre søknader som følgje av manglande dokumentasjon.

**Rettshjelp**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Sum | Fritt rettsråd | Fri sakførsel |
|---|---|---|---|
| Innkomne søknader | 348 | 322 | 26 |
| Innvilgede søknader | 181 | 178 | 3 |
| Avslåtte søknader | 103 | 85 | 18 |

**Rettshjelp restanser**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Sum |
|---|---|
| Restanser | 92 |

**Forventet forbruk (fra kapittel 7.3.4.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på forbruk for året samt forventet forbruk på kap. 470, post 01 for påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes. Statsforvalteren skal umiddelbart informere SRF dersom det er andre vesentlige risikoer eller avvik på området.

Forbruket på kapittel 470, post 01 har vore på kr. 12 754 974 i 2022. Dette er ein auke med kr. 1 026 849 samanlikna med 2021, men er samstundes i tråd med forventa samla årsforbruk som vi har skissert i tertialrapporteringane gjennom året. Då inntekts- og formuegrensene for fri rettshjelp vart heva frå 1. januar 2023, er det grunn til å forvente ein viss auke i forbruket i 2023. Vi forventar eit forbruk på om lag 15 mill. kroner komande år.

**Rettshjelp forbruk**

| Forbruk kap. 470.01 | Forventet forbruk kap. 470.01 neste år |
|---|---|
| 12 754 974 | 15 000 000 |

**Samfunnssikkerhet i plan (fra kapittel 7.3.4.3 i TB)**

**Rapportere på**

**Samfunnssikkerhet i plan**

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hvilke forventninger til samfunnssikkerhet i planprosessen er formidlet til kommunene?
- Hvordan statsforvalteren har bistått kommunene i arbeidet med samfunnssikkerhet etter plan- og bygningsloven?

Statsforvaltaren gir tilbakemelding på alle meldingar om oppstart av planarbeid, inklusive forventningar til varetaking av samfunnstryggleiksomsyn (ROS-analyse) i planprosessen. Som del av denne tilbakemeldinga viser vi til relevant bakgrunnsinformasjon som t.d. DSBs rettleiar "Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging", men òg meir fagspesifikke rettleiarar frå m.a. DSB og NVE.

Vårt inntrykk er elles at kommunane er gode på å formidle forventningar til varetaking av samfunnstryggleiksomsyn i planlegginga, og vidare at dette no blir følgt opp i alle plansaker (inkl. planprogram).

Naturfare og klimaendringar har etter kvart òg blitt eit sentralt tema i alt planarbeid, men framleis har fleire kommunar eit forbetringspotensiale når det gjeld ROS-analysar på verksemdsbasert risiko, og ikkje minst viljestyrte hendingar. Difor understrekar vi ofte i fråsegnene våre at dette må vere ein del av ROS-arbeidet når det er relevant.

Ved slike høve forsøker vi å gi kommunane (og plankonsulentar) rettleiing om kva forventningar og krav som ligg i lov- og forskriftsverk og rettleiingar mv. I fleire av desse sakene har vi òg rettleiingssamtalar og møte med kommunane.

Vidare gir vi tilbakemelding på alle planar som er lagt ut til offentleg ettersyn eller høyring, og der ROS-analysen og oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit er sentrale element i tilbakemeldinga. Stort sett tykkjer vi kommunane følgjer opp ansvaret på ein god måte, sjølv om kompetansenivået tidvis er noko varierande. Vi ser òg at det i liten grad er behov for å fremje motsegn til planar med bakgrunn i tilhøve knytt til ROS-analysar (og oppfølging av desse). Når vi finn feil og manglar, vert desse i hovudsak retta av kommunane gjennom dialog med oss utan å gå vegen om motsegn. Det er elles ein del av rutinane våre å ha dialogmøte med kommunen når vi har vesentlege merknader til eit planforslag, for om mogeleg å unngå bruk av motsegn. Ofte fell grunnlaget for merknadene vekk etter slike dialogmøte, det vil seie at kommunen sjølv ser at avdekte tilhøve må rettast.

**Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 7.3.4.4 i TB)**

**Rapportere på**

**Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter**

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hva er status i fylket for opprettelse av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter i kommuneplan (alternativt i reguleringsplan) hos de kommuner som har storulykkevirksomheter?
  - o Angi gjerne hvilke kommuner som har opprettet hensynssoner i kommuneplanen (eller ivaretatt dette tilstrekkelig på annen måte).
- Hvilke tiltak gjør Statsforvalteren overfor kommunene for å oppnå målet om etablering av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter?

Vi sjekkar alle arealplanar opp mot DSBs oversikt over verksemder underlagt storulukkeforskrifta. Både ved melding om oppstart av planarbeid og ved

offentleg ettersyn er dette eitt av fleire punkt vi har merksemd på i fråsegnene våre. Vi diskuterer også temaet i dialogmøte og andre samtalar.

Det er samstundes ei aktuell (og etter vårt syn høgst relevant) problemstilling at einskilde kommunar av tryggleiksomsyn ikkje ønskjer å leggje slik informasjon offentleg tilgjengeleg i t.d. plankart og/eller planføresegner mv., noko vi kan ha forståing for.

Sjølv om vi følgjer opp problemstillinga i alle arealplansakene, har vi ikkje ført lister over kva kommunar som har eller ikkje har oppretta omsynssoner kring storulukkeverksemdene, og eventuelt på kva andre måtar kommunen kan ha vareteke slike omsyn.

Dette er elles eit område der vi ser stort behov for oppdaterte føringar frå sentralt hald på korleis kommunane (og Statsforvaltaren) på best mogeleg vis kan vareta omsynet til både nasjonale tryggingsinteresser og kriminalitetsforebygging på den eine sida, opp mot informasjonsbehov og førebygging lokalt knytt til storulukkepotensialet på den andre sida.

**Valg av virkemidler i oppfølging av kommunene (fra kapittel 7.3.4.5 i TB)**

**Rapportere på**

**Valg av virkemidler i oppfølging av kommunene**

Statsforvalteren skal redegjøre for status på virkemiddelbruken overfor kommunene:

1. Hvilket kunnskapsgrunnlag er lagt til grunn for valg av virkemiddel tilpasset kommunens behov?
2. Når vurderes det at tilsyn er det mest effektive virkemidlet for oppfølging av kommunene på samfunnssikkerhetsområdet?
3. Er valg av kommuner for tilsyn gjort ut fra en risiko- og vesentlighetsvurdering, og ut fra hvilke kriterier?
4. Hvilke typer læringsaktiviteter har Statsforvalteren lagt til rette for i forbindelse med tilsynet?
5. Hvordan sikres involvering av kommuneledelsen i øvelser?

1. I valet av verkemiddel legg vi vekt på kunnskapen vi får gjennom dialog med kommunane, tidlegare tilsyn, funn i evalueringsrapportar og dialog med regionale beredskapsaktørar.

2. Tilsyn sikrar at samfunnstryggleik og beredskap vert sett tydeleg på dagsordenen. Det er såleis særleg viktig i kommunar der vi er usikre på i kva grad dette arbeidet vert prioritert, eller om kommuneleiinga er tilstrekkeleg involvert. Tilsyn gir eit godt samla oversyn over status i kommunen.

3. I vurderinga av risiko og viktigheit legg vi særleg vekt på kor lang tid det er sidan førre tilsyn, erfaringar frå tidlegare tilsyn og andre erfaringar med samfunnstryggleiksarbeidet (særleg handtering av uønskte hendingar).

4. Vi varslar tilsyn tidleg og har merksemd på å formidle tydelege forventningar, slik at kommunen får eit grunnlag for å kunne vurdere justeringar i eige planverk. Etter vi har gjennomført tilsynet, tilbyr vi alle kommunane tilpassa rettleiing. Vi følgjer opp eventuelle lovbrot (avvik) som ikkje er lukka innan rimeleg tid, ved å invitere til oppfølgingsmøte. Vi brukar elles erfaringar og funn frå tilsyna i den generelle oppfølginga av kommunane, t.d. i rettleiing på årlege kommunesamlingar og andre relevante arenaer.

5. Når vi planlegg å øve kriseorganisasjonen til kommunen, er leiinga alltid hovudmålgruppe. Vi formidlar ei forventning om at kriseleiinga, inkludert ordførar, deltek i øvinga så langt det i alle fall er praktisk mogleg.

**FylkesROS (fra kapittel 7.3.4.6 i TB)**

**Rapportere på**

**FylkesROS**

Statsforvalteren skal:

- Redegjør for status på fylkesROS og tilhørende oppfølgingsplan
- Redegjøre for status av scenario sikkerhetspolitisk krise/krig i fylkesROS.

Den store arbeidsbelastninga som følgje av pandemien og den tryggleikspolitiske situasjonen, har gjort at arbeidet med fylkesROS har tatt mykje lenger tid enn vi hadde planlagt. I tillegg har det gått ut over kontinuiteten at sentrale medarbeidarar har slutta.

Vi i ferd med å ferdigstille arbeidet med fylkesROS Vestland, og har m.a. presentert han for fylkesberedskapsrådet.

Vi har starta arbeidet med oppfølgingsplanen, som vi vil ferdigstille i løpet av våren 2023.

Det er utarbeidd eit utkast til scenario for tryggleikspolitisk krise/krig, som òg har vore drøfta i fylkesberedskapsrådet. Planen er å ferdigstille ein første versjon av scenarioet i løpet av våren 2023. Tiltak identifisert i scenarioet vil bli omtala i oppfølgingsplanen.

**Rapportering på tiltak i gevinstrealiseringsplanen (fra kapittel 7.3.4.7 i TB)**

**Rapportere på**

**Rapportering på tiltak i gevinstrealiseringen**

Statsforvalteren skal:

- Redegjør kort for status på arbeidet med å tilrettelegge for enhetlig og systematisk tilnærming til samfunnssikkerhets - og beredskapsarbeidet i oppfølging av kommunene.
- Redegjøre kort for status på arbeidet med å tilrettelegge for felles tilnærming og systematisk oppfølging av regionale aktører.

Tett og god dialog mellom relevante avdelingar bidrar til å sikre at embetet har ei mest mogleg heilskapleg tilnærming til arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Beredskapssituasjonen og dialog med kommunane er fast tema på leiarmøta. Betre utnytting av digitale verktøy, særleg for møte, kompenserer ulempa som det elles kunne gi at vi er fordelt på fleire kontorstader.

Tverrfagleg tilsynsgruppe og embetet si klimagruppe bidreg òg til at tilnærminga til kommunane og regionale instansar vert meir heilskapleg.

**Gevinstrealiseringsplanen: Tilsyn (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)**

**Rapportere på**

I henhold til gevinstrealiseringsplanen, rapportere på effekten av tiltakene som er gjort for å øke kvaliteten og sikre lik praksis på tvers av statsforvalterne og hvilke grep som er tatt for å øke tilsynsaktiviteten.

Tilsynsaktiviteten, målt både som tal tilsyn og som gebyrinntekt, har gått ned i 2022 samanlikna med 2019 (før pandemien), då vi gjekk litt opp frå det samla tilsynsomfanget i dei to tidlegare fylka i 2018. Vi har dermed kanskje ikkje oppnådd den gevinstrealiseringa som er ønskt, men det har vore ei medviten prioritering i 2022 å bruke meir ressursar på løyvesakshandsaming enn tilsyn. Spesielt innan avløp, store infrastrukturprosjekt og IED-oppdateringar på avfall har det vore mange saker i 2022.

Bruk av fleirdagstilsyn på deponia og for akvakulturanlegg viser att som eit lågare tal tilsyn totalt. Talet på tilsyn speglar difor ikkje nødvendigvis den faktiske ressursbruken på tilsyn. Til dømes har vi hatt ein lokal tilsynsaksjon over fleire år for akvakultur, med bruk av «selskapstilsyn» for alle verksemda sine lokalitetar. Vi har spissa tilsynsomfanget i det enkelte tilsynet til tema om miljøovervaking og registrering av miljødata i relevante databasar. Vi har sett på mange fleire akvakulturlokalitetar (tilsynsobjekt) i løpet av eitt år på denne måten, enn dersom vi hadde plukka ut ein og ein lokalitet. Samstundes har vi fått inn mindre i tilsynsgebyr per lokalitet, samanlikna med om vi hadde ført separate tilsyn.

Vi opplever at eit større fagmiljø har gitt ein samla auka kompetanse og likare praksis for tilsyn.

Vi opplever at det å prioritere deltaking i nasjonale tilsynsaksjonar og å organisere eigeninitierte tilsyn som lokale aksjonar, bidrar til både auka kvalitet på tilsyna, og likare praksis. I tilsynsaksjonar rekk vi å bruke meir tid og gå meir i djupna på fagleg førebuing til tilsyna, og får opp fleire diskusjonar om tolking av regelverk / vurdering av funn med Miljødirektoratet og kollegaer i andre fylke, fordi alle er opptatt av det same, samstundes.

Vi har delt vår tilsynspraksis på akvakulturområdet i den felles digitale gruppa på tvers av embeta, og har hatt med observatørar frå andre fylke på våre tilsyn. Vi håpar at det kan bidra til ein likare praksis på tvers av fylka.

**Gevinstrealiseringsplanen: Veiledning av kommunene (fra kapittel 7.3.5.2 i TB)**

**Rapportere på**

I henhold til gevinstrealiseringsplanen, rapportere på effekten av tiltakene som er innført for å bedre veiledningen av kommunene og hvilke resultater tiltakene har ført til.

I desember arrangerte vi "Forureiningsveka", ein større webinarserie på forureiningsområdet, med fagtema avfall, avløp, grunnforureining, vassforvalting, plastforureining og støy. Målgruppa var administrasjonen og politikarar i kommunane. Totalt hadde vi 180 deltakarar, og vi fekk gode tilbakemeldingar på programmet og innlegga. Det er tydeleg at kommunane treng eit organ som Statsforvaltaren, som kan gi den nødvendige rettleiinga, og gjere kommunane i betre stand til å gjere god og rett saksbehandling. Rettleiing er viktig og tilbakemeldingane viser at dette har effekt, slik at kommunane kan følgje opp ansvaret dei har som forureiningsmyndigheit.

Vi planla òg ein tilsvarande webinarserie innan naturmangfald, kalla "Naturmangfaldsveka", som vart gjennomført i januar 2023.

**Fremmede organismer (fra kapittel 7.3.5.3 i TB)**

**Rapportere på**

Status på gjennomførte tiltak mot fremmede organismer.

Det har vorte fjerna framande treslag (vestamerikansk hemlokk og sitkagran) i fleire nye område i 2022. I tillegg har det føregått etterrydding av

småplantar i område der frøtre er hogde tidlegare. Hemlokk blir bekjempa på «brei front», medan sitkagran berre blir bekjempa i isolerte område med minimal fare for ny innvandring. Effekten av tiltaka er at frøsettinga er eliminert og tilveksten blir halden i sjakk, slik at dei aktuelle treslaga ikkje lenger er eit trugsmål mot stadeigen natur i dei aktuelle områda. Arbeidet er langsiktig, ved at ein må etterrydde småplantar i eit par omgangar med 5-10 års mellomrom, fram til frøbanken er tom. Der spreiinga er omfattande, og oppslaget av ungplantar blir tatt på dugnad, vil tiltaket ta nokre år, sjølv om hogsten av frøtre har eliminert frøproduksjonen.

Førekomsten av boersvineblom på Bømlo er under kontroll. Tiltaka hindrar frøsetting, og arten er ikkje lenger noko trugsmål mot stadeigen natur. Nye plantar kjem frå ein frøbank i jorda, men denne vert mindre og mindre.

Tiltak mot kjempebjørnekjeks og kjempespringfrø har òg gitt god effekt lokalt der det er gjennomført tiltak. Bestandane har gått sterkt tilbake og er under kontroll. Kjempebjørnekjeks kan reknast som utrydda på ytterlegare ein lokalitet, og på sikt ser vi det som realistisk å utrydde arten regionalt.

**Fremmede organismer**

| Beskrivelse av tiltak (som meldt inn i ESS) | Oppfølging av overordnede kriterier | Art/artsgruppe | Type tiltak | Vurdering av gjennomført tiltak | Sum brukt |
|---|---|---|---|---|---|
| Informasjonstiltak og kartlegging av havnespy. | Informasjon. Bremse spredningshastighet. | Japansk sjøpung | Kartlegging | Vi har fått informert breitt og godt, og kartlegging i regi av HI har gitt betre oversikt over førekomstar. | 200 000 |
| Oppfølging av tiltak i Bømlo kommune. Luking og punktsprøyting på alle kjende (ca. 20) lokaliteter. Vert utført av entreprenør. | "Område med trua naturtyper Holde i sjakk og hindre videre spredning" | Boersvineblom | Bekjempelse | Under kontroll. Få og små plantar att. Det finst tydeligvis ein frøbank, men denne blir utarma år for år. Kostnad ved bekjemping vil truleg ligge på dette nivået framover. | 46 059 |
| Oppfølging av tiltak starta i 2013. Finst på ca. 15 lokalitetar i fylket (5 er utrydda). Målet er å utrydde arten frå fylket. Samarbeid med Statens vegvesen, kommunar, entreprenørar og private. | Stor sannsynlighet for å fjerne arten i regionen | Kjempebjørnekjeks/tromsøpalme | Bekjempelse | Tal plantar redusert, spreiing under kontroll. Eigeninnsats SFVL: Alle lokalitetar der arten er antatt utrydda vart oppsøkt - ingen nye plantar funne. Oppgraving og rotstikking på to andre lokalitetar. | 0 |
| Oppfølging av tiltak ved Nedkvitne, Voss. Luking langs bekkedrag langs kulturmark. Vert utført av Norske landbrukstenester Voss. | Fjerne forekomst lokalt | Kjempespringfrø | Bekjempelse | God effekt: Få plantar att og spreiing under kontroll. | 3 286 |
| Osterøy kommune. Oppfølging av tiltak langs bekk ved Åsgarden, Osterøy. Ca. 300 m. Luking. Lokal innsats + to økter av tilsett hos Statsforvaltaren. | Fjerne forekomst lokalt | Kjempespringfrø | Bekjempelse | God effekt: Alle plantar fjerna. | 0 |
| Årdal kommune. Oppfølging av tiltak i Utladalen og Fardalen. Manuell rydding (luking) v/Vikadalen ungdomslag. | Fjerne forekomst lokalt | Kjempespringfrø | Bekjempelse | God effekt: Tal plantar redusert, spreiing under kontroll. Aktør melder at dei har bra kontroll. | 7 000 |
| Voss herad. Oppfølging av tiltak påbegynt i 2018. Arten har etablert seg og er i spreiing på Prestegardsmoen, eit elvedelta med A-verdi. I samarbeid med Voss kommune ønskjer vi å utrydde arten frå dette området. | | Hagelupin | Bekjempelse | God effekt. Tiltak (hindre bløming) utført av kommunen. Tal blømande plantar redusert, spreiinga er truleg under kontroll. | 0 |
| Tiltak mot vestamerikansk hemlokk. Tiltak på ei rekkje lokalitetar i fleire kommunar. | "Fjerne forekomst lokalt. Forebygge spredning." | Vestamerikansk hemlokk | Bekjempelse | God effekt: Frøkjelder eliminert lokalt. Oppslag av småplantar under kontroll. Eit større tiltak stod åleine for over halvparten av totalkostnaden. | 845 923 |
| Tiltak mot sitkagran. Tiltak i fleire kommunar. | "Område med trua naturtyper. Fjerne forekomst lokalt. Forebygge spredning." | Sitkagran | Bekjempelse | God effekt: Eliminasjon av frøtre lokalt. Det største planlagte tiltaket (fjerning av sitkagran på Siglo i Fitjarøyane) vart ikkje påbegynt pga. økonomien. To mindre tiltak på Børilden i Austrheim og Møkster i Austevoll vart heller ikkje påbegynt som planlagt. | 949 609 |
| Tiltak mot edelgran på Solheim i Strandebarm | "Fjerne forekomst lokalt. Forebygge spredning." | Edelgran | Bekjempelse | God effekt. Frøtre fjerna. I tillegg vart nokre større graner + alle halvstore tre og småtre området rundt fjerna. Dette gjorde tiltaket 50 % dyrare enn først stipulert. | 315 150 |
| | | | | | 2 367 027 |

**Truede arter (fra kapittel 7.3.5.4 i TB)**

**Rapportere på**

Status på gjennomførte tiltak for å ta vare på truede arter og naturtyper

**Truede arter og naturtyper**

| Art/naturtype | Ref. nr. | Type tiltak | Omfang av tiltaket | Navn på område | Effekt av gjennomført tiltak | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Dvergålegras | 22SA0071 | Overvaking | 24 kjende lokalitetar i landet | Fleire område | Oppdatert kunnskapsgrunnlag om tilstanden til lokalitetane av dvergålegras gjer at vi kan ha ein kunnskapsbasert forvaltning av arten. Vi kan lettare fange opp endringar som krev at vi set inn tiltak for å sikre livskraftige bestandar, og hindre at lokalitetar går tilbake eller forsvinn. Aktuelle område blir og kartlagde med tanke på ev. nye funn av arten. | 150 000 |
| Kystlynghei/Slåttemark/ naturbeitemark | 22SA0071 | Skjøtselsplanar, kvalitetssikring, rådgjeving, fagdag | | Mange område | 6 nye skjøtselsplanar er utarbeidde og 32 nye område i naturbase. Dette gir større sjanse for at desse verdifulle områda blir haldne ved like. | 610 000 |
| Tinnvokssopp | 22SA0071 | | 5 område | Fleire område | 5 nye skjøtselsplanar er utarbeidd slik at 5 nye brukarar har fått informasjon om korleis dei kan ta vare på arten. Dette gjev oss større sjanse for at arten blir tatt vare på med rett skjøtsel. | 200 000 |
| | | | | | | 960 000 |

**Fellingstillatelser på rovviltområdet (fra kapittel 7.3.5.5 i TB)**

**Rapportere på**

Fellingstillatelser på rovviltområdet

Vi fekk ingen søknader om fellingsløyve på rovvilt i 2022 i Vestland.

**Rovvilt**

| | Antall skadefellings søknader | Antall avslag | Antall tillatelser | Andel innvilgende |
|---|---|---|---|---|
| Jerv | 0 | | | |
| Gaupe | 0 | | | |
| Bjørn | 0 | | | |
| Ulv | 0 | | | |
| Kongeørn | 0 | | | |
| Totalt | 0 | 0 | 0 | |

**Status på aktivitet og gjennomførte tiltak mot fremmede treslag i verneområder (fra kapittel 7.3.5.6 i TB)**

**Rapportere på**

Status på aktivitet og gjennomførte tiltak mot fremmede treslag i verneområder.

Vi har gjennomført slike restaureringstiltak i fem verneområde i 2022. To av desse er vidareførte (no sluttførte) tiltak frå tidlegare år.
Hovudtiltaket i 2022 omfatta hogst av 6200 m3 norsk gran i eit særs krevjande terreng. Kostnaden var difor uvanleg høg, og prosjektet er den mest omfattande skogrestaureringa i naturskog på Vestlandet.

Effekten er todelt:

1. Vi har stoppa vidare spreiing av framande treslag til viktig natur.
2. Vi har lagt eit godt grunnlag for at den opphavlege naturen i tiltaksområdet skal kunne reetablerast naturleg så raskt som råd. Det vil likevel ta tiår før viktig naturskog har vakse opp at der planteskog er fjerna, men i ope kystlandskap ser vi at vi allereie har fått god økologisk effekt av tiltak som er gjennomført i 2018 og 2019.

Denne utfordringa er svært stor i Vestland. Minst 146 verneområde har viktige utfordringar med uønskte førekomstar av framande treslag. 53 av desse er handterte, ti andre er delvis handterte, men i dei siste 83 områda har vi ikkje planlagt eller begynt med tiltak.

**Redusert forekomst av fremmede treslag i verneområder**

| | Kystlynghei | Løvskog | Myr | Furuskog | Annet | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Antall verneområder | 1 | 1 | 2 | 1 | 0 | 5 |
| Anslag volum hogd (m3) | 1 800 | 350 | 650 | 6 200 | 0 | 9 000 |
| Anslag areal hogd (dekar) | 30 | 6 | 60 | 112 | 0 | 208 |
| Anslag andel sitkagran (%) | 100 | 0 | 70 | 0 | 0 | 170 |
| Anslag andel norsk gran (%) | 0 | 100 | 0 | 100 | 0 | 200 |
| Anslag andel andre treslag (%) | 0 | 0 | 30 | 0 | 0 | 30 |

*Andre treslag er bergfuru i eit myrreservat. Andel i prosent av dei ulike treslaga er oppgitt for kvar naturtype-kategori, og dermed blir tallet i sum-kolonna irrelevant.*

**Status for arbeidet med avfallsplan i havn (fra kapittel 7.3.5.7 i TB)**

**Rapportere på**

Status for arbeidet med avfallsplan i havn

Per dags dato har vi godkjent alle tilsende planar. Tala er henta frå fagsystemet. Det reelle talet hamner er ein del lågare. Vi har framleis ein stor jobb med å etterlyse planar, og gå gjennom kvaliteten på opplysningane i fagsystemet. Vi har ikkje prioritert å etterlyse planar frå småbåthamner medan vi ventar på endring av forskrifta.

**Avfallsplaner i havner**

| Type havn | Totalt antall | Uten krav om avfallsplan | Med krav om avfallsplan | Har godkjent avfallsplan | Mangler godkjent avfallsplan |
|---|---|---|---|---|---|
| Nærings- og industrihavn | 434 | 50 | 384 | 180 | 204 |
| Fiskerihavn | 79 | 3 | 76 | 26 | 50 |
| Trafikkhavn | 109 | 32 | 77 | 30 | 47 |
| Småbåthavn | 2 946 | 2 354 | 592 | 166 | 426 |
| Sum | 3 568 | 2 439 | 1 129 | 402 | 727 |

**Status for bedre tilstand og kunnskap om vannforekomstene (fra kapittel 7.3.5.8 i TB)**

**Rapportere på**

Status for bedre tilstand og kunnskap om vannforekomstene

Midlane er nytta til administrative kostnader for kompetanseheving, betring av kvaliteten på Vannmiljø og Vann-Nett, reising og arbeidsmøte med vassområda og fylkeskommunen.

**Vannforvaltning**

| År | Driftsmidlene vil brukes opp i løpet av året | Midlene er brukt til |
|---|---|---|
| 2022 | Ja | Aktivitetar knytt til vassforvaltning |

**Status på bruk av tilskuddsmidler for tiltaksorientert overvåking etter vannforskriften (fra kapittel 7.3.5.9 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på bruk av tilskuddsmidler i henhold til behovsinnmelding gjennom ESS for tiltaksorientert overvåking etter vannforskriften (kapittel/post 1410.21).

Sju overvakingsprogram har fått tilskotsmidlar.

**Overvåking under vannforskriften**

| Delprogram/område/prosjekt | Antall stasjoner | Sum tilskudd (beløp) | Sum brukt (beløp) | Beskrivelse av gjennomført overvåking |
|---|---|---|---|---|
| Overvakingsprogram Fensfjorden | 9 | 550 000 | 550 000 | Større 3-årig spleiselag mellom kommunar, bedrifter og Statsforvaltaren. Bedrifter med pålegg om å gjennomføre eigne miljøundersøkingar får høve til å kople seg på fellestoktet for å få ned den totale kostnaden. |
| Overvakingsprogram Florø | 25 | 560 000 | 560 000 | Større 3-årig spleiselag mellom kommunar, bedrifter og Statsforvaltaren. Bedrifter med pålegg om å gjennomføre eigne miljøundersøkingar får høve til å kople seg på fellestoktet for å få ned den totale kostnaden. |
| Utarbeiding av overvakingsprogram | 74 | 200 000 | 200 000 | Dette gjelder utarbeiding av overvakingsprogram for resten av kysten. Dei er klare til oppstart i 2023, men er avhengig av tildelingsmidlar. Det er spleiselag mellom bedrifter, kommunar og Statsforvaltaren. Dersom vi ikkje har midlar til å starte opp fulle overvakingsprogram, så har vi stasjonsnettet i bakhand for å følgje opp i dei områda som overlappar med område kor vi har pålagt bedrifter å gjennomføre miljøundersøkingar. Overvakingsprogram for Måløyområdet starta opp i desember 2022. |
| Plast i elver - kartlegging | 19 | 99 000 | 99 000 | Viktig prosjekt for å kartleggje plastproblemet i elvar. Bidrar til kunnskapsgrunnlaget i vann-nett. |
| Eutrofiprosjekt | 109 | 595 000 | 595 000 | Spleiselag mellom Statsforvaltaren og vassområda. |
| Sluttfaktura elver/utløp innsjø 2021 | 0 | 157 400 | 157 400 | Sluttfaktura ved mottatt og godkjent rapport fra fjordårets undersøking. |
| Diverse mindre overvakingsprosjekt | 10 | 238 600 | 238 600 | Prøvetaking i Lærdalsfjorden, Raunefjorden og Sognefjorden, vassprøvetaking kombinert med kartlegging av sjøaure, sluttfaktura for DDT-prosjektet |
| | 246 | 2 400 000 | 2 400 000 | |

**Rapportering på antall anmeldte lovbrudd (fra kapittel 7.3.5.10 i TB)**

**Rapportere på**

Rapportering på antall anmeldte lovbrudd

Vi melde Kinn kommune til politiet for brot på både forureiningslova og plan- og bygningslova. Kommunen vedtok eit forelegg på 500 000 kroner, og det vert rettsak våren 2023 om personleg straffeansvar.

**Spesifikk omtale av arbeid med omstilling (fra kapittel 7.3.6.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Det skal:

- Gis en spesifikk omtale av arbeid med innovasjons- og fornyingsprosjekter i kommunene.
- Redegjøres kort for fordeling av skjønnsmidler til formålet, herunder rapportering i søknads- og rapporteringsportalen Prosjektskjønn, og formidling av resultatene.
- Gis en omtale av virkninger og resultater av prosjektene.

Vi legg ut informasjon på nettstaden vår om utlysing av fornyings- og innovasjonsmidlar, kriterium for tildeling og lenkje til den felles søknads- og rapporteringsportalen for prosjektskjønn. Tidlegare Fylkesmannen i Sogn og Fjordane var med på å utvikle portalen, og fagansvaret for denne ligg framleis i embetet vårt. Vi bruker difor også noko tid på å rettleie andre embete, i tillegg til å rettleie kommunar, informere på fagdagar hos KDD, og til å vedlikehalde og utvikle portalen saman med STAF.

Kommunane blir i eige brev inviterte til å søkje om prosjektmidlar.

Regionråda og KS blir inviterte til å delta i prosessen. Etter at kommunestrukturen vart endra frå 2020, har KS og regionråda i mindre grad enn tidlegare delteke i prosessen med fordeling av prosjektskjønn.

Vi legg vekt på at kommunane har ein gjennomtenkt og realistisk prosjektplan og at dei gjer greie for utfordringane sine. Det må bli vist til målsetjingane for prosjektet, og dessutan gjort greie for aktuelle verkemiddel eller løysingar som skal bli prøvd ut. Det blir ikkje gitt tilskot til utføring av ordinære driftsoppgåver. Vi har presisert til kommunane at god formidling av prosjekta er viktig, også for å syne det som blir oppnådd. Informasjonen blir også lagt ut på nettsidene våre.

Vi legg vekt på at prosjekta har ein overføringsverdi, er forankra i kommuneleiinga og hjå tilsette. Prosjektet bør gi klare kvalitetsforbetringar eller effektiviseringsgevinstar. Konkrete gjennomføringsprosjekt blir prioriterte framfor utgreiingsprosjekt. Vi prioriterer prosjekt der det er minst 50 prosent kommunal eigenfinansiering.

I Vestland vart det i 2022 samla fordelt 13 715 000 kroner i prosjektskjønn. Totalt fekk vi inn 51 søknader, og vi løyvde midlar til 26 av desse prosjekta.

Fornyingsmidlane vart fordelte slik mellom dei ulike satsingsområda (fordeling i kroner):

| | |
|---|---|
| Helse og omsorg | 7 750 000 |
| Barnehage og skule | 200 000 |
| Utsette barn og unge | 1 200 000 |
| Digital forvaltning | 1 700 000 |
| Interkommunalt planarbeid | 790 000 |
| Samfunnstryggleik og beredskap | 400 000 |
| Klima- og miljøutfordringar | 525 000 |
| Diverse andre prosjekt | 1 150 000 |
| Totalsum | 13 715 000 |

Totalsummen er i samsvar med beløpet for samla fordeling i portalen.

Når prosjekta er ferdige, evaluerer vi kvart prosjekt. Dette kjem fram på den offentlege Prosjektskjønn-sida, og der ligg også kommentarane våre for kvart einskild prosjekt. Vi har ein rapporteringsfrist kvart år, og har oppfølging på rapporteringa når rapporteringsperioden er ute.

Vi vil trekkje fram prosjektet "Aldri Alene" som fekk 750 000 kroner i 2021 og 1 mill. kroner i 2022. Det er søkt om midlar også for 2023. Øygarden kommune har vore søkjar og mottakar av tilskotet. Det var opphavleg eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Øygarden, Bergen og Bjørnafjorden. Hausten 2022 er kommunane Askøy, Alver og Voss også knytte til prosjektet og skal vere med i det vidare arbeidet. Talet på sjølvmord i Noreg er altfor høgt og langt unna nullvisjonen. Det er eit større behov for kunnskap om sjølvmord og psykiske lidingar i offentlege institusjonar, som har ansvar for menneske, og spesielt dei unge. Prosjektet ønskjer å endre haldningar, gi opplæring om mental helse hjå innbyggjarane som førebyggjande tiltak, og gi informasjon om kor, korleis og når ein kan søkje hjelp.

Vi vil også trekkje fram prosjektet "Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland" som fekk 600 000 kroner både i 2021 og 2022. Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal starta saman prosessen med å utarbeide ein interkommunal plan for sjøareala. Det er mange interesser knytte til kystsona og sjøareala som kan gjere desse areala utfordrande å forvalte. Interessene går på tvers av kommunegrensene. Det er den samla bruken av areala som er avgjerande for om det er ein berekraftig bruk. Vurderingane må difor skje på tvers av kommunegrensene.

Vi har i fleire år gitt prosjektskjønsmidlar til digitalisering i vestlandskommunane, for at flest mogleg av kommunane skal ha utgangspunkt i den same digitale plattforma. Dette er viktig med sikte på større grad av digitalisering av dei kommunale tenestene, for ein stor del innafor helse- og omsorgstenestene (e-helse), men òg innanfor skule og barnehage, barnevern, beredskap og generell informasjon på kommunane sine heimesider. Dei siste åra har mesteparten av denne satsinga vore administrert gjennom Digi Vestland (sekretariat i Bergen kommune). I 2022 vart det gitt prosjektskjønn til Digi Vestland med til saman 3,2 mill. kroner, fordelt på fem prosjekt. Digi Vestland har samla IT-ressursar frå begge dei to tidlegare fylka, for å utvikle dette arbeidet vidare til beste for kommunane.

**Det skal gis rapportering i tabell... (fra kapittel 7.3.6.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Det skal gis rapportering i tabell som viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av statsforvalteren, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.

Vi har avvist tre krav om lovlegkontroll fordi vilkåra ikkje var oppfylte. Vi har ikkje funne grunnlag for å gjere lovlegkontrollar på eige initiativ, men har vurdert dette i fleire saker.

**Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ**

| Type lovlighetskontroll | Vedtak opprettholdt | Ulovlig vedtak | Sum |
|---|---|---|---|
| Etter klage | 13 | 2 | 15 |
| På eget initiativ | 0 | 0 | 0 |

**Kortfattet omtale av... (fra kapittel 7.3.6.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av hvilke særlige kommunalrettslige tema de veileder kommunene om, og om eventuelle kommunalrettslige saker som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet hos statsforvalteren.

Vi har rettleia om fleire tema, mellom anna økonomireglane, lovlegkontroll, habilitet og møteoffentlegheit. Behandlinga av fleire lovlegkontrollar av vedtak om skulestruktur og kommunale planar innan barnehagesektoren har vore ressurskrevjande.

**Kortfattet omtale i årsrapporten av bruken av interkommunalt samarbeid i fylket (fra kapittel 7.3.6.2.3 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalterne skal, på bakgrunn av egne erfaringer etter kontakt med kommunene, gi en kort omtale av omfanget av interkommunalt samarbeid i fylket, i hvilke former kommunene samarbeider, og hvilke tjenester det samarbeides om.

Det skal også gis en kortfattet omtale av utviklingstrekk og utfordringer statsforvalterne ser i det interkommunale samarbeidet i fylke.

Vi har i tidlegare årsrapportar (seinast i årsrapporten for 2021) skrive kortfatta om interkommunalt samarbeid i Vestland.

Situasjonen i 2022 skil seg ikkje særleg frå tidlegare år, anna enn at det nye Fjordane interkommunale politiske råd vart formelt etablert.

I 2022 har det såleis vore seks fungerande regionråd/interkommunale politiske råd i Vestland:

- Fjordane
- Sogn
- Hardangerrådet
- Nordhordland
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Kommunane i Nordfjord har blitt medlemmer i Fjordane interkommunale politiske råd, men inntil vidare ser det ut til at dei til ein viss grad også vil halde fram med samarbeidet internt i Nordfjord.

Det er seks kommunar i Vestland som ikkje er medlem i noko regionråd eller interkommunalt politisk råd.

**Fylkesmannsembeter som samordner statlig innsigelser (fra kapittel 7.3.6.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Det skal rapporteres på statsforvalterens arbeid med samordning av statlige innsigelser, herunder i hvilken grad innsigelser blir løst gjennom dialog.

Det er viktig å merke seg at planprosessane for nokre saker går over fleire år, slik at tala i tabellen ikkje gir klart svar på aktiviteten og måloppnåinga det enkelte året. Våre interne oversyn over tid viser at +/- 50 prosent av dei aktuelle motsegnspunkta vi drøftar med kommunane, fell vekk etter ein utvida dialog i høyringsfasen.

Vi viser elles til dei relevante punkta i tekstdelen, der arbeidet vårt med samordning av statlege motsegner er omtala.

**Samordning av statlige innsigelser**

| Etat | 1. Antall planer der andre statlige etater har oversendt innsigelse til statsforvalteren | 2. Antall planer der innsigelsene fra andre statlige etater er løst før de er fremmet for kommunen | 3. Antall planer der innsigelsene fra andre statlige etater er avskåret av statsforvalteren | 4. Antall planer med innsigelse fra statsforvalteren og andre statlige etater fremmet for kommunen |
|---|---|---|---|---|
| Antall planer totalt | 22 | 3 | 0 | 28 |
| Statsforvalteren | | | | |
| Avinor | 1 | 0 | 0 | 0 |
| Biskopene | | | | |
| Direktoratet for mineralforvaltning | | | | |
| Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap | | | | |
| Fiskeridirektoratet | 2 | 1 | 0 | 1 |
| Forsvarsbygg | | | | |
| BaneNor | 1 | 0 | 0 | 0 |
| Kystverket | 2 | 0 | 1 | 1 |
| Luftfartstilsynet | | | | |
| Mattilsynet | | | | |
| NVE | 13 | 1 | 0 | 4 |
| Oljedirektoratet | | | | |
| Politiet | | | | |
| Riksantikvaren | | | | |
| Statens vegvesen | 6 | 0 | 0 | 1 |
| Statsbygg | | | | |

*Planar med motsegnspunkt som ikkje er løyste, skuldast ofte anten at kommunen har takka nei til dialog eller at planane framleis ikkje er ferdigstilte etter dialogmøtet (ventar på avklaring). Ei feilkjelde kan vere manglande føring i planlista vår. I ein stor del av planane der det er fremja motsegn for kommunen, er mange av motsegnspunkta likevel løyste som resultat av dialog, slik at kvar plan inneheld færre motsegnspunkt når dei går til kommunane.*

**Rapportering i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.4.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle statsforvalterne rapporterer byggesaker i SYSAM- ny rapporteringsløsning for statsforvalterne.

- Av årsrapporten skal det fremgå totalt antall behandlede byggesaker.
- Av årsrapporten skal det fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå antall saker som ikke ble avgjort innen 12 uker. Det skal vises hvor lang gjennomsnittlig overskridelse var i disse sakene. Overskridelse skal føres i antall dager.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i saksbehandlingsforskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd, hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Vi har handsama 714 byggesaksklager i 2022. 414 av desse vart handsama innan 12 veker, altså 58 prosent av sakene.

Resultatet er ikkje på høgde med tidlegare årsresultat for klagesakshandsaming. Dette er som følgje av ein gradvis større saksinngang, kombinert med særs høgt sjukefråvær og sjukdom hjå barna til tilsette gjennom heile året. Ein stor del av sjukefråværet var på grunn av virussjukdomar, inkludert covid-19. Vi har også vore prega av problema etter innføringa av saks- og arkivsystemet Elements.

Vi er derfor særs nøgde med at vi har ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 90 dagar, som følgje av tett fagleg styring og oppfølging og omfordeling av saker.

**Rapportering om byggesaker etter plan- og bygningsloven**

| Totalt antall behandlede saker | Antall saker gitt medhold | Antall saker ikke avgjort innen 12 uker | Gjennomsnitt dager ikke avgjort innen 12 uker | Antall saker gitt lengre frist | Antall særlige tilfeller klageinstansen selv forlenget | Antall saker fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 714 | 86 | 300 | 34 | 4 | 4 | 1 |

**Rapportering av plansaker i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.5.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle statsforvalterne rapporterer plansaker i SYSAM-ny rapporteringsløsning for statsforvalterne.

- Av årsrapporten for 2022 skal det fremgå totalt antall behandlede klager på reguleringsplaner og gjennomsnittlig saksbehandlingstid i antall dager. Det skal i tillegg fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.

Vi har handsama 41 klager på reguleringsplan i 2022. 24 av sakene vart handsama innan 12 veker, altså 59 prosent.

Vi har hatt ein gradvis større saksinngang, kombinert med til dels høgt sjukefråvær i periodar, ein stor del av dette grunna covid-19. Vi har også vore

prega av problema etter innføringa av saks- og arkivsystemet Elements.

Vi er derfor særs nøgde med at vi har ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 90 dagar, som følgje av tett fagleg styring og oppfølging og omfordeling av saker.

**Rapportering om plansaker etter plan- og bygningsloven**

| Betegnelse på rapporteringskrav | |
|---|---|
| Antall behandlede klagesaker reguleringsplaner | 41 |
| Gjennomsnittlig behandlingstid i dager for klager på reguleringsplaner | 100 |
| Antall klagesaker om reguleringsplan som ikke er behandlet innen 12 uker | 17 |
| Antall klagesaker om reguleringsplan der klagen er gitt medhold helt eller delvis | 3 |

**Det skal rapporteres om lærlinger... (fra kapittel 7.3.6.6.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall lærlinger i 2022. Det skal også fremgå innenfor hvilke fag.

Vi er godkjent som lærebedrift i service- og administrasjonsfaget, men vi har ikkje hatt lærling i 2022. I samråd med OK-stat valde vi å vente med eiga utlysing av lærlingstilling til 2023. På grunn av omlegging av læreplanen er vi usikre på om vi får søkjarar, men vi gjer eit forsøk.

**Gevinstrealisering på planområdet (fra kapittel 7.3.6.7.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en kort, årlig samlet vurdering og rapportering i årsrapporten på egen ressursbruk knyttet til arbeid med og medvirkning i planprosesser (som formidling, høringsuttalelser, dialog og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser). I tilknytning til rapporteringen på ressursbruk skal det også gis en vurdering av kvaliteten på arbeidet.

Planseksjonen disponerer 16 stillingsheimlar hjå Statsforvaltaren i Vestland. I tillegg til ordinær planmedverknad, vert GIS-arbeidet koordinert frå seksjonen. Vi disponerer òg ein planjurist og ein fagdirektør på beredskapsområdet. Planjuristen er sekretær i meklingssaker, i tillegg til å ha ordinære oppgåver i seksjonen.

I lys av den høge saksmengda, opplever vi ressursbruken som litt i knappaste laget, særleg med omsyn til å ha nok ressursar til utoverretta verksemd og rettleiingsoppgåver ved arbeidstoppar.

Etter samanslåinga fekk vi bygd opp ein fagleg sterk seksjon, med røynde medarbeidarar. Vi har særs låg gjennomtrekk. Kvar medarbeidar er kommunekontakt for eit utval kommunar. Kommunane gir jamt over gode attendemeldingar på denne ordninga, og vi opplever at kompetansen på seksjonen i stor grad vert sett pris på og brukt aktivt av kommunane.

Etter behov involverer vi også fagpersonar i andre avdelingar, t.d. innan miljø, landbruk og folkehelse.

Vi viser elles til kap. 3.

**Statsforvalteren skal gi en kort omtale av embetets arbeid...(2) (fra kapittel 7.3.7.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

I innspel til kommunale planar har vi merksemd på at kommunane må vareta universell utforming.

**Fylkesmannen skal gi en omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling... (fra kapittel 7.3.7.2 i TB)**

**Rapportere på**

Nye regler om aktivitets- og redegjørelsesplikten på likestillingsområdet trådte i kraft 1.1.2020. I årsrapporten for 2021 skal det redegjøres for arbeidet for likestilling i tråd med il de nye kravene for redegjørelsesplikten, jf. hovedinstruksen pkt. 4.2.3 og pkt. 5.1.1.2, jf. likestillings- og diskrimineringsloven § 24 om offentlige myndigheters aktivitets- og redegjørelsesplikt samt §§ 26 og 26 a om arbeidsgivers aktivitets- og redegjørelsesplikt. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har utarbeidet veiledning og maler for det aktive likestillingsarbeidet og maler for redegjørelse.

Lenke: [Aktivitets- og redegjørelsesplikten (ARP) (bufdir.no)]

Vi arbeider med å fremje likestilling i møtepunkt vi har med kommunane. Til dømes tek vi opp temaet i dei jamlege møta vi har med alle ordførarar

og kommunedirektørar i fylket, seinast i januar 2023.

Gjennom styresmaktsrolla vår følgjer vi opp arbeid for likestilling og tiltak for å hindre diskriminering i innspel til samfunns- og arealplanlegginga i kommunane. Vi har innarbeidd likestillingsomsyn i dei interne planrutinane våre.

Internt arbeider vi for å fremje jamstilling og motverke diskriminering. Mellom anna har vi ein personalpolitikk som legg til rette for at tilsette i alle fasar i livet skal kunne utføre arbeidsoppgåvene sine på ein slik måte at det vert teke omsyn til familielivet.

Vidare har vi stor merksemd på kjønnsfordeling i leiarstillingar og i andre stillingar i embetet. Lønspolitikken nemner særskilt omsyn til å fremje jamstilling mellom kjønn. Vi har i 2022 evaluert lønsnivået i embetet og mellom anna avdekt at det er skilnader i gjennomsnittsløna mellom menn og kvinner. Dette vil vi ta omsyn til i lønsforhandlingane framover.

Dernest er søkjarar med minoritetsbakgrunn ein faktor vi ser på i alle tilsetjingsprosesser.

Til slutt vil vi nemne at vi over fleire år har lagt stor vekt på å følgje opp inkluderingsdugnaden. I 2022 hadde vi totalt 37 tilsetjingar. Tre av dei tilsette med oppstart i 2022 hadde nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en, noko som utgjer 8,1 prosent.

Elles viser vi til pkt. 4.2 og tabell i vedlegg 7.

**Rapportering saksbehandlingstid i skolemiljøsaker (fra kapittel 7.3.8.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på medianverdi og gjennomsnittstid på saksbehandlingen i håndhevingssakene per 31.12. Statsforvalteren skal kun rapportere på saker som gjelder brutt/ikke brutt aktivitetsplikt.

I 2022 var medianverdien 53 dagar,  gjennomsnittstida var 63 dagar.

Vi vurderer det som truleg at sakshandsamingstida vil bli lengre i 2023, gitt den store auken i meldte saker hausten 2022.

**Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven (fra kapittel 7.3.8.2 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal beskrive vurderingene som var avgjørende for valg av:

a) tilsynstema

b) omfang

c) skriftlig eller stedlig tilsyn

d) tilsynsobjekt

a) Tilsynstema

Vi vel tema på bakgrunn av ei vurdering av kor sannsynleg lovbrot er og konsekvensen eit eventuelt lovbrot har for barn og elevar. I 2022 har vi gjennomført tilsyn med tolv ulike tema. Av desse var fire tema eigeninitierte: alternativ opplæringsarena, meldeplikt til barnevernet, gratisprinsippet og kravet til likebehandling og uavhengighet i barnehagelova.

Tilsyna med gratisprinsippet og meldeplikt til barnevernet blei opna på bakgrunn av konkret informasjon om regelverksbrot. På bakgrunn av informasjonen vi satt med vurderte vi at risikoen på desse områda var stor. Alternativ opplæringsarena blei valt som tema i 2022 på bakgrunn av erfaringar frå tilsyn i 2021. I 2021 fann vi regelverksbrot i alle tilsyna vi gjennomførte på temaet, til dømes kunne vi sjå at opplæringa på alternativ opplæringsarena ofte ikkje er forankra i eleven sitt vedtak om spesialundervisning og i læreplanane. Vi vurderte difor at det var risiko knytt til dette temaet i fleire kommuner enn dei vi førte tilsyn med i 2021. Resultata fra tilsyna på temaet i 2022 viser at det var ei rett vurdering.

Statsforvaltaren har kartlagt korleis kommunane i Vestland organiserer oppgåvene dei har som barnehagestyresmakt. På bakgrunn av denne kartlegginga kunne vi sjå at det var stor sjanse for lovbrot i fleire kommunar i fylket, sjølv etter gjennomført rettleiing på området. Vi valte difor å opne tilsyn på temaet i 2022.

Når det gjeld tilsyn med nasjonalt initierte tema har vi ført tilsyn med internkontroll og skulemiljø, spesialundervisning, grunnskuleopplæring for vaksne, spesialpedagogisk hjelp, individuell tilrettelegging, skolebasert vurdering og eleven sitt utbytte av opplæringa.

Gjennom saker i handhevingsordninga har vi sett at det skjer mange regelverksbrot, særleg med plikta til å undersøke og til å setje inn tiltak. Spesialundervisning, spesialpedagogisk hjelp og individuell tilrettelegging er eit felt der vi gjennom klagesaksbehandling og andre førespurnader har erfart at kommunane manglar forståing for regelverket og gjer mangelfulle vedtak. Vidare er dette eit område der brot på regelverk vil ha konsekvensar for sårbare barn, noko vi og har lagt vekt på i vår risikovurdering.

Vår erfaring frå tidlegare tilsyn på temaet grunnskuleopplæring for vaksne, er at fleire kommunar ikkje har eit system som sikrar at alle vaksne får det

tilbodet dei har krav på, ettersom systema ofte er retta mot den gruppa med elevar som har rettar etter introduksjonslova. Vidare er det vår erfaring frå tidlegare tilsyn, og som klageinstans, at fleire kommunar skriv vedtak som ikkje møter krava etter opplæringslova og forvaltningslova. Ved val av tema for tilsyn har vi lagt vekt på at vaksne som ønskjer grunnskuleopplæring er ei sårbar gruppe

b) Omfang

Vi er opptatt av å ikkje kontrollere meir enn det som er naudsynt for å sikre at reglane er følgt. Omfanget på tilsyna blir difor tilpassa den risikoen vi meiner å ha avdekt. I tilsyna med gratisprinsippet, kravet til likebehandling, upartisk behandling og meldeplikt til barnevernet satt vi med spesifikk informasjon som gjorde at vi opna smale tilsyn med berre eitt kontrollspørsmål. I tilsyna med gratisprinsippet undersøkte vi til dømes berre om turar der skulen ikkje dekte alle kostnadene var i tråd med regelverket eller ikkje. Vi undersøkte ikkje om regelverket ble følgt på andre område. Bakgrunnen for avgrensinga er å ikkje påføre kommunane unødvendig stor arbeidsbyrde og at tilsyn innretta mot områder der risikoen er størst vil kunne bidra til å forkorte tilsynsprosessen, tydeleggjere bodskapen og auke læringseffekten av tilsyn.

Vi har valt å føre omfangsrike tilsyn med alternativ opplæringsarena. Bakgrunnen er at vi meiner det er høg risiko på både sakkunnig vurdering, vedtak om spesialundervisning og gjennomføringa av undervisninga på dette temaet.

Også for dei nasjonalt initierte tilsyna tilpassar vi omfanget til risikoen. Men til forskjell frå dei eigeniniterte tilsyna brukar vi i hovudsak alle kontrollspørsmåla direktoratet har utarbeidd innanfor eit deltema når vi nyttar nasjonalt initierte tilsynsopplegg.

c) Skriftleg eller stadleg tilsyn
Vi har gjennomført 21 skriftlege og 6 stadlege tilsyn i 2022. Vi har som utgangspunkt at vi ikkje tek avgjerd ved opning av tilsynet, om tilsynet skal gjennomførast skriftleg eller stadleg. Opplysningane som kjem fram i dokumenta vi får inn ved opning er avgjerande for om vi meiner det er naudsynt å opplyse saka meir med stadlege tilsyn. Viss vi ser behov for det, vert det gjennomført digitale intervju eller tilsynsbesøk i kommunen.

d) Tilsynsobjekt
Tilsynsobjekta er valt ut på grunnlag av risikovurderingar. I den samanheng har vi vurdert innkomne meldingar, statistikk (BASIL, GSI, Elevundersøkinga m.m.), informasjon vi har fått i klagesaker og i kontakt med kommunane. Til dømes har vi ved val av tilsynsobjekt for tilsyn på skulemiljø lagt vekt på Elevundersøkinga, vurdering av indikatorar som skulebidrag, læringskultur, elevdemokrati, trivsel og motivasjon. I tillegg har vi lagt vekt på innmelde saker i handhevingsordninga.

**Oppfølging av restrisiko (fra kapittel 7.3.8.3 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for hvordan de følger opp avdekket risiko som ikke er fulgt opp med tilsyn.

Vi har fullført alle planlagde tilsyn i 2022. I tillegg har vi gjennomført hendingsbaserte tilsyn på bakgrunn av konkret informasjon vi har fått om risiko. Det er likevel risiko for lovbrot i fleire tilfelle enn dei som vert følgde opp med tilsyn. Vi følgjer opp risiko på bakgrunn av ei vurdering av kva for verkemiddel som er best eigna i det einskilde tilfelle. Det er likevel slik at også ressursar har hatt påverknad på om risiko har blitt følgt opp med tilsyn eller ikkje.

Risiko som ikkje er følgt opp med tilsyn, vert følgt opp gjennom rettleiingstiltak, både med enkeltkommunar og større samlingar for alle kommunane i Vestland. Vi har også informert på nettsidene våre om ulike tema. I tillegg fører vi oversikt over innkomne meldingar om kritikkverdige forhold, slik at dette blir teke med i risikovurderingar for planlagde tilsyn neste år.

Vi har også ein rutine om at avdekt risiko oppdaga i tilsyn som ligg utanfor tilsynstema, skal registrerast.

**Endring i praksis som ikke er i samsvar med regelverket (fra kapittel 7.3.8.4 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for hvordan valgte virkemidler har ført til endring av praksis som ikke var i samsvar med regelverket.

Val av verkemiddel skjer på bakgrunn av ei vurdering av kva for verkemiddel som vil gi størst effekt for å sikre ein praksis i tråd med regelverket.

Tilsyn blir ikkje avslutta før Statsforvaltaren finn det sannsynleg at det er etablert ein lovleg praksis. Vi legg difor til grunn at tilsyn som verkemiddel fører til endring. Heilt konkret kan vi sjå endring i malar, nye enkeltvedtak og rutinar som blir sende inn i retteprosessar. Vi kan likevel sjå at vi finn feil i enkeltsaker hjå kommunar på same tema vi har ført tilsyn med tidlegare. Det er difor grunn til å tro at tilsyn ikkje alltid sikrar rettane til barn og elevar sjølv om dei nyleg har hatt tilsyn. Vi trur årsaka kan vere at tilsynet og kommunen si retting ikkje er godt nok forankra i heile organisasjonen. Vi vil difor framover bruke meir tid på å sikre at rettinga er godt forankra på alle nivå i kommunen før vi avsluttar tilsyna.

I 2022 har vi både gitt rettleiing til enkeltkommunar og alle kommunane i Vestland samla. Vi legg til grunn at rettleiinga bidreg til å auke kommunane sin kompetanse, men det er vanskeleg å vurdere konkrete effekter av rettlinga. Vi meiner likevel å kunne sjå endring, særleg i vedtak om standpunktkarakter og vurderingar av barnets beste i enkeltvedtak. Vi observerer til dømes at vi no sjelden tek i mot vedtak for klagesakshandsaming utan at kommunen har gjort vurderingar av barnets beste.

**Rapportering av antall klager på barnehage- og opplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.5 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall klager, type klager og resultatet av behandlingen på barnehage- og opplæringsområdet.

Klagehandsaminga går fram av tabell, i tillegg er dette å melde om saksomfang:

Totalt tal saker som blei meldt til Statsforvaltaren opplæringslova kap. 9 A -6 i 2022 var 219. Dette er ein auke frå 2021, og auken var særleg stor hausten 2022. Desse fordelte seg slik:

129 vedtak (offentleg grunnskule), 2 vedtak (vidaregåande opplæring). 25 vedtak vart avvist (offentleg grunn og vgo).

**Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)**

| Type klage | Sum | Medhold / Delvis medhold | Ikke medhold | Opphevet | Avvist |
|---|---|---|---|---|---|
| Barnehageloven § 14 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Barnehageloven § 53 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om familiebarnehager § 7 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om foreldrebetaling § 5 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager | 3 | 1 | 0 | 2 | 0 |
| Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager § 4 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Barnehageloven § 35 | 2 | 0 | 0 | 2 | 0 |
| Barnehageloven § 37 | 26 | 3 | 12 | 10 | 1 |
| Barnehageloven § 38 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 31 | 4 | 12 | 14 | 1 |

**Klagebehandling - Frittstående grunnskoler (friskoleloven med forskrifter)**

| Type klage | Sum | Medhold / Delvis medhold | Ikke medhold | Opphevet | Avvist |
|---|---|---|---|---|---|
| Skyss, § 3-7 | 4 | 0 | 3 | 0 | 1 |
| Standpunkt i fag | 4 | 0 | 3 | 1 | 0 |
| Permisjon, § 3-13 | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 |
| Standpunkt i orden og oppførsel | 1 | 0 | 0 | 1 | 0 |
| Psykososialt skolemiljø, privatskolelova § 2-4, jf oppl § 9a-4 og § 9a-5 | 12 | 8 | 0 | 0 | 4 |
| | 22 | 8 | 7 | 2 | 5 |

**Klagebehandling - Frittstående videregående skoler (friskoleloven med forskrifter)**

| Type klage | Sum | Medhold / Delvis medhold | Ikke medhold | Opphevet | Avvist |
|---|---|---|---|---|---|
| Inntak, § 3-1 | 5 | 0 | 4 | 1 | 0 |
| Fritak fra vurdering med karakter i fremmedspråk, § 3-21 i forskrift til opplæringsloven [privatskoleloven/friskoleloven] | 13 | 12 | 1 | 0 | 0 |
| Inntak, § 3-1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Psykososialt skolemiljø, privatskolelova § 2-4, jf oppl § 9a-4 og § 9a-5 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 |
| | 19 | 13 | 5 | 1 | 0 |

**Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)**

| Type klage | Sum | Medhold / Delvis medhold | Ikke medhold | Opphevet | Avvist |
|---|---|---|---|---|---|
| Skyss, § 7-1 | 44 | 3 | 32 | 2 | 7 |
| Standpunkt i fag | 101 | 49 | 0 | 51 | 1 |
| Standpunkt i orden og oppførsel | 4 | 0 | 4 | 0 | 0 |
| Permisjon fra opplæringen, § 2-11 | 2 | 0 | 2 | 0 | 0 |
| Spesialundervisning, § 5-1 | 8 | 2 | 0 | 6 | 0 |
| Bortvisning, § 2-10 | 1 | 0 | 0 | 1 | 0 |
| Skoleplassering, § 8-1 | 40 | 8 | 28 | 4 | 0 |
| Permisjon fra opplæringen, § 2-11 | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 |
| Sum | 201 | 62 | 67 | 64 | 8 |

**Klagebehandling - Vidaregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)**

| Type sak | Sum | Medhold / Delvis medhold | Ikke medhold | Opphevet | Avvist |
|---|---|---|---|---|---|
| Fritak fra vurdering med karakter i fremmedspråk, § 3-21 i forskrift til opplæringsloven | 11 | 6 | 5 | 0 | 0 |
| Videregående opplæring for voksne, § 4A-3 | 2 | 0 | 2 | 0 | 0 |
| Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd | 4 | 0 | 4 | 0 | 0 |
| Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd | 3 | 0 | 1 | 2 | 0 |
| | 20 | 6 | 12 | 2 | 0 |

**Kompetanseutvikling for barnehager og skoler (fra kapittel 7.3.8.6 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på hvordan de har forvaltet tilskuddsordningen, jf. alle underpunkt i punkt 5 i de forskriftsfestede retningslinjene. I tillegg skal statsforvalteren vurdere hvordan samarbeidsforum har fungert og i hvilken grad kompetansetiltakene er forankret i en langsiktig felles plan i samarbeidsforum. Statsforvalteren skal gi sin vurdering av hva som karakteriserer barnehage- og skoleeiere som ikke deltar i ordningen.

Statsforvalteren skal også tabellrapportere på fordeling av midler og deltakelse på kompetansetiltak i 30-prosentdelen i regional ordning for barnehage.

**a) Vår formidling av nasjonale retningslinjer**

Vi har i samråd med Samarbeidsforum utarbeidd eit grunnlagsdokument som operasjonaliserer tilskotsordninga i Vestland. Dokumentet skildrar korleis tilskotsordninga skal forvaltast i fylket. Grunnlagsdokumentet blir kontinuerleg oppdatert basert på nye føringar nasjonalt og avgjerder gjort av samarbeidsforum lokalt. Grunnlagsdokumentet ligg tilgjengeleg på våre kompetanseutviklingssider, og vi brukar dokumentet aktivt i vår kommunikasjon med aktørane.

**b) Vår rolle som sekretariat for Samarbeidsforum**

Hovudoppgåva er å drive prosessen rundt tildeling av midlar. Dette inneber mellom anna å ha dialog med aktørane om fristar og nasjonale føringar for ordninga, samanfatte innstillingar frå kompetanseregionane og utarbeide møtedokument til bruk i Samarbeidsforum. Vi organiserer òg digitale og stadlege møte i Samarbeidsforum og arbeidsutval.

**c) Fatte vedtak og utbetaling av midlar**

Gjennom vår rolle som sekretariat for Samarbeidsforum, tek vi i mot innstillingar frå kompetanseregionane. Vi samanfattar innstillingane for vidare behandling av arbeidsutvala for skule og barnehage. Dette gir oss høve til å gi tilbakemeldingar, og til å be om vidare utgreiing viss vi vurderer at innstillingane ikkje er i tråd med punkt 3.3 i retningslinjene for tilskotsordninga.

Tildelingskriteria er gjort kjende for aktørane i grunnlagsdokumentet, i Samarbeidsforum og gjennom kontakt i tildelingsprosessen. Både arbeidsutval og samarbeidsutval brukar desse kriteria aktivt i vurderinga av behovsmeldingane. Vi erfarer at den samla innstillinga frå Samarbeidsforum er i tråd med kriteria for ordninga. Vi gjer vedtak og utbetalar midlar i midten av mars.

**d) Bidra til transparens**

Det er avgjerande for Samarbeidsforum at representantane har nok kunnskap og informasjon. Representantane i arbeidsutvala og Samarbeidsforum har difor full innsikt i dei økonomiske rammene og til prioriteringar og planar i kompetanseregionane.

Allmenta har tilgang til informasjon om ordninga på våre kompetanseutviklingssider. Vi ser at vi i større grad kan samanstille og gjere tilgjengeleg informasjon om dei ulike kompetanseutviklingstiltaka på nettstaden vår, og vil gjere dette i 2023.

**e) Leggje til rette for lokalt samarbeid mellom barnehagar og skular og universitet og høgskular**

I 2022 gjekk Vestland frå å ha to samarbeidsforum til å ha to arbeidsutval og eitt samarbeidsforum. Eitt av argumenta for ny organisering var at vi i større grad kunne nytte Samarbeidsforum til å få ei felles forståing for dei sentrale omgrepa i tilskotsordninga. I år har vi lagt vekt på partnarskapsomgrepet, og betydninga av at UH-sektoren deltek i dei lokale prosessane, slik at dette blir ei kompetanseordning som legg vekt på verksemdsbasert profesjonsutvikling. Vi registrerer at omgrepet "verksemdsbasert" festar seg, og finn former som er godt tilpassa dei behova som er vurderte som viktige på eigarnivå. Likevel er dette ei ordning der det stadig kjem til nye aktørar. Det er framleis skule- og barnehageeigar som har lite erfaring med ordninga. Det er difor viktig at vi har eit system som sikrar at også nye aktørar, og då spesielt einingsnivået, også får ei forståing for dei sentrale omgrepa. Vi har derfor teke initiativ til å arrangere ein partnarskapskonferanse, i samarbeid med UH-sektoren i Vestland. Konferansen rettar seg mot representantar både frå eigar- og einingsnivået, og mot personar frå UH-miljøa som skal arbeide med verksemdbasert utviklingsarbeid i praksisfeltet. Etter vår vurdering vil konferansen legge eit grunnlag for lokalt samarbeid mellom barnehagar og skular, og UH-miljøa.

**f) Bidra til samarbeid og samanheng på tvers av ulike kompetansetiltak i embetet**

I Vestland har vi lagt om til eitt samarbeidsforum for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæringa i Vestland. Fram til 2021 var det to slike forum, eitt for barnehage og eitt for skule. Dette fungerte godt, men med innføringa av Kompetanseløftet såg vi at eitt felles samarbeidsforum ville ha betre føresetnader for å sjå dei tre ordningane (som inngår i lokal kompetanseutvikling) i samanheng. Dette var ei viktig grunngjeving for denne omlegginga.

**g) Rapportering til Utdanningsdirektoratet**

Vi informerer aktørane om rapporteringskrava og rettleier og støttar tilskotsmottakarane i rapporteringsarebeidet.

**h) Korleis Samarbeidsforum fungerer, og i kva grad kompetansetiltak er forankra i ein felles langsiktig plan**

Vi har i samråd med Samarbeidsforum utarbeidd eit grunnlagsdokument som operasjonaliserer tilskotsordninga i Vestland. Grunnlagsdokumentet gir retning og sikrar føreseielegheit for aktørane. Dokumnetet gir vidare føringar for kompetansetiltaka i Vestland. Vi skal i samråd med Samarbeidsforum sjå til at kompetansetiltaka er forankra i planen før det blir innvilga midlar. Vi vurderer at dette gjer til at kompetansetiltaka er forankra i ein felles langsiktig plan.

Samarbeidsforum i Vestland er sett saman av fleire aktørar frå utdanningssektoren. Dette gir gode rammer for ei heilskapleg forvaltning av tilskotsordninga. Det er likevel utfordrande å leggje til rette for gode prosessar og diskusjonar når det blir mange aktørar. Barnehage- og skuleeigarnivået frå kommunal sektor er den største gruppa i Samarbeidsforum, og har ei sterk stemme i forumet. Vi må derfor finne ei tenleg form for involvering, for å vareta alle aktørane og det doble formålet med ordninga. Det er likevel vår vurdering at Samarbeidsforum i all hovudsak fungerer etter føremålet.

**i) Statsforvaltaren si vurdering av kva som karakteriserer barnehage- og skuleeigarar som ikkje deltek i ordninga**

Vi har ikkje gjort ei heilskapleg kartlegging over kva barnehage- og skuleeigarar som har delteke i ordninga frå ho vart innført. Det er derfor vanskeleg å dra konkrete slutningar om kva skule- og barnehageeigarar som ikkje deltek i ordninga. Vi har likevel noko informasjon basert på tildelingane vi har gjort.

Gjennom dei siste fire åra har vi i gjennomsnitt delt ut midlar til barnehagar som har mellom eitt og to årsverk meir enn gjennomsnittsbarnehagen i Vestland. Dette peikar i retning av at dei aller minste barnehagane/barnehageeigarane ikkje melder behov til kompetanseregionane.

Når det gjeld privatskulesektoren har vi 14 vidaregåande skular og 31 grunnskular. Av desse har om lag halvparten motteke midlar over tilskotsordninga dei siste fire åra. Skuleeigarane som har motteke midlar, eig for det meste fleire einingar eller er ein del av eit nettverk. Dette kan peike i retning av at dei minste skuleeigarane utan nettverk ikkje søkjer om å delta i tilskotsordninga.

Vi vurderer at kompetanseregionane gjer ei rettvis og behovsprøvd fordeling av midlane mellom dei kommunale skuleeigarane som inngår i regionen. Over dei siste fire tildelingane har dei aller fleste kommunale eigarane mottatt midlar i desentralisert ordning

Ordninga er basert på frivilligheit og aktørane vurderer eigne behov lokalt. Vi jobbar med å kommunisere ordninga ut til sektoren for å fremje deltaking, men det må framleis vere eit ønskje om å delta.

**Kompetanseutvikling i barnehage - deltakelse på andre kompetansetiltak**

| | Antall deltakere fra kommunale barnehager | Antall deltakere fra private barnehager | Antall deltakere totalt |
|---|---|---|---|
| Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget | | | 0 |
| Kompetansehevingsstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere | | | 0 |
| Barnehagefaglig grunnkompetanse | | | 0 |
| Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering | 124 | 36 | 160 |
| Totalt | 124 | 36 | 160 |

*Samarbeidsforum har i 2022 tildelt 30 prosent av midlane til kompetanseregionane (våre lokale nettverk) og gitt dei handlingsfridom til å prioritere kva for dei fire tiltaka midlane skal gå til. Dei fleste kompetanseregionene prioriterer tilretteleggingsmidlar for lokal prioritering, men noko av midlane kan også verte nytta til dei tre andre tiltaka. Ettersom dei fleste kompetanseregionane har overført store deler av midlane til bruk i 2023, melder dei at det på rapporteringstidspunktet er for tidleg å stadfeste endeleg fordeling mellom dei fire tiltaka, og endeleg tal på deltakarar for kvart av dei. Det oppgitte talet er difor basert på tentative tal vi har fått meldt frå regionane.*

**Kompetanseutvikling i barnehage - fordeling av midler til andre kompetansetiltak**

| | Beløp tildelt (kr) | % brukt på disse tiltakene av det totale beløpet som er tildelt for regional ordning |
|---|---|---|
| Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget | | |
| Kompetansehevingsstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere | | |
| Barnehagefaglig grunnkompetanse | | |
| Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering | 7 495 500 | 30 |
| Totalt | 7 495 500 | 30 |

*Samarbeidsforum har i 2022 tildelt 30 prosent av midlane (kr 7 495 500,-) til våre ti kompetanseregionar (våre lokale nettverk) og gitt dei handlingsfridom til å sjølv prioritere kva for dei fire tiltaka midlane skal gå til. Kompetanseregionane har signalisert at dei i stor grad prioriterer tilretteleggingsmidlar for lokal prioritering, men noko av midlane kan også verte nytta til dei tre andre tiltaka. Ettersom dei fleste kompetanseregionane har overført store delar av midlane til bruk i 2023, melder dei at det er for tidleg å stadfeste endeleg fordeling mellom dei fire tiltaka. Likevel kan vi altså stadfeste at totalt 30 prosent av midlane i regional ordning som har gått til desse fire tiltaka.*

**Rapportering på tilskuddsmidler fra statsforvalter**

| | Navn og tema for tiltaket | Tilskuddsmottaker UH | Beløp | Tilskuddsmottaker eier/nettverk | Beløp | Tilskudd koordinator | Beløp |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Regional ordning | Partner for 38 barnehager i tiltak for barnehagebasert kompetanseutvikling | Høgskulen på Vestlandet (HVL) | 6 280 992 | | 0 | | 0 |
| Regional ordning | Partner for 17 barnehager i tiltak for barnehagebasert kompetanseutvikling | NLA Høgskolen | 2 410 064 | | 0 | | 0 |
| Regional ordning | Tiltak for å informere om, og kommunisere innholdet i tilskuddsordning for lokal kompetanseutvikling ut til barnehage- og skoleeiere i Vestland | Høgskulen på Vestlandet (HVL) | 3 723 456 | | 0 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Apeltun barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Eventus Eventyrdalen barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Råtun barnehage | 231 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagen som pedagogisk virksomhet | | 0 | Kidsa Løvåsbakken barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Kommunikasjon og språk | | 0 | Løvås oppveksttun barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagen som pedagogisk virksomhet | | 0 | Ramstad barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagen som pedagogisk virksomhet | | 0 | Kidsa Vågedalen barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagen som pedagogisk virksomhet | | 0 | Nygård barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagens verdigrunnlag | | 0 | Kidsa Allestadhaugen | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagens verdigrunnlag | | 0 | Idavollen barnehage | 165 000 | | 0 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Regional ordning | Kommunikasjon og språk | | 0 | Kidsa Haukedalen | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagens verdigrunnlag | | 0 | Storetveit barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Sandviken barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagen som pedagogisk virksomhet | | 0 | Klokkarvik barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Spildepollen barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagen som pedagogisk virksomhet | | 0 | Nordlandia Svanevågen gårds- og friluftsbarnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagens verdigrunnlag | | 0 | Furehagen barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagens verdigrunnlag | | 0 | Træet barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Tveit barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Kommunikasjon og språk | | 0 | Vieåsen barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagens verdigrunnlag | | 0 | Solvang barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Viebøen barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Solsida barnehage | 231 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Torvmyrane skule, barnehageavdelinga | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagen som pedagogisk virksomhet | | 0 | Gamlestova barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagen som pedagogisk virksomhet | | 0 | Solvorn oppvekstsenter avd barnehage | 99 000 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Barnehagen som pedagogisk virksomhet | | 0 | Neshaugane barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Hauge barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Kommunikasjon og språk | | 0 | Modalen barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Kommunikasjon og språk | | 0 | Birken barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Kommunikasjon og språk | | 0 | Indre Masfjorden barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Kommunikasjon og språk | | 0 | Sandnes barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Prestmarka barnehage | 231 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagens verdigrunnlag | | 0 | Vindharpen barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagen som pedagogisk virksomhet | | 0 | Kjølsdalen Montesorribarnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagen som pedagogisk virksomhet | | 0 | Hyen barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Nygård barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Langevåg barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Stjernereiso barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagens verdigrunnlag | | 0 | Skeisbotnen barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Kommunikasjon og språk | | 0 | Søre Øyane Grendelag naturbarnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Hegglandsdalen barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Banktjørnhaugen barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Kommunikasjon og språk | | 0 | Eventus Borgafjell barnehage | 231 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Bjørgmarka barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Bolstad barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Sekse barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Sjydnahaugen barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagens verdigrunnlag | | 0 | Våge barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Nipa barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Kommunikasjon og språk | | 0 | Skogatufto barnehage | 165 000 | | 0 |
| Regional ordning | Kommunikasjon og språk | | 0 | Læringsverkstedet Sæ barnehage | 231 000 | | 0 |
| Regional ordning | Barnehagen som pedagogisk virksomhet | | 0 | Eventus Valen barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Fitjarstølane barnehage | 99 000 | | 0 |
| Regional ordning | Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning | | 0 | Espira Rubbestadneset barnehage AS | 165 000 | | 0 |
| Kompetanseløftet | Universell pedagogikk | | 0 | Nordhordland KR ved Alver kommune | 713 734 | | 0 |
| Kompetanseløftet | Kartlegging og analyse av kompetansebehov innan spesialpedagogikk og inkluderande praksis i barnhage, skule og PPT | | 0 | Hardanger/Voss KR ved Ullensvang kommune | 567 175 | | 0 |
| Kompetanseløftet | To ulike tiltak | | 0 | Sunnhordland KR ved Sveio kommune | 941 834 | | 0 |
| Kompetanseløftet | Tre ulike tiltak | | 0 | HAFS KR ved Fjaler kommune | 377 710 | | 0 |
| Kompetanseløftet | To ulike tiltak | | 0 | Midthordland KR ved Bjørnafjorden kommune | 782 406 | | 0 |
| Kompetanseløftet | kompetanseheving kring sosiale og emosjonelle vanskar | | 0 | Sogn KR ved Sogndal kommune | 513 293 | | 0 |
| Kompetanseløftet | To ulike tiltak | | 0 | Ytre midthordland KR ved Askøy kommune | 935 344 | | 0 |
| Kompetanseløftet | kompetanseheving kring tilrettelegging for alle i eit inkluderingsperspektiv, både fagleg og sosialt | | 0 | Kinn KR ved Kinn kommune | 377 726 | | 0 |
| Kompetanseløftet | kompetanseheving kring inkluderande praksis/tverrfagleg tenking | | 0 | Sunnfjord KR ved Sunnfjord kommune | 377 710 | | 0 |
| Kompetanseløftet | Tre ulike tiltak | | 0 | Bergen KR ved Bergen kommune | 2 076 771 | | 0 |
| Kompetanseløftet | pilotering av samhandlingsmodellar mellom skule og PPT | | 0 | Vestland fylkeskommune | 731 420 | | 0 |
| Kompetanseløftet | Partnar i åtte ulike tiltak | Høgskulen på Vestlandet | 1 334 314 | | 0 | | 0 |
| Kompetanseløftet | Partnar i fem ulike tiltak | NLA Høgskolen | 1 440 698 | | 0 | | 0 |
| Kompetanseløftet | pilotering av samhandlingsmodellar mellom skule og PPT | Universitetet i Bergen | 313 465 | | 0 | | 0 |
| Kompetanseløftet | Partnar i fem ulike tiltak | Universitetet i Stavanger ved Læringsmiljøsenteret | 1 352 042 | | 0 | | 0 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kompetanseløftet | Partnar i tiltak - Tidleg innsats og førebygging med utgangspunkt i barnehagane i Gulen kommune | UiT Norges arktiske universitet | 56 657 | | 0 | | 0 |
| Kompetanseløftet | Partnar i tiltak - Universell praksis | Universitetet i Oslo ved Institutt for spesialpedagogikk | 305 886 | | 0 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Partnar i 13 ulike tiltak | Høgskulen på Vestlandet | 4 846 761 | | 0 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Partnar i seks ulike tiltak | NLA Høgskolen | 1 906 997 | | 0 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Partnar i tiltak - utviklingsleiing i eige profesjonsfellesskap | Høgskolen i Innlandet | 73 165 | | 0 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Partnar i to ulike tiltak | Universitetet i Stavanger ved Lesesenteret | 1 601 440 | | 0 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Partner i tiltak - Skolehage på 10 einingar i Vestland fylke | Norges miljø- og biovitenskapelige universitet | 334 468 | | 0 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Partnar i tre ulike tiltak | Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | 1 001 827 | | 0 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Partnar i ni ulike tiltak | Universitetet i Bergen | 4 315 972 | | 0 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Seks ulike tiltak | | 0 | Bergen KR ved Bergen kommune | 3 968 283 | | 0 |
| Desentralisert ordning | To ulike tiltak | | 0 | Sunnhordland KR ved Sveio kommune | 1 210 782 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Fire ulike tiltak | | 0 | HAFS KR ved Fjaler kommune | 531 296 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Inkluderande læringsmiljø ved skular i Gloppen kommune | | 0 | Nordfjord ved Gloppen kommune | 300 000 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Språk, lesing og skriving- skular med god praksis og eit likeverdig tilbod | | 0 | Nordhordland KR ved Alver kommune | 857 387 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Tre ulike tiltak | | 0 | Sogn KR ved Sogndal kommune | 644 495 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Djupare læring og læreplanarbeid | | 0 | Sunnfjord KR ved Sunnfjord kommune | 724 168 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Sju ulike tiltak | | 0 | Vestland fylkeskommune | 2 371 790 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Tre ulike tiltak | | 0 | Hardanger/Voss KR ved Ullensvang kommune | 742 043 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Tre ulike tiltak | | 0 | Ytre midthordland KR ved Askøy kommune | 1 347 690 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Administrasjon av Friskulenettverket VGS | | 0 | Friskulenettverket VGS ved St. paul Gymnas | 60 632 | | 0 |
| Desentralisert ordning | To ulike tiltak | | 0 | Friskulenettverket VGS ved St. paul Gymnas | 602 517 | | 0 |
| Desentralisert ordning | Skolehage på 10 einingar i Vestland fylke | | 0 | Stiftelsen daVinci Montessoriskole | 178 396 | | 0 |
| Desentralisert ordning | fagfornying og synleggjering av profil | | 0 | St.Paul skole | 104 939 | | 0 |
| Desentralisert ordning | utviklingsleiing i eige profesjonsfellesskap | | 0 | NTG Bergen Ungdomsskole ved NTG Stiftelsen | 20 988 | | 0 |
| Desentralisert ordning | fagfornyelse/dybdelæring og kristen profil | | 0 | Bergen Kristne Grunnskule | 187 729 | | 0 |
| Desentralisert ordning | administrasjon av Friskulenettverket GS | | 0 | Egill Danilesen Stiftelse | 16 000 | | 0 |

*Ingen av barnehagane i Vestland er samiske.*

**Oppfølgingsordningen (fra kapittel 7.3.8.7 i TB)**

**Rapportere på**

Viser til oppgave 5.1.2.7 i hovedinstruksen. Statsforvalteren skal vurdere om tiltakene som er iverksatt i kommuner i oppfølgingsordningen bidrar til bedret læringsmiljø og læringsutbytte.

I Vestland er to kommunar i gjennomføringsfasen av oppfølgingsordninga, og har gjennomført tiltak i 2022. Kvinnherad har tre hovudtiltak, med temaa inkluderande praksis, lesing i alle fag og leiing av endrings- og utviklingsarbeid. Ulvik har to utviklingstiltak med vekt på organisasjonskultur og lesing (leselos).

Lesing er ein av dei grunnleggjande dugleikane, og ein naudsynt reiskap for læring og fagleg forståing. Det er vår vurdering at tiltak retta mot å heve lærarane sin kompetanse og elevane sin dugleik i lesing, vil gi elevane betre læringsutbytte i dei fleste fag. Begge kommunane rapporterer om at personalet har fått auka kompetanse på lesing gjennom dette året, og har tru på at dette vil vise igjen i elevane sitt læringsutbytte. Vi meiner at desse tiltaka er føremålstenlege for å oppnå betre læringsutbytte.

Kvinnherad har eitt konkret tiltak retta mot inkluderande praksis. Inkluderande praksis er sentralt for læringsmiljøet og -utbyttet til elevane. I Kvinnherad har PP-tenestene fått ein tydelegare rådgjevande funksjon, og pedagogisk koordinator (PPT-kontakt) på skulen følgjer opp samarbeidet. Nokre skular har også innført ressurslærarar som skal vere pådrivarar for endring/betring av praksisen, og følgje opp tiltaka i klasserommet. Gjennom dei stopp-punkta vi har delteke på, der skulane rapporterer på resultatmål for sine prosjekt, ser skulane sjølve progresjon på områda læringsmiljø og -utbytte. Dette kjem også delvis fram  talmaterialet frå elevundersøkinga for 2022. Vi vurderer at dette tiltaket vil bidra til at elevane i Kvinnherad får betre læringsmiljø og læringsutbytte.

Ulvik har utfordringar med organisasjonskulturen og meiner dette verkar inn på læringsmiljøet og læringsutbytte til elevane. Metoden diskurs har blitt introdusert for å etablere einsretta praksis og kultur på skulen. Område som har vorte drøfta gjennom diskurs er foreldresamarbeid, lesing og felles kultur. I møte med kommunen svara dei at dei ser ei betring i læringsmiljøet, spesielt på trinna dei med særlege utfordringar. Dei har i større grad fått med seg føresette på laget, og elevane møter ein meir samla lærarstab. Vi vurderer at praksisfellesskap som legg vekt på utvikling og som dreg i same retning, har gode føresetnader for å gi elevane betre læringsmiljø og -utbytte. Sjølv om kommunen framleis har eit stykke å gå, ser vi at tiltaket fører til betring.

**Rapporter på antall årsverk mm (fra kapittel 7.3.9.1 i TB)**

**Rapportere på**

- Antall årsverk i landbruksavdelingen og antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift per 31.12.2022.
- Antall årsverk benyttet til førsteinstansforvaltningen av de økonomiske virkemidlene på landbruks- og reindriftsområdet.
- Antall årsverk benyttet til veiledning og kontroll med kommunenes forvaltning av de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet.

Ifølgje bemanningsplanen har vi 29,5 årsverk til landbruk. Dette talet har vore nokolunde stabilt, men i 2022 auka vi bemanningsplanen med eitt årsverk og tilsette ein trainee. Tilfeldig vakanse og sjukefråvær har gjort at vi enno ikkje har full effekt av dette.

Dei aller fleste av landbruksmidlane vert som kjent fordelte til kommunane som er førsteinstans. Vi brukar om lag tre årsverk på dei ordningane der vi er førsteinstans, det vil seie klima og miljø, veterinærordninga, tidleg-pensjon, pelsdyrerstatninga og avlingsskadeerstatning.

I det samla kontrollarbeidet har vi ført opp om lag fire årsverk. Vi har ein person som på heiltid koordinerer og deltek i kontrollarbeidet, men det er mange andre som er involverte, inkludert begge leiarane i avdelinga. Kontrollarbeidet omfattar også meir enn dei konkrete forvaltningskontrollane av kommunane. Vi bruker til dømes ein del tid på å følgje opp foryngings- og resultatkontroll i skogbruket, vi overvåkar og gir råd til kommunane si forvaltning på dei store støtteordningane, og vi sjekkar reiserekningane frå veterinærane.

**Årsverk mm**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Antall |
|---|---|
| Antall årsverk i landbruksavdelingen hos SF per 31.12.2022. | 29.4 |
| Antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift hos SF per 31.12.2022. | 0.0 |
| Antall årsverk brukt til kontroll hos SF i 2022 på landbruksområdet, jf. resultatmål pkt. 3.3.1.2.1. | 4.0 |
| Antall årsverk brukt til kontroll hos SF i 2022 på reindriftsområdet, jf. resultatmål pkt. 3.3.1.2.2. | 0.0 |
| Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2022 på landbruksområdet, jf. resultatmål pkt 3.3.1.2.1 | 10.0 |
| Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2022 på reindriftsområdet, jf. resultatmål pkt 3.3.1.2.1. | 0.0 |

*Dette er årsverk i bemanningsplanen, utan frådrag for vakanse og sjukefråvær. Dette utgjer ut frå sjukdomsstatikken om lag 1,5 årsverk til saman. Tal personar som deltek på kontroll inkluderer to leiarar.*

**Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart. (fra kapittel 7.3.9.2 i TB)**

**Rapportere på**

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart (AR5) skal det rapporteres i henhold til tabell:

- Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5.
- Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodataplan.
- Antall reinbeitedistrikt som har oppdatert reindriftens arealbrukskart i løpet av året.

Gjennom Geovekstarbeidet er det utarbeidd ein felles «Avtale om forvaltning, drift og vedlikehald" (FDV). Kartverket har sendt FDV-avtalen til alle kommunane i Vestland for underskriving.

Landbruksavdelinga har informert om og oppmoda kommunane om å lage rutinar for kontinuerleg ajourhald. Alle kommunane i fylket har fått tilsendt eit framlegg til rutine for AR5. I dag er det 15 kommunar som har laga, eller er i gang med, slik rutinebeskrivelse.

Alle kommunar i Vestland fylke har hatt periodisk ajourhald dei siste fem åra, eller er i planlagde gjeldande geovekstprosjekt.

**Utfordringar med ajourføring av AR5**
Vi får tilbakemelding om at den største utfordringa er anten mangel på tid eller kompetanse.

Frist til å sende inn rutinar var 1. februar, og dei som ikkje har gjort dette svarer ofte at det handlar om tid og kapasitet, og at dei har få eller ingen søkjarar til utlyste stillingar.

Det er nok tilfelle at det er mangel på denne typen kartteknisk kompetanse, noko kommunane også merkar.

**Kartsamarbeid og arealressurskart**

| | Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5 | Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodataplan | Antall kommuner i fylket |
|---|---|---|---|
| AR5 tilstand | 28 | 0 | 43 |

**Anmeldelse (fra kapittel 7.3.9.3 i TB)**

**Rapportere på**

Rapportere om antall saker på landbruks- og matdepartementets område der anmeldelse er vurdert, antall saker som er anmeldt og hvilket regelverk sakene gjelder.

Vi har ikkje hatt forvaltningssaker der vi har oppdaga lovbrot av slik karakter og omfang at vi har vurdert å melde saka til politiet.

**Utveksling av informasjon - dyrevelferdssaker (fra kapittel 7.3.9.4 i TB)**

**Rapportere på**

Gi en kort vurdering av hvordan rutiner for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen i saker om dyrevelferd fungerer.

Vi har hatt møte med Mattilsynet og drøfta samarbeid om dyrevelferd. Vi skal etter ein samarbeidsavtale mellom Mattilsynet og Landbruksdirektoratet få orientering om saker med alvorlege brot på dyrevelferdslova. Vi fekk to slike saker i 2022.

Samarbeidet med Mattilsynet skjer også gjennom året utan slike formelle møte. I det formelle møtet diskuterer vi også andre tema innan dyrevelferd.

**Utveksling av informasjon om dyrevelferd**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Antall saker oversendt fra Mattilsynet | Herav antall saker der kommunen vurderer at foretaket ikke oppfyller vilkåret vanlig jordbruksproduksjon, § 2 | Herav antall saker kommunen har avkortet, § 11 første ledd | Herav antall saker kommunen har utbetalt tilskudd som omsøkt |
|---|---|---|---|---|
| Saker som gjelder avtalens punkt 3 a (forbud mot hold av dyr) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Saker som gjelder avtalens punkt 3 b (hel/delvis avvikling | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Saker som gjelder avtalens punkt 3 c (kronisk dårlige dyrehold) | 2 | 1 | 0 | 1 |
| Saker som gjelder avtalens punkt 3 d (alvorlig vanskjøtsel av dyr) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Saker som ikke er i tråd med rutinen punkt 3 | 0 | 0 | 0 | 0 |

*Den eine saka gjalt beitetid/mosjonskrav, men brukaren hadde ikkje søkt om tilskot til dyr på beite, så han fekk utbetalt resten av PT. I den andre saka vurderer kommunen avkorting på grunn av "ikkje vanleg jordbruksproduksjon", og den saka er ikkje avslutta enno.*

**Rutineutveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Totalt antall møter | Herav antall møter samarbeidsavtalen var tema | Herav antall møter der pågående saker var tema | Herav antall møter der kontaktperson med ansvar for oppfølging av samarbeidstavtalen i Statsforvalteren møtte |
|---|---|---|---|---|
| Møter gjennomført med Mattilsynet | 1 | 1 | 1 | 1 |

**Avvikling av pelsdyrproduksjon (fra kapittel 7.3.9.5 i TB)**

**Rapportere på**

Rapporter iht. tabell vedrørende vedtak knyttet til avvikling av pelsdyrproduksjon.

Regelverket for kompensasjon for avvikling av pelsdyrhald har vore vedteke og justert fleire gonger, og inneheld no

- kompensasjon for riving og opprydding av anlegget
- kompensasjon for å måtte avslutte drifta (delvis basert på ei enkel utrekning etter tal dyr som vi behandla, og delvis basert på ei ordning med erstatningsliknande kompensasjon som Landbruksdirektoratet skal handtere)
- kompensasjon for alderspensjon

Vi har registrert til saman 21 saker. Vi veit ikkje kor langt dei enkelte sakene er komne, så i tabellen har vi rapportert på tal saker slik vi kjenner dei hos oss.

**Kompensasjon etter avvikling av pelsdyrhold**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Sum | Ubehandlede saker | Saker under behandling | Ferdig behandlet |
|---|---|---|---|---|
| Kompensasjon etter avvikling | 21 | 1 | 0 | 20 |
| Kompensasjon for kostnader til riving og opprydding | 11 | 0 | 1 | 10 |
| Kompensasjon for lavere årlig alderspensjon | 2 | 0 | 0 | 2 |
| Sum 1142.77 - Tilskudd til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhold | 0 | | | |

*Denne tabellen er vanskeleg å forstå, og dermed også å fylle ut, fordi vi ikkje veit kor langt sakene er komne med tanke på den generelle kompensasjonsordninga. Med ferdige saker meiner vi dei som vi har behandla ferdig hos oss, sjølv om sakene ikkje er ferdige i Landbruksdirektoratet.*

**Gevinstrealiseringsplan (fra kapittel 7.3.9.7 i TB)**

**Rapportere på**

I gevinstrealiseringsplanen for LMD forventes det at sammenslåing av statsforvaltere skal gi økt kvalitet gjennom mer ensartet rådgivning, veiledning og forvaltningspraksis, og økt profesjonalisering og likebehandling innenfor områdene:

- Reindriftsloven
- Eiendomslovgivningen
- Husdyrkonsesjonsregelverket
- Kontroll og oppfølging av kommunenes forvaltning av produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning, og regionale miljøtilskudd

Statsforvalteren bes redegjøre kort for status for hvordan gevinstrealiseringsplanen følges opp på LMDs område, herunder ev. utfordringer og risiko knyttet til realisering av gevinst innen hver av de fire fagområdene.

Vi har teke ut den direkte vinsten av samanslåinga av embeta, ved at vi fekk større fagmiljø, meir stabilitet ved tilfeldig fråvær og/eller arbeidstoppar, og meir einsarta praksis. Den gamle fylkesgrensa er ikkje lenger "synleg" i vårt arbeid.

På dei tre konkrete områda som vedkjem oss har utviklinga i 2022 i stor grad vore som i 2021:

- Saker om eigedomslovene i landbruket medfører mykje direkte rådgjeving til kommunane om regelverket m.m. Vi har styrkt dette saksfeltet, særleg med vekt på oppfølging av driveplikt og jordleige. I 2022 bad vi om kopi av alle delingsvedtak etter jordlova frå fire kommunar, for å få inntrykk av praksisen.
- Vi har framleis ganske få bruk som ligg på/over grensene for husdyrkonsesjon. Vi sjekkar dei sakene vi skal sjekke, men har ikkje funne graverande feil så langt. Vi har derfor ikkje auka kapasiteten på dette feltet.
- Kontrollarbeidet vart betre samordna i det nye fylket, mellom anna ved at vi har ein person som koordinerer og delvis også deltek på alle kontrollane. Vi brukar erfaringane frå kontrollane i rådgjevinga overfor kommunane. Kravet om betre skriftleg internkontroll både i den kommunale forvaltninga og for vår eigen forvaltning, vert følgt opp.

**Rapportering jord-, konsesjons- og odelslov (fra kapittel 7.3.9.11 i TB)**

**Rapportere på**

Rapportere i tabeller om saker statsforvalteren har behandlet etter jordloven, konsesjonsloven og odelsloven i 2022

**Saker etter jord- og konsesjonslov - vedtak**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Sum | Endret | Stadfestet |
|---|---|---|---|
| Vedtak i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9 | 8 | 1 | 7 |
| Vedtak i klagesaker om deling – jordloven § 12 | 11 | 1 | 10 |
| Vedtak i klagesaker om nydyrking - jordloven § 11 annet ledd (forskrift om nydyrking) | 1 | 1 | 0 |
| Vedtak i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a | 0 | 0 | 0 |
| Vedtak i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten - jordloven § 8 tredje ledd | 0 | 0 | 0 |
| Vedtak i klagesaker om konsesjon – konsesjonsloven § 9 | 5 | 0 | 5 |
| Vedtak i klagesaker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar – konsesjonsloven § 9 | 2 | 0 | 2 |
| Vedtak i klagesaker om konsesjon for erverv i nær familie – konsesjonsloven § 9 siste ledd | 5 | 1 | 4 |
| Vedtak i klagesaker om konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense – konsesjonsloven § 7 | 0 | 0 | 0 |

### Saker etter jord- og konsesjonslov - utfall av søknaden/saken

| Betegnelse på rapporteringskrav | Sum | Innvilget uten vilkår | Innvilget på vilkår | Avslått | Fritak | Pålegg gitt | Ingen pålegg | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Utfall av søknaden i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9 | 8 | 0 | 1 | 6 | 1 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om omdisponering – jordloven § 9 | 3 | 2 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden om deling i klagesaker – jordloven § 12 | 3 | 2 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om deling – jordloven §12 | 2 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden i klagesaker om nydyrking - jordloven § 11 annet ledd | 2 | 0 | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon - konsesjonsloven § 9 | 2 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon - konsesjonsloven § 9 | 5 | 2 | 1 | 2 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar - konsesjonsloven § 9 | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar - konsesjonsloven § 9 | 2 | 0 | 0 | 2 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon for erverv i nær familie - konsesjonsloven § 9 siste ledd | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon for erverv i nær familie - konsesjonsloven § 9 siste ledd | 5 | 1 | 0 | 4 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense - konsesjonsloven § 7 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om fritak fra driveplikten – jordloven § 8 a | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av saken i førsteinstansbehandling av saker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |

### Saker etter jord- og konsesjonslov - omdisponering

| Betegnelse på rapporteringskrav | Sum | Dyrka areal (fulldyrka- og overflatedyrka jord og innmarksbeite) ant. da. | Dyrkbart areal (skog, myr, etc.) ant. da. |
|---|---|---|---|
| Bolig | 5 | 5 | 0 |
| Hytte ol. | 0 | 0 | 0 |
| Forretn., kontor, industri | 0 | 0 | 0 |
| Off./priv. tjenesteyting | 0 | 0 | 0 |
| Andre byggeområde | 0 | 0 | 0 |
| Skogplanting | 0 | 0 | 0 |
| Samferd. og tekn. infrastruktur | 1 | 1 | 0 |
| Grønnstruktur | 0 | 0 | 0 |
| Golf | 0 | 0 | 0 |
| Forsvaret | 0 | 0 | 0 |
| Andre landbruksformål | 0 | 0 | 0 |
| Bruk og vern av sjø og vassdrag | 0 | 0 | 0 |

*Dette er omdisponering der vi er førsteinstans.*

### Saker etter jord- og konsesjonslov - driftsenhet

| Betegnelse på rapporteringskrav | Sum | Driftsenhet | Ikke driftsenhet |
|---|---|---|---|
| Vedtak | 1 | 1 | 0 |
| Påklaget til Landbruksdirektoratet | 0 | 0 | 0 |

### Saker etter jord- og konsesjonslov - omgjøring

| Betegnelse på rapporteringskrav | Sum | § 35 første ledd a) jf. annet ledd | § 35 første ledd b) jf. annet ledd | § 35 første ledd c) jf. annet ledd | § 35 tredje ledd |
|---|---|---|---|---|---|
| Varsel om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 |
| Varsel om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Vedtak om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 |
| Vedtak om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

### Saker etter jord- og konsesjonslov - kontrollhjemmel

| Betegnelse på rapporteringskrav | Sum | Delingssak | Drivepliktsak | Omdisponeringssak | Konsesjonssak |
|---|---|---|---|---|---|
| Antall saker | 27 | 27 | 0 | 0 | 0 |

*I 2022 bad vi om å få kopi av alle paragraf 12-delingssaker frå fire kommunar: Stryn, Gloppen, Gulen og Bømlo.*

**Nydyrking av myr - utfall av søknader i første- og klageinstans**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Søknader i alt | Innvilget i alt | Innvilget uten vilkår | Innvilget på vilkår | Innvilget som følge av at myr er eneste dyrkingsressurs | Innvilget som følge av ivaretakelse av særskilte produksjoner i myr på fjellgrunn | Innvilget som følge av tap av andre produksjonsarealer | Søknader om dispensasjon for å nydyrke myrarealer avslått | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Søknader i førsteinstans om dispensasjon for å nydyrke myrarealer jf. nydyrkingsforskriften § 5a | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Utfall av søknaden i klagesaker om dispensasjon for å nydyrke myrarealer jf. nydyrkingsforskriften § 5a | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |

*Vi hadde ikkje klagesaker som galdt nydyrking av myr.*

**Nydyrking av myr - størrelse på arealene som er omsøkt**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Omsøkt i alt | Omsøkt areal dyp myr | Omsøkt areal grunn myr | Innvilget myrareal i alt | Innvilget areal dyp myr | Innvilget areal grunn myr | Avslått myrareal i alt | Avslått myrareal dyp myr | Avslått myrareal grunn myr |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Informasjon om omsøkt myrareal | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

*Vi har ikkje hatt klagesaker som vedkjem nydyrking av myr i 2022.*

**Nydyrking av myr - ferdiggodkjent nydyrket myrareal**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Antall saker der nydyrking av myrareal er gjennomført og arealet er ferdiggodkjent | Ferdiggodkjent myrareal i alt | Ferdiggodkjent areal dyp myr | Ferdiggodkjent areal grunn myr |
|---|---|---|---|---|
| Informasjon om ferdiggodkjente saker | 0 | 0 | 0 | 0 |

*Vi har ikkje hatt saker der vi har ferrdiggodkjent myrareal som har vorte nydyrka. Dette ligg til kommunen å avgjere, medan vi er klageinstans.*

**Odelsfrigjøring**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Antall saker i alt | Samtykke til odelsfrigjøring gitt | Avslag på søknad om odelsfrigjøring | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Saker om odelsfrigjøring | 0 | 0 | 0 | |

*Vi har ikkje hatt saker om odelsfrigjering i 2022.*

**Arbeidet for utsatte barn og unge (fra kapittel 7.3.10.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for effekten av det tverrsektorielle samarbeidet for utsatte barn og unge, og hvordan embetet vurderer hovedutfordringene knyttet til samordning når kommunene ses under ett.

**Vurdering av i kva grad kommunane har eit samordna tenestetilbud til utsette barn og unge**

Det varierer i kva grad kommunane har eit samordna tenestetilbod til utsette barn og unge og korleis dette vert løyst. Her er kommunane si organisering ein faktor som kan spele inn på korleis tenestene finn kvarandre og ser på oppgåver i fellesskap. Korleis tenestene finn kvarandre i saker der samordning er avgjerande, er tema i kontakten vi har med administrativ og politisk leiing i kommunane.

Oppvekstreforma (barnevernsreforma), kompetansestrategien og lovendringane om samarbeid og samhandling i velferdstenestene ser ut til å ha ført til større merksemd på behovet for samordning av tenester og tiltak retta mot barn, unge og foreldre i kommunane.

Dette ser vi ved at mange kommunar no reviderer planverket sitt på barn- og ungefeltet, til dømes oppvekstplanar og førebyggjande planar. Vi har fått mange spørsmål om å halde innlegg om reforma for å bidra til at ulike instansar som møter barn, unge og foreldre i kommunen vert kjende med intensjonane, verkemidla og nye forventingar til kommunane. Kommunane har også gitt tilbakemeldingar om at tverrfaglege samlingar med reform, forventingar og nytt lovverk, i tillegg til erfaringsdeling på tvers av kommunegrenser, er særleg nyttig. Fleire kommunar søkjer også om tilskot til tverrfagleg utviklingsarbeid, mellom anna om førebygging av vald og overgrep blant barn og unge, BTI-modellen og implementering av spesialiserte tiltak som MST-CAN.

**Effekten av det tverrsektorielle samarbeidet for utsette barn og unge**

**Hovudutfordringane for samordning**

Store kommunar, kommunar som har slått seg saman eller har vertskommunesamarbeid melder om at det er krevjande å etablere gode strukturar og ein felles kultur for samhandling og samarbeid på system- og individnivå. Fleire seier at strukturar, tiltak og prosessar som var innarbeidde eller starta i den einskilde kommunen fall vekk ved samanslåinga, eller at dei måtte starte på nytt då dei vart ein ny kommune. Arbeidet med innføring og praktisk bruk av modellar og verktøy for betre tverrfagleg samarbeid går seint og krev innsats over tid om det skal bidra til varige endringar og betre tenester. Ei utfordring er også at mange kommunar ikkje har nok erfaring og kompetanse i å drive systematisk utviklingsarbeid, og derfor vert ofte prosessane meir krevjande enn naudsynt. Ein gjennomgåande utfordring er at det ikkje vert sett av nok ressursar til å følgje opp endringane. I verste fall kan utviklingsarbeidet bidra til lita eller ingen varig endring, og i staden tappe tenestene for ressursar som normalt vert nytta til ordinær drift. Dermed er det ei risiko for at resultatet vert negativt for born og unge.

Vi er uroa for at manglande planlegging, for lite systematikk og låg kompetanse i prosjekt-, prosess- og utviklingsarbeid, kombinert med store forventingar og engasjement for å utvikle tenestene, kan føre til eit dårlegare og meir variert tenestetilbod til barn, unge og foreldre som treng hjelp. Vi ser ofte at kommunane ikkje set av nok ressursar og tid til å gjennomføre dei endringane og den kompetansehevinga dei set seg mål om.

Fleire samtidige endrings- og utviklingsprosessar kompliserer arbeidet, særleg i kommunar som av ulike grunnar ikkje kan frigjere ressursar til utviklingsoppgåver. Vi har sett fleire døme på det i samband med kommunesamanslåingar og under pandemien. Ei anna utfordring, som har direkte innverknad på tilbod til barn og barnefamiliar, er dei store variasjonane i samarbeidet, ikkje berre frå kommune til kommune men òg internt i og mellom tenester i same kommune. Rekruttering av personell med rett kompetanse er vanskeleg mange stader og gjer at tenestene er sårbare, til dømes for å handtere stor auke i etterspurnaden etter tenester.

**På kva måte har nye krav frå 2022 hatt innverknad, jf. oppdrag 3.2.1.1.3**

**Kort omtale av embetes innsats på området i 2022 og korleis effekten/resultatet av arbeidet vert vurdert**

**Vurdering av utviklinga for konsekvensar av pandemien for utsette barn og unge**

Under pandemien var nytten av samordning tydeleg framme i vår dialog med kommunane om situasjonen for barn og unge. Det var mange døme på at sektorane fann kvarandre i nye samarbeidsformer. Vi er usikre på om den fleksibiliteten vi såg då, er ført vidare. Det er mykje som tyder på at kommunane i stor grad har gått tilbake til tidlegare etablerte strukturar for samarbeid.

Det er spesielt eitt område der vi ser ei endring etter pandemien, og det er saker vi får meldt om skulemiljø. Samla har vi ein auke på 58 prosent samanlikna med 2021. Den største auken fekk vi hausten 2022 der saksmengda gjekk opp med nær 85 prosent samanlikna med hausten før. Vi veit ikkje konkret i kva grad og på kva måte dette heng saman med pandemien og dei tiltaka som prega kvardagen til barn og unge. Dette er eit tema vi har høgt på lista i kontakten med kommunane.

**Det todelte målet i rovviltpolitikken (fra kapittel 7.3.10.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Rapporter på status i forvaltningen av det todelte målet for rovviltpolitikken, både på landbruks- og reindriftsområdet

Vestland har ikkje prioriterte rovviltområde, og vi skal heller ikkje ha levedyktige rovviltbestandar. Vi gjer ein stor innsats for å sikre raskt uttak av skadedyr, ved å støtte opp under det fylkesomfattande skadefellingslaget som Luster kommune har teke på seg ansvaret for. Dette har fungert greitt, og det er ikkje minst eit konfliktdempande tiltak. Det er likevel rett å seie at utan SNO sin innsats hadde situasjonen vore annleis, spesielt i Indre Sogn. Konklusjonen er at vi i dag oppfyller det todelte målet for rovviltpolitikken ved hjelp av SNO.

**Utvalgte kulturlandskap og verdensarvområdene (fra kapittel 7.3.10.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Rapporter på status for forvaltningen av ordningene Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap, både på landbruks- og miljøområdet.

**Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan**

| Betegnelse på rapporteringskrav | Beskrivelse landbruksområdet | Beskrivelse miljøområdet |
|---|---|---|
| Bidrar tiltak støttet av tilskuddsordningen til å ivareta naturmangfold, kulturarv og jordbruksdrift på en tilfredsstillende måte? | Tilskot til tiltak i utvalde kulturlandskap og i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden medverkar godt til å ta vare på natur- og kulturmiljøverdiane i områda. Tilskota er òg særs viktige for å oppretthalde og utvikle landbruksnæringa i området. I verdsarvområdet ser vi ein positiv trend med generasjonsskifte, investeringar og satsing på fleire av bruka. Vi viser òg til vår rapportering for midlar knytt til Landbrukets utviklingsfond av 21. november 2022. | |
| Er natur- og kulturmiljøverdiene i områdene styrket eller svekket? | Natur- og kulturmiljøverdiane i områda er stabile, men med lokale variasjonar. I nokre av områda ser vi til dømes endringar i artssamansetnad i artsrike enger, kanskje som resultat av årsvariasjonar frå år til år, men òg kanskje som følgje av klimaendringar og endra drift. Statsforvaltaren følgjer opp dette gjennom ulike tiltak, som overvaking, kartlegging og drøftingsmøte med drivarane i områda. | |
| Er det positive trender i områdene? | Det finst positive trekk ved alle område med utvalde kulturlandskap, og i verdsarvområdet. Jord og areal som elles ville ha gått ut av drift vert teke vare på. Det finst også problemstillingar med tanke på rekruttering og økonomi i det som ofte er svært tradisjonell og kanskje tung drift. | |
| Er det noen spesielle trusler eller utfordringer mot natur- og kulturmiljøverdier eller jordbruksdrift i områdene? | Klimaendringar kan på sikt vere eit trugsmål mot natur- og kulturmiljøverdiar og jordbruksdrifta i områda. I nokre av UKL-områda, og i verdsarvområdet særskilt, utgjer turismen ei utfordring for landbruket, noko som igjen kan truge kulturmiljøverdiane og jordbruksdrifta. I desse områda blir det arbeidd med problemstillingane gjennom ulike prosessar. I enkelte av områda er det tidvis behov for tett oppfølging av enkelttiltak for å rettleie og unngå uønskte effektar for natur- og kulturmiljøverdiane. | |
| Blir ordningen brukt i næringsutvikling basert på natur- og kulturmiljøverdier og jordbruksdrift? | Ingen av områda i UKL-ordninga i Vestland hadde tiltak i 2022 som vart kategoriserte som «Andre næringsretta tiltak». Likevel kjem dei fleste tiltak landbruksnæringa til gode i form av planar, og investeringar i areal og bygningar. I verdsarvområdet gjekk om lag 40 prosent av totalsummen til investeringstiltak i driftsbygningar og spesialutstyr, som vil medverke til næringsutvikling og styrking av drifta på gardsbruka i området. | |
| Finnes det en overordnet forvaltningsplan for området (ja/nei)? | Ja, det finst overordna forvaltningsplanar for alle UKL-områda, med unntak av Havrå der arbeidet med planen er i gang. Forvaltningsplanane for UKL-områda som inngjekk i ordninga frå 2009 er av eldre dato. Forvaltningsplanen for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden utdjupar og presiserer dei einskilde verneforskriftene for verneområda innanfor verdsarvområdet. Planen gir oversikt over viktige problemstillingar som vedkjem tilhøvet mellom vern og bruk, og skisserer tiltak for å fremje ei balansert forvaltning innanfor dei rammene som verneføremålet set. Det er verneområdestyret som har ansvar for å utarbeide ein forvaltningsplan. Dagens forvaltningsplan vart vedtatt i 2008, og verneområdestyret jobbar no med å revidere planen. Som grunnlag for forvaltninga av tilskot til tiltak i verdsarvområdet er det utarbeidd ein tiltaksplan for kulturlandskapet, som gir ei oppdatert oversikt over tilstanden for kulturlandskapet i området. Vidare kjem planen med råd og prioriteringar for å nå målsetjinga om å oppretthalde og styrke landbruket i områda og forvaltning av tilskotsordninga. | |
| Fungerer de overordnede forvaltningsplanene/områdeplanene på en hensiktsmessig måte for å prioritere de viktigste tiltakene knyttet til alle deltema omfattet av formålet med ordningen? | Forvaltningsplanane dannar grunnlag for meir detaljerte og tiltaksretta planar som skjøtsels- og istandsetjingsplanar. Desse fungerer, i større grad enn forvaltningsplanar, som verktøy for prioritering av tiltak for forvaltninga. | |
| Fungerer samarbeidet mellom de ulike aktørene på lokalt og regionalt nivå på en tilfredsstillende måte? | Lokal og regional miljø- og landbruksforvaltning samarbeider og samordnar godt. Vi tek aktivt del i arbeidet og tilbyr fagleg støtte til dei kommunane som ønskjer det. Kulturmiljømyndigheitene hjå fylkeskommunen har avgrensa kapasitet til arbeidet med UKL og er mest involverte i områda som også er omfatta av kulturmiljøfreding, som Havrå og Ormelid. Ut over dette samarbeider vi med regionale kulturmiljømyndigheiter ved konkrete behov og utfordringar. Det er ønskeleg å styrke dette samarbeidet, og vi planlegg i 2023 å etablere ei regional forvaltningsgruppe som forsøk på betre samordning og dialog. | |

*Her har vi lagt inn ein felles rapport for både landbruks- og miljøområdet. Vi opplever ikkje nemnande motsetning mellom desse omsyna.*

**Styrke arbeid og helse som fagområde (fra kapittel 7.3.10.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal:

- Redegjøre for kartleggingen av tjenestesamhandlingen som er etablert mellom NAV-kontor og kommunenes helse- og omsorgstjeneste
- Redegjøre for felles tiltak for å styrke og bedre tjenestesamhandlingen om tjenestemottakere/pasienter som har behov for tjenester fra NAV og helsetjenesten

Vi var i 2021 med i ei gruppe med representantar frå statsforvaltarembeta og Nav i Trøndelag, Rogaland og Agder, Helsedirektoratet og Arbeids- og velferdsdirektoratet. Gruppa hadde fått i oppdrag å utvikle eit kartleggingsverktøy om samarbeid mellom Nav og helsetenesta. Vi avgrensa dette til å omfatte samarbeidet mellom Nav og kommunehelsetenesta. Det var i tildelingsbrevet i 2022 ikkje oppdrag om å utføre ei slik kartlegging. Vi valde likevel å sende ut kartleggingsundersøkinga til kommunane i Vestland. Vi sende då ut kartlegging til fastlegar, kommunale leiarar, sakshandsamarar i Nav, og leiarar i Nav.

Svarprosenten i kartlegginga var låg, og resultatet må tolkast med varsemd. Vi ser at både helsepersonell og tilsette i Nav er nøgde med det samarbeidet som eksisterer, men at det er eit klart rom for betring. Fastlegar vert oppfatta som meir tilgjengelege for Nav-rettleiarar, enn motsett. Begge partar svarar at tydeleg ansvarsfordeling, kunnskap om tilbodet hjå den andre instansen, og auka tid til samhandling, er faktorar som betrar samarbeidet. På systemnivå er det lite samarbeid mellom kommuneleiinga og leiinga i Nav.

## 3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

På 0525.01 vart rekneskapen for 2022 avslutta med eit mindreforbruk på 7 934 000 kroner.

Samla tildeling til drift i 2022, var på 216 557 000 kroner. Av desse var 8 760 000 kroner overførte frå 2021. Mindreforbruket skriv seg eigentleg frå 2019, då vart det sett av 9 mill. kroner til planlagt ombygging av lokala våre i Bergen og Leikanger. Grunna omstende som låg utanfor Statsforvaltaren sitt rådvelde, vart det ikkje noko av desse ombyggingane.

Etter dette er mindreforbruket vorte noko redusert. I 2021 nytta vi om lag 1,2 mill. kroner, og i 2022 vart det nytta ytterlegare 826 000 kroner av tidlegare års mindreforbruk.

SFVL prøver å tilpasse ressursbruken til ny budsjettfordelingsmodell, men det viser seg at enkelte område er meir utfordrande å tilpasse enn andre.

Størst skilnad mellom bruk og tildeling frå departement, finn vi hjå Barne- og familiedepartement og Helse- og omsorgsdepartementet.

Dei årlege reduksjonane i budsjettet knytt til ABE-reforma er no innarbeidde i verksemda, men likevel merkbare. Som følgje av dette er det gjort justeringar i stillingar og drift. Medarbeidarane våre har likevel innanfor dei fleste områda klart å utføre oppdraga samstundes som dei innfrir krava til høg kvalitet og saksbehandlingstid.

Vi har også i 2022 nytta midlar frå 0525 til å finansiere verjemål, 0469, men likevel mindre enn året før. For å kunne levere på oppdraget, meiner vi det er naudsynt med auka løyving til området.

**Ressursrapportering**

| Departement | Kapittel 0525, 2022 | Fagdep. 2022 | Kapittel 0525, 2021 | Fagdep. 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Arbeids- og inkluderingsdepartementet | 1 290 | 3 426 | 1 118 | 3 680 |
| Barne- og familiedepartementet | 15 787 | 1 097 | 15 094 | 1 249 |
| Helse- og omsorgsdepartementet | 38 097 | 13 167 | 37 495 | 13 762 |
| Justis- og beredskapsdepartementet | 11 631 | 20 299 | 12 885 | 21 244 |
| Klima- og miljødepartementet | 28 317 | 8 813 | 30 485 | 7 097 |
| Kommunal- og distriktsdepartementet | 70 034 | 4 136 | 66 118 | 2 561 |
| Kunnskapsdepartementet | 17 676 | 10 553 | 16 781 | 10 068 |
| Landbruks- og matdepartementet | 23 898 | 587 | 22 613 | 267 |
| Andre | 1 892 | 0 | 1 514 | 0 |
| Sum | **208 622** | **62 078** | **204 103** | **59 928** |

*SFVL er i prosess med å tilpasse seg ny budsjettfordelingsmodell. Etter evaluering av 2021, er det lagt færre stillingar til Klima- og miljødepartementet, medan Landsbruks- og matdepartementet har fått ein auke i stillingsressursar. Endring innan Justis- og beredskpasdepartemetet skuldast mellom anna endra praksis for utgiftføring av lønn på resultatområde 512. Refusjon for sjukepengar frå NAV gav ekstra inntekt til 046901 og reduserte behovet for inndekking frå 052501. Sjølv om omfanget er redusert, er det likevel utgiftført løn med res.kode 512 på kap. 0525 også i 2022..*

## 3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Vi har i hovudsak nådd måla og utført embetsoppdraga med akseptable eller gode resultat på ulike fagområde.

Høgt sjukefråvær (8,2 prosent) og store problem etter at STAF innførte Elements som dokumentforvaltningssystem har påverka måloppnåinga i 2022 ved at vi har lågare produksjon av vedtak enn vi ønskte. Dette har ført til høge restansar på fleire fagområde.

Vi enda med eit økonomisk resultat på 7,93 mill. kroner i overskot i 2022. Vi hadde med oss 8,76 mill. kroner i overskot frå året før, og gjekk difor isolert sett med eit lite underskot. Dette var slik vi hadde budsjettert, og slik vi over fleire år har enda opp etter at vi i 2018 samla opp midlar for å ta høgd for å finansiere ombyggingar av kontorlokala i Bergen og på Leikanger som ikkje vart noko av. Etter 2018 har vi styrt budsjettet for å kunne finansiere forventa meirutgifter når vi i 2023 skal flytte inn i nye kontorlokale i Bergen. I 2022 brukte vi mykje krefter på denne prosessen. Ved årsskiftet signerte vi kontrakt om leige av nye lokale i Solheimsviken i Bergen frå 01.12.2023 og ti år framover, med opsjon på forlenging. Mykje arbeid vil gå med til sjølve flyttinga, som vi reknar med vil gå ut over produksjonen av vedtak i denne perioden.

Vi har i 2022 hatt lågare gjennomtrekk ("turnover"), med 5,8 prosent, mot 11.5 prosent året før, og dette er positivt.

Vi viser elles til rapporteringa i kapittel 6.

## 3.6 Andre forhold

**Nettsida statsforvalteren.no**

Vårt embete har sidan 2021 hatt redaktøransvaret for statsforvalteren.no

Denne nettsida er hovudkjelda for informasjon frå statsforvaltarane og dessutan inngangsporten til dei digitale tenestene våre. Statsforvaltarane har eigne redaksjonar med eit sjølvstendig ansvar for lokalt innhald medan STAF har ansvar for drift og utvikling.

Vi har det redaksjonelle ansvaret for portalframsida og felles kjernesider. Utgangspunktet er at vi skal ha lik informasjon på fagområde der statsforvaltarane har same oppdrag. Vi har i mange år arbeidd systematisk med å skrive innhald i eit brukartilpassa og klart språk. Det siste året har vi også gjort mykje for at nettsidene skal vere universelt utforma.

Etter kvart har det likevel vorte tydeleg at nettsidene våre treng fornying. Den siste store gjennomgangen av struktur og design vart gjort i 2012. Utfordringane våre er:

- Vi manglar ei «Mi side» for brukarane våre. Fann du det du leitte etter-kartlegging syner at mange brukarar leitar forgjeves etter ein innloggingsfunksjon slik andre offentlege instansar har. Vi får særleg mange tilbakemeldingar innan verjemål og separasjon og skilsmisse. Mange ser etter informasjon om korleis dei kan klage på tenester, og del av tilbakemeldingane kjem heilt tydeleg frå brukarar som er i ein vanskeleg situasjon.
- Mykje innhald er framleis strukturert etter korleis vi er organisert og ikkje etter behova eller situasjonen til brukaren.
- På nokre fagområde er det vanskeleg å halde embeta samla. Særleg verjemålsområdet har utvikla seg ulikt hjå statsforvaltarane, og her har vi ikkje

lenger likt innhald i heile landet.
- Samisk innhald treng fornying. Vi ser det som ei god løysing å leggje ansvaret til eit embete som har nærleik til samiske miljø.
- Engelsk innhald treng omfattande fornying, her melder KDD (desember 2022) at departementet ikkje kan prioritere å finansiere ny-omsetjing no.

Behovet for fornying er ikkje noko berre Vestland kjenner på. Statsforvaltaranes arbeidstuval meiner det er viktig at embeta får nye nettsider og gode digitale tenester som igjen vil gjere det lettare for brukarane våre. STAF har lova å estimere kva det vil koste å få gjort ein toppoppgåveanalyse av nettstaden vår. Dette er eit naturleg første steg i eit større fornyingsarbeid.

**Innsyn**

Alle innsynskrav etter offentleglova vert handterte av dedikerte rådgjevarar ved organisasjons- og strategiavdelinga. I 2022 var det 3,06 årsverk som jobba dedikert med innsynskrav. Rådgjevarane handterer både innsyn i offentlege dokument og dokument som er unnateke offentlegheita. I tillegg handterer dei klager på avslag på innsyn i slike dokument og andre førespurnader om innsynskrava.

Samanlikning av innkomne innsynskrav i 2019, 2020, 2021 og 2022

| *Tal frå eInnsyn* | *2019* | *2020* | *2021* | *2022* |
|---|---|---|---|---|
| SFVL | 2709 | 5590 | 8653 | 8288 |
| FMHO | 1545 | 618 | 543 | 391 |
| FMSF | 366 | 288 | 214 | 264 |
| Totalt | 4620 | 6496 | 9410 | 9343 |
| Totalt behandla* | 753 | 997 | 1157 | 1000** |

* Svar på innsynskrav i offentlege dokument vert ekspederte på e-post utan noko form for registrering, og vert ikkje rekna som saksbehandling. Det er såleis berre innsynskrav i dokument som ikkje er offentlege, som formelt sett vert saksbehandla. Desse innsynskrava vert registrerte og saksbehandla i Elements. Vi skriv svarbrev, og eventuelt sladda versjon av dokumentet vert arkivert på saka i Elements.

**Oversikta i Elements viser ikkje eksakte tal når talet på saker overstig 1000 saker, så vi kjenner ikkje det endelege talet her.

Kommentar til tala

Statistikken viser at trenden med den store auken i innkomne innsynskrav dei siste åra, held fram. I 2022 var det likevel ein liten nedgang (rundt 100) i talet på innkomne innsynskrav samanlikna med toppåret 2021.

Blant dei 9343 innsynskrava som kom i 2022, kom 8943 via eInnsyn og resten (rundt 400) via e-post og telefon. Innsynskrava som ikkje kjem inn via eInnsyn, kan gjelde til dømes heile sakskompleks, saker knytte til konkrete tema, eller meir diffuse saker. Det er verd å merke seg at tala på innsynskrav ikkje seier noko om kor store bestillingane er eller kor tidkrevjande handteringa av kvart innsynskrav er. Erfaringa vår er at dei største og mest tidkrevjande innsynskrava ikkje kjem inn via eInnsyn.

Samanlikning av innkomne klager i 2021 og 2022

| *Innkomne klager* | *2021* | *2022* |
|---|---|---|
| Klager på avslag på innsyn | 12 | 13 |
| SF har gjort om | - | 3 |
| Klageorgan har gjort om | - | 1 |
| Avslag stadfesta av klageorgan | - | 2 |
| Klage på for sein saksbehandling, men ikkje påklaga etter at vi har behandla innsynskravet | - | 3 |
| Oversendt klageorgan, men ikkje avgjort enno | - | 3 |

Kommentar til tala

Statistikken viser at talet på innkomne klager er stabilt. Vi fekk ein klage meir i 2022 samanlikna med 2021.

Andre førespurnader

I tillegg til klager på avslag på innsyn, får vi unntaksvis krav om å få ei grundigare forklaring på avslaget på innsyn. Dersom den som har kravd innsyn aksepterer svaret vårt, reknar vi ikkje kravet om å få ei grundigare forklaring på avslaget på innsyn som ein formell klage. Vi avsluttar då saka.

Vi får også med jamne mellomrom førespurnader frå journalistar om å kontakte klagar/pårørande i forlenginga av at journalistane har fått svar på innsynskrav frå oss. Journalistane ønskjer då anten at vi skal legge fram for klagar/pårørande om dei kan tenkje seg å løyse oss frå teieplikta, eller at klagar/pårørande får kontaktinformasjonen til journalistane, slik at dei kan ta direkte kontakt med journalistane for ein uformell samtale. Vi har fått fleire av denne typen førespurnader dei siste åra.

Tiltak

Det har i praksis vist seg at det ikkje er tilstrekkeleg med to faste stillingar til å behandle saksmengda med innsynskrav. Vi har ofte ikkje klart å halde tidsfristane for svar på innsynskrav, og vi har måtta prioritere blant innsynskrava. Derfor har vi i lengre periodar i 2022 hatt to mellombelse stillingar til å

hjelpe til med saksbehandlinga. Talet på årsverk som arbeidde med innsynskrav i organisasjons- og strategiavdelinga i 2022 var derfor 3,06 (mot 2,88 i 2021). Vi vil sjå nærare på justeringar i bemanningsplanen i løpet av våren 2023.

**Oppgåver for kongehuset**

2022 vart eit relativt roleg år, med færre kongelege besøk enn i eit normalår. Vi har heller ikkje hatt offisielle besøk, statsbesøk, besøk frå stortingskomitear eller Høgsterett.

Likevel vart det nokre arrangement med kongeleg deltaking:

- 9. februar: H.K.H Kronprins Haakon vitja Dale Oen Experience i Øygarden og Ny-Kronborg skole i Bergen (Flyt-programmet).
- 22. mai: H.M. Dronning Sonja var til stades ved jubileet til Norsk Bremuseum i Fjærland.
- 25.–26. mai: H.M. Dronning Sonja var til stades ved opninga av Festspillene i Bergen (fire separate arrangement den 25. mai) og opning av Festspillutstillinga i Bergen Kunsthall (26. mai)
- 9. juni: H.K.H. Kronprins Haakon delte ut Holbergprisen i Universitetsaulaen i Bergen

2023 ser ut til å bli eit år med svært mange besøk frå Kongehuset, og det tid- og ressurskrevjande arbeidet er alt i gang. Første besøk er Kronprinsen til Stord 8. februar.

**Medaljesaker**

Vi har behandla 24 saker og sendt dei til H.M. Kongens Ordenskanselli. Ei sak vart avslått direkte. To saker er sett på vent i påvente av betre søknad.

# 4 Styring og kontroll hos statsforvalteren

## 4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging

Statsforvaltaren har mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp. Styringa skal vere heilskapleg og tilpassa risiko.

Den overordna styringa i embetet skjer gjennom leiargruppa i leiarmøte og i verksemdsplanen. Alle strategiske og prinsipielle saker skal opp til drøfting i leiargruppa. For å få ei heilskapleg leiing har det vore viktig å knyte seksjonsleiarane tettare til leiargruppa. Vi prøver difor å gjennomføre samlingar der seksjonsleiarane er med, med jamne mellomrom. Seksjonsleiarane får alltid innkalling til leiarmøte for at dei skal vere orienterte om kva som står på saklista. Vi er glade for at seksjonsleiarane får ta del i leiarutviklingsprogrammet Vidsyn som Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i verk.

Vi set stor pris på at tildelingsbrevet og verksemds- og økonomiinstruksen no samlar oppdraga våre og at det viktigaste kjem tidleg i førebels tildelingsbrev. Vi er også glade for arbeidet med å forenkle og forkorte embetsoppdraga, og meir målstyring slik at det er mogleg å tilpasse verkemiddelbruken i større grad enn tidlegare. Dette gjer at måloppnåinga og effekten av tiltaka vert betre tilpassa behova i kommunane.

Digitalisering er viktig for oss, og vi legg opp til eit godt samarbeid med STAF som er vår tilretteleggjar av digitale tenester.
Vi har etablert ei informasjonstryggleiksgruppe, og laga prinsipp for korleis vi skal arbeide framover. Også her samarbeider vi godt med STAF. Samstundes er det nokre utfordringar i samarbeidet med STAF som vi tek opp i kapittel 5.1.

Vi har òg etablert ei tverrgåande klimagruppe. Denne gruppa har etter kvart har utvikla seg til å arbeide målretta med å ta i bruk dei av FNs berekraftsmål som er relevante i oppdraga våre, og gi oss endå større tyngd i kommunedialogen der det trengst.

### 4.1.1 Statsforvalterens risikostyring

Alle avdelingar utarbeider årlege verksemdsplanar der risikostyring utgjer ein viktig del av planane og oppfølginga gjennom året. Avdelingsdirektørane gjennomfører risikoanalysar for sine ansvarsområde.

Risikovurdering av arbeidsmiljø er fast sak på AMU-møta gjennom året. Før revisjonen i første årlege AMU-møte hentar vi innspel frå tillitsvalde. Resultat av denne revisjonen er ein del av den årlege HMS-gjennomgangen på leiarnivå.

Vi brukar Risk Manager til dokumentstyring, avvik og intern varsling.

### 4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Vi har utarbeidd eit internt styringssystem som inneheld alle interne styringsdokument og våre interne retningsliner (internkontroll). Ein del av systemet er mellom anna eit delegeringsreglement som tydeleggjer ansvar og roller i embetet. Styringssystemet ligg tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet. Vi har tatt i bruk Risk Manager som system for vår internkontroll for informasjonstryggleik og avviksmeldingar.

Vi sikrar oss mot mishald til dømes ved at alle utbetalingar vert attesterte og godkjende av to personar etter førebuing frå økonomieininga.
Forvaltingsvedtak og tilskot står det alltid to personar bak, sakshandsamar og ansvarleg leiar eller mellomleiar.
Vi har tertialsvis rapportering på sakshandsamingstider for dei viktigaste fagområda våre. Dette gir oss god oversikt over statusen på fagområda.

Leiinga vurderer at styringssystema samla fungerer godt, og at det er god styring og kontroll i embetet. Ei utfordring kan likevel vere å ha tid til å drive med kontroll ut over det vi har krav om å utføre.

### 4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren

Vi har mindre gjennomtrekk enn føregåande år med 5,8 prosent, men vi har høgt sjukefråvær, fleire fødselspermisjonar og i tillegg vakante stillingar over litt tid. Vi har hatt problem med å få tak i kvalifisert personale innan visse fagområde, mellom anna juristar og legar. Dette gjeld for fleire av kontorstadane våre, og vi har inntrykk av at andre verksemder vi kan samanlikne oss med har same problemet. Kapasiteten for enkelte fagområde har difor vore utfordrande.

Som tidlegare er verjemål området med størst kapasitetsutfordringar i dag. Noko av den same underfinansieringa ser vi på helse, sosial og barnevern der rettigheitsbasert lovgjeving har ført til saksauke.

### 4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Vi har ymse inventar og tre embetsbilar, men elles har vi ikkje materielle verdiar av vesentleg verdi.

### 4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje kjennskap til avdekte svake punkt eller utfordringar. Embetet har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen. Vi brukar Risk Manager i informasjonstryggleiksarbeidet, og vi jobbar systematisk for å byggje ein god kultur for informasjonstryggleik, mellom anna gjennom ei gruppe med representantar frå alle avdelingane og frå STAF.

## 4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

Vi har lagt vekt på måla som er mest relevante for oss i vårt arbeid med berekraft. Vi tek med oss måla i verksemdsplanane, både når det gjeld eksterne og interne oppdrag.

**Likestilling og diskriminering**

Vi har ei klar overvekt av kvinner i embetet, 71 prosent i 2022. På leiarnivå har vi i kategori 1 om lag 38 prosent kvinner, medan vi i kategori 2 har nesten 52 prosent kvinner. I interne utval er det naturleg at vi er representerte med fleire kvinner enn menn. Vi er opptekne av mangfald. Med vår organisering er vi i visse samanhengar opptekne av representasjon frå alle tre kontorstadane.

**HMS/arbeidsmiljø**

I 2022 gjennomførte vi medarbeidarundersøking med nytt verktøy frå STAMI/DFØ. Det har vore meir utfordrande for oss som arbeidsgivar å følgje opp denne typen forskingsbasert kartlegging. Mellom anna har vi 3,6 prosent tilsette som melde frå om opplevd mobbing. I undersøkinga er mobbing definert som ubehageleg, nedverdigande eller sårande behandling som skjer fleire gonger og over tid, til dømes trakassering, plaging, utfrysing eller sårande erting og fleiping.

Vi har nulltoleranse for mobbing og trakassering. Vi følgjer opp resultata avdelingsvis og for visse område som fellestiltak for embete. Samstundes er det krevjande å ta tak i når nemninga mobbing i undersøkinga femner om mange ulike hendingar. Mest krevjande er det likevel at vi, trass i at vi har lagt stor vekt på å informere om ulike måtar å varsle på, nesten ikkje har fått inn konkrete varsel om mobbing siste åra. Vi held fram med risikovurdering av arbeidsmiljø, og andre typar kartleggingar. Vi følgjer opp via formelle forum som møte med tillitsvalde, AMU og i utvida leiargruppe.

Sjukefråværet er urovekkande høgt i 2022.

**Ytre miljø**

Vi er klimapartnar i Vestland, og dei tre kontorstadene våre er miljøfyrtårnsertifiserte. Vi har etter kvart gode rutinar for å oppnå miljøkrav både på Leikanger, i Førde og i Bergen.

Vi er meir digitale og reiser mindre enn tidlegare. På grunn av tre kontorstader og mange spreidde kommunar er vi likevel avhengige av å ha noko reiseaktivitet.

## 4.3 Andre forhold

**4.1.1. Fellesføring om konsulentbruk**

Vi viser til tildelingsbrevet punkt 4 – Andre føresetnader og krav.

Resultatet for 2022 viser at det er utgiftsført konsulenttenester for 7 470 905 kroner for Statsforvaltaren i Vestland.

På kap. 525 skriv det aller meste av bruken av konsulenttenester seg frå kjøp av tenester frå Statsbygg. Leigekontrakten for kontorstad Bergen går ut i slutten av 2023 og Statsbygg har vore konsulent i arbeidet med å finne nye eigna lokale. Til dette prosjektet gjekk det i 2022 med 516 000 kroner. Utanom konsulenttenester frå Statsbygg, er det ført 171 000 kroner på kap. 525 og konto 6730 «Andre konsulenttenester». Feire av dei største postane er feilføringar som eigentleg skulle vore ført som kompetanseheving eller på 6780 – kjøp andre framande tenester.

Vidare er vi merksame på at det er ført relativt store summar på konto 6730 «Andre konsulenttenester» på andre kap. postar enn 0525. Dette er prosjekt innan miljø og landbruk, til dømes nasjonale kalkingsprosjekt, overvakingsprogram (vatn- og sedimenteringsovervaking og eutrofiovervaking) og Inn på tunet-løftet, som utgjer 5,6 mill. kroner på miljø og 1,1 mill. kroner på landbruk. Etter presisering av kontobruk innanfor gruppa 67*, ser vi at det aller meste av det som er bokført på konto 6730 og kap. post ulik 525, gjeld kjøp av andre framande tenester og skulle vore ført på konto 6780.

Endring i kontobruk er innarbeidd for 2023.

# 5 Vurdering av framtidsutsikter

## 5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt

**Embetet og fylket**

Både større fylkesinndeling og pandemien har gjort oss meir digitale, og vi brukar digitale møte og samlingar oftare enn før, gjerne i kombinasjon med fysiske møte. Men eit funn i DFØ-rapporten om statsforvaltaranes geografiske inndeling, er at kommunane opplever at lokalkunnskapen er svekt i samanslegne embete.

For å motverke dette treng vi å møte kommuneleiingane fysisk og utvikle gode relasjonar, gjerne på heimebane.

Vi treng også å utvikle gode relasjonar internt, mellom kollegaer og mellom tilsette og leiarar. Vi har kontor i Leikanger, Bergen og Førde, i tillegg til at vi har verneforvaltarar med kontor andre stadar i fylket. Med eitt unntak har alle leiarar tilsette under seg på minst to kontorstadar.

Sjølv med fleire møte som kan takast digitalt, treng særleg leiarane å reise ofte for å møte både kommunane og tilsette. I eit så stort fylke må vi reise internt med fly, båt, buss, tog eller bil, og det går gjerne fire-fem timar kvar veg i reisetid, med kostnad og menneskeleg slitasje deretter. Derfor er vi kritiske til at vi er trekt i budsjettet for 2023 for forventa innsparing i reiseutgifter. For å halde oppe eit minimum godt kjennskap til og tillit overfor kommunane og internt, ser vi oss nøydde til å dekkje inn trekket ved å ha færre tilsette.

Som embete legg vi stor vekt på å utføre embetsoppdraga sjølvstendig og målretta ut frå behova i fylket, og innanfor rammene vi har fått. Vi set pris på at vi får oppdrag som i større grad legg opp til målstyring. Vi innrettar oss etter den forsterka føringa om at vi i større grad skal bruke ressursane i tråd med tildelinga fordelt på departementsområde. Men vi må nemne at føringa gjer oss mindre rusta til å møte nokre av utfordringane på område der vi tek i vare rettstryggleiken til svake grupper, til dømes den store auken i saker som gjeld helserettar og underfinanseringa av verjemålsområdet. Som nemnt i kapittel 1 er vi særleg på verjemålsområdet sterkt uroa over følgjene når vi no skal slutte med å finansiere verjemålsstillingar på embetsbudsjettet.

Vi ser at Vestland fylkeskommune er i ferd med å finne rolla si som samfunnsutviklar og ein ressurs for kommunane. På nokre område samarbeider vi tett, og vi har eit felles ønske om å utvikle samarbeidet og vere gode medspelarar for kvarandre.

Som nemnt i tidlegare årsrapportar er vi framleis klare for å ta større ansvar for å vere det sentrale bindeleddet mellom den sentrale staten og kommunane, anten ved at statlege oppgåver vert lagde til statsforvaltarane, eller ved at vi får ei forsterka samordningsrolle på dei områda der dei statlege regionkontora blir organiserte om til funksjonsdelt ansvar. Vi legg merke til at nokre kommunar er frustrerte over manglande lokalkunnskap og at det er vanskeleg å få avklaringar og å nå fram til rette personen i statlege etatar som har avvikla regioninndelinga. Vi merkar også frustrasjon i kommunane over oppsplittinga av det utførande ansvaret for riks- og fylkesvegar.

Etter vårt syn hadde det vore ein fordel om statsforvaltarane fekk ei tydelegare definert og formalisert rolle i å vera eit bindeledd mellom kommunane og dei funksjonsorganiserte statsorgana. Vi trur at statsforvaltarane som ein regional statleg aktør med god kjennskap til kommunane, kan leggje til rette for at staten kan vere ein kapabel og fagleg sterk utviklingspartnar for kommunane.

Frå 01.09.2021 vart ansvaret for rettleiingsoppgåvene innanfor bustadsosialt arbeid overført frå Husbanken til vårt embete og to andre statsforvaltarembete, som eit treårig forsøk. Med vår breie kontaktflate mot kommunane trur vi at dette skal gjere oss endå betre i stand til å nå måla for oppdraget. For kommunane er det uryddig å måtte halde seg direkte til andre statsetatar som verken kjenner kommunane eller det totale biletet like godt, og vi har også fått høyre frå andre statsetatar at det ikkje er like lett å få gjennomslag med oppgåver overfor kommunane.

Vi er i full gang med å kople det bustadsosiale arbeidet med oppgåvene våre innanfor sosiale tenester, rus, helse, folkehelse, verjemål, utdanning, plan og kommuneøkonomi. I 2023 ønskjer vi å bruke erfaringane frå Samordningsutvalet for bustad for velferd til eit utvida Samordningsutval for velferdsområda, der vi har ein ambisjon om å samle aktørane med velferdsoppgåver for å definere og arbeide med felles front mot aktuelle problemstillingar. Døme kan vere problemstillingar knytte til flyktningstraumen frå Ukraina, barnevern, rus og psykiatri.

Som nemnt i kapittel 1 er det særleg to grunnar til at vi i 2022 har hatt lågare produksjon enn vi ønskte, høgt sjukefråvær og at STAF la om det digitale saks- og arkivsystemet. Det høge sjukefråværet har samansette grunnar, mellom anna er noko av det kopla til koronapandemien. Ikkje noko av sjukefråværet er meldt inn som arbeidsrelatert. Vi arbeider med korleis leiarar betre kan følgje opp dei sjuke.

Den andre grunnen ligg utanfor vårt herredøme. STAF gjer mykje godt arbeid for oss, og særleg tryggleiksarbeid og brukarsørvis på IKT har fått eit løft dei siste par åra. Vi forstår også at det var naudsynt å byte ut det gamle saks- og arkivsystemet ePhorte med Elements. Men vi har opplevd så store problem med Elements at vi har vanskar med å tru at omlegginga har vore godt nok planlagt. Problema går ut på at dokument går tapt, at gamle versjonar av dokument som dukkar opp og blir sende ut, at det ser ut som at dokument er sende ut, utan at dei er det, at det tidvis ikkje er mogleg å endre dokument som er sendt til godkjenning, at systemet er nede i lang tid og at det låser seg. Oppå desse tekniske problema kjem manglande kunnskap i STAF om kva som er mogleg å gjere i det nye systemet og ikkje, som gjer at vi har teke i bruk tungvinne arbeidsprosessar der vi seinare oppdagar at det slett ikkje var naudsynt. Vi opplevde så store problem då Elements var teke i bruk i vårt embete våren 2022, at vi åtvara STAF og rådde til å vente med å innføre Elements i dei tre embeta som då stod att. Men vi vart ikkje høyrde, og alle embeta opplevde massive problem då Elements vart innført for dei siste tre embeta i mai 2022. Etter ei oppgradering i september 2022, vart det betre, men framleis i 2023 er systemet for ustabilt.

Samla har ein del årsverk gått tapt i vårt embete på grunn av denne omlegginga. STAF har etter kvart lagt ned i ein stor innsats i å ordne opp i problema. Men vi opplever ikkje at STAF har teke på alvor tilbakemeldingane våre når vi har meldt inn problema. I ettertid ser vi ikkje at STAF på nokon måte har teke ansvar for dei store problema som oppstod, eller teke grep for å hindre at liknande problem kan skje på ny.

I forlenginga av innføringa av nytt elektronisk arkivsystem, har STAF lagt om arbeidsrutinane slik at dokumentforvaltningsarbeidet er organisert i større regionar. Vi fekk ingen informasjon om dette i forkant, og om kva følgjer det kunne få. Det vi ser, er at dei tilsette i STAF som vi hadde gode rutinar og relasjonar til, ikkje er tilgjengelege, medan vi ikkje lenger veit kven og korleis vi skal ta opp overordna problem. Vi er viste til å melde inn kvar einskilde feil via hjelp-knappen.

Dernest blir langt fleire av journalpostane no førte på våre leiarar, der dei før vart førte direkte på sakshandsamarar. Vi forstår at dette vil gi ei viss effektivisering i STAF, men vi meiner denne må vere langt mindre enn den ineffektiviseringa som det påfører oss. Etter vårt syn er det dårleg bruk av våre lønsmidlar at leiarane våre må sitje og fordele journalpostar som før gjekk direkte til sakshandsamarane. I tillegg medfører det ei forseinking i arbeidsprosessane. Den ekstra ressursbruken leiarane våre må leggje inn, blir ikkje synleg i rekneskapane våre. Vi må vurdere ulike tiltak framover, som til dømes å gjere om sakshandsamarstillingar og heller tilsetje eigne folk til å fordele journalpostar for å avlaste leiarane våre.

I tillegg melder våre tilsette inn at det eit problem med manglande dialog i ulike digitaliseringsløysingar som STAF driv for oss. Til dømes er den digitale løysinga for separasjon og skilsmål ustabil og med mykje nedetid. Styringsgruppa mellom embeta får lite eller ingen informasjon om kva som skjer og kva som blir gjort. Når dei digitale tenestene held eit slikt nivå går det ut over vårt sørvisnivå overfor publikum.

**Kommunane**

Vi er imponerte over korleis kommunane i fylket har stått på for først å handtere pandemien og deretter flyktningstraumen frå Ukraina. Både små og store kommunar er løysingsorienterte og endringsvillige, og dei stiller opp for kvarandre når det trengst. Som vi
var inne på i innleiinga, har pandemien vist at vi har robuste samfunn fordi vi har høg tillit mellom innbyggjarar, offentleg forvaltning og andre aktørar, og alle aktørar stiller opp for kvarandre når det trengst.

Utfordringar framover for kommunane vil vere rekruttering av kompetanse, særleg på helse- og omsorgsområdet. Vi ser alt no at både byar og bygder rapporterer om mangel på fastlegar, sjukepleiarar, vernepleiarar og helsefagarbeidarar, og dette blir forsterka framover av den venta eldrebølgja. Kommunane har dessutan vanskar med å rekruttere jordmødrer og psykologar. Vi tykkjer det er bra at sentrale styresmakter har sett i gang utgreiingar for å løyse desse utfordringane, og ser i møte konkrete tiltak.

Kommunane har kome ut med gode økonomiske resultat dei siste åra. Likevel står dei fleste kommunane overfor vanskelege økonomiske prioriteringar framover.

**Arealplanar og dispensasjon frå planar**

Ei problemstilling som mange av kommunane er opptekne av, er kva som er terskelen for når det ligg føre ei nasjonal eller vesentleg regional interesse i kommunalt planarbeid, der Statsforvaltaren på vegner av staten kan fremje motsegn. Kommunane opplever at handlingsrommet i planarbeidet blir snevra inn når det kjem nye statlege planretningslinjer, som planretningslinjene for strandsona langs sjøen (2021), for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018) og for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014). Oppfylling av FNs berekraftsmål vil også ofte stå i konflikt med mål om vekst i ein kommune.

Vår oppgåve er å balansere dei skjerpa planretningslinjene mot det kommunale sjølvstyret, og dette er slett ikkje enkelt. Vi gjer vårt beste med å kome med tydelege og tidlege innspel der det er nasjonale eller vesentlege regionale interesser i spel, men det er ikkje til å kome frå at kommunane ofte likevel har forventningar om at vi skal leggje vekt på det kommunale sjølvstyret og trekkje innspela undervegs i prosessen. Vi opplever stundom at det er vanskeleg å nå fram med den sentrale føringa om at utbygging av nye bustadområde i størst mogleg grad skal skje rundt eksisterande bustader og kollektivknutepunkt. I kommunane er det ofte politiske ønske om å leggje bustadfelt i mindre senter i kommunen. Spesielt er desse forventningane høge til å skape vekst i tidlegare kommunesenter i samanslegne kommunar. Det viktig for utviklinga av Vestland at busetnaden ikkje vert konsentrert berre til kommunesenter. Landbruk og andre bygdenæringar er avhengig av at det finst annan busetnad for å oppretthalde tilbod som barnehage, skule og eldreomsorg og tilbod som gir bulyst for unge og eldre. Sjølv om dette kan vere vanskeleg å balansere klarar vi å løyse dei aller fleste motsegnene i dialogmøte eller meklingar.

Vi har også ein tydeleg bodskap om at kommunane skal styre gjennom plan og ikkje gjennom dispensasjonar frå planar. Likevel er talet på dispensasjonar stort og aukande.  Vi opplever at det er vanskeleg å nå fram til det politiske nivået med at det er to strenge lovvilkår som begge må vere oppfylte for å kunne gje dispensasjon frå ein arealplan. Oppfatninga er i staden at dispensasjonsavgjerder fullt og heilt er underlagde kommunens frie skjøn. Undersøkingar frå Sivilombodet har vist det same.

Mange kommunar er heller ikkje merksame på at det ikkje er lov å gi dispensasjonar som inneber unntak frå sakshandsamingsreglar, som til dømes krav til konsekvensutgreiing eller ROS-analysar. Dette utgjer ein tilleggsrisiko for nedbygging av naturverdiar og for bygging i område der det er naturfare som skred eller flaum.

Vi klagar jamt over på 5-6 prosent av dispensasjonsvedtaka vi får oversendt frå kommunane, og vi får nesten alltid medhald i klagen frå setjestatsforvaltar. Truleg er størstedelen av dispensasjonane kommunane gir, i strid med dei to vilkåra i plan- og bygningslova paragraf 19-2 andre leddet og difor ugyldige forvaltningsvedtak, sjølv om dei ikkje vert klaga på. Vi opplever at kommunane er meir opptekne av kva terskel vi har for å klage, enn kva som ligg i dei strenge lovvilkåra for å gje dispensasjon.

I etterkant av at vi klagar på dispensasjonar, kjem det ofte medieoppslag der vinklinga er at Statsforvaltaren legg seg bort i det kommunale sjølvstyret. Vi skulle ønskt oss at det både i kommunen og i media heller var ein diskusjon om dei strenge lovvilkåra var oppfylte eller ikkje. Og vi skulle ønskt oss meir merksemd på oppfylling av FNs berekraftsmål.

Vi er i alle fall glade for det arbeidet som KDD har sett i gang for å vurdere om det er mogleg å gjere tiltak for å få ned talet på dispensasjonar. Og vi tek

gjerne imot tydelegare signal frå KDD om kva som skal vere terskelen for å klage.

**Byvekstavtalane**

Eit viktig tiltak for å følgje opp klimaforliket og berekraftsmåla er byvekstavtalen for bergensområdet, kalla Miljøløftet, som vi har lagt mykje arbeid ned i for å få oppslutnad rundt.

Eit viktig grep i avtalen er koplinga mellom arealplanlegging og transport for å nå nullvekstmålet, og fleire av kommunane arbeider med nye arealplanar der senterstruktur, kollektivknutepunkt og arealbruk er sentrale tema. Avtalen sikrar over 16 milliardar til investeringar i bergensområdet fram til 2029. Vi har stor tru på at satsinga på byvekstavtalar vil føre til markante resultat i form av reduserte klimautslepp i byområda framover, men det er ein føresetnad at både vi og sentrale styresmakter følgjer opp med tydelege signal i konkrete plansaker.

Hausten 2023 opna både ny veg til Os og bybanen til Fyllingsdalen, i tillegg til fleire andre prosjekt i Miljøløftet.

Trafikktala etter pandemien viser generelt større mobilitet med gode tal for kollektivreiser, men og ein sterk trafikkauke.

Effekten av tiltaka innan vegprising og parkering gir ikkje lenger trafikkreduksjon.

Det er òg sterk auke i talet på elbilar, noko som utfordrar nullvekstmålet og inntektene frå bompengar. Elbilar har lågare kostnader til drivstoff, parkering og bompengar.

Ein effektiv bruk av verkemiddel som målretta arealplanlegging, vegprising, satsing på kollektivtransport, sykkel og gange, vil vere avgjerande i det vidare arbeidet.

Elles er vi spente på kva grepet med bygdevekstavtalar vil føre til.

**FNs berekraftsmål og klima**

Som nemnt i innleiinga er det ei særskilt satsing for oss framover å ta i bruk FNs berekraftsmål i embetsoppdraga våre, og å setje dei på dagsordenen overfor kommunane. Vi nemnde også at kommunane i varierande grad har tatt i bruk berekraftsmåla. For mange kommunar er vekst i innbyggjartal og arbeidsplassar ein berebjelke for å kunne tilby gode tenester. Der det er konflikt mellom eit berekraftsmål og vekst, vil ofte utsiktene til vekst vinne. For å få endå betre gjennomslag for berekraftsmåla, bør staten etter vårt syn også bruke økonomiske verkemiddel, til dømes gjennom inntektssystemet. Vi trur også at større merksemd frå høgaste politiske nivå, er viktig for å nå berekraftsmåla.

Som nemnt kapittel 1 ønskjer vi i 2023 å samarbeide med KS og fylkeskommunen for gjere tilgjengeleg verktøy som gjer det mogleg for kommunane å måle og samanlikne i kor stor grad dei oppfyller berekraftsmåla.

Vi har ei klimagruppe på tvers av avdelingane, som koordinerer og inspirerer tiltak på området. Viktigaste aktivitetar i gruppa er rettleiing til kommunane, utsending av forventningsbrev og utarbeiding av klimabudsjett.

Også i 2022 skipa vi den årlege nasjonale Klimaomstillingskonferansen saman med Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Vestland fylkeskommune, NVE, Statens vegvesen, Vestlandsforsking, Klimapartnere Vestland, Noradapt, Innovasjon Noreg og Senter for klima- og energiomstilling. I år vart det endeleg ein fysisk konferanse etter fleire år med digitale møte. Hovudtema var mattryggleik og klima og energi, og deltakartalet var 103 personar. Konferansen er med på å inspirere og spreie kunnskap om ulike aspekt av klimaomstilling, først og fremst til kommunar og andre offentlege etatar.

I tillegg til klimaomstilling er det også viktig at kommunane arbeider med klimatilpassing. Sjølv om vi når klimamåla vil klimaet endre seg i åra framover. Vestland har tre klimasoner og er utsett for havstiging, stormar, flaum og skred. Det får konsekvensar for arealdisponering, og for mange kommunar er det utfordrande å finne areal som kan nyttast til bustadfelt og næring.

## 5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt

Sjå kapittel 5.1.

## 5.3 Andre forhold

Sjå kapittel 5.1.

# 6 Årsregnskap

Årsregnskap for Vestland.pdf

# 7 Vedlegg

### Budsjettavvik

| Betegnelse på rapporteringskrav | |
|---|---|
| Budsjettavvik (tusen kr) | 7 935.0 |
| Budsjettavvik (%) | 3.7 % |

*Budsjettavviket i 2022 er redusert frå 4,1 prosent til 3,7 prosent. Bergenskontoret skal inn i nye lokale og mindreforbruket i 2022 vert lagt inn til å delvis dekke meirkostnader ved flytteprosjektet.*

### Husleie

| | |
|---|---|
| Husleie (tusen kr) | 29 952.0 |
| Husleie (% av driftsutgifter) | 14.4 % |

*Endra grunnlag for utrekning av adm. kostnadsdekking og høge straumutgifter er medverkande årsaker til auke i husleige. For 2021 var andel husleige på 13,2 prosent. Auken frå 2021 er på om lag 3 mill. kroner. Etter SFVT er Vestland det embetet med høgst andel husleige ut frå driftsutgifter.*

### Journalposter

| Betegnelse på rapporteringskrav | Journalposter totalt | Antall journalposter i ePhorte | Antall journalposter i vergemåls-ePhorte |
|---|---|---|---|
| Antall journalposter | 176 836 | 92 756 | 84 080 |

*Vi ser eit stort hopp for inn- og utgåande på verjemålsområdet i år. STAF har sjekka tala nøye, og teke nokre stikkprøver hos SRF. Tala er henta frå Documaster og er nok heilt reelle. Ei mogleg forklaring er at det har vore veldig stor aktivitet og tilhøyrande korrespondanse i samband med verjefullmaktsprosjektet. STAF ventar at tala går ned att i år.*

### Regnskapstall sortert på poster

| Betegnelse på rapporteringskrav | 2022 |
|---|---|
| 052501 | 208 772 |
| 052521 | 7 327 |
| Post 01 (unntatt 052501) | 53 013 |
| Post 20-29 (unntatt 052521) | 140 766 |
| Post 30-39 | 15 883 |
| Post 40-49 | 0 |
| Post 60-69 | 162 023 |
| Post 70-79 | 147 539 |
| Post 80-89 | 7 617 |

### Sykefravær

| Betegnelse på rapporteringskrav | Dager/Prosentdel |
|---|---|
| Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt) | 5 633.0 |
| Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt) | 8.2 % |
| Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt) | 931.0 |
| Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt) | 4.6 % |
| Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt) | 4 702.0 |
| Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt) | 9.7 % |
| Antall legemeldte sykedager for menn | 526.0 |
| Prosent legemeldte sykedager for menn | 2.6 % |
| Avtalte arbeidsdager for menn | 20 190.0 |
| Antall legemeldte sykedager for kvinner | 3 728.0 |
| Prosent legemeldte sykedager for kvinner | 7.7 % |
| Avtalte arbeidsdager for kvinner | 48 380.0 |
| Antall egenmeldte sykedager for menn | 405.0 |
| Prosent egenmeldte sykedager for menn | 2.0 % |
| Antall egenmeldte sykedager for kvinner | 974.0 |
| Prosent egenmeldte sykedager for kvinner | 2.0 % |

*Tala er henta frå Innsikt, som er litt høgare enn tal frå SAP. Vi har 8,2 prosent sjukefråvær i 2022, ein urovekkande auke frå 4,8 prosent i 2021. Eigenmelding utgjer ca. to prosent for begge kjønn. Det er ei dobling sidan i fjor, og vi reknar med at det er korona- og influensarelatert. Statsforvaltarane har sjukefråvær mellom 4,9 og 7,5 prosent, der vi ligg høgst. Vi har rutinar for oppfølging, men har og sett i verk ekstra tiltak frå hausten 2022.*

### Likestilling

| Betegnelse på rapporteringskrav | Antall kvinner | Andel kvinner | Antall menn | Andel menn | Årslønn kvinner | Årslønn menn | Andel kvinners lønn av menns lønn |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Totalt i virksomheten | 218.0 | 71.0 % | 89.0 | 29.0 % | 636 626.0 | 704 096.0 | 90.4 % |
| Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef | 3.0 | 37.5 % | 5.0 | 62.5 % | 1 121 342.0 | 1 099 255.0 | 102.0 % |
| Kategori 2: Seksjonssjef/Ass dir | 15.0 | 51.7 % | 14.0 | 48.3 % | 922 003.0 | 900 261.0 | 102.4 % |
| Kategori 3: Saksbehandler 1 | 108.0 | 67.9 % | 51.0 | 32.1 % | 650 793.0 | 665 572.0 | 97.8 % |
| Kategori 4: Saksbehandler 2 | 83.0 | 82.2 % | 18.0 | 17.8 % | 562 770.0 | 564 185.0 | 99.7 % |
| Kategori 5: Kontorstillinger | 8.0 | 100.0 % | 0.0 | 0.0 % | 492 987.0 | 0.0 | |
| Kategori 6: Fagarb. stillinger | 0.0 | | 0.0 | | 0.0 | 0.0 | |
| Kategori 7: Lærlinger | | | | | | | |

*Data og stillingsgrupper er henta frå Innsikt, desember 2022. Delen kvinner i embete aukar framleis, og vi har no 71 prosent kvinner. På leiarnivå har vi ny kvinneleg statsforvaltar frå september 2022, medan fylkeslegen er mann. I kategori 2 har vi ass. fylkeslegar og fagdirektørar utan leiaransvar. Tal som ikkje er med i tabellen: i kategori fem har vi ein mann og i kategori seks har vi ei kvinne.*

### Årsverk

| Betegnelse på rapporteringskrav | 2022 |
|---|---|
| Totalt antall årsverk | 263.6 |
| Totalt antall årsverk for kvinner | 179.0 |
| Totalt antall årsverk for menn | 84.6 |
| Totalt antall årsverk for faste stillinger | 247.5 |
| Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger | 16.1 |
| Sum andel administrasjon | 7.8 % |
| Økonomi | 6.9 |
| Lønn | 0.6 |
| Personal | 3.0 |
| Resepsjon/sentralbord | 2.8 |
| Andre administrative oppgaver (spesifiser i kommentarfeltet) | 7.2 |
| DFØs definisjon av årsverk er benyttet. | |

*Vi har ein liten auke i årsverk frå året før. Alle tilsette utanom eksterne er med i dette talet. Andre administrative oppgåver: kommunikasjon, redaktøransvar for statsforvalteren.no, innsyn, reinhald og ekstrahjelp til avlevering av arkiv. Del administrasjon er vanskeleg å samanlikne mellom embeta.*

### Turnover

| Betegnelse på rapporteringskrav | 2022 |
|---|---|
| Turnover i prosent | 5.8 % |
| Gjennomsnittlig antall ansatte | 308.0 |
| Totalt antall ansatte som sluttet (ekskludert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet | 18.0 |
| Totalt antall ansatte som sluttet | 37.0 |
| Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering | 4.0 |
| Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker | 33.0 |

*Vi har rekna ut snittet manuelt med tal frå Innsikt. Vi har mindre gjennomtrekk enn tidlegare. Tilsette som ikkje er erstatta er mellom anna tilsette i inkluderingsdugnaden, traineear og sommarvikarar. Med atterhald i talgrunnlaget har vi låg gjennomtrekk samanlikna med andre i 2022.*

### HR - fordelt på kjønn

| Betegnelse på rapporteringskrav | Kvinner | Menn | Totalt |
|---|---|---|---|
| Sum antall ansatte | 218 | 89 | 307 |
| Sum antall deltidsansatte | 11 | 3 | 14 |
| Sum antall midlertidige ansatte | 19 | 2 | 21 |
| Sum antall ansatte med personalansvar | 10 | 11 | 21 |
| Ufrivillig deltid | | | 0 |

*Tal tilsette per desember 2022. Mellombels tilsette er mellom anna ekstrahjelp, tilsette i inkluderingsdugnad og i traineeordning. Tilsette med personalansvar: embetsleiing, direktørar og seksjonsleiarar. Tal kvinner aukar framleis, og i 2022 er vi 71 prosent kvinner. Vi har ingen tilsette med ufrivillig deltid.*

### Driftsutgifter og lønn

| | |
|---|---|
| Netto driftsutgifter | 208 622.0 |
| Administrativ kostnadsdekning | 15 040.0 |
| Brutto driftsutgifter | 223 662.0 |
| Lønn 052501 | 175 100.0 |
| Lønnsandel av brutto driftsutgifter | 78.3 % |

*Lønsandelen av brutto driftsutgifter er redusert frå 80,8 prosent i 2021 til 78,3 prosent i 2022. SFVL er på nivå med SFVT og er mellom dei embeta som har lågast lønsandel samanlikna med driftsutgifter. Høg sjukelønsrefusjon medverkar noko til lågare lønsutfgifter.*

### HR - fordelt på alder/foreldrepermisjon

| Betegnelse på rapporteringskrav | 2022 |
|---|---|
| Sum antall ansatte | 307 |
| Antall ansatte under 20 år | 0 |
| Antall ansatte 20 - 29 år | 33 |
| Antall ansatte 30 - 39 år | 82 |
| Antall ansatte 40 - 49 år | 69 |
| Antall ansatte 50 - 59 år | 89 |
| Antall ansatte over 60 år | 34 |
| Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon kvinner | 18 |
| Dagsverk foreldrepermisjon kvinner | 1 676 |
| Antall kvinner i foreldrepermisjon | 19 |
| Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon menn | 13 |
| Dagsverk foreldrepermisjon menn | 472 |
| Antall menn i foreldrepermisjon | 7 |

*Tala er henta frå Innsikt og viser tilsette per desember 2022. Aldersfordelinga er relativt stabil. I 2022 hadde vi fire tilsette som pensjonerte seg. Foreldrepermisjon er tal per år, og vi har 26 tilsette som hadde foreldrepermisjon i løpet av 2022.*